

## PROGRAM

### STORTINGSVALPROGRAM

2021–2025

Vedtatt på Partiet Sentrum sitt første landsmøte 8.–9. mai 2021

### Innhald

<b>1.1 Prolog</b>	<b>4</b>
<b>1.2 Utsikt mot 2050</b>	<b>5</b>
<b>1.3 Vår verdiplattform</b>	<b>6</b>
<b>1.4 FNs berekraftsmål</b>	<b>9</b>
<b>2.7 Motarbeide økonomisk utanforskap og fattigdom i Noreg</b>	<b>32</b>
<b>2.8 Fleire eldre med erfaring og innsikt</b>	<b>36</b>

### INNLEIANDE PERSPEKTIV OG VERDIGRUNNLAG

1.1 Prolog

1.2 Utsikt mot 2050

1.3 Vår verdiplattform

1.4 FNs berekraftsmål

**MENNESKE OG BEREKRAFT FØRST.**

## **SOSIALT VERN, INKLUDERING OG LIKE MOGLEGHEITER**

- 2.1 Ei velferd vi skaper i lag
- 2.2 Utanforskap og medborgarskap – vi vil bygge kapasitet i menneske
- 2.3 Fremme ei god psykisk helse heile livet
- 2.4 Fremme verdien av mangfald
- 2.5 Motarbeide polarisering, radikaliserings og ekstremisme
- 2.6 Skape eit universelt utforma samfunn som er funksjonsfremmande
- 2.7 Motarbeide økonomisk utanforskap og fattigdom i Noreg
- 2.8 Fleire eldre med erfaring og innsikt
- 2.9 Ein kulturpolitikk som fremmar respekt og forståing
- 2.10 Det livssynsopne samfunnet
- 2.11 Lære heile livet
- 2.12 Barnevernet
- 2.13 Rom for alle: Bustadpolitikk
- 2.14 Like moglegheiter og tilgang til arbeidsmarknaden
- 2.15 Ei likeverdige, offentleg helseteneste
- 2.16 Ein forsterka frivillig og ideell sektor

## **VÅR GRØNE VEKST- OG UTVIKLINGSSTRATEGI**

- 3.1 Rein og fornybar energi
- 3.2 Klimakutt
- 3.3 Natur og biologisk mangfald
- 3.4 Grøn konkurransekraft

3.5 Anstendig arbeid

3.6 Grøn framkomme og smart mobilitet

3.7 Landbruk og bioøkonomi

3.8 Marine næringar – den blå veksten må vere grøn

3.9 Berekraftige byar og levande lokalsamfunn

3.10 Levande distrikt

## **EI FREDELEG, RETTFERDIG OG BEREKRAFTIG VERD**

4.1 Ein langsiktig og samstemt utviklingspolitikk

4.2 Utrydde svolt i verda

4.3 Ei fredeleg, rettferdig og velfungerande verd

4.4 Sikre likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle

4.5 Innvandring, integrering og inkludering

4.6 Forsvars- og sikkerheitspolitikk

PROGRAM // 2021–2025

**DEL 01**

**INNLEIANDE PERSPEKTIV OG VERDIGRUNNLAG**

# INNLEIANDE PERSPEKTIV OG VERDIGRUNNLAG

## 1.1 Prolog

### **Betydinga av politikk**

Politikk er avleia av ordet polis, som er gresk og betyr by. Politikk er noko som vedkjem alle borgarane i “byen” – samfunnet. Det dreier seg om kva vi gjer i fellesskap for å gi rom for at det som er godt, sant og vakkert kan vise seg i livet vårt.

Politikk er å delta i det som er felles, altså i det offentlege rommet. Dette skjer på mange nivå – frå det lokale initiativet om skøytebane på leikeplassen, til nasjonale og internasjonale arenaer der ein tek avgjerder som gjeld mange.

Når politikk blir forstått som å vere med og forme samfunnet ein er ein del av – å kunne høyre og bli høyrd, og å kjenne seg som del av ein større heilskap – då blir politikk ikkje berre eit middel for å nå noko anna, men eit mål i seg sjølv. Slik forstått kan ein jamvel seie at politikk er blant livet sine mål: det å få vere eit menneske blant menneske.

### **Betydinga av menneskelivet**

Uavhengig av kven vi er, kva vi trur på og kva for nokre mål vi har for livet, har vi vårt opphav i noko vi sjølv ikkje har brakt fram. Ingen har forårsaka sitt eige liv. Noko var her før oss, og noko vil vere her når vi er borte, anten vi tenker på sola og havet eller husa og gatene. Ingen kan bere sitt eige liv åleine. Alle blir borne av noko anna enn seg sjølv. Liva våre er vovne i hop på vis vi ikkje fattar; vi lever ikkje eit einaste sekund utan å stå i eit avhengig forhold – til andre menneske, til andre levande vesen og til fysiske og biologiske prosessar som er både fascinerande og gåtefulle.

Denne innsikta inneber at vi, i vår relasjon til medmenneske og heile den levande verda, skulle ha ei grunnleggande undring og audmjukskap – eller ærefrykt for livet, om ein vil våge seg på å hente Albert Schweitzers velkjente omgrep fram på ny.

## **Betydinga av å vere sansande til stades**

Situasjonar vi møter, krev at vi er sansande til stades for at vi skal kunne handle rett. Då må det vere både tid og rom til å kunne lytte og tenke sjølvstendige tankar. Men i aukande grad blir menneska sine handlingar sett på som noko som kan og bør styrast for å nå visse mål. Dette kjem til dømes til uttrykk ved at ansvaret for politiske avgjerder blir flytt til byråkratiet, eller ved at verksemdar som driv komplekse tenester, blir behandla som om dei driv vareproduksjon.

Moglegheita til å kunne sjå, lytte og søke innsikt i betydinga av det som skjer omkring oss, er sjølv føresetnaden for å kunne handle. Når vi til dømes ser at nokon røvar verdigheita frå eit anna menneske, vekker det vanlegvis noko i oss. Det er naturleg for mennesket å kjenne harme over all slags urett som trykker livet ned, og å ville kjempe for det som er godt og sant og vakkert. Men om samfunnsinstitusjonane blir byråkrati utan ansikt, eller om krava til effektivitet, snøggleik og økonomisk overskot berre skal vekse i det uendelege, mistar vi høvet til å vere sansande til stades i verda – og dermed også til å kunne skilje mellom rett og gale, sant og usant.

Det greske ordet for venleik, det vakre, *kalos*, tydde opphavleg det som er verdifullt i seg sjølv. Det treng ikkje brukast til noko for å ha verdi, men har verdi berre i kraft av å vere. Slik forstått er kvart eit menneske vakkert, slik er livet vakkert, og slik er kjærleik og tillit og von òg vakker. Ingenting av dette er til for noko anna, og idet ein vil bruke det som verktøy for å oppnå eit eller anna, gjer ein det til noko det ikkje kan vere utan å miste sin eigenart. Denne innsikta vil nødvendigvis òg få politiske konsekvensar.

## **Ei verd i forandring krev nye løysingar**

Verda endrar seg raskare enn nokon gong. Det er ikkje berre ein klisjé, det er ein fysisk realitet. Partipolitikken klassiske ideologiar held ikkje nødvendigvis følge med måten verda endrar seg på og tempoet det skjer i. Meir enn nokon gong trengst det ei form for politikk som opnar for ei fornya tenking og samtale om korleis det som er godt, sant og vakkert kan skje i vår eiga tid.

## 1.2 Utsikt mot 2050

I 2050 er Noreg framleis eit godt land å bu i. Vi har trygg økonomi som bygger på at vi ikkje produserer eller bruker meir enn naturens økosystem fornyar kvart år. Og vi har eit velferdssamfunn som fungerer godt fordi vi har ført ein politikk som bygger kapasitet i menneske, og har tatt utgangspunkt i den ressursen kvart menneske er.

I 2050 har vi eit samfunn med små sosiale forskjellar der ingen barn veks opp i fattigdom, fordi vi har gitt gode moglegheiter for utdanning og arbeid for alle. Vi har enno ein høg levealder fordi vi har ført ein god folkehelsepolitikk og satsa på førebyggjande arbeid.

Landet vårt er prega av levande lokalsamfunn, med rike naturgitte ressursar og kunnskapsbygging. Folk ønsker å bu i heile landet, på stader med kvar sin unike identitet. I 2050 fordeler vi inntektene slik at moglegheiter til eit godt liv ligg opne for alle.

I 2050 har vi gått bort frå eit samfunn basert på bruk-og-kast, og er over i gjenbruk og sirkulær økonomi. Det grønne skiftet har ikkje gitt oss lågare livskvalitet. Vi bruker ressursar som er fornybare, slik at dei ikkje tar slutt. Olje og gass er ein avgrensa ressurs, forbruket er minimert. Verdas energitrong er dekt av andre, meir berekraftige kjelder. Vi ser at vi lærte mykje av oljealderen, og at kompetansen vi bygde opp var avgjerande for at vi meistra den grønne omstillinga.

Vi har tatt vare på naturmangfaldet. Vi har verna og forvalta jorda, havet og skogen for generasjonane som kjem etter oss. Vi har ikkje bygd ned naturen.

Noreg har basert politikken på FNs berekraftsmål, allereie i 2030 var klimaendringane bremsa vesentleg, og mykje av fattigdommen var nedkjempa.

I 2050 klarer vi oss med den jorda vi har, og er i balanse. Vi bruker ressursane smart, så dei ikkje blir brukte opp.

I 2050 er alle med, ingen er utelatne. Vi lever gode liv i eit rettferdig samfunn.

## 1.3 Vår verdiplattform

**Det universelle og ukrenkelege menneskeverdet**

Partiet Sentrums verdigrunnlag kan summerast opp i éi setning: Vi har alle fått livet i gåve – og jorda til låns. Vårt politiske arbeid bygger på humanistisk tradisjon og den moderne tanken om berekraft.

Den humanistiske tanken om det universelle og ukrenkelege menneskeverdet går som ein tråd av gull gjennom historia. Grunnlova utdjupar dette i sin paragraf 2: «Verdigrunnlaget skal framleis vere den kristne og humanistiske arven vår. Denne grunnlova skal tryggje demokratiet, rettsstaten og menneskerettane.» Sentrum tar desse grunntankane på alvor, og utdjupar vidare: I kraft av å vere til, er vi alle like mykje verde, uavhengig av sosiale kategoriar som til dømes kjønn, alder, etnisitet, religion, seksuell orientering, kjønnsidentitet, funksjonsevne, bustad og sosial og økonomisk situasjon.

Den europeiske humanismen tok først form i det kristne Europa på 14-1500-talet, og har sidan utvikla seg til ein idé om likeverd og vilkårslaus nestekjærleik. Den er eit ideal som fleire religionar og livssyn strekker seg etter, og som ingen kan ta patent på eller hevde å forvalte åleine.

Ein av arvtakarene til humanismen i vår eiga tid er den danske filosofen Knud Løgstrup. Han slår fast at nøkkelen til å forstå menneskelivet er at vi alle ber ein flik av den andre sitt liv i våre hender. Vi er slett ikkje uavhengige individ, men knytte saman gjennom eit ansvar for kvarandre.

Arven frå den europeiske humanismen har gjennom historia vore forvalta i ulik grad og på ulike vis av ulike politiske straumar. Både konservatismen, liberalismen, sosialismen, kristendemokratiet og sosialdemokratiet har på sitt beste hatt islett av den.

Sentrum høyrer i utgangspunktet ikkje til nokon av desse straumane, men tar mål av seg til å vere ein trufast faneberar for idealet sjølv: eit ideal som har vore der i eit halvt tusenår, men aldri blitt gjort til plattform for eit politisk parti.

Det er ei plattform som forpliktar. Den legg til grunn at fordi vi alle har fått livet i gåve, har vi like mykje verd og ein like sjølvsgd plass i verda og livet. Sosiale kategoriar splittar og lagar kunstige skil i det menneskelege samfunnet. Vi har alle lik verdi uansett. Lik rett til å leve, lik rett til å elske og lik rett til å vere ein del av fellesskapen – som dei enkeltmenneske, medmenneske og medborgarar vi er. Vi, og dei som kjem etter oss.

## **Menneskerettane og berekraftsmåla**

Året 1948 er eit høgdepunkt i historia til humanismen, som dette året for alvor blei anerkjend som ei global forplikting. Dei mørke røyntene frå verdskrigen like før skapte ein trong til å systematisere ideane om menneska sitt grunnleggande likeverd, og gjere dei forpliktande for verdssamfunnet – uavhengig av kulturelle og religiøse tradisjonar. Resultatet var FNs fråsegn om dei universelle menneskerettane.

FNs berekraftsmål, forhandla fram av alle FN-landa, er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Vår politikk skal bygge på sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

### **Eit meir rettferdig samfunn**

Partiet Sentrum set mennesket først. Målet vårt er å skape eit meir rettferdig samfunn, med plass til alle.

Vi skal arbeide utretteleg for utjamning og rettferd internasjonalt, og vi skal påverke andre land til å gjere det same. Dette skal skje innanfor ramma av FN, rettferdige handelsavtalar og visjonen om ein inkluderande økonomi. I eit langsiktig berekraftperspektiv er det inga motsetning mellom norske økonomiske interesser og andre lands utvikling. Verdsøkonomien blir stadig meir samanvevd og skiljet mellom «vi» og «dei» blir stadig meir kunstig. At det går bra for alle er i røynda bra for alle.

På same måten trur vi at sosial utjamning òg i det enkelte landet kjem alle til gode, gjennom å skape meir tryggleik og eit sterkare samfunn. I siste instans trugar sosial ulikskap demokratiet, gjennom å undergrave fellesskapskjensla og svekke tilliten mellom menneske og den enkelte si tru på fellesskapen og staten.

Mennesket sin verdi er viktigare enn pengar og lønsemd. Og det siste kan aldri få overstyre det første når målet er eit berekraftig og meir rettferdig samfunn, med plass til alle. Dette vil bety at vi som lever i den rike delen av verda må gi avkall på økonomisk kjøpekraft til fordel for verdas fattige. Dette ansvaret aukar i takt med formue og kjøpekraft.

### **Ei framtid for jorda**

Vi har alle fått jorda til låns – saman. Det er òg berre saman vi kan redde ho. Medan ein politikk for rettferd går ut på å bry seg om alle menneske som lever i dag, dreier kampen for



klima og miljø seg om å òg bry seg om dei som lever i morgon. Klimakampen går ut på så mykje som å sikre menneska og jorda si overleving. Kampen mot klimaendringane er derfor ikkje berre ei av mange politiske saker, men den viktigaste av dei alle.

Vi har alle eit ansvar for å redde jorda og menneskja slik vi kjenner ho. Og vi må hjelpe kvarandre til å gjere det raskast mogleg. Vi skal ikkje berre velte klima, artsmangfald, forureining og naturvern over på enkeltmenneske utan å gjere strukturelle endringar. Politikk er å ville – og å velje.

### **Verdien av mangfald**

Menneske er mangfaldige og alle har noko å bidra med. Samfunnet må bygge på styrken i at vi er forskjellige, at vi har ulike evner og eigenskapar. Samfunnet kan ikkje basere seg på at alle skal vere likast mogleg, men at vi ønsker det beste for kvarandre, uansett kven vi er og korleis vi vel å leve. Fellesskapen må vere eit rom der alle kan vere seg sjølv.

I eit ope, fritt samfunn er det sentralt å godta og respektere det som er annleis. Partiet Sentrum vil stå opp mot all diskriminering. Kampen for like rettar og moglegheiter for alle er vår felles kamp.

### **1.4 FNs berekraftsmål**

2020 skulle vere starten på handlinga sitt tiår, «Decade of Action», for å nå berekraftsmåla i alle land, ifølgje FN. Berekraftsmåla representerer eit paradigmeskifte for korleis vi jobbar med berekraftig utvikling. No har alle land eit felles ansvar for å nå måla, òg for klima og miljø. I tillegg set Paris-avtalen og den kommande avtalen for biologisk mangfald rammer for måla. Vi nådde ikkje naturmåla for 2020. Dei var grunnlaget for å nå berekraftsmåla. Vi er på overtid med å ta naturkrisa på alvor og redusere vårt økologiske fotavtrykk.

Covid19-pandemien har sett mange land fleire tiår tilbake i utviklinga. Dette gjer arbeidet med å nå berekraftsmåla viktigare enn nokon gong. Alt vi gjer for å handtere krisa må vere med å bygge oss opp att til ei meir likeverdig, inkluderande og berekraftig verd som er meir motstandsdyktig mot nye pandemiar, klimaendringar og andre globale utfordringar. Vi må skape grunnlag for ei grønar og meir berekraftig framtid for barna våre.

Ungdomsgenerasjonen har i uforholdsmessig sterk grad blitt påverka av dei langvarige konsekvensane av pandemien. Avbrotten utdanning, økonomisk usikkerheit, tap eller mangel på sjansar til sysselsetting, innverknad på fysisk og psykisk helse og traume frå vald i heimen. Meir enn ein milliard studentar i mest alle land har blitt påverka av skulestenging, og eitt av seks unge menneske over heile verda har mista jobben. Det er ein presserande trong til løysingar for å støtte unge menneske og motverke effektane av pandemien.

For land i det globale sør dreier berekraftsmåla seg særleg om å styrke offentlege institusjonar som kan sikre innbyggjarane si velferd. Ved å bygge solide skattesystem, inkludere uformell jobbsektor i formelle rettar og plikter. Målet er at landa i sør ikkje skal vere avhengig av bistand utanfrå.

Partiet Sentrum har gått systematisk gjennom berekraftsmåla i ei norsk kontekst, og slik lagt grunnlaget for vårt første partiprogram. Vår politikk bygger på FNs berekraftsmål og menneskerettane. Det er blitt hevda at det er brei semje om dette, men Riksrevisjonens rapport Undersøkelse av styring av og rapportering på den nasjonale oppfølgingen av FNs bærekraftsmål (2020) viser noko anna. Blant anna at det ikkje er utarbeidd nasjonale delmål.

Partiet Sentrum meiner berekraftsmåla må innarbeidast i ein nasjonal plan, perspektivmeldingar og statsbudsjett. Statistisk sentralbyrå må involverast i arbeidet. Det må jamleg rapporterast til Stortinget om status og framdrift. Noreg må klargjere kva ambisjonar Noreg har for berekraftsmåla, og kva prioriteringar vi vil gjere som nasjon. Det må utarbeidast nasjonale delmål, og desse må integrerast i budsjettprosessar. Vi meiner at ansvaret for gjennomføringa av berekraftsmåla er så overordna at det ikkje kan leggest til eit sektordepartement, men må bli leia av statsministeren og finansdepartementet.

Vi treng eit strukturert kart, som viser ansvarsfordelinga i samfunnet, for å nå måla. Vi må involvere næringsliv og frivillig arbeid på meir systematisk vis, og ikkje minst det politiske Noreg. Etter Rio-konferansen i 1992 har mykje godt arbeid blitt gjort på kommunenivå.

Kommunesektorens organisasjon (KS) koordinerte då som no ein prosess der kommunane forpliktar seg til handling. Skulesektoren er òg godt i gong for å sikre at lærarar og pensum er rigga for det nye tverrfaglege satsingsområdet «Berekraftig utvikling».

Kåra for menneske og miljø er svekka. Ingen kan bere sitt eige liv åleine, og alle blir borne av noko anna enn seg sjølv. Derfor er Partiet Sentrum først ute med å lage eit stortingsvalprogram med utgangspunkt i FNs berekraftsmål.

PROGRAM // 2021–2025

## **DEL 02**

**MENNESKE OG BEREKRAFT FØRST.**

**SOSIALT VERN, INKLUDERING OG LIKE MOGLEGHEITER**

## **MENNESKE OG BEREKRAFT FØRST. SOSIALT VERN, INKLUDERING OG LIKE MOGLEGHEITER**

Den sosiale delen av ei berekraftig utvikling går ut på å sikre at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Menneskerettane er det viktigaste utgangspunktet for dette. Sosiale forhold fortel oss noko om korleis menneske har det i eit samfunn, om dei får oppfylt rettane sine, og om dei har moglegheit til å påverke eige liv og samfunnet dei lever i.

Kampen mot utanforskap er vår fremste sak. Vi vil bygge kapasitet i menneske, det vil òg løne seg.

## 2.1 Ei velferd vi skaper i lag

Velferd er noko langt meir enn velferdstenester. Velferd er noko vi skaper og vernar om saman, som deltakarar i samfunnet sin fellesskap. Velferd betyr å «fare vel» gjennom livet, vi fer der vi leikar, lærer, bur, arbeider og har fritid. Gjennom heile livet, heile døgnet: I fellesskap fer vi best.

Velferdssamfunnet er avhengig av ein velferdsstat, som i lag med offentlege, private og sivile bygger det gode samfunn. Velferdssamfunnet er ikkje berre naudsynt når pandemiar og kriser oppstår, det er viktig for vår livskvalitet. Sosial rettferd har stor innverknad på livskvaliteten, saman med styrken i familieforhold, sosiale nettverk, tillit til institusjonar og samfunnsdeltaking. Det å skape livskvalitet for alle dreier seg i grunnen om menneskerettar og sosial rettferd, og korleis velferdsløysingar kan gjerast meir berekraftige.

Kjernen i relasjonell velferd med livskvalitet som mål, er kapasitetsbygging i menneske og mellom menneske. I våre lokalsamfunn vil vi bringe offentlege, private og sivilsamfunnsaktørar saman om å skape velferd. Der vi deler kunnskap og ressursar med kvarandre. «Samskapings- og relasjonelle velferdsløysingar» er ei styrings- og praksisform som kan redde eit offentleg velferdssystem under press, i møte med knappe ressursar og stadig meir komplekse samfunnsutfordringar. Det dreier seg om å fokusere litt meir heilskapleg: Berekraft og velferd er ikkje berre offentlege organisasjonars oppdrag, åtskilt mellom sektorar og profesjonar – men eit sams oppdrag på tvers av sektorar, organisasjonar og aktørar i samfunnet som heilskap.

Den nordiske samfunnsmodellen bygger på ein kombinasjon av ansvarleg økonomistyring, sterke partar i arbeidslivet og universell velferd for alle gjennom velferdsstaten. Aukande sosial ulikskap gjer at nokre grupper i samfunnet er meir avhengig av våre velferdstenester. Men brutto livskvalitet i Noreg avheng av velferdsstaten. Livskvalitet inneber både eit personleg ansvar og eit samfunnsansvar. Når livskvalitet er målet framfor økonomisk vekst, treng vi å utvikle eit mål for brutto nasjonal livskvalitet som eit supplement til brutto nasjonalprodukt.

Velferdssamfunnet er eit godt fundament for likestilling. Sosiale kategoriar spelar ofte saman og påverkar våre moglegheiter til eksempelvis utdanning, arbeid og god helse. Velferd startar, og sluttar, med at vi står saman som medmenneske for å skape vilkår for livskvalitet. Tillit er limet mellom oss, derfor må vi bygge ned gapet mellom “oss” og “dei”. Alle innbyggjarar er unike og verdifulle i demokratiet, og har betydning som samfunnsmedlemmar. Sentrum vil legge til rette for auka deltaking i samfunns- og organisasjonsliv.

Det er viktig at dei offentlege velferdstenestene har faglege, organisatoriske og økonomiske rammevilkår som gjer at dei fungerer etter hensikta. Dei som utøver tenestene, må ha tilstrekkeleg kompetanse. Kvaliteten i dei ulike tenestene må vurderast i eit livsløpsperspektiv der ein stimulerer til koordinering, tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Behova til innbyggerane må settast i sentrum. Organiseringa må basere seg på tillit og medbestemming, ikkje berre måling og kontroll.

Eit samfunn som er godt både for den enkelte og for fellesskapen føreset at ein ser sosialpolitikken i samanheng med alle andre politikkområde. Det er derfor viktig at sosialpolitikken blir gjenreist som eit eige politikkområde som er sektor- og fagovergripande. Der ein tidlegare peika på strukturelle kår og samfunnsforhold, peiker ein no i større grad på individuelle eigenskapar hos den enkelte av oss. Ein aktiv, heilskapleg sosialpolitikk førebygger sosiale så vel som helsemessige problem.

Menneske som oppsøker velferdstenester må bli møtt med tillit og respekt, ikkje sanksjonar.

Samarbeid i store spørsmål bør framleis kjenneteikne norsk politikk. Kunnskapen vi har i dag syner at private, ideelle og frivillige kan og bør utfylle kvarandre og supplere dei offentlege velferdstenestene. Det er enno behov for å jobbe med forbetringar slik at vi sikrar ei god forvaltning av fellesskapens middel, blant anna ved å motarbeide urimeleg høg profitt. Det er viktig at det offentlege stiller krav om at tilsette hos leverandørar og underleverandørar skal ha anstendige løns- og arbeidsvilkår.

Helse- og omsorgstenestelova gjer det klart at kommunen skal ha tilknytt lege, sjukepleiar, fysioterapeut, jordmor, helsesjukepleiar, ergoterapeut og psykolog. Det er ingen krav til sosialfagleg kompetanse. Med store sosiale forskjellar i helse skaper dette utfordringar. Partiet Sentrum meiner kommunen treng sosialfagleg kompetanse tilknytt helse- og omsorgstenesta. Det vil styrke tilbod innan psykisk helse, rus og tenestetilbodet til menneske med nedsett funksjonsevne. Nav og barnevernet har heller ingen slike kompetansekrav, det gjer at kommunar kan velje bort å krevje sosialfagleg kompetanse ved rekruttering til desse tenestene. Det svekker kvaliteten i tenesta for dei som treng det aller mest.

Autorisasjon gir anerkjening, men òg høve til å kvalitetssikre tilsettingar. Med autorisasjon sikrar vi profesjonell utøving og brukarar sin tryggleik og rett. Autorisasjon stiller òg eit klart krav til vidareutvikling og kontinuert fornying av kompetanse.

Individuelle utfordringar, levekår og sosioøkonomiske faktorar heng i hop. Derfor må politikken vere samstemt mot målet om gode liv.

Sentrum vil:

- redusere bruk av prosjektfinansiering og kortsiktige tilskot til velferdstiltak
- lovheimle sosialfaglege profesjonar i kommunane for å sikre betre kvalitet i tenestene innan barnevern, psykisk helse, rus og tenestetilbodet overfor menneske med funksjonsnedsettingar
- barnevernspedagogar og sosionomar må få profesjonsautorisasjon for å sikre profesjonalitet i sosiale tenester, ikkje berre i helsetenester
- betre førebyggjande arbeid mot livsstilssjukdommar ved å vidareføre og styrke frisklivssentralane
- starte ein «førebyggingsoffensiv» og styrke førebyggjande arbeid i kommunane
- avgrense bruk av anbudsutsetting av sentrale velferdstenester
- undersøke korleis fysisk og digitalt tilgjenge til Nav slår ut for ulike brukargrupper
- få meir kunnskap om brukarreisa i Nav for å styrke brukaropplevinga og servicetilbodet
- redusere sosiale og kulturelle barrierar for personar med fluktbakgrunn og sikre god kommunikasjon og tilgjengelegheit
- gjennomføre ei tillitsreform innan organisering og leiing av offentleg sektor. Ei tillitsreform må vektlegge tilsettes fagkompetanse og skjønnsutøving, sikre tilstrekkelege økonomiske rammer og redusere bruken av prosjektfinansiering og søknadsbasert tilskot som finansieringsform. Ei tillitsreform for offentleg sektor må bygge på styring etter grunnleggjande verdiar og vil bety eit brot med påverknaden frå New Public Management på organisering og leiing
- anerkjenne og styrke ei heilskapleg, helse- og sosialfagleg tilnærming i møte med pasientar i rusomsorga, somatikken og psykisk helsevern
- rettsfeste tilgangen på sosialfagleg personell i barnehagar, skular, helse- og omsorgstenestene i kommunane
- styrke brukarmedverknaden for både pasientar og pårørande, på individ-, system- og politisk nivå, og sikre at den blir reell
- utvikle eit mål for brutto nasjonal livskvalitet som eit supplement til brutto nasjonalprodukt

## 2.2 Utanforskap og medborgarskap – vi vil bygge kapasitet i menneske

Vår tids største samfunns- og berekraftsutfordring er ein veksande utanforskap. Dei av oss som opplever utanforskap kan kjenne på frávær av håp, mangel på moglegheiter til å endre eigen situasjon. Nokre kan kjenne på stigma, ein negativ merkelapp som definerer alt.

Det å bli halden utanfor kan skje oss alle. Erfaringa av utanforskap er individuell.

Utanforskap rammar ikkje berre den som opplever det, men samfunnet òg – fordi vi mistar verdifulle ressursar som vi sårt treng. Ei vedvarande oppleving av utanforskap kan medføre tap av livskvalitet. Vi må derfor legge til rette for at alle menneske kan påverke sitt liv, sin sosiale situasjon og øve innverknad på avgjerdsprosessar i samfunnet som heilskap.

Individet si deltaking og medborgarskap i økonomiske, politiske og sosiale aktivitetar er avgjerande for samanhengskrafta i samfunnet – og for individet si sosiale inkludering som medborgar. Marginaliserte grupper må i større grad bli sett, høyrte og forstått av dei som har makt i samfunnet. Ikkje ignorert, nedvurdert eller omtalt med nedverdiggande karakteristikkar.

Menneske som er offer for urett, må ha moglegheit til å fremme sine krav. Aktivistgrupper som kjemper for saker og meiningar innanfor demokratiske prinsipp må møtast med dialog. Det offentlege ordskiftet må vere prega av openheit og korte linjer – og at politikarar og dei som bestemmer er tilgjengelege. Dersom politikk og engasjement berre blir for ei lita gruppe i samfunnet der f.eks. unge og marginaliserte grupper ikkje finn seg til rette, vil opplevinga av utanforskap bli styrkt. Medborgarskap blir styrkt gjennom deltaking og medverknad.

Det offentlege ordskiftet kan bidra til større utanforskap i samfunnet. 45 000 barn og unge opplever mobbing. Barns rasistiske og/eller andre diskriminerande haldningar blir tileigna gjennom sosialisering. Vi har alle eit samfunnsansvar for korleis vi snakkar om våre medmenneske. Det utfordrar oss alle til å vere den endringa vi ønsker å sjå i verda.

Gjennom vår politikk på ulike område ønsker vi å gjere kampen mot utanforskap til vår viktigaste kamp. Då vil alle våre mål innanfor til dømes helsetenester, bustadpolitikk, økonomisk fordeling og skule vere fokusert mot å nå dette hovudmålet. Vi vil bygge ned avstandar mellom oss. Det er nemleg ein avstand vi ikkje har plass til.

Sentrum vil:

- stimulere kommunar til å ta i bruk utanforrekneskapen utarbeidd av KS

## 2.3 Fremme ei god psykisk helse heile livet

Vi er aldri åleine, sjølv om det kan følast sånn. Einsemd er ei av vår tids største utfordringar. Men vi har ikkje plass til avstand mellom oss.

Vi har som samfunn mista mange viktige sosiale støttestrukturar, den sosiale støtta er blitt mindre. Det moderne mennesket vil vere sjølvstendig og uavhengig av andre. Men sosial støtte fremmar god helse, og er derfor ein viktig del av livet. Utilstrekkelege sosiale relasjonar er risikofaktorar for tidleg død på linje med røyking eller det å vere inaktiv. Mange menneske føler seg ufrivillig åleine og saknar nære og fortrulege dei kan dele tankar og kjensler med.

Befolkningsundersøkingar har vist at heile 20 prosent av oss kjenner seg einsame. Og at einsemd er langt meir utbreidd hos personar med psykiske helseutfordringar. Men einsemd kan vere eit vanskeleg tema for den det gjeld fordi det er skambelagt og knytt til stigma. Sjølv om det er relativt vanleg å ha ei psykisk lidning, streve med rus og vere einsam, har desse problema framleis ein negativ merkelapp knytt til seg. Her har samfunnet ein veg å gå for å oppnå større openheit og redusert stigma.

Det er ein klar samanheng mellom sosioøkonomiske ressursar og ulikskap i sosiale relasjonar. Høgare utdanning, inntekt og yrkesaktivitet aukar sjansen for større sosiale nettverk, medan folk med lågare hushaldsinntekt oftare opplever barrierar for sosial deltaking. Alle lokalsamfunn treng levande, opne møteplassar, det vil bidra til gode levekår. Ein open møteplass er ein sosial arena der folk frå alle sosiale lag kan møtast og delta på like vilkår, uavhengig av bakgrunn og sosial tilhørrelse.

Alle lokalsamfunn må ha gode lågterskeltilbod med korte ventetider, slik at folk kan få den hjelpa dei treng, når dei treng den. Digitale tenester kan vere ein del av løysinga.

### **Barn og unges psykiske helse**

Alle barn og unge skal få oppleve omsorg, meistring, trivsel og læring i oppveksten. Det fremmar god psykisk helse heile livet. Helsestasjon, barnehage og skule er ofte blant dei første som møter barn og unge som slit med å meistre livet. Dette er nøkkelfunksjonar for å fange opp og sikre barns gode fysiske og psykiske helse, og må alltid sikrast gode rammevilkår.



Fleire barn og unge er inne i ei negativ utvikling med mindre håp og framtidstru. Det er vårt ansvar å gjere noko med. Fleire er einsame og slit med angst og depresjon. Færre trur dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv.

Kunnskap om folkehelse og livsmeistring må styrkast i barnehage, skule og høgare utdanningsløp. Vi må bygge kapasitet i menneske slik at alle kan erfare meistring, livshåp og få mot til å gå ut i skule- og arbeidsliv. Tidleg innsats vil løne seg. Kostnadene ved å bli sett utanfor utdanning, arbeid og opplæring er langt større enn ved førebygging.

Noreg har ein høgare andel unge som ikkje er i jobb eller utdanning samanlikna med gjennomsnittet i OECD-landa, og eit aukande antal unge uføre. Vi treng derfor ei heilt ny tilnærming til unge, slik at alle som ønsker det, klarer å fullføre vidaregåande skule.

Partiet Sentrum vil vidareføre arbeidet med å heve kompetansen i norsk skule og barnehage til å førebygge, avdekke og handtere mobbing og skulevegring. Og gi kommunane gode verktøy for å skape helsefremmande oppvekstmiljø.

Barn og unge som har behov for støtte og behandling skal høyrast, og vere med på å sette sine eigne mål i samarbeid med tenesta. Det er eit mål at barn og unge med psykiske plager og lidingar skal få hjelp som er tilpassa deira behov og møtast av kunnskapsbaserte tenester.

Det er ein bekymringsfull auke i bruken av antidepressiva og antipsykotika. Vi må sikre at barn og unge får medikamentfrie behandlingstilbod når faglege anbefalingar tilseier dette. Det viktigaste er å finne årsaka til at problema oppstår.

Når unge slit, kjennest ikkje hjelpa tilgjengeleg nok. Barn møter fragmenterte tenester, og får svært ulik psykisk helsehjelp avhengig av kor i landet dei bor. Dette er særleg utfordrande for barn og unge med samansette problem og behov for langvarig oppfølging. Det må gjerast enklare å få god hjelp tidleg. Det må etablerast lågterskeltilbod innan psykisk helse for barn, unge og familiar i alle kommunar, eller i samarbeid mellom kommunar.

Barne- og ungdomspsykiatrien treng auka ressursar for betre kapasitet og redusert ventetid. Koordineringsinstansen i kommunen må styrkast, med tanke på å samordne hjelpetenester til utsette barn og unge i kommunen. Sårbare familiar med samansette problem skal vere trygge på at det sosiale sikkerhetsnettet fungerer og fangar opp utfordringar i tide.

Kommunane må få rammer så dei blir i stand til å utvikle helsefremmande samfunn og førebyggjande helsearbeid.

Sentrum vil:

- ratifisere tilleggsprotokollen til FNs barnekonvensjon som sikrar barn klagerett til FN (2011), også kalla FNs Klagemekanisme for barn
- sikre opne møteplassar i alle lokalsamfunn
- styrke opplæring i psykisk helsevett og psykisk førstehjelp
- sikre at alle kommunar kan tilby opne og gratis fritidstilbod til barn og unge med eit særskilt fokus på dei som står utanfor annan organisert fritidsaktivitet
- ha ein økonomisk forpliktande optrappingsplan innan psykisk helse for barn, ungdom og studentar. Med fokus på både individ og samfunn, og tiltak som er helsefremmande, sjukdomsførebyggande og behandlande
- sikre rammer til meir forskning på einsemd
- motarbeide mobbing ved å satse meir på kompetanseheving av skulepersonalet, auke støtta til organisasjonar som arbeider mot mobbing, etablere beredskapsteam mot mobbing i alle kommunar, satse meir på sosialpedagogisk rådgiving og miljøarbeidarar på skular med store utfordringar knytt til læringsmiljø
- auke kompetansen om skulevegning blant skulepersonalet og i kommunale tenester
- sikre finansiering av læremiddel til det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring i fagfornyinga, som kan bidra til å førebygge og meistre utfordringar i livet
- redusere foreldrebetaling og tilby gratis kjernetid i barnehage for barn av foreldre med låg inntekt
- innføre foreldrekurs som eit tilbod til alle barnefamiliar
- sikre elevar på 1.–10. trinn minst éin time fysisk aktivitet kvar dag
- sette inn kunnskapsbaserte tiltak for å førebygge kroppspress
- styrke helse- og sosialtenesta i skulen, blant anna gjennom auka nærvær av helsesjukepleiarar og anna helse- og sosialfagleg personell
- sikre innsats for tverrfagleg samarbeid i barnehagar og skular for å fange opp psykisk uhelse og fremme kontakt med hjelpeapparatet på eit tidleg tidspunkt

- styrke innsatsen mot internettrelaterte overgrep
- utvikle nasjonale råd for skjermbruk på linje med kosthaldsråda
- utvikle meir kunnskap om skjermbruk og sosial mediebruk sin innverknad på helse
- sikre lågterskeltilbod for psykisk helse i alle lokalsamfunn
- fjerne eigendelen for 16–17-åringar hos fastlege og legevakt
- styrke behandlingstilbodet i barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) med fleire menneskelege ressursar
- opne for at helsesjukepleiarar kan tilvise til BUP
- oppdatere normtala for helsesjukepleiarar for å fange opp dagens utfordringsbilete og behov
- sikre tilstrekkeleg sengekapasitet for barn og unge i psykisk helsevern
- styrke medverknad frå barn, unge og pårørande når det gjeld avgjerder om behandling i psykisk helsevern
- styrke helsetilbodet til unge med rusmiddelproblem
- sikre nok ressursar, riktig kompetanse og rutinar for samarbeid mellom barnevernet og helsesektoren
- auke rekrutteringa til helsepersonellutdanning frå minoritetsgrupper og frå grupper med særskild kulturbakgrunn
- evaluere og greie ut samarbeidsløysingar som mogleggjer dialog mellom kommunar og spesialisthelsetenesta om barn og unge før og under tilvising til BUP
- styrke samskapingsrelasjonen på tvers av alle sektorar som bidrar i førebyggjande arbeid og tidleg innsats overfor barn og unge
- innføre overgangsordning mellom BUP og vaksenpsykiatrien
- styrke kompetansen og kunnskapen om LHBT-personar i BUP

## **Vald og overgrep**

Vald og overgrep finn stad i alle samfunnslag og alle miljø. Vald og overgrep er alvorlege brot på menneskerettane og eit folkehelseproblem. Ingen barn skal leve med vald, seksuelle overgrep og anna omsorgssvikt. Barn og unge som blir utsett for vald og overgrep, risikerer dårleg psykisk og fysisk helse, rus, utanforskap, manglande skulegang og arbeidskapasitet. Majoriteten av barn som veks opp med vald, blir aldri sett eller oppdaga. Det er derfor heilt avgjerande med ei heilskapleg satsing for å førebygge og avdekke vald og overgrep, og støtte offera, på ein langt betre måte enn vi klarer i dag. Vald og overgrep på internett er eit aukande problem. I ei digital verd, der barn i større grad oppheld seg på internett, er det viktig å jobbe for å verne dei mot seksuelle overgrep i det digitale rom, ved å førebygge og avdekke seksuelle overgrep på internett.

Det er for mange hull i oppfølgingstilbodet til barn som har blitt utsett for vald og overgrep. Ingen barn skal bli kasteballar i eit system. Det er særleg viktig for barn som er ekstra sårbare som følge av at dei har blitt utsett for vald og overgrep.

Fleire valdtektsutsette opplever ein grunnleggande mangel på rettstryggleik. Valdtekt er eit omfattande samfunnsproblem i Noreg. Nesten éi av ti kvinner seier å ha vore utsett for valdtekt minst ein gong i løpet av livet. Altfor ofte blir ein møtt med fordommar og myter knytt til valdtekta. Svært få valdtektssaker blir meldt til politiet, behandlingstida er for lang, og nesten ingen saker fører til domfelling. Norsk lov bør fastslå at eitkvart menneske har rett til å bestemme over eigen kropp og seksualitet.

Pandemien ramma ekstra hardt ungdom som i utgangspunktet hadde eit hjelpebehov. 1 av 6 unge opplevde vald eller overgrep i løpet av dei første vekene skulen var stengt. 20 prosent av desse opplevde psykisk eller fysisk vald for første gong under nedstenginga. Mange opplevde nettovergrep for første gong under nedstenginga, og jenter var meir utsett enn gutar. Ungdom i låginntektsfamiliar og der foreldra hadde psykososiale vanskar, var meir utsett for alle former for vald og overgrep.

Over 20 prosent av kvinner og ca. åtte prosent av menn har vore utsett for eit seksuelt overgrep før dei fylte 18 år. Og nesten ein tredel av befolkninga oppgir at dei har vore utsett for alvorleg vald etter at dei fylte 18 år. Derfor må vi fortsette arbeidet med å førebygge og redusere dei helsemessige og sosiale konsekvensane som vald og traumatisk stress kan medføre.

Litt over ni prosent av kvinner og i underkant av to prosent av menn oppgir at dei har vore utsett for alvorleg, fysisk vald frå partnar. Kvinnene fryktar i høgare grad enn menn å bli skada eller drepen. For personar som lever med vald i familien, kan det vere svært vanskeleg å komme seg ut av ein valdeleg relasjon, fordi dei ofte føler ein viss lojalitet til

valdsutøveren. Vi må derfor sikre at personar som blir utsett for vald av familiemedlemmar får all den støtta dei treng i ein akutfase, og tett oppfølging av fagpersonar over tid.

Sentrum vil:

- sikre ekstra oppfølging til barn og ungdom som har opplevd vald og overgrep for første gong under pandemien
- sikre gode behandlingsløp for valdsutøvarar
- sikre at alle som jobbar med barn og unge har nødvendig kompetanse om vald og overgrep
- styrke tiltak som førebygger og avdekker vald i nære relasjonar som rammar særleg sårbare grupper som eldre, pleietrengande, personar med psykiatri- eller rusproblematikk og menneske med utviklingshemming
- auke støtta til organisasjonar som jobbar for auka likestilling og mot vald mot kvinner. Eksempelvis må krisesentera ha fast, prisregulert, økonomisk støtte over statsbudsjettet som gjer dei uavhengige av tilskot frå kommunane
- gjere straffelovas formuleringar om valdtekt klarare – slik at seksuell omgang utan samtykke er definert som valdtekt, gjennom ei samtykkelov som gir kvinner og menn som er utsett for valdtekt ein betre rettstryggleik, og samstundes gir eit viktig signal i det førebyggjande arbeidet mot valdtekt
- styrke arbeidet mot vald i nære relasjonar i samiske samfunn, og styrke språk- og kulturkompetanse i tenestene
- sikre heilskapleg og langsiktig oppfølging av valds- og overgrepsutsette
- sikre gode rammevilkår for krisesentera, slik at dei kan tilby gratis hjelp
- styrke innsatsen mot internettrelaterte overgrep
- styrke arbeidet med å følge opp LHBT-personar som er blitt utsett for vald eller overgrep

### **Sjølvmordsførebygging**

Alle menneske er unike og verdifulle i kraft av sin eksistens. Derfor har vi ingen å miste. Sjølvmord er den nest hyppigaste dødsårsaka blant unge mellom 15 og 24 år, det er behov for auka ressursar til forskning og arbeidet med førebygging av sjølvmord blant barn og unge.

LHBTI-personar har auka risiko for psykisk uhelse og sjølvmordsforsøk. Derfor trengst det tiltak for å fremme LHBTI-personars psykiske helse, så vel som å sikre at alle tenester har riktig kompetanse på området. Helsetilbodet til personar med kjønnsinkongruens må styrkast.

Sentrum vil:

- innføre helsefremmande og førebyggjande undervisningsprogram for psykisk helse i heile landet som set barn og unge i stand til å møte det vanskelege i livet
- sikre kunnskapsbaserte, sjølvmordsførebyggjande handlingsplanar som får gode rammer i budsjetta, med utgangspunkt i ein nullvisjon for sjølv mord
- innføre sjølvmordsførebyggjande program i skulen, som for eksempel YAM anbefalt av Mental Helse, og tilby program for studentar i høgare utdanning
- legge til rette for at yrkesgrupper som jobbar med menneske kan bli tilbydd kurs i sjølvmordsførebygging, til dømes VIVAT
- gi styrkt helsetilbod for LHBTI og kjønnsinkongruens-relaterte helseutfordringar. Under dette sørge for at behandlingstilbodet for personar med kjønnsinkongruens blir gjort tilgjengeleg også ved dei regionale helseføretaka

## 2.4 Fremme verdien av mangfald

Partiet Sentrum vil fremme verdien av mangfald i vårt samfunn. Alle menneske har behov for aksept, respekt og tilhøyrse. Det skaper positive rørsler for den enkelte og i samfunnet. Menneske er mangfaldige og alle har noko å bidra med. Samfunnet må bygge på styrken i det at vi er forskjellige, at vi har ulike evner og eigenskapar. Samfunnet kan ikkje basere seg på at alle skal vere likast mogleg, men at vi ønsker å forstå og lære av kvarandre. Uansett kven vi er og korleis vi vel å leve.

Fellesskapen må vere eit rom der alle kan vere seg sjølv.

Altfor mange opplever barrierar i utdanning, arbeidsliv og fritid som diskriminerer og er til hinder for likeverdig deltaking i samfunnet. Det dannar strukturar som kan hindre den enkelte i å nå sitt fulle potensial og realisere draumane sine. Sentrum vil arbeide for meir fleksible arbeidstidsordningar for menneske med nedsett funksjonsevne.

Stadig fleire arbeidsgivarar har fått auga opp for lønsemd ved å rekruttere mangfald. Dei ser at framtida ligg i å tilsette forskjellige folk. Ved å rekruttere, ikkje inkludere. Vi må bygge mangfaldskompetanse på alle samfunnsplan. I dette ligg også språkleg kompetanse.

Omgrepet interseksjonalitet er eit godt perspektiv for å motarbeide alle former for negativ diskriminering. Sosiale kategoriar som kjønn, etnisitet, religion og livssyn, sosial/økonomisk klasse, kjønnsidentitet, seksuell orientering og funksjonsevne kan samverke og påverke personars leve- og livsvilkår. I dette perspektivet er diskriminerande strukturar like, og arbeidet mot diskriminering er ein felles kamp. I eit ope og fritt samfunn er det sentralt å respektere og godta at folk er annleis. I arbeidet for likeverd må vi sikre ytringsfridomen og motarbeide hatefulle ytringar. For alle som bur i Noreg skal ha like moglegheiter til å bidra og til å delta i fellesskapen.

### **Normkritikk**

Normer teiknar opp grensene for kva vi ser på som normalt og unormalt; det å ha kropp, utsjånad, meiningar og identitet som fell utanfor norma kan gjere oss sårbare for diskriminering. I barnehagar og skular bidrar normer – knytt til kjønn og seksualitet, etnisitet og funksjonsevne – til å avgrense handlingsrommet for barn og unge. Dette leier igjen til kjønnsdelte utdanningsval og ein kjønnsdelt arbeidsmarknad, og ei skeiv fordeling av makt og økonomi sett i lys av både kjønn, etnisitet, religion, funksjonsvariasjon og seksualitet.

Framtidas likestilling blir skapt i notidas barndom. Skal vi motverke eit kjønnsdelt arbeidsliv og sikre ei jamnare maktfordeling på tvers av alle kjønn, etnisitetar og funksjonsvariasjonar – og eit tryggare, meir inkluderande samfunn – må vi utfordre avgrensande normer før dei får fotfeste i oppveksande generasjonar. For å oppnå dette føreslår vi å innføre normkritiske eller normmedvitne perspektiv på alle nivå i barnehage og skule. Normkritiske perspektiv inviterer til kritiske undersøkingar av prosessar som skaper og opprettheld privilegium i gitte kontekster.

### **Rasisme**

Den subtile kvardagsrasismen er den forma for rasisme som er mest utbreidd i vårt samfunn. Den er ikkje så lett å identifisere eller bevise. Dei fleste som opplever den, har ei kjensle av at det skjer på grunn av hudfarge eller religion, og kan kjenne på avmakt.

Rasisme kan skape negative helseeffektar og hemme skuleprestasjonar, og dermed òg vidare utdanning og arbeidsmoglegheiter i framtida. Det kan igjen lede til låg sosial tilhørseil.

Mange barn og unge opplever at skuleleiarar og skuleeigarar lar rasistisk motiverte handlingar og haldningar passere, ofte fordi dei ikkje veit korleis dei skal handtere det. Skulen må sikrast tilstrekkeleg kompetanse og hensiktsmessige verktøy for å stoppe rasismen.

Mange i Noreg opplever å bli vurdert ut frå namn, hudfarge og etnisitet når dei søker jobb. Ein blir møtt og sett ut frå ytre kjenneteikn, og berre ut frå desse faktorane dannar folk seg ei meining om kven ein er og kva ein kan. Fleire arbeidsgivarar har fjerna namn frå søknadsbehandlinga for å motarbeide denne tendensen. Forsking viser at det er omtrent 25 prosent mindre sjanse for å bli innkalla til eit jobbintervju dersom du har eit utanlandsk namn, trass i kvalifisert utdanning og/eller arbeidserfaring. Resultatet var tydeleg: Diskriminering i tilsettingsprosessar skjer, og dette skaper store hinder for personar med minoritetsbakgrunn og deira veg inn i arbeidslivet. Det utfordrar grunnleggande likskapsideal i det norske samfunnet og er verdt å ta alvorleg – særleg fordi barrierane minoritetskandidatane møter ikkje kan forklarast med tilvising til elles relevante faktorar som språk, utanlandsk utdanning eller svakare arbeidserfaring.

Mange med minoritetsbakgrunn har opplevd, eller kjenner til nokon som har opplevd, å bli utsett for rasisme. Haldningar blir skapt i heimen. Lokalmiljø, sivilsamfunn og arbeidsliv må inngå i arbeidet med å fjerne all trakassering.

Vi vil bryte ned barrierane som hindrar likeverdig tilgang til moglegheitene i samfunnet, adressere og motarbeide strukturell rasisme.

### **Negative haldningar til religiøse minoritetar**

Utbreidde negative haldningar til muslimar er eit problem i Noreg. Menneske som er eller blir antatt å vere muslimar, opplever handlingar og praksisar som angrip, ekskluderer eller diskriminerer. Også antisemittisme finst i den norske befolkninga. Heldigvis er det for dei fleste ein lang veg frå fordømmar til handling. Men negative haldningar heng klart saman med tilbøyelegheit til å forsvare vald mot muslimar. Partiet Sentrum meiner vi har eit ansvar for å motarbeide negative haldningar, hat og fordømmar.

### **Hatkriminalitet**

Hatkriminalitet trugar alle menneske sin rett til å bli respektert som likeverdige. Det farlege hatet kan ramme og skade kjernen av kven folk er. Ikkje berre enkeltpersonar, men store grupper av oss. Hatkriminalitet sender ein terroriserande budskap til alle med dei same eigenskapane om at «det kunne vere deg». Politiets eigne undersøkingar syner at over



halvparten av dei meldte forholda av hatkrim baserer seg på etnisitet, og kombinasjonen etnisitet og religion.

Det må arbeidast for at fleire forhold blir meldt til politiet. Dei som melder, gjer ei viktig handling på vegner av fellesskapen, for at Noreg skal vere eit fredeleg, trygt og demokratisk samfunn. I eit demokratisk samfunn skal vi ikkje godta hatefulle ytringar, handlingar eller trugsmål som skaper frykt.

### **Likestilling mellom kjønna**

Like rettar for alle, uavhengig av kjønn, er eit grunnleggande prinsipp som dessverre framleis må vere ei kampsak. Det er framleis skilnader mellom kjønna i gjennomføring i skulen, i arbeidslivet, i lønnsnivå, i familieliv og i helse, og dette trugar det likestilte samfunnet. Særleg har koronapandemien ramma likestillingsutviklinga i Noreg. Lønsgapet har auka sidan mars 2020 og yrkesdeltakinga for kvinner har dalt. Det har også blitt rapportert auka vald mot kvinner.

Sentrum vil:

- sikre mangfaldskompetanse i alle mellomstore og store selskap
- sikre mangfaldskompetanse i offentlege etatar, råd og utval
- innføre normkritikk som eit verkemiddel for å skape eit trygt psykososialt skulemiljø
- innarbeide normkritiske perspektiv i lærarutdanningane og relevante læreplanar, og for andre yrkesgrupper i skular og barnehagar
- sikre eit fortsett kompetanseløft om likestilling og normkritikk retta mot tilsette i barnehagar og skular
- styrke diskrimineringsvernet mot rasistiske ytringar og handlingar
- motarbeide negative haldningar, hat og fordommar
- utvikle ein nasjonal guide til kommunane om korleis ein kan førebygge og handtere rasisme i lokalsamfunnet
- auke støtta til organisasjonar som jobbar med antirasisme
- styrke innsatsen mot hatkriminalitet med både førebyggjande innsatsar og justis

- sikre at alle i løpet av skulegangen får solid kunnskap om folkemordet på jødane under 2. verdskrig (Holocaust)
- kjempe mot antisemittisme, Holocaust-fornektning og muslimfiendskap
- støtte reguleringar som avgrensar den kommersielle industrien som bygger oppunder venleikstyranniet, retta særleg mot barn og unge
- at Noreg skal vere eit trygt land å vere skeiv i. Konverteringsterapi er ein trugsel mot denne tryggleiken. Derfor vil vi støtte den pågåande utgreiinga med sikte på eit forbod
- innføre kvitteringsordning kvar gong ein blir stoppa av politiet
- innføre organisasjonsforbod mot nazistiske grupperingar
- gjennomføre ei brei og grundig kartlegging av rasisme i offentleg sektor
- styrke gjennomføring av rasediskrimineringsparagrafen i norsk lov
- styrke politiet sin innsats mot hatkriminalitet
- inkludere antirasisme- og antidiskrimineringsarbeid i lærarutdanninga
- pålegge offentlege arbeidsgivarar anonymiserte søknadsprosessar fram til første intervju
- øymerke tilskot til kommunale handlingsplanar mot rasisme
- fortsette kampen for likestilling mellom kjønna i eit interseksjonalitetsperspektiv
- ha auka mangfald og betre representasjon mellom kjønna i arbeidslivet
- kjempe mot seksuell trakassering i skule og arbeidsliv

## 2.5 Motarbeide polarisering, radikaliserings og ekstremisme

Vi må ta tak i frykta for det som er annleis. Vi må tore å utfordre haldningar hos oss sjølv og andre. Vi treng fleire arenaer der folk kan møtast på tvers av ulike gruppetilhøyrslar, der ein kan dyrke den opne og fordomsfrie samtalen.

Avstanden mellom menneske i Noreg kan vere stor, både kulturelt og økonomisk. Vi er mange som lever fråskilt frå andre si verkelegheit. Ved å møtast og gå i dialog lærer vi at det

ikkje er eit trugsmål at folk er ulike. Vi ser at mangfaldet er ei vinning for oss, avgjerande for å lukkast som samfunn. Vi vil jobbe for eit samfunn med openheit og gjensidig respekt, og der individet er fritt til å vere seg sjølv og ta sjølvstendige val. Ein trugsel mot dette er negativ sosial kontroll, som kjem i mange former og variantar. Det kan vere praksisar nedarva frå våre kulturar og religionar. Vi må bruke systema og institusjonane vi har til å førebygge alle former for negativ sosial kontroll, utanforskap, polarisering og radikalisering.

Språk skaper haldningar, verdiar og narrativ. Derfor er det vesentleg å bruke eit inkluderande språk, samtidig som vi står opp for ytringsfridomen. Det går ei grense for ytringsfridomen ved hatefulle ytringar. Ytringsfridom inneber òg eit ytringsansvar. I eit opplyst og livssynsoppe samfunn er kritikk og fritt meiningsmangfald ein føresetnad. Vi vil støtte opp om ein levande debatt om verdiar, og ønsker å styrke forståinga av kva verdiar vi knyter til ord og handlingar mot kvarandre.

For å komme andre menneske og grupper i møte, må ein godta korleis dei ønsker å bli tiltalt og omtalt, og kva ord dei ikkje vil høyre brukt om seg sjølv. Eksempelvis må ein kunne bruke det kjønnsverskridande ordet hen når nokon ønsker å bli omtalt som det.

Trugsmål og hatkriminalitet må møtast med konkret handling og oppfølging. Debatten på nett og i sosiale medium må greiast ut saman med politiets moglegheit for sanksjonar. Det har vore ein auke av hatkriminalitet frå 2015–2019, men domfellingane er få. Partiet Sentrum vil stå opp mot polariserande retorikk som oppfordrar til hatefulle ytringar. Det går ei linje frå hatefulle ytringar, til radikalisering og ekstremisme. Vi har alle ytringsfridom, og samtidig eit ansvar for korleis vi ytrar oss. Vi har ansvar for å tenke gjennom korleis vi kan ytre oss for å avgrense faren for terror og ekstremisme, og dei radikalisererte sitt høve til å rekruttere fleire. Ytringsansvar er noko vi alle har og bør ta, ikkje minst politikarar og offentlege personar. Hatkriminalitet kan ikkje skjule seg bak ytringsfridomen.

Det er ofte personlege grunnar og ei kjensle av å stå utanfor samfunnet som driv menneske mot radikale organisasjonar. Velferdssamfunnet har eit ansvar for å tilby hjelp til dei som vil bryte med radikale og ekstreme miljø. Nettverket rundt dei som blir radikaliserert må òg få eit tilbod om rettleiing og støtte.

Sosiale medium har fått ei forsterkande rolle med tanke på polarisering, radikalisering og ekstremisme. Dei redaktørstyrte journalistiske media har ein avgjerande funksjon for å bevare den høge tilliten vi har i landet vårt, det kan vi ikkje ta for gitt.

Alle menneske har rett til eit liv i tryggleik og fridom.

Sentrum vil:

- opprette ein Ytringsansvarskommisjon som drøftar ytringsfridomens grenser mot terror, radikalisering og ekstremisme. Alternativt vil vi utvide mandatet til Ytringsfridomskommisjonen.
- vektlegge ytringsansvaret si betydning for eit anstendig ordskifte
- sikre eit høgt kompetent, nasjonalt avhopparprogram for personar som ønsker å bryte med radikale og ekstremistiske miljø i samarbeid med det frivillige. Programmet må tilby heilskapleg og langsiktig hjelp til den det gjeld, med tanke på bustad, økonomi, arbeid, helse og velferd.
- sikre tiltak som fremmar dialog og forståing på tvers av grupper
- fjerne statsstøtta til HRS og andre organisasjonar som aktivt motarbeider inkludering og bidrar til hatefulle ytringar og hatkriminalitet
- styrke politiet sin innsats og sanksjonsmoglegheiter mot hatkriminalitet
- styrke førebyggjande arbeid for barn og unge som står i fare for å oppleve vedvarande utanforskap

## 2.6 Skape eit universelt utforma samfunn som er funksjonsfremmande

Partiet Sentrum vil arbeide for eit universelt utforma samfunn som er funksjonsfremmande, ikkje funksjonshemmande. I det funksjonsfremmande samfunnet ser ein dette klart: Det er *hinderet*, ikkje individet, som er problemet. Vi vil arbeide for at alle menneske skal få bidra med sine ressursar.

Samfunnet si viktigaste oppgåve i denne samanheng er å legge til rette for arbeid etter evne. Det vil auke verdiskapinga.

FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne – CRPD (Convention on the Rights of Persons with Disabilities) – skal sikre menneske med nedsett funksjonsevne like moglegheiter til å realisere sine menneskerettar, og bygge ned hinder som kompliserer dette. CRPD skal bidra til å motverke diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Noreg har ratifisert konvensjonen, men den er ikkje innarbeidd i norsk rett (inkorporasjon). Det ligg ikkje føre nokon overordna strategi eller handlingsplan for å gjennomføre

konvensjonen. Norsk lov vil gå først viss det er motstrid med FN-konvensjonen, sidan CRPD ikkje er tatt med i norsk lov.

Skulane og barnehagane er viktige arenaer for meistring og læring. I dag får barn med nedsett funksjonsevne undervising og tilbod av svært varierende kvalitet og med like varierende utbytte. Barn og elevar med behov for tilpassing og spesialundervising er ei sårbar gruppe med stor fare for å bli sett utanfor. Alle barn skal få moglegheita til å oppleve fellesskap i barnehage og skule.

Partiet Sentrum meiner at skule- og utdanningssystemet må bli sett i stand til å følge opp barn og unge som treng tilrettelegging og særskilt oppfølging, slik at dei seinare har moglegheit til å bli ein likeverdig del av samfunnet.

Særleg er døve barn og unge med behov for undervising på teiknspråk ei gruppe som manglar tilrettelegging på eigne premissar. Det er stort behov for utdanning av teiknspråkkyndige lærarar. Statped legg ned korttids-butilbod til døve barn og unge. Intensjonen med integrering av døve barn i lokalskulen er feilslått og verkar mot si hensikt. Mange opplever utanforskap, isolasjon, einsemd og manglande sosial samhandling. Alt dette går utover læring og barnas psykiske helse.

Eit arbeidsliv og arbeidsretta aktivitet som inkluderer alle, er ein viktig del av livet. Også for personar med funksjonsnedsetting. Vi vil ha eit arbeidsliv der alle kan få bidra i ein mangfaldig fellesskap. FN-konvensjonen CRPD, artikkel 27, er knytt til menneske med nedsett funksjonsevne og deira rett til arbeid. Handlingsplanen «Et samfunn for alle», som skal sikre likestilling for personar med funksjonsnedsetting, må følgast opp. Rettsfesta rammevilkår og hjelpemiddel er avgjerande for at menneske med funksjonsnedsetting skal kunne gå på skule, delta i arbeidsliv, fritid og samfunnsliv. Dette må sikrast alle som har behov.

Sentrum vil:

- krevje at ny handlingsplan for universell utforming blir gjort ferdig, med klare tidsfristar og verkemiddel for å sikre framdrift, især for oppgradering av eksisterande bygg
- sikre at bebuarar i omsorgsbustader ikkje mistar retten til fritidskontakt
- inkorporere CRPD-konvensjonen i norsk lov
- sørge for at alle, òg menneske med utviklingshemming, har lik rettstryggleik

- sørge for eit enklare og meir forståeleg system og kommunikasjon for å sikre tilgjengelege og likeverdige tenester
- innføre ei ordning med fri rettshjelp for å sikre god systemretteleing – ei “hand av rett” å halde i
- styrke retten til å bestemme i eige liv og over egne eigendelar
- sikre at elevar med funksjonsnedsetting får oppfylt sin lovfesta rett til inkluderande undervising, tilpassa opplæring og spesialundervising
- sette av tilstrekkelege middel til å realisere planen «Veikart. Universelt utformet nærscole 2030»
- sette av tilstrekkelege middel for at digitale læremiddel skal vere universelt utforma
- at alle med nedsett funksjonsevne skal ha likt høve til å velje barnehage, skule og utdanning. Det inneber å bygge ned barrierar for menneske med funksjonsnedsettingar
- sikre kvalifiserte fagfolk til eleven under heile skuleløpet for dei som treng assistanse og/eller særskilt tilrettelagd undervising, eksempelvis logopedar, audiopedagogar og teiknspråklege lærarar
- sikre og styrke Statped gjennom god organisering og finansiering
- igjen få på plass grunnskuletilbod i form av internat/butilbod med teiknspråkundervising for døve barn og unge
- utdanne fleire teiknspråklege lærarar og teiknspråktolkar
- at døve/høyrslheemma barn skal ha lovfesta rett til fullverdig undervising på sitt eige morsmål, dvs. teiknspråk
- sikre at barn og unge har rett til å bruke BPA både heime og på skulen
- at kommunar og helsetenesta har ansvar for å legge til rette for at arbeidssøkarar som treng hjelp og tenester, kan komme i jobb og få støtte til å stå i jobben
- at lønstilskot til arbeidsgivarar må oppretthaldast og styrkast
- sikre arbeidsplassar, arbeidsretta aktivitetar og dagtilbod for alle
- lovfesta rett til arbeid og arbeidsretta aktivitet

- styrke ordninga med funksjonsassistanse i arbeid
- auke talet på varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA), fortrinnsvis i ordinær verksemd
- sikre at alle som treng det har rett til hjelpemiddel i folketrygda på alle livsområde
- forenkle søkeprosessen til hjelpemiddel, og sikre ei effektiv hjelpemiddelordning som leverer hjelpemiddel når dei trengst, inkludert hjelpemiddel og treningsutstyr som kan bidra til å førebygge ei forverring av helsetilstand
- styrke ordninga med aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år og gjere ordninga til ein del av trygdas ordinære overslagsbevilling
- prisforhandle større utval av hjelpemiddel slik at valmoglegheitene blir større
- sørge for at brukarstyrt personleg assistent (BPA) blir eit reelt likestillingsverktøy for alle som har eit assistansebehov. Finansieringsmodellen i denne kommunalt styrte ordninga må sørge for likebehandling for desse tenestene, til dømes gjennom ei statleg refusjonsordning
- styrke moglegheita til å velje ein eigna omsorgsbustad
- at bustønad, garantiar og finansiering blir auka slik at alle med nedsett funksjonsevne blir gitt sjansen til å eige eigen bustad, ved å ha tilgang til desse ordningane uansett kor dei bur i landet og lokalt kostnadsnivå
- sikre ei anstendig minimumsinntekt, også for menneske med funksjonsnedsettingar
- sørge for at alle har rett til å delta på fritidsaktivitetar (idrett eller anna) sjølv om ein bur i kommunal bustad. Dette inkluderer også retten til transport
- at pårørande skal ha føreseielege og gode avlastingstilbod
- betre økonomiske rettar for pårørande etter at brukar fyller 18 år
- ha eit palliativt team i alle kommunar og sikre familiar tett oppfølging også under venteperioden
- sikre familiar rett til å velje om ein ønsker å ha den siste delen av livet heime, i barnehospice eller på sjukehus
- sikre at alle helseregionar har tilbod om barnehospice
- jobbe for ei nasjonal ordning for TT-kort som er lik i heile landet

- igjen innføre eit særfrådrag på inntil kr 100 000 for alle med nedsett funksjonsevne eller deira pårørande
- at støtteordning i Nav til bil for menneske med varig funksjonsnedsetting òg må inkludere klimavenlege biler
- arbeide for nasjonale retningslinjer for overgangar mellom barne- og vaksenavdeling på sjukehus
- arbeide for meir førebyggjande arbeid og forskning på trakassering, vald og overgrep retta mot personar med nedsett funksjonsevne
- arbeide for at lågterskeltilbod for ungdom som har opplevd vald, overgrep og trakassering skal vere tilgjengelege for alle uansett funksjonsevne
- arbeide for auka openheit om funksjonshemmas seksualitet, og for at unge med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar får tilgang til tilpassa kunnskap og rådgiving om seksualitet og seksualtekniske hjelpemiddel
- arbeide for å auke kompetansen om samspelet mellom psykisk helse, funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdommar, både i spesialisthelsetenesta og i lågterskeltilbod som skulehelsetenesta og helsestasjonar for ungdom
- sikre at eldresenter og sjukeheimar aldri blir brukt som mellombels plassering for unge med funksjonsnedsettingar og kroniske diagnosar
- sikre at unge får høve til å nytte eigen assistent under sjukehus- og rehabiliteringsopphald, og at personleg assistent ikkje blir erstatta av helsepersonell
- sikre god tilgang på opplæring i teiknspråk for søsken av personar som kommuniserer med teiknspråk

## 2.7 Motarbeide økonomisk utanforskap og fattigdom i Noreg

Å leve i fattigdom betyr at ein manglar ressursane til å kunne leve eit fullverdig liv. Når ein slit med å få endane til å møtast, leier det ofte til utanforskap og avgrensa moglegheiter til å delta i samfunnet på lik linje med andre. Partiet Sentrum vil slåst mot økonomisk utanforskap og utrydde fattigdom.



Alle har rett til ei tilstrekkeleg grunninntekt. Det er ikkje berre ønskeleg, men nødvendig. Partiet Sentrum vil jobbe for at alle har ei inntekt som sikrar verdigheit i alle livsfasar.

Arbeidsløyse er først og fremst eit systemproblem og ikkje eit spørsmål om manglande arbeidsmoral. Dei som ikkje har moglegheit til eiga arbeidsinntekt, må få rett til stønader som sikrar verdigheit i alle livsfasane.

Etter at kutt blei gjennomført i ordninga med arbeidsavklaringspengar (AAP) i 2018 har andelen menneske som tar imot sosialhjelp auka. Kutta medførte ein høgare terskel inn i ordninga, ein reduksjon i den ordinære stønadspannen frå fire til tre år, innstramming i moglegheitene til å få forlenging for personar som ikkje er ferdig avklart på ordinær tid, og innføring av ein karenspanne på eitt år før ein kan søke arbeidsavklaringspengar på nytt. Kutta har i særleg grad ramma personar som av helsemessige årsaker ikkje er i stand til å forsørge seg sjølv gjennom eige arbeid. Desse kutta må reverserast. Kutta har ført til ein auke i talet på menneske som får sosialhjelp og fleire uføre. Sosialhjelp skal vere ei kortvarig løysing. Derfor trengst ein ny nasjonal handlingsplan for korleis samfunnet kan gi denne gruppa nye moglegheiter.

I ein svak helsesituasjon er trongen til samfunnets støtte sterk. Når ein er sjuk, gjeld det først og fremst å bli betre. Deretter kan det dreie seg om jobb. Vi treng fleire ordningar i Nav som sikrar tryggleik og kontinuitet, ikkje utryggleik, skremmande språk, korte vedtaksperiodar og eit utilgjengeleg byråkrati.

Menneske i krevjande livssituasjonar opplever Nav som ei støtte, men òg som ei byrde. Språk, tilgjengelegheit og system må reformerast, slik at dei som bruker systemet får sine rettar oppfylt og sin helse og livskvalitet varetatt.

Fattigdom kan definerast på ulike vis. Absolutt fattigdom er omgrepet som blir brukt om fattigdomsmål som fokuserer på beløpet som trengst for å møte basale behov som mat, klede og tak over hovudet. Fattigdom kan òg definerast som eit relativt fenomen. Ifølge ei slik forståing kan ein person sjåast på som fattig dersom ho manglar middel til å delta i samfunnet på lik linje med andre. Eit relativt fattigdomsogrep inneber dermed at det som blir opplevd som naudsynte gode i éi kontekst kan sjåast på som mindre viktige i ei anna.

Det er inga offisiell fattigdomsgrense i Noreg. I Noreg lever ca. 10 % av befolkninga i relativ fattigdom. Omgrepet relativ fattigdom siktar til andelen av befolkninga som gjennom ein treårsperiode har hatt ei inntekt under 60 % av medianinntekta. For at andelen relativt fattige skal reduserast, må inntekta til menneske i denne gruppa bli høgare. Det er eit mål for Partiet Sentrum at skilnaden i inntekt mellom dei rikaste og fattigaste skal bli mindre. På det

viset blir den relative fattigdommen motarbeidd. Tilgjengelege politiske verkemiddel er lovgiving, rettar, haldningsarbeid og retningslinjer for organiseringa av velferdssystem.

For Partiet Sentrum er det viktig at velferdssystema kombinerer føreseielege og rettferdige fordelingsprinsipp og tenestetilbod med tilpassa og skreddarsydde løysingar for den enkelte. Slik blir den støtta ein tilbyr (for å finne ein veg ut av langvarig fattigdom) mest mogleg relevant og verksam. Det må bli større rom for skjønnsutøving og auka kompetanse hos rettleiarar og saksbehandlarar. Ein må i langt sterkare grad sjå enkeltmennesket.

Om lag 111 000 barn og unge veks opp i familiar med låg inntekt. Vårt mål er å snu utviklinga ved å gi desse barn og unge eit forsterka sett av nye moglegheiter. Det er ikkje barna som har låg inntekt, derfor må barnas situasjon sjåast i kontekst med føresette sin økonomiske situasjon. Partiet Sentrum vil styrke barns rettar og moglegheiter grunngitt i Barnekonvensjonen art. 26 og 27. Vi vil redusere fattigdom blant barn og unge gjennom reduksjon av antal låginntektshushald.

Sentrum vil styrke kompenserande tiltak for barn og unge i låginntektsfamiliar, slik at fleire fullfører skulen og kan delta i organisert fritidsaktivitet. Ferie- og helgetilbod i regi av frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar må sikrast. Vi vil vidare styrke helsetilbod, og sikre grunnleggande behov som mat og trygg bustad for barn som veks opp i familiar med varig låg inntekt. Hushald som manglar yrkestilknytning, og einslege forsørgarar, skal varetakast betre. Tiltak som reduserer sosiale, kulturelle og økonomiske barrierar for deltaking i skule, fritid og samfunn må intensiverast.

Arbeid og helse heng tett saman. Omgrepa har ein viktig fellesnemnar, nemleg livskvalitet. Det er snakk om vår subjektive oppleving av tilfredsheit med livet, og den objektive livssituasjonen knytt til helse, funksjon, arbeidsoppgåver, materielle levekår. Eit meiningsfullt arbeid skaper ein genuin grunn til å stå opp. Arbeid og arbeidsplassen kan motverke einsemd. Arbeid betyr noko for vår psykiske helse og livskvalitet. Arbeidet har betydning for vår sjølvoppfatning, og korleis vi ser på kvarandre. Det å finne sin plass i arbeidslivet er ein del av det å bli vaksen og markerer ein viktig overgang i livet. Samfunnet legg opp til at vaksne skal og bør vere i arbeid. Men arbeid som eit gode er ikkje tilgjengeleg for alle.

Helseutfordringar kan gi funksjonstap i ein kortare eller lengre periode. Sjølv om menneske av ulike grunnar opplever eit helsemessig funksjonstap er arbeid ofte framleis eit prioritert mål i livet. Arbeid kan fungere som medisin. Arbeid inneber ofte betre effekt av behandling, færre innleggingar og lågare symptomtrykk. Arbeid er helseøkonomisk lønsamt.

Sentrum vil:

- lovfeste kommunars plikt til å ha ein plan for barn og unge i låginntektsfamiliar
- Sikre at brukarens behov blir sett i fokus for tenesteutviklinga i Nav. Det offentlege har eit ansvar for å innfri brukarens rettar
- reversere kutta i AAP-ordninga frå 2018 og gjennomgå heile ordninga
- ha ein ny nasjonal handlingsplan for sosialhjelpsmottakarar og deira vidare moglegheiter
- sikre at ei statleg, forpliktande normering av økonomisk sosialhjelp blir oppjustert til SIFOs referansebudsjett
- styrke rettsperspektivet i Nav – og tilby rettslos til menneske i sårbare livssituasjonar der det frivillige er ein del av løysinga
- styrke ytingar som skal sikre forsvarlege levekår ved sjukdom og uførleik
- sikre verktøy som bidrar til at kommunane realiserer Fritidserklæringa lokalt
- sikre trygge, opne møteplassar for barn og unge på fritida
- etablere meir langsiktige og føreseielege finansieringsordningar retta mot frivillige og ideelle tilbydarar av førebyggjande og helsefremmande barne- og ungdomsarbeid
- sikre jobbskapande lågterskel-initiativ for menneske i alle aldrar i heile landet
- stimulere ordningar som reduserer økonomiske barrierar for deltaking i fritidsaktivitet
- sikre biblioteka som opne kulturhus i lokalmiljøet
- innføre foreldrepermisjonsordning for studentar
- eingongsstøtte ved fødsel og adopsjon skal vere 1,5 G og skal vere knytt til G (dvs. regulerast som grunnbeløpet i folketrygda)
- vidareføre barnetrygda som ei universell ordning for alle, men omfordele ved at beløpet blir auka vesentleg og skattlagt. Det vil innebære at familiar med låg inntekt beheld vesentleg meir enn i dag, medan dei med høg inntekt beheld noko mindre
- lovfeste at barnetrygda blir halden utanfor ved berekning av sosialhjelp
- vidareføre utvida støtte til einslege forsørgarar

- auke bustønaden for låginntektsfamiliar
- bevare kontantstøtteordninga opp til 2 år, og ta bort kravet om 5 års medlemskap i folketrygda, men ha krav om at båe foreldra må vere registrert busett i Noreg
- trygge inntektsgrunnlaget til pårørande i periodar med auka omsorgsbehov i familien
- auke overgangsstønaden for einslege forsørgarar og endre på kravet om skuleplass eller arbeid idet barnet fyller eit år. Ordninga må gjerast meir fleksibel slik at ein ikkje taper retten viss ein står utan arbeid eller skuleplass.

## 2.8 Fleire eldre med erfaring og innsikt

Alder er erfaring, innsikt og klokskap. Det er ein viktig ressurs for samfunnsfellesskapen.

Eldre har aldri vore friskare enn i dag. Dei har høg utdanning, og dei lever lenger. Ein aldersvenleg politikk går ut på å legge til rette for at eldre kan leve gode liv, meistre kvardagen og få bidra så lenge det er eit ønske. Eldre skal føle seg trygge og ha moglegheiter for meningsfull aktivitet og sosiale relasjonar.

Partiet Sentrum vil fremme ein aldersvenleg politikk der eldre sine eigne ressursar blir brukt meir. Det vil fremme betre helse, og utsette behovet for profesjonelle helse- og omsorgstenester som det vil bli ei mangel på framover.

Partiet Sentrum meiner vi må utvikle stader der det er godt å bli gammal. Vi må utvikle bustader som fremmar god helse. Vi må skape insentiv til å utvikle nye buformer i kommunane og sjå til at tilskotsordninga i Husbanken støtter ei slik utvikling i tett dialog med eldre sjølv. Grunnlaget for at eldre skal ha moglegheita til sosial aktivitet og deltaking i samfunnet føreset bustad og omgivnader som eignar seg å bu i.

Dei gode løysingane blir utforma saman med dei som har behov for dei. Eldre må i større grad få moglegheiter til å fremme eigne løysingsforslag, og få vere ein del av løysinga. Frivillige og ideelle aktørar må sleppast til i samarbeid med det offentlege når nye tenester skal utformast.

I arbeidslivet må ordningar som aldersgrenser, pensjonssystem og leiings- og personalpolitikk legge til rette slik at fleire eldre kan jobbe lenger. Inkluderande og utviklande arbeidsmiljø motiverer, eldre sin arbeidskraft og kompetanse må stimulerast. Når vi blir fleire eldre, må vi ta meir ansvar for vår eigen alderdom, eksempelvis ved å planlegge bustaden

og andre forhold som er viktige for helse og livskvalitet. Eldre er ein unyttig ressurs i det oppsøkjande arbeid blant andre eldre i kommunane.

I vårt samfunn er digital kompetanse definert som ei basisferdigheit på linje med å kunne lese og skrive. Men nærare 500 000 eldre er ikkje nettbrukarar, og kan dermed ikkje nytte seg av offentlege digitale tenester. Vi treng eit digitalt løft, slik at alle menneske kan oppleve å meistre sin kvardag. Opplæring i grunnleggjande digital kompetanse for seniorar og eldre bør vere eit gratis tilbod; det er behov for å auke tilskot til kompetanseheevande tiltak innanfor det digitale.

Nokre vil av ulike grunnar ikkje evne å tileigne seg digitale ferdigheiter. Partiet Sentrum ønsker å arbeide for at det, parallelt med digitale tenester, blir vektlagt moglegheiter for fysiske møte for å få utført tenester i offentlege etatar, Nav, bankar o.l.

Eldre som er engasjerte og aktive i det frivillige organisasjonslivet, kan få auka livskvalitet og halde seg både mentalt og fysisk friske lenger. Frivillige organisasjonar som rekrutterer og held på seniorar som frivillige, har stort utbytte av deira erfaringar og innsats.

Vi må arbeide for eit demensvenleg samfunn. Menneske som lid av demens, skal bli møtt med forståing, respekt og støtte frå dei som dei treng hjelp frå. Helsepersonell må få opplæring i korleis dei skal møte og behandle menneske med demens. Det må bli tilbydd nok skjerma einingar i eldreinstitusjonar og omsorgssenter, slik at personar med demens får tilpassa pleie og omsorg frå helsepersonell med kunnskapar i demensomsorg.

Sentrum vil:

- styrke seniorar og eldre sine moglegheiter til å bidra i frivillig sektor
- sikre eldre sin rett til samskaping og tenesteutvikling i kommunane
- styrke eldre sin medborgarskap og moglegheiter for samskaping med det offentlege
- at seniororganisasjonar og sivilsamfunnet blir involverte i stad- og bustadutvikling
- stimulere til innovativ bustadutvikling som varetar grunnleggjande menneskelege behov
- sikre tilstrekkeleg ramme for heistilskotet i Husbanken, slik at eksisterande bustader blir oppgradert
- stimulere tiltak i kommunar der eldre kan støtte eldre
- sikre opne og attraktive møteplassar for seniorar og eldre

- motarbeide aldersdiskriminering og skape moglegheiter for at dei som ønsker det kan jobbe lenger
- styrke karriererettleiing i arbeidslivet frå fylte 50 år
- gjennomgå lovbestemte aldersgrenser i arbeidslivet i samråd med partane
- bidra til å utvikle arbeidslivet slik at det gir betre moglegheiter for seniorar til å fortsette fleire år i arbeid
- førebygge digital utanforskap blant seniorar og eldre gjennom kompetanseheving og ved å sørge for at det enno er moglegheiter for fysiske møte med saksbehandlarar og tenesteytarar
- arbeide for eit rettvist pensjonssystem som gjer at eldre sikrast økonomisk tryggleik i alderdommen, og som sikrar sårbare grupper

### **Eldre i helse- og omsorgstenesta**

Eldre som har behov for helse- og omsorgstenester i kommunane, skal ha dei riktige tenestene i stort nok omfang og til rett tid. Sidan talet på eldre vil auke i åra framover, må både stat og kommunane førebu seg betre med analysar, planar og tiltak. Det er store utfordringar med pasienttryggleiken i eldreomsorga, blant anna når det gjeld ernæring, legemiddel og fall. Unødige innleggingar må bli unngått. Sårbare eldre toler dårleg å bli flytta på, og bør få behandlinga der dei er.

Det er stor mangel på/ frávær av teiknspråkleg kompetanse og miljø på eldre- og sjukeheimar. Derfor blir eldre døde i offentleg omsorg understimulert, einsame og fråtatt moglegheita til kommunikasjon og samhandling med omverda. Dette er brot på menneskerettane. Det er sterkt behov for ei haldningsendring og kompetanseheving i helsesektoren for å forstå døde sine behov og rettar til eit likeverdig omsorgstilbod.

Den akuttmedisinske kompetansen i eldreomsorga treng styrking. Det same gjeld profesjonell samhandling med det frivillige. Ei viktig oppgåve framover er å sikre riktig kapasitet i eldreomsorga.

Investeringstilskotet har bidratt til utbygging og modernisering av omsorgsplassar, men det er usikkert om kapasiteten innan heildøgns omsorg for eldre har blitt betre. Sjølv om fleirtalet av kommunane har tatt i bruk velferdsteknologi, er det mange kommunar som enno ikkje gjer det.

Kunnskapen om velferdsteknologi og nytta eldre kan ha av slik teknologi bør styrkast gjennom kompetansetiltak og informasjonsspreiing. Eldre som ønsker det, må få tilgang til velferdsteknologiske løysingar.

Sentrum vil:

- sette kommunane i stand til å førebu seg på konsekvensane av den forventta auken i talet på eldre, og vurdere korleis statlege verkemiddel best kan brukast for å hjelpe kommunane i arbeidet
- sikre at statlege verkemiddel bidrar til at kommunane kartlegg og tar omsyn til dei eldre sine behov og ønske, før dei tildeler helse- og omsorgstenester
- sikre varetaking av dei eldre sine klagerettar både i kommunane og gjennom Statsforvaltarens behandling
- redusere det høge sjukefråværet og den omfattande bruken av deltid i eldreomsorga
- arbeide for at alle norske eldreinstitusjonar skal sertifiserast som Livsgledehem – ei nasjonal sertifiseringsordning som sikrar at dei psykososiale behova til bebuarar ved verksemder med heildøgns eldreomsorg systematisk blir varetatt
- styrke eldre sin tilgang og moglegheiter til å delta i meningsfylt aktivitet og revitalisere senter for dagaktivitet
- sikre gode palliative tiltak for eldre
- legge til rette for at tilsette i helsetenesta må ha kompetanse til å vareta eldre pasientar med fleire kroniske sjukdommar, slik at den eldre kan bli varetatt i akutt og alvorleg sjukdom
- stimulere til auka vidareutdanning av helsepersonell innan geriatri
- dele gode erfaringar frå kommunar i ein felles idébank
- endre termen “skrøpelege eldre” til “eldre med samansette helseutfordringar” i offentlege dokument
- stå opp mot stigmatiserande ytringar i det offentlege ordskiftet
- fremme forskning på god varetaking av eldre

- sikre reell fridom til val av sjukeheim i eit teiknspråkleg miljø på tvers av kommunegrensar gjennom statleg tilskotsordning for regionale teiknspråklege sjukeheimar
- sikre teiknspråkleg personale ved sjukeheimar/ omsorgsbustader/ heimebaserte tenester

## 2.9 Ein kulturpolitikk som fremmar respekt og forståing

Kultur er ein viktig bærebjelke i vårt samfunn og bidrar til levande lokalsamfunn i heile landet. Vi vil derfor gi rom for utvikling av vårt rike og mangfaldige kulturliv, og eit mandat og handlingsrom som samfunnsbyggjar. Kultur og idrett har ei unik kraft gjennom å inspirere, begeistre, skape tilhøyrse og identitet. Derfor ser Sentrum på økonomisk støtte til kultur som ei investering i menneske og framtida deira.

Partiet Sentrum meiner at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggande kraft og at kulturpolitikken skal bygge på ytringsfridom og respekt.

Kulturlivet skal vere relevant for dei liva vi lever. Derfor må alle bli gitt høve til å uttrykke seg. Kulturlivet skal fremme respekt og forståing for andre, og skape refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og samfunn. Ein aktiv kulturpolitikk bygger demokratiet. Kulturen skal vere fri.

Mange får ikkje sjansen til å oppleve kunst og kultur. Bakgrunn, økonomi og livssituasjon har mykje å seie for kven som får delta. Vi må sikre eit likeverdig kulturtilbod der alle får sjansen til å delta. Fritidserklæringa har som mål at alle barn, uavhengig av den sosiale og økonomiske situasjonen til foreldra, skal ha høve til å delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet saman med andre barn (grunngitt i Barnekonvensjonen artikkel 31). Det er viktig at kunst og kultursektoren også tilbyr gratis aktivitetar.

Ei sentral utfordring er å sikre uttrykksmessig diversitet og ei større breidde i formidlingsformer. Ei god og berekraftig samfunnsutvikling sikrast gjennom ein balanse mellom fellesskap og individualitet, og mellom tradisjon og fornying. Majoritetssamfunnet har eit særleg ansvar for å anerkjenne nye grupper, minoritetar og særinteresser.

### **Urfolk**

Urfolk har rett til å bli høyrte og delta i avgjerder, planlegging og gjennomføring av prosjekt som kan påverke sjølvråderetten deira – eller retten til deltaking, menneskerettar og/eller juridiske, hevdvunne eller tradisjonelle bruk og forvaltning av land og naturressursar, og/eller



kulturen deira. Fritt og informert førehandssamtykke (Free, Prior and Informed Consent, FPIC) frå rettshavarane er eit FN-prinsipp som skal følgast i alle tilfelle der urfolk kan påverkast.

### **Kreative næringar**

Kreative næringar og innovasjon kan skape mange nye inntekter og arbeidsplassar, og kulturfeltet er ein viktig del av framtidens arbeidsliv. Staten skal framleis gi rammeverk og ta eit finansielt hovudansvar for sektoren. Det er viktig med offentleg finansiering og gode, føreseielege støtteordningar i kultursektoren. Det skal skapast nye partnerskap og hentast ut meir samarbeid mellom privat og offentleg engasjement.

Kunsten har ein viktig eigenverdi. Talet på publikummarar eller produksjonar må derfor ikkje vere den einaste indikatoren for måloppnåing på kulturområdet.

Kultur har ei eiga evne til å fremme god helse og førebygge sjukdom, og kan òg spele ei viktig rolle i behandling. Kultur kan bidra til å tilby ein heilskapleg, integrert, menneskesentrert omsorg. Den kan sette menneske i stand til å takle komplekse utfordringar som det ikkje finst ei aktuell helse- og omsorgsløysing for.

### **Mediemangfald**

Vi må sikre økonomiske vilkår for å produsere eit mangfald av journalistikk. Partiet Sentrum meiner vi bør ha ein sterk allmennkringkastar. Redaktørstyrte journalistiske massemedium er ein av grunnsteinane i eit fritt og demokratisk samfunn.

NRK er vår viktigaste allmennkringkastar og har eit viktig samfunnsoppdrag som kjem heile befolkninga til gode. Det er ein viktig verdi for eit demokratisk samfunn at vi har ein statseigd allmennkringkastar som tilbyr eit breitt og mangfaldig programtilbod retta inn mot ulike delar av landet og grupper av befolkninga. NRK skal spegle det kulturelle og religiøse mangfaldet i Noreg og tilby program retta mot urfolk og etniske minoritetar. Det er viktig at NRK tilbyr program om ulike kultur-, musikk- og kunstuttrykk. Dette må ikkje bli nedprioritert i forhold til breiare og meir kommersielt retta program. Sentrum vil bevare NRK som allmennkringkastar og sikre ei tilstrekkeleg finansiering for å kunne oppfylle samfunnsoppdraget.

### **Dataspelkulturen**

Nær 9 av 10 barn og unge mellom 9 og 18 år spelar dataspel. «Gaming» er populært. Det er framleis behov for å løfte dataspel som sjølvstendig kulturuttrykk, kunstform, næring og fritidsaktivitet. Fantasi, kreativitet og spel skal framleis ha sin plass i kulturlivet. Barn og unge

bruker ein stor del av livet ved skjermen, samfunnet kan bidra til å motarbeide negative konsekvensar som sosial isolasjon ved å skape fysiske møteplassar for dataspel. Dataspel kan òg vere ein arena for å bygge sosiale relasjonar og bygge bru til venskap i den fysiske verda.

Dataspel-industrien i Noreg har eit stort vekstpotensial i form av å vere ein grøn industri, eksportvare, og ein arena for utvikling av evner som allereie blir, og vil bli meir etterspurde i arbeidsmarknaden. Dette potensialet bør anerkjennast ved å undersøke moglegheitene for å gi dataspel-industrien i Noreg eit sårt trengt løft for å lettare kunne nå sitt publikum både nasjonalt og internasjonalt.

## **Pengespel**

Noreg fører i dag ein ansvarleg og solidarisk spelpolitikk. Denne må vidareførast og styrkast.

Dette inneber å hindre at internasjonale selskap får innpass i Noreg, og å sjå til at Norsk Tipping og Rikstotos monopol blir bevart. Nærare 170.000 personar i Noreg har eit problematisk spelemønster eller står i fare for å få det. Spelavhengnad kan vere like alvorleg som rus- eller alkoholavhengnad og er internasjonalt anerkjent som ein sjukdom. Det er viktig at dei som er spelavhengige har tilgang til behandling og at dei pårørnde opplever å bli godt varetatt.

Sentrum vil:

- auke pressestøtta (for å sikre mediemangfaldet)
- styrke og vidareutvikle NRK som allmennkringkastar og oppretthalde ei tilstrekkeleg statsstøtte til NRK for å kunne oppfylle oppdraget
- klargjere krava til NRK og dei tre kommersielle allmennkringkastarane om å tilby eit mangfald i kultur- og musikkprogram
- ha ein ny handlingsplan på dataspelområdet som fokuserer på barn og unges behov
- ytterlegare anerkjenne, styrke og løfte norsk dataspel-industri som ein verdiskapande og grøn industri
- styrke frivillige og ideelle aktørar som skaper trygge møteplassar for unge og ein inkluderande dataspelkultur

- oppretthalde og styrke Norsk Tipping og Rikstotos spelmonopol. Vidareføre og stramme inn restriksjonane på reklame for pengespel
- bruke dei verktøy som er mogleg for å forhindre utanlandske spelselskap i å få fotfeste i Noreg
- oppretthalde tapsgrensene i pengespel
- oppretthalde forbodet mot reklame frå internasjonale spelselskap
- støtte opp om aktørar som behandlar spelproblem og hjelper dei pårørande
- oppretthalde pålegget til TV-distributørar om å hindre tilgang til TV-kanalar som sender ulovleg spelreklame
- sikre at barn og unge skal møte trygge, gode rusfrie miljø innan sport, kunst og kultur
- styrke idrettens fredsbyggande rolle
- styrke tiltak som motverkar negativ sosial kontroll
- styrke opplæringa i kvensk og samiske språk, og støtte opp om språkreiltak
- styrke opplæring i teiknspråk og døvekultur
- styrke sidemålsundervisinga med tidleg innsats, og styrke nynorsk som hovudmål
- arbeide for at nynorsk framleis skal vere eit levande bruksspråk i Noreg
- sikre skuleelevar tilgang til eit godt utstyrt og bemanna skulebibliotek for å lukkast på skulen; eit godt skulebibliotek fremmar betre læring
- sikre biblioteka si moglegheit til å bygge informasjonskompetanse og digital dugleik i alle befolkningsgrupper
- innføre statleg finansiering av nasjonale lisensar og auka støtte til Open Access-tidsskrift og avtalar på nasjonalt nivå om tilgang til e-lydbøker på folkebiblioteka
- ha ein enklare tilgang til fjernlån av digitale ressursar frå universitets- og høgskulebibliotek
- sikre at biblioteka kan gi tilgang til god og påliteleg helseinformasjon for helsepersonell og innbyggjarar i heile landet

- gå inn for eit løft ved å sette av 1 % av statsbudsjettet til kulturformål med ei særskilt satsing på barn og unge, med nullterskel inn i kulturaktivitet
- vidareføre og vidareutvikle den lovpålagde kulturskulen, gjere den meir tilgjengeleg for alle barn og unge, og opne for frivillige og ideelle aktørar
- sikre langsiktige finansieringsmodellar for opne kultur- og aktivitetshus for ungdom
- styrke løns- og arbeidsvilkår i kultursektoren
- styrke norsk produksjon av musikk, film, dataspel, teater og andre kulturuttrykk
- sikre inntekt for rettshavarar i dei digitaliserte bransjane
- sikre gode rammevilkår, kvalitet og føreseielege forhold for festivalane
- styrke samhandlinga mellom forvaltingsnivåa, og sikre statleg medfinansiering av lokale og regionale prosjekt/tiltak av nasjonal betyding
- vidareutvikle Den kulturelle beremeisen, - skulesekken og - spaserstokken
- bygge internasjonal konkurransekraft
- legge til rette for kunst og kultur i helsereelatert behandling, habilitering og rehabilitering
- styrke ordningar for utlån av lokale, (dataspel-)utstyr og instrument
- styrke moglegheita for talent- og interesseorientert fordjuping
- ha alle støtteordningar samkøyrte, forenkla og lagt i ein sams søkeportal
- støtte urfolk sine rettar til land og ressursar

## **Friluftsliv og idrett**

Friluftslivet har sin unike eigenart og eigenverdi. Gode naturopplevingar er også bra for helsa. Eit aktivt friluftsliv skaper større forståing for vårt ansvar for å ta vare på naturen.

Det finst over 12 000 lokale idrettslag i Noreg. I paraplyorganisasjonen Noregs idrettsforbund er det registrert over to millionar medlemskap. I kraft av sin posisjon må idretten vere ei viktig samfunnsstemme i å motarbeide mobbing, og i å vise nulltoleranse for diskriminering

og trakassering. Ikkje alle må drive idrett, men alle som ønsker skal kunne gjere det. Barn og unges deltaking i idretten blir langt på veg avgjort av kva slags familie ein kjem frå.

Minoritetsungdom, og særleg jenter, er eksempelvis betydeleg mindre med i organisert idrett enn andre. Og andelen av befolkninga som er fysisk aktive, aukar med aukande sosioøkonomisk status. Idretten kan og bør vere ein stad for å møtast på tvers av sosial klasse, yrke, alder, etnisk tilhøyrse og andre interesser. Når barn, ungdom og vaksne får møtast i idretten, får dei dekt behov for lek, fysisk aktivitet og sosial omgang. Idrettsdeltaking er gunstig for både fysisk og psykisk helse. Inaktivitet rammar sosialt skeivt, og medverkar til auka helseforskjellar mellom grupper i befolkninga.

Sentrum vil:

- slå allemannsretten fast i Grunnlova
- bevare og opprette grønne lungar i nærmiljøet
- arbeide for ei meir einheitleg satsing på fysisk aktivitet i natur og nærmiljø
- arbeide for at innbyggjarar med bakgrunn frå andre kulturar skal få tilbod om eit godt og lærerikt møte med norsk friluftslivskultur. Jobbe for at friluftslivet skal bli ein del av introduksjonsprogrammet for nykomne flyktingar
- fremme norsk natur som feriemål for landet sine eigne innbyggjarar. Samstundes legge til rette for at naturbelastinga på populære stader ikkje blir for stor
- sikre gode og enkle renovasjonsordningar og sanitærtilbod ved populære turområde, med så små inngrep i naturen som mogleg
- stø prosjekt som vil gjere friluftsliv lettare tilgjengeleg for folk med nedsett funksjonsnivå
- sikre at fleire kommunar, sjølv eller i samspel med organisasjonar, etablerer ordningar med utstyrs lån for å gi fleire høve til å delta i friluftslivet
- sikre nok vedlikehald av friluftsområde
- gjere folk glad i natur gjennom bruk av naturen
- styrke myndighetssamarbeidet lokalt og sentralt i folkehelse spørsmål
- at økonomi ikkje skal vere eit hinder for at barn kan delta i idretten

- at idretten framleis er basert i det frivillige. Det offentlege sitt ansvar er ikkje å aktivisere, men å legge til rette for at idrettslaga kan tilby aktivitet
- styrke arbeidet for likestilling og inkludering i idretten endå meir, for å stimulere til eit mangfaldig idrettstilbod
- legge meir til rette for eigenorganisert idrett – blant anna ved å etablere ordningar for at fleirbrukshallar òg kan brukast til uorganisert sport og fritidstilbod for barn og unge
- bygge fleire idrettsanlegg, især der dekninga er låg
- at reglane for tildeling av spelemiddel må bidra i retning av meir miljøvenlege løysingar, eksempelvis erstatningar for gummigranulat på kunstgrasbanar
- styrke arbeidet mot doping og kampfiksing. Doping i toppidretten er svindel og bør som i andre land kunne straffeforfølgast. Politiet må få høve til å samarbeide med idrettens antidopingorganisasjonar i etterforskinga av dopingsaker.
- møte ulikskapane knytt til fysisk inaktivitet og sosiale helseforskjellar med tiltak som bidrar til at fleire samfunnsgrupper kjem i aktivitet
- forske meir på korleis ein klarer å motivere og inkludere alle til meir fysisk aktivitet
- stimulere til fysisk aktivitet gjennom å bygge ut nærmiljøanlegg, turløyper og utandørs treningsanlegg som er tilgjengelege for alle
- likestille paraidrettsutøvarar med andre idrettsutøvarar

## 2.10 Det livssynsopne samfunnet

Diskriminering basert på religion er ein global trend. Trus- og livssynsfridomen er under press, også i Noreg. Politikken som blir ført må sørge for at enkeltmenneske og grupper blir behandla som likeverdige. Livssynsopenheit og religionsdialog spelar ei viktig rolle i samfunnet.

I eit livssynsopne samfunn erkjenner og respekterer vi mangfaldet av religionar og livssyn. Dei blir ikkje gøymt bort, men er ein naturleg del av samfunnet. Trusfridomen gjeld for alle. Samtidig må vi ha rom for religionskritikk, og reflektere rundt spenningar mellom

trusfridomen og diskriminering/ negativ sosial kontroll. Men ytringsfridomen har også her ei grense. Den skal ikkje misbrukast til å sette ulike religiøse grupper opp mot kvarandre.

Religions- og livssynsorganisasjonar spelar ei viktig rolle i samfunnsveven. Partiet Sentrum meiner det er viktig å anerkjenne at religion og livssyn betyr mykje for den enkelte. For at vi betre skal forstå kvarandre, må ein bygge ned frykta for at andre menneske trur og tenker annleis enn ein sjølv.

Vi trur på dialog mellom menneske av ulike overtydingar. Det er viktig å kunne ha ein ståstad, men samtidig ha ei vilkårslaus openheit overfor dei som tenker annleis enn ein sjølv. Openheit og respekt kan vere ei krevjande øving, men er avgjerande for at vi skal lukkast som livssynssope samfunn.

Målet med dialog treng ikkje vere å oppnå semje, men å bygge openheit og respekt. Vi må leve med at nokre spørsmål er krevjande. Ingen er tent med at desse spørsmåla blir forenkla. Vi må tore å løfte spørsmåla som dirrar, og vi må tore å gi rom for det som er annleis.

Trus- og livssynssamfunn bidrar til å skape gode lokalsamfunn. Desse fellesskapane bidrar til opplæring for barn og vaksne, sosiale aktivitetar, besøkstenester, møteplassar, leksehjelp, skulefritidstilbod, konflikthandtering, familierådgiving, språkopplæring, musikk- og kulturaktivitetar og trus- og livssynsdialog.

Ein føresetnad for ein livssynsopen politikk er at den blir basert på likebehandling mellom trus- og livssynssamfunna og er i samsvar med menneskerettane. Trus- og livssynsperspektiv må varetakast i heile samfunnsveven.

Det utvida trus- og livssynsmangfaldet påverkar våre institusjonar. Det må framleis jobbast for at alle sektorar gjer alle tenester likeverdige når det gjeld å møte menneske sitt åndelege og eksistensielle behov.

Vi må bygge vidare på våre gode erfaringar som ein funksjonell usemjefellesskap. Det er mogleg å oppnå samhald i mangfald. Vi må fortsette samarbeidet på tvers av trus- og livssynsskilje, minoritetar og majoritet. Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn (STL) spelar ei nøkkelrolle.

Det skal vere godt å vere livssynsminoritet i Noreg, òg i framtida.

Den norske kyrkja er største trussamfunn og medlemsorganisasjon her i landet. 3,7 millionar innbyggjarar er medlemmar. Om lag 8 av 10 medlemmar besøker kyrkja i løpet av året, i

sorg, glede, krise eller som ein del av vekas aktivitetar. Den norske kyrkja er til stades over heile landet med over 1200 kyrkjelydar med tilsette og frivillige som legg til rette for gudstenester, kulturaktivitetar, omsorgstenester og tilbod til barn og unge. Medarbeidarane i kyrkja er òg viktige for beredskapsarbeidet i Noreg, og stiller opp for lokalsamfunn i vanskelege tider. Mange av kyrkjebygga er viktige kulturskattar som må vernast. Som folkekyrkje representerer Den norske kyrkja ein samfunnsinstitusjon som går utover rolla som trussamfunn. Kyrkja representerer tusen års historie som samlingspunkt og samfunnslim i by og bygd, og spelar ei viktig rolle i sorg, glede, kvardag og katastrofe. Den norske kyrkja, med sine kyrkjebygg spreidd over heile landet, er både ein viktig kulturarena og kulturaktør der profesjonelle og amatørar får opptre saman.

Sjømannskyrkja møter nordmenn i utlandet og skapar sosiale og kulturelle treffpunkt der folk er. Sjømannskyrkja finst på alle kontinent og på norsk kontinentalsokkel, og har spesialkompetanse på kriseberedskap.

Den norske kyrkja og dei kyrkjelege organisasjonar og institusjonar har historisk vore innovative og løyst behov som det offentlege ikkje har klart å løyse. Også i dag bidrar kyrkja med samfunnsbyggande innsats på mange område innanfor familievern, samtalehjelp, barnehagar, eldreomsorg og rusomsorg.

Sentrum vil:

- styrke medvitning kring det livssynsopne samfunn på alle samfunnsplan
- sikre tiltak som fremmar trus- og livssynsdialog
- sikre likeverdige tilbod på trus- og livssynsområdet i alle sektorar
- vidareføre prinsippet om trus- og livssynsfridom, samarbeid og tillit til trus- og livssynssamfunna
- vidareføre trussamfunnslova med dagens støtteordningar til trus- og livssynsamfunn og til Den norske kyrkja
- vidareføre Den norske kyrkja som ei grunnlovforankra folkekyrkje
- sikre ei føreseieleg finansiering som fyller statens forplikningar til å støtte under Den norske kyrkjas moglegheit til å vere ei landsdekkande folkekyrkje
- sikre ei føreseieleg finansiering av alle trus- og livssynssamfunn



- stille krav til universell utforming av trussamfunna sine bygningar
- sikre kyrkjebygga som viktige kulturminne

## 2.11 Lære heile livet

Partiet Sentrum vil vidareføre det verdimeslige utgangspunktet for all opplæring, slik det er definert i lovas formål: «Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane».

Utdanningspolitikken er forankra i eit menneskesyn med respekt for menneskeverd og utvikling hos det enkelte individet. I alle «system» er det ein ibuande fare for at systemet i seg sjølv blir viktigare enn individa. Partiet Sentrum vil sette menneske og berekraft først, også i utdanningssystemet. Omgrepsbruk gir viktige signal om vektlegging og perspektiv. Omgrepa «drop-outs», «bortveljarar» eller «push-outs» seier noko om det er systemet eller individet som sviktar. «Drop-outs» signaliserer at det er eleven som sviktar skulen. «Bortveljarar» signaliserer at individet tar eit ansvar når systemet sviktar. «Push-outs» gir assosiasjonar til eit system som i praksis støyter ut dei som ikkje passar inn.

Sentrum meiner at utdanningssystemet må baserast på eit likeverd mellom det yrkesfaglege og det akademiske utdanningssløpet. Det vil bidra til større meistringskjensle hos fleire og høgare grad av gjennomføring, og vere eit positivt bidrag med tanke på unge som slit med psykiske helseplager. Det er ei særskild utfordring at grunnskulen prioriterer å førebu elevane mest for det studiespesialiserande løpet. Sentrum meiner det må bli tatt ein grundig gjennomgang av kva elevane blir målt på undervegs og ved avslutning av grunnskulen og korleis ulike fagområde blir vektlagt i undervisinga og elevvurderinga. Målet for utdanningspolitikken må dreiest frå å få så mange som mogleg til å ta høgare akademisk utdanning, til at alle skal få sjansen til å komme inn i arbeidslivet med rett kompetanse til rett tid.

Ein strategi som fremmar livslang læring avheng av at utdanningssystemet har gode ordningar og system for dette, og at det samtidig er god forståing og verdsetting av læringa som skjer utanfor den formelle utdanninga. Gode system rundt verdsetting av tidlegare læring, uansett kor den har funne stad, er avgjerande for å gjere utdanningane fleksible og

tilgjengelege. Det må vere ei reell moglegheit å kvalifisere for opptak til, eller få godkjent delar av, eit studium på grunnlag av realkompetansevurdering.

Sjå også kap. 3.5 Anstendig arbeid.

### **Alle barn og unge skal oppleve meistring**

Alle barn og unge har lik rett til å utvikle seg og lik rett til utdanning. Partiet Sentrum vil sikre ei inkluderande og rettferdig utdanning som fremmar moglegheiter for livslang læring for alle. Vi vil sørge for at grupper som i dag har stort fråfall i skulen, eller hamnar utanfor arbeidslivet raskt etter utdanning, best mogleg kan meistre eige liv og vere aktive deltakarar i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

Sentrum vil sikre at alle elevar, lærlingar og studentar, frå 1. klasse til høgare utdanning, tileignar seg den kompetansen som er naudsynt for å fremme berekraftig utvikling. I det ligg blant anna å fremme menneskerettar, likestilling og ein freds- og ikkjevaldskultur – både i barn og unges eigen skulekvardag og som sentrale tema i opplæringa.

Barn og unge er både lokale, nasjonale og globale borgarar, og må utdannast til å kjenne både rettane og pliktene denne borgarskapen medfører.

### **Danning for ei berekraftig framtid**

Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar som angår barn, slik det blir fastslått i FNs barnekonvensjon. Det gjeld når rammer for barnehagen og skulen som heilskap blir lagt, og når det blir tatt avgjerder som påverkar den enkelte elev eller lærling. Barn og unge har rett til å bli høyrte i alle saker som gjeld dei sjølv.

Globale miljøutfordringar og ny teknologi krev modige og kompetente unge som kan ta initiativ til endringar og vere med på å utvikle nye løysingar og tankesett. I ei internasjonalisert verd må danningprosjektet i skulen handle om fellesskap, sosial rettferdighet og kultur- og livssynsforståing. Skulen må trekke inn nye metodar og opplæringsprogram som støttar ei berekraftig utvikling, lokalt og globalt.

Kunnskapsutviklinga må pregast av ei kunnskapsbasert og brei forståing av kreativ tenking innan alle fagområde. Fagfornyninga som førte til nye læreplanar frå 2020 og 2021 trekker skulen i riktig retning. Dei tverrfaglege temaa gir auka fokus på sentrale fellesverdiar for heile samfunnet vårt, som demokrati og berekraft. Dei tverrfaglege temaa bidrar òg til å førebu eleven og lærlingen på livet etter skulen, og på kompetansen som vil spørjast etter i vaksen- og arbeidslivet. Dette må òg speglast i sluttvurderingar og fag- og timefordeling.

Sentrum vil:

- sørge for at danningsoppdraget i formålsparagrafen til skulen får reell plass i skulekvardagen
- satse på god praksis og riktige insentiv for opptak på grunnlag av realkompetanse
- styrke verdsetting av erfaringsbasert kompetanse. Det må settast inn meir ressursar på yrkesprøving for å vurdere realkompetanse
- investere tilstrekkelege ressursar for at det formelle utdanningssystemet aktivt skal bidra til livslang læring. Individ sin evne til å betale skal ikkje vere eit kriterium for å bli realkompetansevurdert. Institusjonar skal ikkje miste inntekter fordi dei gir nokon ei moglegheit til å ta eit studium på kortare tid.
- forenkle systemet med tanke på realkompetansevurdering
- sikre nettbaserte opplæringstilbod og satse meir på god nettpedagogikk, det er for mange den einaste moglegheita for tilgang til utdanning
- vareta desentraliserte utdanningstilbod
- sikre at barn og unges stemme skal høyrast i alle aktivitetar og organ i skulen
- innføre eit meir utviklingsorientert vurderingssystem, med meir konkret tilbakemelding på utviklingsområde, meir fagleg dialog med eleven og mindre bruk av talkarakterar
- utfordre fagmiljøa til å føreslå nye former for summativ vurdering, som harmoniserer med dagens læreplanar og framtidens skule. Det bør blant anna gjerast forsøk med sluttvurdering i dei tverrfaglege temaa
- greie ut ei ny fag- og timefordeling som baserer seg på kompetansebehova i framtida
- gi alle elevar frå 5. trinn minst éin skuletime per veke, vurdert til deltatt/ ikkje deltatt, som tar for seg tema som ikkje eignar seg for vurdering, eller ikkje naturleg fell inn under dei andre faga. Døme på dette kan vere psykisk helse, konfliktløysing, relasjonar, rettar og seksualitet. Denne undervisinga kan gjerne gjennomførast av andre fagpersonar enn pedagogar
- legge meir vekt på berekraft og berekraftsmåla i læreplanen for yrkesfaga
- få kultur-, religions- og livssynsdialog meir i fokus i læreplanen

- oppretthalde retten til spesialundervising
- stanse bruk av PISA-testane og andre nasjonale eller regionale prøver brukt for samanlikning og rangering av skular og kommunar
- behalde nasjonale prøver som kartleggingsprøver, med tilhøyrande verktøy for å løfte den enkelte eleven. Resultata på prøvene skal ikkje offentleggjerast
- at testar som blir pålagt av nasjonalt eller regionalt nivå skal ha med verktøy for oppfølging
- intensivere innsatsen for å rettleie ungdommar inn i utdanningar samfunnet treng
- individuelle opplæringsplanar skal spegle elevens reelle behov, uavhengig av tilgjengelege ressursar. Og inkludere gap-analyse som skildrar behov, tilgjengeleg støtte og måloppnåing

### **Bygge kompetanse i laget rundt barnet**

Målet om ein skule for alle føreset ein respekt for at kompetanse er viktig. For å sikre at barn og unge får den støtta dei treng i sin opplærings situasjon, må skulen anerkjenne at andre kan ha den kompetansen dei sjølv ikkje har. Det må innarbeidast i skulens praksis at den leitar etter og utnyttar moglegheitene som finst i fagmiljøa rundt og utanfor skulen, òg utanfor kommune og fylke. Særskilt viktig blir det å ha merksemd på sårbare barn og deira behov for kompetanse frå fleire instansar.

Ein skule som verdset mangfald vil godta barnet si røyst og foreldras medverknad. Kontaktlærarane må ha rammer som gjer det mogleg å vareta ulike behov elevane har, samtidig som behovet for fleire yrkesgrupper inn i skulen må imøtekomast.

Det må vektleggast at skulen tar i bruk læringsressursar og teknologi som kan komme barnet eller ungdommen til nytte i undervisinga.

Sentrum vil:

- etablere eit lag rundt eleven med tverrfagleg og tverretatleg kompetanse
- evaluere lærarnorma, med særleg blick på om den svekker handlingsrommet kommunane har til å tilsette andre yrkesgrupper, og om den tar ressursar frå andre viktige funksjonar som til dømes leiing og støttefunksjonar
- auke kontaktlæraranes nedslag i undervising – for å gi dei nok tid til å følge opp læringa til elevane, kontakten med foreldra og deltaking i ressursteam og eventuelt andre koordinerande forum

- styrke pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i kommunen og fylkeskommunen med både ressursar og kompetanse, og sørge for at tenesta får ein tydelegare og meir aktiv plass i tenestekjeda rundt barnet
- innrette spesialundervisinga og PPT slik at den startar opp raskast mogleg
- formalisere, styrke og gi myndigheit til koordinatoren for sårbare barn og ungdom som har behov for tenester og hjelp frå fleire instansar
- etablere ei nasjonal eining for kompetanseheving av koordinatorane – ein base der dei kan hente støtte og rettleiing
- vidareføre spesialpedagogikk som eit obligatorisk fag i lærarutdanningane
- arbeide for at Demokratisk beredskap mot rasisme, antisemittisme og udemokratiske haldningar (Dembra) blir ein del av lærarutdanninga
- sikre elevars rett til språkutvikling på teiknspråk, alternativ-supplerande kommunikasjon (ASK) og samisk
- sikre at spesialundervising blir gitt av tilsette med spesialpedagogisk dugleik
- at alle skular skal ha tilgang til ein sosiallærer-ressurs, og annan helse- og sosialfagleg kompetanse
- etablere ei ordning for vidareutdanning av skuleleiarar på lik linje med kompetanse for kvalitet
- reversere kravet om at lærarar i barneskulen som hadde godkjend lærarutdanning då dei starta si lærargjerning, må ta formell tilleggsutdanning for å bevare sin status som kvalifisert lærar
- fjerne kravet om minimum karakteren 4 i matematikk for å vere kvalifisert for lærarutdanning
- gi alle nyutdanna lærarar i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule rett til kvalifisert rettleiing dei to første åra av sin første lærarjobb, med nasjonale krav til omfang, rammer, og kompetanse hos rettleiarane
- endre PPU-utdanninga (praktisk pedagogisk utdanning). Ved mastergrad fortset PPU-utdanninga som eittårig, men med moglegheit for 2-årig PPU-studium for dei utan master

- at kommunane må bruke statlege instansar som Statped for å supplere eigen kompetanse overfor barn og unge som treng særskilt tilrettelagd opplæring når dei sjølv ikkje har kompetanse på området

### **La barn vere barn**

Når fem- og seksåringar byrjar i skulen, skal dei møte ein skule som er tilpassa dei. Pedagogikken for skulestartarane må hente «det beste frå to tradisjonar», altså barnehage og skule, slik intensjonen var då seksårsreforma kom. Barnas leik må vere eit sentralt element. Barnehage, skule og skulefritidsordning har kvar sin eigenart og kvar sine oppgåver som skal varetakast. Samarbeid mellom institusjonane er viktig for varetaking av barna.

Barnehagen er viktig for barne- og familieliv, for likestilling og for sosial- og integreringsarbeidet. Omsorg er livsnødvendig, og ei av dei fire lovpålagde oppgåvene barnehagen har. Kunnskap om dei aller yngste barna og deira særlege behov for omsorg, tryggleik og tilknytning som basis for livet må styrkast i utdanningar for yrke i barnehagen, og få auka merksemd av styresmakter og forskingsmiljø.

Sentrum vil:

- innføre ein heilt ny pedagogikk for 1. trinn i tråd med intensjonen i seksårsreforma, der sosial tryggleik, språk og praktiske dugleikar blir styrkt gjennom fri leik og vaksenstyrte aktivitetar som er tilpassa dei yngste barnas behov og nivå
- redusere krav til stillesitting, teoretisk kunnskap og fokus på prestasjonar dei første skuleåra, slik at alle barn kan meistre felles aktivitetar, styrke sjølvtilitt og sjølvkjensle og unngå tidlege nederlag og utanforskap
- at barnehagelærarar med vidareutdanning i begynnaropplæring skal kunne tilsettast i skulen, og undervise på 1. og 2. trinn
- styrke kompetansen om barnehagepedagogikk blant grunnskulelærarar
- stille krav til pedagogisk kompetanse for dagleg leiing av SFO
- at barn frå offentlege skular og skular regulert etter friskulelova skal ha same økonomiske vilkår for deltaking i SFO
- styrke barnehagens omsorgs- og dannelsingsoppgåver og leikens sentrale plass i barnehagen

- at barnehagebarn tidleg blir kjent med eit mangfald av kulturbakgrunnar og livssyn, primært gjennom naturlege og daglegdagse møte og samspel, men òg i planlagde former
- auke forståinga for at barnehagens skuleførebuande oppgåve blir varetatt gjennom barnehagens pedagogikk, ikkje ved tilpassing til skulens pedagogikk og planar
- styrke barnehagelærarnorma slik at ein barnehagelærer/pedagogisk leiar ikkje skal ha ansvaret for meir enn seks barn under tre år og tolv barn over tre år
- arbeide for eit kompetansesystem for barnehagen som sikrar barnehagelærarar og fagarbeidarar etter- og vidareutdanning
- at kartlegging av språkevner hos barnehagebarn og andre forhold berre blir gjort når det er naudsynt for å vareta dei særskilte behova til barnet
- styrke støtte- og integreringsordningar som gir råd til barnefamiliar med asyl- og minoritetsbakgrunn og som erfarer hindringar i å sende barn i barnehagen
- evaluere ordningar for heim-skule-samarbeidet og for føresette sin medverknad på fleire nivå, både i barnehage, SFO og skule

### **Ein inkluderande skule for alle**

Det skal vere plass til alle i den norske skulen. Eit inkluderande og trygt skulemiljø krev systematisk innsats, både på det fysiske og det psykososiale området. Stadig ny kompetanse er kravd for å ta i bruk kreative læringsformer og varierte undervisingsmetodar. Eit mangfald av eigenskapar og kompetanse er eit gode for både den enkelte og samfunnet. Elevar og lærlingar skal utfordrast og støttast i å utvikle seg ut frå eigne premisser, uansett funksjonsevne, bakgrunn og interesser. Ei brei dekking av både praktiske, estetiske og teoretiske fag i heile skuleløpet, og gode yrkesfaglege fagtilbod, er viktige verkemiddel for å vareta dette.

Lekser opplevast som ei belastning for mange elevar og familiar. Vi lærer best når vi opplever gode kjensler, og lekkesituasjonen er dessverre for mange lite motiverande, anten det er på grunn av manglande meistring, mangel på fritid eller avgrensa moglegheiter til støtte frå heimen. På den andre sida kan lekser ha positiv effekt når dei blir brukt på riktig måte, for eksempel med tanke på heim-skule-samarbeid og lesetrening. Sentrum vil derfor utfordre skulemyndigheitene til å gjennomføre forsøk med leksefrie skular, med fokus på både

læringsutbytte, sosial reproduksjon, motivasjon og barns trivsel. Eit slikt forsøk kan gi både skulemyndigheiter og pedagogar eit godt grunnlag for drøftingar om hensikta med lekser og kost-nytte-effektar, og eventuelt gi gode retningslinjer og suksesshistorier.

Det kan vere freistande å peike på heildagsskulen for å løyse fleire utfordringar. Den eine er korleis lekser og anna heimearbeid reproducerer sosiale ulikskapar, fordi heimane har ulike føresetnader for å bidra. Ei anna er tidsklemme for familiane, og at det kan verke forlokkande at barna er ferdige med fritidsaktivitetar når dei kjem heim. Sentrum trur likevel ikkje at heildagsskule er løysinga. Ein heildagsskule tar frå familiane valfridom til å tenke ulikt om behov og prioriteringar. Ein heildagsskule som inkluderer fritidsaktivitetar vil øydelegge for det enorme frivillige engasjementet som finst i dag, og også ta frå dei vaksne og familiane felles sosiale møteplassar.

Sentrum vil:

- gi alle barn og ungdom rett til å gå på sin nærskule
- sikre at menneske med nedsett funksjonsevne på lik linje med andre får tilgang til det fysiske miljøet, til transport, og til informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- hindre fråfall av elevar med praktiske eigenskapar og interesser gjennom meir praktisk orienterte kompetansemål, både i praktisk-estetiske fag og i tradisjonelt teoretiske fag
- sikre eit mangfald av karriererådgivarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule, som reflekterer elevanes bakgrunn og behov
- styrke samarbeidet mellom skule og næringsliv med tanke på innovasjon og entreprenørskap
- styrke tilgangen til lærlingplassar
- styrke yrkesfaga og yrkesfagleg retning både i ungdomsskule og vidaregåande skule
- behalde moglegheita til å gå vidaregåande utdanning over fire år. Vidareføre moglegheit til eit påbyggingsår
- prøve ut den svenske folkehøgskulemodellen som gjer det mogleg å fullføre vidaregåande skule basert på folkehøgskulepedagogikk
- at inntaksordningane i vidaregåande opplæring i størst mogleg grad skal gi alle elevar likeverdige høve til å velje utdanningsprogram og skule ut frå evner og interesser



- sette strengare krav til lærings- og arbeidsmiljøet for elevar
- gi flest mogleg eit reelt tilbod om folkehøgskule, blant anna ved å støtte tilrettelegging med tanke på elevar med funksjonsnedsettingar
- styrke fellesskulen for å unngå utanforskap
- vareta foreldres rett til å velje alternativ grunnskuleopplæring for sine barn, ved å sikre tilskot til friskular basert på alternativ pedagogikk eller livssyn. Eigarar av friskular skal framleis ikkje kunne ta ut utbytte. Friskulane skal vere underlagt offentleg oppfølging og kontroll for å unngå segregering, polarisering og framandgjering.
- gjennomføre fleire forsøk med leksefri skule
- at så lenge det blir gitt lekser i skulen, skal det finnast tilbod om leksehjelp av høg kvalitet, både for barne- og ungdomsskulen
- finne andre løysingar enn heildagsskule som verktøy for å utjamne sosiale skilnader
- innføre teiknspråk som valfag på ungdomsskulen

### **Studentvelferd, forskning og høgare utdanning**

Sektoren for høgare utdanning (UH-sektoren) er nøkkelen til omstilling for at Noreg og verda skal nå FNs berekraftsmål. UH-sektoren bidrar med forskning, utdanning og formidling av forskingsbasert kunnskap til alle delar av samfunnet. Kunnskap er ein av nøklane til eit verdig liv for individet, og ei berekraftig framtid for samfunnet.

I dag er det behov for å gjere den kunnskapen universitet og høgskular har, meir tilgjengeleg. Menneske i alle aldrar og situasjonar ønsker å nytte seg av tilbodet om høgare utdanning, både innan- og utanlands. Det er derfor viktig at vi har eit tilbod om høgare utdanning som tar høgde for nettopp dette – ved å legge til rette for at alle som ønsker det, skal kunne ta høgare utdanning, uavhengig av livssituasjonen ein er i.

Partiet Sentrum meiner det er eit behov for meir variasjon i UH-sektoren. I dagens styringsregime av universiteta og høgskulane er det for få mekanismar som opnar for differensiering i sektoren, og det blir i låg grad oppfordra til ulikskap. Vi ser behovet for at det blir greidd ut korleis ein best kan stimulere ulike institusjonsprofilar, uavhengig av dagens institusjonskategoriar. Dette bør gjerast med tanke på å utvikle høg kvalitet i utdanning,

forskning og formidling innanfor område der institusjonane har særleg gode føresetnader for å oppnå det. Partiet Sentrum vil evaluere strukturreforma innan høgare utdanning og opne for eit større mangfald innan UH-sektorens institusjonsstruktur. Kommunar og regionars prioriteringar for samarbeidet om UH-sektorens samfunnsoppdrag må vektleggast. Det bør bli gitt høve til å etablere eigne profesjonshøgskular, anten som sjølvstendige høgskular eller som University College i samarbeid med eit større universitet.

Vi vil styrke fagskulane og legge til rette for at fagskuleutdanning kan inngå i ei bachelorgrad ved ein samarbeidande høgskule eller eit universitet.

Det bør jobbast for ein styringsstruktur, særleg med tanke på regelverk, som er meir oversiktleg og mindre inngripande enn tilfellet er i dag. Det bør visast reservasjon med å avgrense institusjonanes handlingsrom utan at dette er nøyte vurdert som formålstenleg og naudsynt i tråd med utgreiingsinstruksen. Derfor bør også dei ulike styringsverkemidla gjennomgåast for å sikre at desse i sum ikkje gir eit styringstrykk som er utilsikta høgt.

Utdanningsinstitusjonane har sjølv det primære ansvaret for kvalitet og relevans på læringsutbytte til alle sine utdanningar. Vi meiner at for høg grad av sentral detaljstyring av utdanninganes innhald kan ha ein negativ effekt på institusjonanes arbeid med pedagogisk og fagleg utvikling – og dermed potensielt på kvalitetsarbeidet. Det er også svært viktig å kvalitetssikre den utdanninga vi tilbyr i Noreg, og den utdanninga nordmenn tar utanlands. Dette for å sikre at den investeringa ein gjer ved å ta høgare utdanning fører med seg dei personlege og samfunnsmessige godane vi forventar.

I tillegg til å utdanne studentar, har akademia eit særleg ansvar for å finne løysingar på dei utfordringane som pregar verda i dag og i framtida. FN's berekraftsmål krev nyskapande løysingar, og då må vi legge til rette for at akademia kan bidra med den kunnskapen dei har og tileignar seg ved vidare forskning.

Sentrum vil:

- auke studiestøtta til 12 månader, og knytte den til 1,5 gonger grunnbeløpet i folketrygda (G).
- at studentar med barn skal ha rett på 12 månaders studiestøtte knytt til 2G.
- at studentar med nedsett funksjonsevne skal ha rett på 12 månaders studiestøtte knytt til 2,5 G.
- vidareføre gratisprinsippet i høgare utdanning

- auke dekkingsgrada på studentbustader for å sikre lik tilgang til høgare utdanning
- legge fram ei stortingsmelding om studenthelse, med formål om å finne tiltak som svarer til funna i ulike undersøkingar om studentar.
- styrke studentars helse- og velferdstilbod for å sikre gode førebyggjande og behandlande tiltak i tilknytning til studiestaden
- tilby gratis norskkurs til alle internasjonale studentar som studerer ved norske utdanningsinstitusjonar.
- redusere det samla styrings- og rapporteringstrykket frå overordna myndigheiter med sikte på å styrke verksemdenes autonomi
- at breidda i samfunnsoppdraget til UH-sektoren må reflekterast i styringssystemet
- gjere tydeleg at det er ein styrke med universitet, høgskular og fagskular med ulike profilar og faglege tyngdepunkt som utfyller kvarandre og varetar regionane på eit godt vis
- innføre ei meir oversiktleg ordning for godkjenning og autorisasjon av utdanning tatt utanlands
- utvikle ein nasjonal strategi med tiltak for å sikre tilgang til og mangfald ved høgare utdanningsinstitusjonar. Ikkje ha lovverk som hindrar innvandrarar sin tilgang på høgare utdanning
- legge til rette for utanlandsstudium, men samtidig sørge for at Noreg har stor nok utdanningskapasitet for ulike yrkesgrupper
- styrke moglegheiter for høgare utdanning i distrikta
- utvikle meir treffsikre opptakskriterium og metodar til attraktive studium enn karakterar aleine
- gi studentar rett til dagpengar eller ei tilsvarande kompensasjonsordning ved permittering frå deltidsjobb
- innføre ein nasjonal kollektivrabatt for studentar på minimum 50 % som er uavhengig av alder, bustad og studiestad
- betre lønsprogresjonen og startløna for stipendiatar

- utvikle ei generell norm for påskjøning av undervising på linje med forskning og publisering
- stille krav om studentdeltaking i fleire prosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd
- sørge for tettare samarbeid mellom styresmakter og forskingsmiljø for å bidra til kunnskapsbaserte avgjerder og beredskap
- vidareutvikle og etablere kritisk infrastruktur for forskning og overvaking
- fremme arbeidsdeling mellom aktørane innan forskning for å ta vare på, vidareutvikle og etablere nye fagmiljø og kompetanseområde
- forsterke samarbeid mellom næringar, styresmakter og forskingsmiljø
- stimulere norske forskarar til internasjonalt samarbeid og til å søke forskingsmiddel på internasjonale arenaer
- styrke koordineringa mellom nasjonale og internasjonale forskingsprogram
- bruke bilaterale forskingsavtalar til å fremme forskingskvalitet, bidra til utvikling og kunnskapsdeling, og til å opne marknader for norsk næringsliv
- likebehandle private og offentlege aktørar innan sektoren
- fremme fleksible undervisningsformer i høgare utdanning, med tanke på heil- og deltidstudium, campus- og fjernstudentar, digitalt og fysisk nærvær
- gi forskingsmiljøa gode og føreseielege rammevilkår, for fri forskning med klima og berekraft i fokus
- sikre at forskingsresultat, særleg knytt til klima og berekraft, gjerast lettare tilgjengeleg for folk utanfor fagmiljøa

## 2.12 Barnevernet

Barnevern er eit komplekst fagområde som opptar mange og som dei fleste har eit syn på. Over tid har tilsette i barnevernet ropt opp om manglande ressursar og store, krevjande arbeids- og ansvarsoppgåver. Sentrum meiner vi må anerkjenne det viktige og krevjande arbeidet barnevernet står i. Vi ønsker å innføre bemanningsnorm i barnevernet og arbeide for kompetanseheving. Høg grad av faglegheit basert på forskning, erfaringsbasert kunnskap

og dialog, saman med tverrfaglegheit og eit livsløpsperspektiv i alle avgjersler, er avgjerande for eit godt barnevern.

Tillit i befolkninga er viktig for å nå dei som treng hjelp i vanskelege livssituasjonar. Mange er redde for å komme i kontakt med barnevernet. For barn og familiar som ikkje får hjelp til riktig tid, kan konsekvensane vere store i form av psykisk uhelse, utanforskap og sosial og økonomisk ulikskap. Dette rammar enkeltmenneske, men får òg store samfunnsmessige omkostningar. Sentrum vil bidra til å styrke tilliten til og fagkompetansen i barnevernfeltet.

Sentrum vil at barn, foreldre og barnevernfeltet får naudsynt, politisk prioritering og støtte. Sentrum vil jobbe for eit barnevern prega av empiri, tverrfaglegheit med ei heilskapleg og langsiktig tenking. Det er nødvendig å sørge for at tilsette har spesialisert barnevernfagleg kompetanse inklusiv tilstrekkeleg terapeutisk og analytisk kompetanse.

Sentrum ser nytta og viktigheita av at det finst private aktørar i barnevernet, men ønsker å jobbe for auka bruk av ideelle aktørar.

Det er viktig at barnevernet tilpassar seg nye familieformer og barns liv slik dei blir levd i dag. Det trengst fleirkulturell kompetanse for å vareta barns kulturelle, språklege og religiøse bakgrunn ved val av hjelpe- og omsorgstiltak. Barnevernet pliktar å undersøke heile omsorgssituasjonen til barnet. Undersøkinga bør i større grad enn i dag involvere føresette utan dagleg omsorg for å sikre omsorgssituasjonen i sin heilskap.

Brukarmedverknad er viktig for å utvikle gode og verksame tenester. Større satsing på fagforum med dialog mellom barn, foreldre, tilsette, forskarar og andre vil kunne belyse ulike utfordringar barnevernet står i.

Sentrum ser viktigheita av å komme tidleg inn for å hindre skeivutvikling og vanskar seinare i livet. Tverrfagleg lågterskeltilbod bør utprøvast i alle kommunar. Den kommunale barnevernstenesta kan bidra i samarbeid med helsestasjon, psykolog og familiterapeut.

Tidlegare forskning viser at det går best med «barnevernsbarna» som opplever skulen som ein fristad. Sentrum ønsker derfor å fokusere på korleis ein hjelper utsette barn på skulearenaen.

### **Fosterheimar og institusjonsplasseringar**

For barn og unge som ikkje kan bu i heimen er det avgjerande at fosterheimane blir sett i best mogleg stand til å vareta omsorgsoppgåva. For å kunne gjere gode faglege vurderingar

av målretta og tilpassa tiltak er det viktig med grundig kartlegging av barna før eller rett etter plassering.

Fosterforeldre er ein av dei viktigaste samarbeidspartnarane for barnevernet. Sentrum ønsker å styrke dei faglege, økonomiske og juridiske vilkåra for fosterheimar. Fosterforeldres stillingsvern er i dag lite regulert i lova. Sentrum støttar lovforslag om at fosterforeldre skal få høve til å uttale seg før eit vedtak om omsorgsovertaking blir oppheva, og at dei blir gitt klageåtgang på vedtak om flytting frå fosterheimen. I tillegg ønsker Sentrum at oppheving av ei omsorgsovertaking skal handsamast i fylkesnemnda. Dette vil forhindre unødig flytting av barn i fosterheim. Sentrum vil jobbe for at fosterforeldre skal kunne få partsrettar etter å ha vore fosterheim over ei viss tid.

Vidare skal alle fosterheimar sikrast rett og forskriftsfesta plikt til generell opplæring. Dette skal òg gjelde fosterforeldre i barnet sin biologiske familie og nettverk. Like eins må omsorgstiltak i form av institusjonsplass inneha høg kvalitet og vere godkjend uavhengig av om den er statleg, privat/ideell eller kommunal.

Barn som veks opp i fosterheim/institusjon har behov for ein føreseieleg omsorgssituasjon. Sentrum meiner det er behov for endringar i reglane for når partane kan krevje ny sak om oppheving av vedtak om omsorgsovertaking, og ny samværssak kan behandlast av fylkesnemnda (sperrefristen). Kvar gong det blir fremma ny sak vil barnet kunne oppleve omsorgssituasjonen som uoversiktleg og utrygg. Barnet sin trong til ein føreseieleg omsorgssituasjon må gå før rettstryggleiksomsyn.

### **Lovendringar og ny barnevernreform**

Kommande barnevernsreform, ny barnevernlov og ny fosterheimsstrategi skal styrke barnet sitt perspektiv, særlege behov og rett til omsorg og vern. Barnevernsreforma inneber at kommunane får auka fagleg og økonomisk ansvar for barnevernet. Det overordna målet med reforma er eit betre barnevern, der tenestetilbodet skal kunne tilpassast lokale behov.

Sentrum ser fordelane ved at barnevernsreforma gir kommunen større ansvar og fridom til sjølv å velje tiltak – både hjelpetiltak og omsorgstiltak – men vi er bekymra for at kommunane får fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar og auka kommunale eigendelar for bruk av spesialiserte tiltak. Det er ein risk for at statlege tiltak blir bygde ned før kommunane har klart å bygge opp eigne tilbod. Spesielt vil små kommunar kunne ha store vanskar med å fylle barnevernsreformas krav og retningslinjer. Dette kan få store konsekvensar for våre mest sårbare barn og deira familiar. Samanstilt med at overordna,

kommunal leing får større ansvar og mynde, er det ein risk for at det faglege nivået og forsvarlegheitsprinsippet blir svekka av økonomiske omsyn.

Barnevernsreforma inneber i tillegg store endringar i finansieringsordninga med fullt betalingsansvar for kommunane. Det er derfor nærliggande å forvente ei viss dreining i bruken mot økonomisk billegare hjelpetiltak og omsorgstiltak i form av plasseringar i familie og nettverk. Dette vil kunne bety lågare etterspørsel av institusjonsplassar, forsterka fosterheimar og senter for foreldre og barn. Det inneber store postar på kommunebudsjettet. Sjølv om tiltak i nær familie og nettverk kan styrke prinsippet om biologi og *minste inngrep*, er det bekymringsfullt med tanke på dei mest utsette og sårbare barna/ungdommane med behov for styrkte omsorgs- og åtferdstiltak.

Intensjonen med barnevernsreforma er å gi kommunane rom til meir førebygging og samarbeid på tvers av tenester. Måla blir best nådde gjennom endringar i heile oppvekstsektoren. Det er behov for å klargjere kommunens ansvar for generell førebygging og klarare reglar for barneverntenestas ansvarsområde og samarbeidsplikt.

Sentrum meiner det er viktig å nytte barneverntenestas spesifikke fagkompetanse òg i det generelle førebyggande arbeidet – ikkje eine og åleine jobbe med lovpålagde oppgåver.

Sentrum vil:

- skape gode rammevilkår for dei tilsette i barneverntenesta gjennom innføring av bemanningsnorm og kompetanseheving
- innføre rett og plikt til å ta imot regelmessig saks- og prosessrettleiing for alle tilsette i kommunal barnevernteneste
- styrke kommunens lågterskeltilbod og primærførebyggande arbeid gjennom lovfesting av retten til foreldrerettleiingstilbod og tverrfagleg, tidleg hjelp for å hindre utvikling av problemåtfærd og omsorgssvikt
- styrke kompetanseheving på fleirkulturelt barnevern
- vektlegge brukarmedverknad på både individ- og systemnivå
- innføre kunnskap om teikn på omsorgssvikt, vald og overgrep som obligatorisk pensum for alle studieretningar innan arbeid med barn og unge
- jobbe for at barnehagar og skular skal ha tilsette miljøterapeutar med barnevernfagleg kompetanse

- at det skal utarbeidast nasjonale føringar for ettervern for å sikre eit likeverdig og fagleg godt tilbod
- styrke bruken av familieråd som metode i alle omsorgsovertakingar
- auke rekrutteringa av fosterfamiliar med innvandrarbakgrunn
- styrke den faglege, økonomiske og rettslege stillinga til fosterheimane
- utvide sperrefristen for ny behandling i fylkesnemnda for omsorgsovertaking og samværssaker
- styrke og legge til rette for evidensbasert forskning i barnevernet
- jobbe for eit gradvis mindre kommersielt barnevern
- sikre at auka ressursbehov hos det kommunale barnevernet, som følge av Barnevernsreformas lov- og ansvarsendingar, blir kompensert gjennom statlege, øyremerkte overføringar og auka rammer

## 2.13 Rom for alle: Bustadpolitikk

Alle har behov for ein trygg og god stad å bu. Ein eigna bustad er derfor ein sentral del av velferdspolitikken. Bustad må, saman med helse, utdanning og inntektssikring, forankrast som den fjerde av velferdspolitikkenes pilarar.

Husbankens rolle som bustadsosial støttespelar for kommunane må styrkast og vidareutviklast. Kommunane må ha klarare juridiske rammer for sitt bustadsosiale ansvar. Samtidig må dei sikrast økonomiske rammer som gjer det mogleg å vareta ansvaret.

Innovasjon og utvikling må skje i «samskaping» på tvers av alle sektorar.

Bustadsosialt arbeid omfattar alt kommunane gjer for å sikre vanskelegstilte på bustadmarknaden ein trygg busituasjon, som støtte til å skaffe ein eigna bustad, hjelp til å meistre busituasjonen sin og til å bli integrert i samfunnet. Det bustadsosiale arbeidet er for svakt lovforankra, det fører til at det nedprioriterast i kommunane opp mot andre lovpålagde oppgåver.

Dårlege buforhold kan, særleg for barn, vere starten på ein marginaliseringsprosess. Kommunen må ha som mål å legge til rette for sosial inkludering og sikre gode levekår for



barn og unge. Både stat og kommune må ta ansvar og yte innsats i dette arbeidet. Sosial berekraft i bustadpolitikken dreier seg om å ta bustadsosiale omsyn i kommunal planlegging, ved å sikre nye etableringsmodellar og leigebustader i bustadprosjekt, i eit samspel mellom oppdragsgivar og utbygger.

Husbankens låneordningar må støtte opp under dette. Stadig fleire har ikkje høve til å bli eigar av den bustaden dei treng, trass i at dei er i full jobb med vanleg inntekt. Høge bustadprisar i byane, saman med kravet til eigenkapital på 15 %, gjer det svært vanskeleg for unge å kjøpe sin første bustad. For par er sjølv to fulle BSU-konti langt under halvparten av den eigenkapitalen dei treng for ein toroms leilegheit i byane. Partiet Sentrum meiner vi treng ein auka innsats på sosial bustadbygging som sikrar unge i etableringsfasen ein trygg stad å bu, der unge ikkje blir pressa til utleigemarknaden.

Gode bustader og gode buområde førebygger kriminalitet og fråfall i utdanning. Å satse på ein sosial bustadpolitikk vil løne seg.

Sentrum vil:

- ha ein handlingsplan for ung bustadpolitikk, med mål om å legge til rette for at unge i etableringsfasen kan busette seg der dei ønsker
- sikre Husbanken gode rammer til startlån og opne for at førstegongsetablerarar kan få startlån. Ungdom skal også vere ei av Husbankens prioriterte målgrupper
- vurdere reduksjon av kravet til eigenkapital på 15 %
- ta i bruk verkemiddel og modellar som kombinerer eige og leige
- stimulere kommunane til å regulere tomter der ein kan bygge mindre bueiningar
- lovfeste retten til ein eigna bustad for vanskelegstilte
- ta initiativ til ei nasjonal reform av den kommunale bustadsektoren, med tanke på å styrke vanskelegstilte sin rett til ein verdig bustad
- styrke kommunens ansvar for å sikre varig bustad til vanskelegstilte med konkrete krav om vektlegging av sjølvbestemming, involvering, minstestandard og kvalitet av bustad
- styrke medverknadsprosessar i det bustadsosiale arbeidet i kommunane
- vidareføre statlege bidrag til områdesatsingar som løfter bu- og oppvekstmiljø i levekårsutsette lokalmiljø

- sette ein stoppar for utbyttepolitikk på kommunale utleigebustader
- vidareutvikle private utleigebustader med rett til kommunal tilvising eller tildeling slik at fleire kan sikrast ein stabil og trygg buform gjennom langsiktige avtalar. Det vil gi kommunane tilgang til fleire kommunalt disponerte utleigebustader
- sikre at rammene til heistilskotet i Husbanken er tilstrekkelege
- stimulere til nye buformer for eldre
- sette kommunane i stand til å investere i kommunale bustader kun for barnefamiliar, med kort veg til skule, barnehage, helsestasjon og kollektivtilbod
- styrke samskaping på tvers av sektorar i bustadpolitikken

## 2.14 Like moglegheiter og tilgang til arbeidsmarknaden

Partiet Sentrum vil oppretthalde og styrke den norske/nordiske samfunnsmodellen, med arbeid for alle, der alle skal kunne leve av si inntekt, med små forskjellar, partssamarbeid og balanse mellom delvis regulert marknadsøkonomi og offentlege inngrep. Offentleg eigarskap treng ikkje nødvendigvis bety offentleg styring. Skattlegginga av norske firma må vere på eit nivå som gjer dei konkurransedyktige i forhold til land vi kan samanlikne oss med.

Den aller viktigaste føresetnaden for å få folk i arbeid, er at samfunnet ser menneske som ein ressurs, ikkje ei byrde. Menneske har eit grunnleggande ønske om å vere til nytte for seg sjølv og andre. Det må vere utgangspunktet for politikken som skal bidra til at fleire får moglegheit til å komme i jobb, og behalde jobben.

Ein viktig føresetnad for arbeid er utdanning. Denne programdelen må derfor sjåast i samanheng med kap. 2.11 "Lære heile livet" og kap. 2.7 "Motarbeide økonomisk utanforskap og fattigdom i Norge".

Dyktige fagarbeidarar er avgjerande for at vi skal klare å auke produktiviteten i åra som kjem, og med det oppretthalde gode velferdsordningar. Det er viktig å sikre nok læreplassar slik at arbeidslivet får den kompetansen ein treng framover. I 2030 vil det vere eit kraftig underskot på 171 000 fagarbeidarar innan ulike kategoriar i Noreg, medan det vil vere store overskot på dei med høgare utdanning og dei med berre grunnskule.

Innsatsen for å rettleie ungdom inn i utdanningar samfunnet treng må styrkast. Lik rett til yrkesretta fagopplæring må på plass. Elevar med lærevanskar har stort utbytte av praktisk, yrkesretta fagopplæring. Likevel får dei ikkje høve til dette i alle fylke.

Koronakrisa har ramma dei unge særleg hardt når det gjeld arbeidsløyse, og i starten av pandemien blei det nær ei tredobling av unge arbeidsledige. Blant ungdom frå 20 til 24 år er arbeidsløysa heile 11 prosent, og arbeidsløysa er dermed størst blant unge. Unge arbeidsledige har større risiko for å bli arbeidslause seinare i livet.

Arbeidsførebuande tiltak (AFT) er ikkje tilstrekkeleg prioritert. Stortinget løyver ikkje pengar til nok plassar i tiltaket. Arbeid gir sjølvtilitt og meistring for den enkelte. Mange menneske lever med langvarige psykiske helseutfordringar.

«Først jobb, så trening» («place and train») bør vere eit førande prinsipp for arbeidsinkluderinga. Supported Employment (SE) er jobbstøtte tilpassa personar med omfattande og samansette støttebehov for å kunne få og behalde jobb. SE er ein metodikk som må nyttast i større grad, gjerne saman med det liknande Individual Placement and Support (IPS). Det vil utløyse fleire menneskelege ressursar i det ordinære arbeidslivet.

Arbeid og aktivitet har ein helsefremmande effekt og er eit viktig utgangspunkt for å oppleve meistring og ein meningsfull kvardag, og for å unngå passivitet og isolasjon. I dag er det for mange som ikkje kjem seg ut i jobb eller klarer å behalde arbeidet på grunn av ulike former for funksjonsnedsettingar. Det å legge til rette for arbeidsretta tiltak er svært viktig då det har stor betydning for helse og livskvalitet. Det er behov for å sjå samla på verkemidla i Nav, fylkeskommunen som eigar av vidaregåande skule, kommunen, bransjekontor og arbeidsmarknadsbedrifter for å skreddarsy gode løysingar for enkeltindivid.

Mange menneske med helseutfordringar får ikkje del i dei goda og moglegheitene som arbeid kan gi. Det er framleis behov for å motverke stigma og styrke kunnskapen om ulike helseutfordringar i behandlingsapparatet, blant arbeidsgivarar og i befolkninga. Det er behov for støttetilbod i alle kommunar som gir moglegheiter for ei gradvis tilknytning til arbeidslivet, som fontenehus.

Målet om at “alle skal med” vil innebere ein skreddarsaum mot arbeid, slik at fleire kan få tilgang til dei sosiale, økonomiske og identitetsskapande goda i arbeidslivet. Samtidig må samfunnet vise solidaritet med dei av oss som står langt utanfor arbeidslivet og der arbeid ikkje er eit mål i livet.

Yrkesdeltakinga for ein del innvandrargrupper er langt lågare enn i befolkninga elles. Dette gjeld særleg innvandrarar som kjem som flyktningar eller på familiegjenforeining. Her trengst målretta innsats. Menneske som har erfaring med det norske systemet, kan vere ein ressurs for dei som har kortare butid i Noreg.

8 av 10 utviklingshemma mellom 18 og 25 år har ikkje jobb. Kvart år går det ut 800 elevar med eit sannsynleg behov for tilrettelagt arbeid. Sidan 2009 har det berre komme til i snitt 300 nye jobbar per år. Med andre ord er det ein solid mangel på jobbar, og køane veks.

Ein stor andel av døve er utanfor arbeidsmarknaden, er uføretrygda og fleire slit med psykisk uhelse.

Sjå også kap. 3.5 Anstendig arbeid.

Sentrum vil:

- redusere arbeidsløysa blant unge etter pandemien med forsterka tiltak
- styrke arbeidsinkluderande tiltak for menneske med psykiske helseutfordringar som baserer seg på “place and train”, som Supported Employment (SE) og Individual Placement and Support (IPS)
- auke ramma til Arbeidsførebuande tiltak (AFT)
- kjempe mot stigma og styrke kunnskapen om ulike helseutfordringar i behandlingsapparatet, blant arbeidsgivarar og i befolkninga
- auke bevillingane til fontenehus i tråd med behov i kommunane
- integrere arbeid i behandlings- og oppfølgingstilbod, særleg innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- innføre ein jobbgaranti for utviklingshemma som kan og vil jobbe etter avslutta skulegang
- sikre at arbeidsførebuande trening blir prioritert, og at dei personar som treng det, får tilbodet. Stortinget må presisere at det ikkje er eit krav om overgang til arbeid på minst 50 prosent, men eit mål
- at lærekandidatordninga må atterhaldast utviklingshemma og andre med vedtak om spesialundervising, slik ordninga blir praktisert i Østfold. Det må sikrast tilstrekkeleg finansiering til ordninga i alle fylke

- stimulere til å auke talet VTA- og VTO-plassar
- sikre forskning på tiltaket Varig tilrettelagt ordinær verksemd for å dokumentere korleis det går med arbeidstakarane, og kva slags oppfølging dei får
- sikre retten til arbeid for dei ureturnerbare asylsøkarane fram til retur blir mogleg
- legge til rette for at eldre kan jobbe lenger
- arbeide for at døve skal ha likeverdig tilgang til arbeidslivet
- auke ramma for tilskotsordninga for sosiale entreprenørar
- gi moglegheit for språktrening utan å miste anna økonomisk støtte (eksempelvis dagpengar/kontantstøtte)
- styrke innsatsen for å få fleire med redusert funksjonsevne i arbeid

## 2.15 Ei likeverdig, offentleg helseteneste

Sentrum vil ha ei likeverdig, offentleg helseteneste i Noreg og bremse utviklinga av dei sosiale forskjellane i helse. Menneske må bli sett, høyrte og forstått som heile menneske i møte med helsetenesta. Folk er meir enn ein diagnose. Det psykiske helsetilbodet må forsterkast, saman med habiliterings- og rehabiliteringsfeltet. Det vil redusere bruken av ei kostnadskrevjande spesialisthelseteneste.

### **Pårørande som ressurs**

Pårørande ønsker ofte råd om korleis han eller ho kan hjelpe den som strever – men òg råd om korleis han eller ho kan hjelpe seg sjølv. Mange etterlyser eit godt behandlingstilbod for den dei er påørande til, og dei har spørsmål om pasient- og brukarrettar. Men òg spørsmål om rettane påørande har. Påørande til sjuke og eldre yter nesten like mange årsverk som våre helsetilsette gjer. Den største påørandegruppa er frå 40–70 år. Det understrekar at denne omsorga er kritisk viktig å behalde, og viktig å vareta. For påørande skal òg leve eigne liv, med jobb eller utdanning, utan at dei blir straffa økonomisk.

Framover vil helsepersonell vere ein knapp ressurs. Derfor må vi finne gode løysingar, slik at påørande har høve til å kombinere omsorg med yrkesaktivitet. Barn skal ikkje ha omsorgsansvar for familiemedlemmar eller andre. Påørandemedverknaden må styrkast.

Når ein i familien opplever sjukdom eller kriser, er dette utfordrande for resten av familien. I tillegg til å legge til rette for at pårørande skal vere ein ressurs er det stort behov for at pårørande har tilbod om samtalar, omsorg og rettleiing.

Sentrum vil:

- legge til rette for meir fleksible omsorgsdagar og pleiepengeordning for sjuke
- styrke retten til velferdspermisjon og andre fleksible ordningar
- greie ut nødvendige endringar i dei økonomiske kompensasjonsordningane og permisjonsbestemmingane
- utvide retten til permisjon «for å gi nødvendig omsorg til foreldre, ektefelle, sambuar eller registrert partner» frå 10 til 20 dagar løna permisjon
- utgreie ein tidskonto

### **Rusavhengnad og eit verdig behandlings- og oppfølgingstilbod**

Rusbruk er ofte forårsaka av livets smerte. Derfor må menneske som strever med rusavhengnad bli møtt med forståing i lys av kva dei har opplevd. Helsetenesta må møte folk som heile menneske og strekke seg langt for å forstå kva som ligg bak smerta.

Ruspolitikken må vere kunnskapsbasert og legge særskild vekt på det førebyggjande arbeidet. Den må redusere skade og fremme god helse for dei som slit.

FNs kontor for narkotika og kriminalitet (UNODC) og Verdas helseorganisasjon (WHO) har tatt til orde for ei endring av tolkinga av narkotikakonvensjonane. FNs spesialrapportør for retten til helse meiner at statane bør avkriminalisere det å bruke og ha narkotika til eigen bruk, då strafflegging er sett på som eit hinder for å yte god helsehjelp til utsette grupper.

Partiet Sentrum ser at avkriminalisering kan vere hensiktsmessig, men før det kan skje må unge med begynnande narkotikaproblem sikrast eit heilskapleg, kvalitetssikra og likeverdig oppfølgingstilbod over heile landet. Unge må bli tilbydd eit forpliktande løp der ein får hjelp til å løyse dei bakanforliggjande årsakene til rusen. Denne hjelpa bør bli tilbydd av sosialfagleg og helsefagleg personell.

Partiet Sentrum støttar Riksadvokatens uttale til NOU «Fra straff til hjelp»: «[...] det er en ufravikelig forutsetning for dette standpunktet at dersom trusselen om straff skal tas bort, må

det utvikles nye virkemidler som er mer forpliktende enn det som følger av forslaget som nå er lagt frem. Et alternativt oppfølgingsapparat må være utredet og vedtatt før en så omfattende rusreform kan settes i kraft.»

Brukarorganisasjonane er ei viktig stemme i all politikktutforming. Kampen mot stigmatisering og gamle fordommar er framleis aktuell. Menneskerettane til rusavhengige må styrkast.

Dagens system for førebygging og oppfølging av ungdom med rusutfordringar er ikkje godt nok. Forsking viser at tiltak som kan hjelpe ungdom med rus er mangelvare over heile landet. Vi meiner det derfor er behov for ein handlingsplan som varetar unges situasjon. Unge som byrjar med rus har ofte samansette utfordringar, dei strever på fleire livsområde. I sum opplever vi at unge i denne livssituasjonen har lita tru på framtida. Unge har behov for langvarige og føreseielege tiltak og tenester, ikkje mellombelse prosjekt.

Mange unge i risikosona kan ha vegring mot det offentlege hjelpeapparatet. Frivillige og ideelle aktørar som driv førebyggjande tiltak, må derfor sikrast støtte til langsiktig og føreseieleg drift.

Straff er stigmatiserande, den kan sette djupe spor i unge sitt liv, og i sterk grad vere bestemmende for framtidig liv og moglegheiter. Straff gjer vegen tilbake til samfunnet meir vanskeleg. Stemping pregar sjølvoppfatning og har ein negativ effekt på framtidstru. Varig utanforskap kan bli ein realitet. Samtidig har straff ein allmennpreventiv og normsettande effekt. Den representerer for mange unge ei viktig sperre for å starte med illegale rusmiddel. Det er viktig med eit lovverk som gir politiet naudsynt grunnlag for sitt førebyggjande arbeid overfor enkeltpersonar og miljø.

Éin av fire som slit med rusavhengnad har forsøkt å ta livet sitt, og nesten tre av fire har vore alvorleg deprimert.

Sentrum vil:

- styrke det rusførebyggjande arbeidet med ein handlingsplan
- gi klare føringar i lov eller forskrift som sikrar at politiet framleis kan drive førebyggjande arbeid
- møte rusavhengige med helsehjelp
- gjennomgå straffetiltak slik at dei står i forhold til lovbrøtet som blir gjort
- fortsette innsatsen mot å hindre produksjon, innførsel og omsetning av narkotika

- styrke tollvesenets og politiets innsats i det narkotikaførebyggande arbeidet
- motarbeide diskriminering i politiet
- sikre økonomiske rammer til brukarorganisasjonar
- gjennomføre ei rusreform som tar sikte på å hjelpe tunge rusmisbrukarar
- gjennomgå legemiddelassistert rehabilitering (LAR) med mål om betre rehabilitering og forskning, og utprøving av legemiddel som er meir tilpassa den enkelte
- lovfeste SLT-samarbeidet i alle kommunar
- støtte offentlege informasjonskampanjar om skadeverknadene av rusbruk
- opprette rusmeistringseiningar ved alle norske fengsel
- styrke politiets evne til å etterforske nettbasert kriminalitet, sal av narkotika og overgrep
- lovfeste retten til ettervern etter avslutta rusbehandling eller fengselsopphald
- sikre kvinner i aktiv rus eit krisesentertilbod
- styrke behandlingstilbodet i spesialisthelsetenesta med fokus på tverrfagleg spesialisert medisinsk, psykologisk og sosialfagleg tilbod
- at politiet framleis skal ha eit ansvar for å avdekke og førebygge rusbruk
- auke bruken av alternative reaksjonar for personar med rusproblem som gjer kriminelle handlingar, som narkotikaprogram med domstolskontroll, § 12-soning og EK-soning
- styrke konfliktråda for å redusere behandlingstida i saker som gjeld unge lovbytarar
- vidareføre “den gylne regel” som sørger for at bevillingar til psykiatri og rus aukar minst like mykje som, eller meir enn, bevillingar til somatiske helsetilbod

### **Reproduktiv helse for eit funksjonsfremmande og barnevenleg samfunn**

Innan 2030 skal vi sikre allmenn tilgang til tenester knytt til seksuell og reprodktiv helse, inkludert familieplanlegging og tilhøyrande informasjon og opplæring, og sikre at reprodktiv helse innarbeidast i nasjonale strategiar og program.



Abortspørsmålet inneber ei innebygd motsetning mellom den gravide sin valfridom og verdi og det ufødde livet sin verdi. Partiet Sentrum meiner at den gravide er den som i siste instans best kan gjere avveginga mellom desse omsyna. I tråd med prinsippet om fosteret sitt gradvis aukande rettsvern, støttar Sentrum derfor dagens lovverk, der kvinna sjølv tar denne avgjerda fram til veke 12. Samtidig ønsker vi å vurdere ordningar som er mindre belastande og både gir støtte og tydeleg medbestemming for den gravide, òg etter 12. veke.

Tanken om reproduktiv rettferd tar høgd for at reell valfridom fordrar sosial rettferd. Derfor må retten til å ikkje få barn, retten til å bere fram eit barn og retten til å fostre opp barn i trygge omgivnader, uavhengig av livssituasjon, sjåast i samanheng.

Dette inneber at reproduktive rettar blir sett på som ein integrert del av ein brei agenda for sosial rettferd. Dermed blir også faktorar som kjønn, klasse, alder, etnisitet og funksjonsgrad relevante. Samfunnet pliktar å legge til rette for at òg kvinner som til dømes lever med funksjonsnedsettingar eller står utanfor arbeidslivet, skal kunne velje å fullføre eit svangerskap utan å frykte for eigen økonomi og framtid – om det er dette kvinna sjølv ønsker.

I staden for å diskutere enkeltindivid sitt moralske eller umoralske val, vil partiet Sentrum fokusere på sosial og strukturell urettferd som legg avgrensingar på kvinners og menns reproduktive val og fridom. Det viktigaste er då å skape eit samfunn som legg til rette for kvinners genuint frie val – uavhengig av kva dei vel. Som eit eksempel vil vi nemne dette: Så lenge det å få eit barn med funksjonsnedsetting er forbunde med eit krevjande liv der foreldre stadig må kjempe «mot systemet», er kvinners reproduktive valfridom avgrensa. Reproductiv helse og eit funksjonsfremmande samfunn for alle menneske må derfor sjåast som to sider av same saka. (Sjå kap. 2.6 Eit universelt utforma samfunn som er funksjonsfremmande.)

Dagens abortlov er i hovudsak eit godt kompromiss mellom kvinns rett til sjølvbestemming og omsynet til fosteret. Abort er korkje alltid moralsk rett eller alltid moralsk feil, og fosteret må gradvis få auka rettsvern fram mot fødselen. Kvinners tilgang til sjølvbestemt abort dreier seg djupast sett om kvinners menneskeverd. I møte med medisinsk teknologi som gir nye moglegheiter og ny kunnskap om fosteret, ønsker partiet Sentrum ein brei, respektfull og nyansert debatt om kva som i vårt samfunn skal vere tilgjengeleg for individuelle val.

Sentrum vil:

- behalde 12-vekersgrensa for sjølvbestemt abort

- analysere alternativ til dagens abortnemnd med sikte på å avvikle abortnemndene slik dei er i dag og utvikle eit betre, meir varetakande alternativ
- vidareføre dagens lovgiving for svangerskapsavbrot etter veke 18
- betre støtteordningar for familiar der barn eller foreldre lever med funksjonsnedsettingar
- redusere stigma knytt til tenåringsgraviditet spesielt og uplanlagde svangerskap generelt. Og redusere stigma knytt til det å velje å ikkje få barn
- at foreldre uavhengig av livssituasjon og inntekt skal ha like rettar til betalt fødselspermisjon
- betre støtteordningar for unge foreldre og studentar med barn
- sikre gravide kvinner tilgang til rådgiving
- vidareføre og styrke rettleiingstenestene Amatheia og Sex og samfunn
- sikre tilgang til gratis prevensjon for ungdom
- innføre betre støtteordningar for unge foreldre og studentar med barn, blant anna ved å utvide overgangsstøtten og gi heiltidsstudentar rett til foreldrepermisjon
- gi småbarnsforeldre rett til 6-timarsdag fram til barnet er 3 år
- styrke barselomsorga og gi mor ein eigen barselpermisjon på 14 veker som startar 3 veker før termin
- for alle premature fødsler skal perioden for foreldrepenar først starte når barnet kjem heim frå sjukehus. (I dag gjeld denne retten berre tidlegpremature – fødd før veke 33.) Så lenge barnet ligg på sjukehus, skal foreldre få pleiepenar

### **Fastlegeordninga**

Fastlegeordninga krev ytterlegare opptapping. Fastlegane står pasientane nærmast – der dei bur. Fastlegeordninga er sjølv ryggstøtte i helsetenesta og svært populær i befolkninga. Portvaktfunksjonen som fastlegeordninga har, ved å sortere ut dei pasientar og problemstillingar som treng undersøking og behandling i spesialisthelsetenesta, er ein vesentleg føresetnad for at spesialisthelsetenesta slik vi kjenner ho skal overleve. Fastlegane har høg arbeidsbelastning, særleg knytt til legevakt. Sentrum vil styrke fastlegeordninga.

Sentrum vil:

- auke bevillingane til allmennlegetenesta
- auke ramma til fastlegeordninga for å gi fastlegane meir tid til kvar pasient og meir tid til å halde seg fagleg oppdatert
- få på plass ei nasjonal ALIS-ordning (Allmennlegar i spesialisering), så alle nye allmennlegar får ein føreseieleg og trygg veg inn i allmennlegeyrket
- sørge for at legevakt blir ein integrert og heilskapleg del av fastlegejobben, og at legane blir kompensert for den vaktberedskapen dette utgjer

### **Spesialisthelsetenesta**

Spesialisthelsetenesta skal sikre innbyggjarane i heile landet likeverdige spesialiserte helsetenester av høg kvalitet. Eit sterkt offentleg helsevesen er berebjelken i dette. Grunnleggjande sjukehusfunksjonar skal så langt som råd finnast innanfor overkommeleg reiseavstand i heile landet, men nokre tenester er så avanserte at dei må samlast i færre senter, for å sikre kompetansen.

Etter at sjukehusa blei organisert i helseføretak, har vi enda opp med ein styrings- og leiingsmodell innan spesialisthelsetenesta som kanskje er eigna for kommersielle konsern og byråkratiske organisasjonar – men lite eigna for å halde fokus på pasienten og dei overordna verdiane som bør vere styrande for helsevesenet.

Dagens organisering og finansiering av spesialisthelsetenesta syner klart at "New Public Management" (NPM) kjem til kort når velferdssamfunnet skal løyse oppgåver som rører sentrale område i menneske sitt liv. Ei kvantitativ, bedriftsøkonomisk tilnærming til drift av sjukehus har bl.a. ført til eit system med stor vekt på teljing av eit utal indikatorar, der inntrykket dessverre ofte er at ein har lett for å vektlegge det som er enklast å telle, framfor det som er viktigast. Partiet Sentrum fryktar at pasientfokuset til helseprofesjonane er under press i dagens helsevesen.

Sjukehusreforma i Skottland og tillitsreforma i København viser at det finst gode alternativ til New Public Management. Den demokratiske styringa må styrkast, fagprofesjonanes rolle må gjenreisast og innbyggjaranes behov må settast i sentrum.

Organiseringa må basere seg på tillit og medbestemming, ikkje berre måling og kontroll. Utvikling bør drivast fram av innbyggjaranes behov og tilsette sin kompetanse.

Helseføretaksmodellen har òg ført til at nye sjukehusbygg må finansierast gjennom overskot, og dermed oftast tilsvarande kutt, i eiga drift. Sjukehusa er under stort press. Befolkninga blir eldre, og behovet for tenester aukar. Samtidig blir nye sjukehus bygd med for få sengeplassar, for få rom og for låg kapasitet – blant anna fordi investeringa må dekkast inn av overskot i drifta. Staten bør i høgare grad bidra med eigne investeringsmiddel når nye sjukehus skal realiserast, slik at dimensjoneringa blir ut frå befolkningas behov og ikkje ut frå kva helseføretaket klarer å finansiere gjennom overskot i drift.

Samhandlingsreforma har hatt ei positiv målsetting om å flytte fokus frå å reparere til å førebygge, og å flytte relevante oppgåver ut frå svært dyr spesialisthelseteneste til relativt sett mindre kostnadskrevjande kommunehelseteneste. Dessverre har verken ressurstilgang, kompetanse eller kapasitet i kommunehelsetenesta auka i same omfang som oppgåveoverføringa. Det må derfor gjerast ein realistisk gjennomgang av samhandlingsreforma for ei meir hensiktsmessig arbeidsdeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. Då må ein eventuelt vere villig til å flytte ressursar for ei betre tenesteyting.

Spesialisthelsetenesta bør ikkje bygge ned sengetalet slik at alle pasientar må skrivast ut tidleg. Flytting mellom ulike sjukehus bør bli unngått om det ikkje er nødvendig for å få meir spesialisert kompetanse og behandling. Kort liggetid er ikkje nødvendigvis god behandling, og pasienten må i størst mogleg grad sleppe å møte på stadig nye personar i behandlingsskjeda. Organisering av behandling og omsorg må ikkje føresette at alle har nokon som kan passe på dei i subakutfasar.

Ein bør òg utgreie om spesialisthelsetenesta skal utvikle målretta omsorgstilbod for særskilde pasientgrupper, spesielt pasientar som ikkje har samtykkekompetanse og/eller på anna grunnlag har vanskar med å samarbeide med kommunane om kommunanes frivillige tilbod. Dette kan gjelde pasientar innanfor sikkerheitspsykiatri eller pasientar som på anna grunnlag treng andre rammer rundt si behandling enn det fullt frivillige. Pasient- og brukarrettslova, Lov om psykisk helsevern og Helse- og omsorgstenestelova må òg justerast slik at det vil bli lettare å gi ambivalente pasientar kontinuerlege helsetenester ved behov. Arbeidet for mindre og riktig bruk av tvang i det psykiske helsevernet er svært viktig. Men lovforslaget om «Tvangsavgrensing» inneber så sterk grad av forbod mot tvangsmiddel at det ikkje bør bli vedteke som føreslått.

Det psykiske helsevernet må styrkast både på spesialisthelsetenenivå og på kommunalt nivå. Psykisk helsevern må ikkje tillatast å bygge ned eksisterande sengeplassar, heller auke talet.

Distriktpsikiatriske senter (DPS) må kunne ha personar med alvorleg psykisk sjukdom lenge i behandling, fortrinnsvis hos same behandlar. DPS-ane må oppmuntrast til samordning med tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og habiliteringsteam. Pasientane som bruker desse tenestene, har ofte behov for samansette tenester. DPS må ikkje flyttast organisatorisk ut av spesialisthelsetenesta, men kommunane bør få fleire kommunepsykologar.

Innføring av pakkeforløp i norsk spesialisthelseteneste, og dermed standardiserte forløp for dei enkelte sjukegruppene, inneber ei styrking av det systematiske arbeidet og slik sett ei klar moglegheit for kvalitetsforbetring. Men ein slik gevinst føreset at dei standardiserte pakkeforløpa ikkje koplast rigid til diagnosar og til finansiering, på ein slik måte at den naudsynte individualiseringa av sjukebehandlinga forsvinn. Dette gjeld i særleg grad innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Viss finansiering av behandlinga av eit psykisk problem blir koplta til eit standard pakkeforløp, risikerer vi at mange behandlingsseriar blir utilstrekkelege og dermed meir eller mindre bortkasta. Dette er ei utvikling Partiet Sentrum vil motverke. Innsatsstyrt finansiering i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling bør avviklast. Rammefinansiering av psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling vil gi ei betre behandling.

Sjukehusa våre ligg langt bak resten av samfunnet når det kjem til digitale kommunikasjonsløysingar. Spesialisthelsetenesta treng eit IKT-løft for å sikre god pasientsikkerheit og effektiv ressursbruk. Vi må sikre at spesialisthelsetenesta og kommunane har system som snakkar saman saumlaust, og sikre brukarvenlege digitale løysingar som lettar arbeidsdagen for dei tilsette i både primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

Rekruttering til ulike helseprofesjonar må styrkast og underdekking av spesialistar, både i legeyrket og elles, må rettast på. Ressursar som i dag blir brukt på dyre vikarordningar og private tilbod bør gradvis og i større grad rettast mot styrking av det offentlege tilbodet. Noreg bør òg i større grad utdanne sine eigne spesialistar. Det er eit stort paradoks at knapt halvparten av nyutdanna legar får jobb som LIS 1 (tidlegare turnusteneste) og at svært mange derfor må vente i til dels lang tid på dette, medan norsk helsevesen har stor mangel på legespesialistar og bruker store summar på ulike vikarbyrå.

Sentrum vil:

- styrke det offentlege helsevesenet som berebjelken i å tilby likeverdige helsetenester til heile landet
- pasientar skal få tilbod om digitale konsultasjonar der det er helsefagleg tilrådeleg
- endre dei regionale helseføretaka og gjeninnføre større politisk styring av spesialisthelsetenesta
- evaluere finansieringsmodellen med sikte på auka andel rammefinansiering og mindre innsatsstyrt finansiering
- avvikle innsatsstyrt finansiering innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- at sjukehusbygg skal finansierast åtskilt frå drift av sjukehuset
- bygge sjukehus som har stor nok kapasitet og som kan tilpassast til framtidige endringar og behov
- bevare velfungerande lokalsjukehus og legge til rette for fordeling av spesialistoppgåver mellom sjukehusa, basert på etablerte fagmiljø
- sikre fødetilbod med høg kvalitet innan rimeleg reiseavstand i heile landet
- utruste sjukehusa til å handtere kriser, i tillegg til å oppretthalde normal drift
- gjere ei evaluering av samhandlingsreforma, og særskilt sjå på ansvars- og oppgåvefordeling mellom spesialisthelsetenesta og kommunen med utgangspunkt i kva det er realistisk at kommunane kan ha kompetanse på
- styrke den spesialiserte utdanninga av ulike helsepersonell; bl.a. auke talet på LIS 1-stillingar, slik at nyutdanna legar så raskt som mogleg får gjennomført si spesialisering
- auke talet på lege-i-spesialisering-stillingar i psykiatri
- sørge for at ikkje kopling mellom pakkeforløp og finansiering av spesialisthelsetenesta reduserer høvet til å individuelt tilpasse behandlinga til enkeltpasientens behov
- vidareføre og kvalitetssikre “den gylne regel” som sørger for at bevillingar til psykiatri og rus aukar minst like mykje som, eller meir enn, bevillingar til somatiske helsetilbod
- innføre ein opptrappingsplan for psykisk helse med øyremerkte middel

- prioritere tidleg intervensjon for å motverke utanforskap og psykisk sjukdom
- stanse nedbygginga av døgnplassar i psykiatrien og innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling
- at pasientar med langvarige og samansette behov fortrinnsvis får hjelpa av den same behandlaren i lengre sjukdomsperiodar
- styrke arbeidet for å vareta god hjerneehelse
- sikre momsfrítak for godkjend alternativ og komplementær behandling
- styrke satsinga på FACT (Flexible Assertive Community Treatment team), ein samhandlingsmodell mellom spesialisthelsetenesta og kommunen, som rettar seg mot personar med alvorlege psykiske lidningar og med store og samansette problem. FACT er eit godt tiltak der evaluering viser at pasientar opplever redusert sjukdomstrykk og behov for innlegging

### **Rus og psykisk sjukdom (ROP)**

Rundt 6 500 menneske i Noreg er hardt ramma av både ruslidningar og psykisk sjukdom (ROP). Desse menneska fell ofte mellom to stolar i hjelpeapparatet, sjølv om dei har ei stor sjukdomsbyrde. Dei det gjeld, oppfattar helsetilbodet som fragmentert. Mange opplever å bli svikta av det kommunale hjelpeapparatet, og går inn og ut av fengsel og behandlingstilstandar utan at nokon tar eit heilskapleg ansvar for livssituasjonen. Det er ein svært sårbar situasjon med høg risiko for tidleg død.

Det er påpeikt svikt i oppfølginga ved fleirtalet av dei distriktpsikiatriske poliklinikkane. Kartlegging og undersøking av desse menneska er mangelfull, og dei får ikkje god nok hjelp til bumeistring i kommunane. Kommunane manglar ofte planar og tiltak for kriser og forverra situasjonar, og systematisk oppfølging av barna til pasientane. Busituasjonen til denne gruppa har stadig blitt forverra, sjølv under planperioden for Opptappingsplanen for rusfeltet (2016-2020). Busituasjonen til ROP-pasientane er urovekkjande. Rutinane for varsling etter sjølvordsforsøk og overdosar mellom kommune og spesialisthelseteneste er for dårlege i dei fleste kommunar.

Noreg ligg høgt samanlikna med andre land. Her til lands er det nesten 300 overdosedødsfall per år. Personar som er samtidig ramma av rusutfordringar og psykisk sjukdom, har same rett til eit likeverdig helsetilbod, både i fengsel og i spesialisthelsetenesta.

Sentrum vil:

- sikre personar som er samtidig ramma av rusutfordringar og psykisk sjukdom (ROP) betre og samordna tenester
- ta initiativ til ein ny nasjonal handlingsplan for ROP-pasientane som skal sikre samordna og heilskaplege tiltak i heile helsesektoren og i kommunane. Og som baserer seg på levekårsundersøkingar og evaluering av Opptappingsplan for rusfeltet
- stimulere til kunnskapsutvikling om ROP-pasientanes levekår
- kartlegge bu- og helsetilbodet for ROP-pasientane i kommunane
- ha ein ny nasjonal strategi for bustadsosialt arbeid
- utvikle eit informasjons- og varslingsystem for ROP-pasientar for å betre kommunikasjonen mellom spesialisthelsetenesta, fastlegar og andre kommunale helsetenester
- sikre at alle kommunar har rutinar for oppfølging etter overdose og sjølvmondsforsøk eller mogleg sjølvmondsforsøk
- sikre ei ny oppgåve- og ansvarsdeling mellom helseføretak, kommunehelseteneste og andre kommunale etatar for ROP-menneska som har hyppig kontakt med hjelpeapparatet
- arbeide for å sikre at kommunehelsetenesta har høve til tilbakehalding med tvang i inntil 3 månader i ein eigna døgninstitusjon viss ein person er i ferd med å ruse seg på ein slik måte at liv og helse er i fare, jmfør helse- og omsorgstenestelova § 10-2

## **Alkohol**

Å redusere alkoholkonsumet er eit viktig berekraftsmål. Delmål 3.5 omhandlar ei styrking av førebygging og behandling av rus- og alkoholavhengnad. I tillegg er ein reduksjon i alkoholkonsumet viktig for å nå målet om å redusere trafikkdødelegheit (3.6), redusere talet som døyr av ikkje-smittsame sjukdommar (3.4), førebygge vald og utanforskap som følge av omsorgssvikt i heimen, og for å sikre at alle opplever grøntområde og offentlege areal som trygge (11.7).

Partiet Sentrum vil føre ein restriktiv rusmiddelpolitikk via bruk av avgifter og oppretthalde Vinmonopolordninga. Kommunanes stilling som alkoholpolitisk myndigheit må styrkast. Sentrum ønsker strengare nasjonale reglar og ei klar politisk haldning til alkoholfrie soner



pluss auka informasjon om skadeverknadene av alkohol, narkotika og bruk av snus og tobakk.

Alkoholpolitikk må gjennomgåande bli omhandla og vedtatt i helsepolitisk og ikkje næringspolitisk kontekst. Alkoholforbruket i Noreg har auka sidan 1990-talet, og trass ein svak nedgang frå toppåret 2008, er konsumet framleis høgt. Eit breitt fleirtal på Stortinget har gjentatte gonger stilt seg bak WHO's mål om å redusere det skadelege alkoholkonsumet med 10 prosent innan 2025.

Taxfree-ordninga bidrar til meirkonsum og trugar vinmonopolordninga fordi den flytter salsvolum frå Vinmonopolet til taxfree. I tillegg bidrar taxfree-ordninga til auka flytrafikk ved at inntekter frå alkoholsalet subsidierer billettprisar. I dag har ein ikkje eit system som fangar opp alle alkoholrelaterte skadar og dødsfall. For å kunne anslå effekten av alkoholpolitikken som blir ført er det viktig at alkoholrelaterte skadar og dødsfall blir rapportert meir systematisk enn i dag.

Sentrum vil:

- oppretthalde og styrke Vinmonopolets rolle i norsk alkoholpolitikk
- utvikle taxfree-ordninga for alkohol, snus og tobakk
- la alkoholavgiftene følge pris- og lønsveksten
- seie nei til sal av alkohol i storkioskar og bensinstasjonar
- sikre at det ikkje blir mogleg å levere alkohol på døra til mindreårige
- at idretts- og kulturarenaer der barn er til stades skal vere alkoholfrie
- behalde og forbetre det nasjonale prikktildelingssystemet slik at blant anna skjenking til mindreårige fører til automatisk bortfall av skjenkebevilling
- behalde nasjonale rammer for skjenketider, og redusere skjenketida til seinast kl. 02:00
- redusere den avgiftsfrie innførselskvoten for alkohol til 2014-nivå
- oppretthalde reklameforbodet mot alkoholhaldige drikkar
- innføre ei merkeordning for alkohol som inneber betre informasjon om dei skadelege konsekvensane av alkoholkonsum

- lage eit betre rapporteringssystem for alkoholrelaterte skadar og dødsfall
- senke promillegrensa på sjøen til 0,2

### **Ettervern, habilitering og rehabilitering**

Alle skal få moglegheit til å leve eit meiningsfullt og sjølvstendig liv med sjukdom og funksjonstap. Då må vi ta i bruk dei menneskelege ressursane og erfaringskompetanse, og ha meistring meir i fokus.

Mange av oss vil få behov for rehabilitering i løpet av livet. Rehabilitering av høg kvalitet er avgjerande for å sikre fortsett deltaking i samfunnet og moglegheita til å vareta sosiale relasjonar. Etter lengre institusjonsopphald kan det vere altfor krevjande å komme tilbake til kvardagen. Kommune og primærhelseteneste, supplert av frivillige og ideelle aktørar, må få gode rammer så dei kan tilby langsiktig, heilskapleg oppfølging. Det handlar om sosialt støtta nettverk, inntekt, støtte til bustad og arbeid. Kvaliteten i ettervernet varierer i for sterk grad i landet vårt.

Barn og ungdom med funksjonsnedsettingar må få moglegheiter til å utvikle si funksjons- og meistringsevne for i størst mogleg grad å realisere sine ønske om utdanning, arbeid og sosial deltaking på linje med annan ungdom. Det er behov for å styrke habiliterings- og rehabiliteringstenestene, slik at desse kan bli gitt på arenaer der barn og unge oppheld seg.

Mange nyttar seg av alternative behandlingsformer fordi det fremmar livskvaliteten, og gjer det mogleg å stå i jobb trass helseplager. Nokre av metodane er gode mot kroniske helseproblem som helsevesenet ikkje har fullgode behandlingstilbod for.

Sentrum vil:

- greie ut styrking av habiliterings- og rehabiliteringsfeltet.
- sikre at tilbod om habilitering og rehabilitering blir betre tilpassa menneske med kort butid i Noreg og/ eller minoritetsbakgrunn
- styrke retten til medverknad undervegs, både på individ- og systemnivå

### **Legemiddel, smittevern og beredskap**

Utvikling av nye legemiddel og behandlingsmetodar gjer at vi kan leve gode liv lenger. Det er viktig med likeverdig og rask tilgang til legemiddel, til ein lågast mogleg pris. Føresetnadene for å handtere kriser i helsetenesta har lenge vore under press. Det var ikkje nok smittevernutstyr då pandemien ramma. Vi må bli meir sjølvforsynte med medisinar, smittevernutstyr og vaksinar. Sjukehusa våre er sårbare behandlingsarenaer i møte med ein smittsam pandemi. Intensivkapasiteten i sjukehussektoren, som ligg under gjennomsnittet i OECD, må styrkast.

Etter covid-19-pandemien har Noreg fått verdifull erfaring og kunnskap om smittevern og beredskap. Vi har god tilgang til kunnskap om kva som skal til for å ta vare på liv og helse i befolkninga.

Sentrum vil:

- legge til rette for at det kan gjennomførast fleire kliniske studiar i Noreg og at fleire kan få tilgang til utprøvande behandling
- få fart på innføringa av Pasientens legemiddelliste slik at helsepersonell får oversikt over pasientens legemiddelbruk
- bidra aktivt til å motarbeide antibiotikaresistens
- legge til rette for produksjon av legemiddel i Noreg slik at vi kan bli meir sjølvforsynte
- vidareføre kunnskaps- og haldningsarbeid som sikrar at folk følger vaksinasjonsprogram
- vidareutvikle vaksinasjonsprogram i tråd med ny kunnskap og faglege råd
- auke intensivkapasiteten til sjukehusa og auke intensivkompetansen til helsearbeidarane
- sikre god beredskap på lokalt nivå ved å styrke kommuneoverlegens rolle – og opprette beredskapsordning der kommuneoverlegen sikrast avløysar og støtte
- styrke teknologi og digitalisering som fremmar samarbeid mellom dei ulike delane av helsetenesta
- sikre lager av nødvendig, medisinsk utstyr, legemiddel og smittevernutstyr
- vareta viktige internasjonale samarbeidsrelasjonar i beredskapsarbeidet
- bidra til ei rettferdig fordeling av legemiddel i verda

- styrke FHI
- hindre norske statsborgarar i å ta med seg sterkt avhengnadskapande, reseptbelagde medisinar frå utanlandske legar inn i Noreg utan godkjenning frå norsk lege, med mindre dei kan dokumentere bustadadresse i landet medisinen er skriven ut i

## **Tannhelse**

Den norske befolkninga har i all hovudsak god tannhelse, men det er stor sosial ulikskap i tannhelse. Dette blir forsterka ved at folketrygdas stønadsordning stadig blir svekt gjennom kutt i statsbudsjettet og ved at pasientar med lovfesta rettar hos den offentlege tannhelsetenesta, som til dømes eldre med vedtak om heimesjukepleie, ofte ikkje får det tilbodet dei har krav på. Resultatet er at pasientar med ulike sjukdomsbilete og diagnosar sjølv må ta rekninga med auka eigendelar, eller at dei ikkje får den behandlinga dei treng. Dette rammar dei mest sårbare pasientgruppene, og på sikt vil det føre til større utgifter både for pasientane og samfunnet.

Oral helse har stor betydning for folkehelsa. God oral helse er viktig for både den fysiske og den psykiske helsa, og motsett. Tannlegars kompetanse i helsefremmande og førebyggjande arbeid må utnyttast på betre vis for å utjamne dei sosiale forskjellane i oral helse. Ikkje-smittsame sjukdommar, som kreft, hjarte- og karsjukdommar, kroniske lungesjukdommar, diabetes og orale sjukdommar, er blant dei største utfordringane for befolkningas helse i dag. Orale sjukdommar må inkluderast i alle strategiar og planar som gjeld ikkje-smittsame sjukdommar på nasjonalt nivå. Tannhelsetenesta må inkluderast når tiltak for å fremme gode kosthaldsvanar i befolkninga blir utarbeidd, og tenesta må vere tonegivande i arbeidet med å redusere befolkningas sukkerforbruk.

God oral helse, og med det moglegheita til eit godt og næringsrikt kosthald, er viktig ikkje minst for den aukande andelen eldre i befolkninga. Det er eit klart behov for auka offentleg finansiering av tannhelsetenesta, for å sikre at dei prioriterte gruppene kan varetakast både av ei sterk offentleg tannhelseteneste forankra på regionalt nivå og gjennom folketrygdas stønadsordning.

Folketrygdas stønadsordning må styrkast og utvidast, slik at sosial ulikskap i oral helse kan utjammast og heile befolkninga sikrast tilgang til nødvendige tannhelsetenester. Retten til trygdestønad må følge pasienten og ikkje falle vekk som følge av at pasienten har rettar etter anna lovverk.

I fleire fylke er det sær lange ventelister ved det tilrettelagte tannhelsetilbodet til tortur- og overgrepsutsette og personar med sterk angst for tannbehandling (TOO). Dette er ei svært sårbar pasientgruppe, der lang ventetid kan gi svært uheldige utslag. Denne pasientgruppa må varetakast på ein betre måte.

Sentrum vil:

- vidareføre tannhelsetenesta slik den er organisert i dag (fylkeskommunal)
- ha ei reform av tannhelsetenesta med mål om at ingen skal betale meir for naudsynte tannhelsetenester enn for andre naudsynte helsetenester. Det vil innebere ei styrking av den offentlege tannhelsetenesta
- bidra til å redusere kosmetisk press blant barn og unge gjennom ei kunnskapsbasert tannhelseteneste
- legge til rette for betre elektroniske kommunikasjonsløyseringar
- forankre odontologisk spesialistutdanning på universiteta i breie tverrfaglege, akademiske miljø
- sikre ei fortsett god grunnutdanning med høg kvalitet ved at grunnutdanninga og spesialistutdanningane framleis er samla ved dei odontologiske lærestadene
- auke kapasiteten for behandling av TOO-pasientar

## **Bioteknologi**

Bioteknologi skaper nye etiske problemstillingar. Kor går grensa for kor langt vi bør gå i å endre naturen ved hjelp av teknologi? Er det nokre teknologiske moglegheiter vi ikkje skal nytte oss av? Ei etisk problemstilling handlar om å prioritere mellom ulike verdiar, personar eller grupper. Etikk handlar om korleis ting bør vere, derfor må politiske spørsmål innan bioteknologi og genteknologi alltid sjåast i lys av dei verdiar vi har som samfunn.

Dei fellesverdiane vi har i Grunnlova vår uttrykker at styresmaktene har ei plikt til å verne om retten til liv. Sentrum meiner at denne retten må understrekast i møte med stadig større kunnskap om eigenskapar ved det ufødde liv. Den teknologiske utviklinga kan ikkje åleine føre an i utviklinga. Med ulike roller, oppgåver og ansvar i helse- og omsorgstenesta er det

viktig å understreke at dei etiske problemstillingane er eigd i ein fellesskap. Menneske skal ikkje vere åleine om å ta krevjande, etiske val.

Lovverket må vareta dei gode moglegheitene som ligg på dette feltet, men også sette klare grenser for kva som er etisk, medisinsk og ressursmessig forsvarleg. Det bør først ein restriktiv politikk innan genteknologi, med fokus på diagnostikk og behandling av alvorlege sjukdommar. I saker om bioteknologi som omhandlar barn, skal barnet sitt beste komme først. Det er ein menneskerett å få kjennskap til sitt biologiske opphav. Ramma for assistert befrukting skal som hovudregel følge opp dette.

Overordna prioriteringskriterium i helsetenesta må forsterkast med verktøy som kan hjelpe helsepersonell å gjere gode prioriteringar i praksis. Lovverk og kliniske og etiske retningslinjer må støtte helsepersonell i dei krevjande avgjerdene om prioriteringar dei står overfor.

Sentrum vil:

- sikre at alle som arbeider i helsetenesta har kunnskap om etikk
- sikre at dei helsefaglege utdanningane tilbyr systematisk, etisk refleksjon
- motarbeide forskning på befrukta egg, fostervev og aborterte foster. Og genetisk testing av barn utanfor helsetenesta
- regulere marknaden for genetisk sjølvtesting ved lov for å vareta personvern og retten til egne helsedata
- at surrogati ikkje skal tillatast fordi faren for utnytting av menneske er til stades

### **Aktiv dødshjelp**

Det er politisk aktuelt om Noreg bør ha ei dødshjelpslov. Eksisterande dødshjelpslover internasjonalt har store svakheiter når det gjeld å vere eintydig, rettferdig og å gi ei forsvarleg regulering av dødshjelp. Erfaringar viser at det kan vere umogleg å legalisere dødshjelp på ein eintydig, rettferdig og forsvarleg måte. Aktiv dødshjelp bryt ikkje med menneskerettane, men med dei felles verdiar vi har i vårt samfunn.

Sentrum vil:

- arbeide for at aktiv dødshjelp ikkje blir tillate i Noreg

- sikre at helsetenesta har eit palliativt tilbod og gode omsorgstenester for dei som treng det

## 2.16 Ein forsterka frivillig og ideell sektor

Det frivillige i Noreg har lange tradisjonar og står sterkt; dei ideelle og frivillige organisasjonane fyller viktige funksjonar og bidrar til utvikling av demokratiet. Det frivillige har ein eigenverdi, og det å vere frivillig gir sterkare fellesskap mellom menneske og gir større tillit mellom oss – noko som er særskilt viktig i ei tid då vi er vitne til auka polarisering i samfunnet. Det frivillige er dessutan ein viktig lærings- og inkluderingsarena.

Smittsame og dødelege sjukdommar var ei stor utfordring då dei frivillige og ideelle organisasjonane blei stifta. Bymisjonsfolket var tidleg ute med sosialt arbeid. Cathinka Guldberg var saman med Kirkens Bymisjon med å starte utdanning av sjukepleiarar i Noreg i 1868. Dei første frivillige og ideelle organisasjonane gjorde ein fantastisk innsats ved å pleie sjuke, utdanne sjukepleiarar og spreie kunnskap.

Dei ideelle verksemdene skil seg frå kommersielle verksemdar ved at dei ikkje har profitt som formål, eventuelt at overskot berre blir brukt til å drifte og tilby humanistiske og sosiale tenester til allmenta eller spesielle grupper.

Partiet Sentrum vil føre ein aktiv politikk for ideell vekst på alle nivå. Den politiske målsettinga om ideell vekst i helseføretaka må følgast opp med sterkare politisk styring. Om nødvendig må kraftigare sanksjonar vurderast.

Fleire kommunar må invitere ideelle aktørar til dialog om korleis dei kan løyse sine behov på barnevernsområdet. Ideelle aktørar bør inviterast til dialog om korleis kommunens samfunnsutfordringar kan møtast, og lage eigne strategiar med målsettingar om ideell vekst.

Vi ønsker at det frivillige og organisasjonar skal få føreseielege rammevilkår og minst mogleg byråkrati, slik at dei kan få meir tid til verdifulle aktivitetar. Det frivillige gir rom for mangfald, gir tilhøyrse, inkluderer og er ein arena der alle slepp til, der alle er likeverdige og alle velkomne.

Sentrum vil:

- etablere eit register for ideelle verksemdar
- at offentlege myndigheitsorgan bør få krav om jamleg dialog med ideelle aktørar om vekst og etablering av nye tenester

- sikre at avtalar med ideelle aktørar får lengre løpetid enn i dag
- at ein del av ramma for Husbankens tilskot blir øyremerkert formålsbygg for ideelle aktørar
- at det blir etablert eit innovasjonsfond for ideell sektor innanfor helse- og sosialtenesta
- bruke heile handlingsrommet for å reservere konkurransar til ideelle aktørar og ta omsyn til ideelle aktørars særtrekk og meirverdi
- greie ut avtaleformer for samarbeid mellom styresmaktene og ideelle aktørar, og lage rettleiarar som kan minimere prosessrisiko ved inngåing av slike samarbeid
- vidareføre avtalane til dei 12 sjukehusa med kontinuerlege avtalar, inkludere dei i helsefellesskapane og utvide oppgåveporteføljane deira
- at helseføretaka inkluderer ideelle aktørar i sitt strategiarbeid, slik at dei får moglegheit til å delta i langsiktig plan- og utviklingsarbeid
- at Stortingets vedtak om ideell vekst i institusjons-barnevernet blir følgd opp
- at Stortinget etablerer ei kompensasjonsordning for historiske pensjonsforpliktingar for ideelle aktørar som har drive tilbod på vegner av kommunar
- ha auka satsing på frivilligsentralar
- full og regelstyrt momskompensasjon for frivillige organisasjonar innan 2024
- at det blir ein auke i tildeling av frie middel, framfor berre prosjektmiddel
- at det offentlege sørger for tilstrekkelege og styrkte tilskotsordningar for nye og eksisterande aktivitetar
- at miljø- og berekraftsprosjekt blir løfta, og at det blir skapt nye tilskotsordningar for overgangen til det grønne og meir sirkulære samfunnet
- legge til rette for at det finst koordinatorar i kommune og fylkeskommune til hjelp for frivillig sektor



## DEL 03

### VÅR GRØNE VEKST- OG UTVIKLINGSSTRATEGI

## VÅR GRØNE VEKST- OG UTVIKLINGSSTRATEGI

Det store spørsmålet er: Kva store endringar må Noreg gjennom dersom vi skal kutte utsleppa med 55 prosent innan 2030, og samtidig skape konkurransekraft for norsk næringsliv? Partiet Sentrum vil vere med å vise veg for ein nyskapande, grøn næringspolitikk. Vi peiker på EUs “European Green Deal”, ein vedtatt plan for satsing på grønne industrier. Noreg treng òg ein grøn avtale. Noreg må plukke ut klima- og miljøvenlege industriområde som verda vil spørje etter i åra som kjem, og utvise ein nasjonal eigarskapspolitikk og -strategi som støttar opp om denne utviklinga. Gjennom vår grønne vekst- og utviklingsstrategi vil vi skape nye arbeidsplassar og sikre velferdsstatens framtid.

Partiet Sentrum vil satse på investering og innovasjon for ei berekraftig utvikling.

### 3.1 Rein og fornybar energi

Partiet Sentrum ønsker at Noreg skal vere eit føregangsland, med ein offensiv klima- og miljøpolitikk og ein nyskapande, grøn energipolitikk. Det krev ei massiv satsing på fornybare energikjelder samtidig som vi set eit punktum for fossilalderen. Noreg kan og bør spele ei viktig rolle ved å forsyne Europa og resten av verda med grøn, fornybar energi.

Europa bruker i dag mykje kol, olje og gass. Alt dette må erstattast med fornybar energi innan 2050. I dag eksporterer Noreg enorme mengder energi i form av olje og gass til Europa.

Noreg bør bruke våre naturgitte fortrinn til å kunne levere fornybar kraft til Europa. Fornybar energi kan bli ei viktig eksportvare for Noreg, og vere eit bidrag til økonomien når vi fasar ut olja. Fornybar energi og ny innanlands industri basert på denne, vil kunne gi grunnlag for nye eksportverdiar når fossil olje blir fasa ut. Dette fordrar at Noreg satsar systematisk på oppbygging av slike næringar.

Noreg er heldig som kan produsere vasskraft når det blåser lite i vindturbinane våre. I resten av Europa er dei enno avhengige av kol-, atom- og gasskraft som balansekraft. Norsk vindkraft har eit anna produksjonsmønster enn vindkraft i resten av Europa. Gjennom kraftutveksling vil derfor både norsk vass- og vindkraft vere verdifull fornybar balansekraft. Om det fornybare energisystemet ikkje utnyttast best mogleg, vil vi risikere unødvendige kraftutbyggingar i fleire land i mangel på balansekraft. Dette vil vere svært negativt for det globale naturvernet.

Noreg bør ha ei viktig rolle som energinasjon, som netto eksportør av fornybar energi, som leverandør av balansekraft, men òg i form av foredla energi – som produsent og eksportør av industriprodukt som det er energikrevjande å produsere. Noreg må plukke ut klima- og miljøvenlege industriområde som verda vil spørje etter i åra som kjem. I tillegg må vi ha ein nasjonal eigarskapspolitikk som støttar denne utviklinga.

Næringslivet er klare til å levere nullutsleppsløysingar så fort dei blir etterspurde.

Oppstartsrisikoen er likevel framleis for høg i veldig mange prosjekt. Det må vi gjere noko med.

Sentrum vil:

- Sikre Noreg og Europa rein, rimeleg og sikker energi ved å ta ei framstående rolle som energinasjon
- Etablere eit grønt, statleg innanlandsfond, tilsvarande 1% av Oljefondet, for å sikre Noreg konkurransekraft innanfor grøn industri

### **Styrt avvikling av olje og gass**

Vi må sette punktum for fossilalderen. Noreg har tent mykje på olje og gass, og har både økonomi, teknologimiljø og arbeidskraft til å kunne lede an i overgangen til fornybar energi. Aktørar i oljebransjen er i sterk grad sjølv i ferd med å orientere seg mot andre marknader og produkt enn olje og gass. Lågare etterspørsel i åra som kjem vil gjere olje- og gassindustrien ulønsam på sikt, og vi må derfor få fortgang i omstillinga for å forhindre at

tusenvis blir ståande utan arbeid i framtida. Derfor må det planleggast for ei styrt og gradvis avvikling av olje- og gassverksemd på norsk sokkel gjennom ein femtenårsperiode. Det må settast ein sluttdato. Dette må skje innanfor dei juridiske forpliktingar Noreg har og må vere føreseieleg for næringsaktørane. Fortsett bruk og produksjon av fossilt brensel, som olje og gass, skadar klimaet på kloden og må derfor avsluttast. Første steg på veg ut av oljealderen er å slutte å tildele nye leitekonsesjonar og avvikle leitererefusjonsordninga.

Noreg bør opprette ein eigen oljekommisjon etter modell frå Tyskland innan 2022. Kommisjonens mandat skal vere å sikre ein god overgang til grønne næringar og arbeidsplassar og førebu utfasinga av den norske petroleumsindustrien. På den måten kan vi ta vare på viktig kompetanse og legge til rette for at den blir brukt til det grønne skiftet, unngå at tilsette blir arbeidslause, og gradvis fase ut petroleumsnæringa.

Sjølv om Noreg skulle klare å nå sine utsleppsmål utan å avvikle oljenæringa, er ikkje fortsett utvinning og eksport av fossilt brensel foreinleg med målet om å unngå global oppvarming. Det er ingen grunn til å leite etter olje og gass som av klimaomsyn ikkje kan utvinnast. Etter kvart som ny teknologi blir utvikla og verda skal gjennom ei grøn omstilling til fornybar energi, vil marknaden slutte å spørje etter fossil energi.

Leitererefusjonsordninga fører til auka leiteaktivitet og leiting på felt som kanskje aldri vil bli lønsame. Ordninga gir oljeselskap utan skattepliktig overskot høve til å få refundert og utbetalt leitekostnader, og har bidratt til at fleire selskap har engasjert seg i leiteaktivitet på norsk sokkel. Staten har gjennom ordninga overtatt mykje av investeringsrisikoen frå selskapa. Sentrum ønsker å avskaffe denne ordninga for petroleumssektoren.

Sentrum vil:

- opprette ein oljekommisjon innan 2022 etter modell frå Tyskland, som skal sikre ein god overgang til grønne, lønsame og klimavenlege næringar. Kommisjonen skal bidra til ei styrt og planlagd avvikling gjennom ein periode på femten år
- stanse all tildeling av nye leitekonsesjonar på norsk sokkel
- at ingen nye område skal opnast for oljeverksemd
- gjennomføre ein analyse med sikte på å trekke tilbake leiteløyve gitt i 23., 24. og 25. konsesjonsrunde
- avvikle ordninga med tildeling i førehandsdefinerte område (TFO)

- avskaffe leiterefusjonsordninga for petroleumssektoren omgåande
- fjerne skattefordelar og gunstige ordningar i petroleumsnæringa
- innføre ei omstillingsavgift per produserte oljeeining. Inntekta blir øyremerkt tiltak for å stimulere utvikling av ny grøn verdiskaping
- gi klimavern til Barentshavet Nord og flytte iskantsonen sørover i tråd med miljøfaglege råd
- stimulere til auka bruk av energieffektiv teknologi som kan redusere utsleppa frå produksjonsaktiviteten på sokkelen
- at Noreg skal føre klimarekneskap over kva eksport av olje og gass frå norsk sokkel fører til utanfor landegrensene
- etablere ei ordning etter modell av leiterefusjonsordninga retta mot fornybare energikjelder som eksempelvis havvind, bølgekraft og solenergi. Ordninga skal bidra til å avlaste private investorar for risiko, gi auka likviditet og investeringsvilje

### **Vindkraft på land**

Gjennom dei siste åra er det gitt fleire konsesjonar altfor nær område med busetting, i sårbar natur og viktige friluftsområde. Konsesjonane blei i tillegg gitt på uklart grunnlag, med betydelege endringar i utforming etter at konsesjon er innvilga.

Vi kan ikkje løyse klimakrisa ved å øydelegge naturen. Derfor må nye vindkraftprosjekt på land føresette at inngrepa i naturen er reversible, at sårbar natur og inngrepsfrie område ikkje blir rørt, at det blir vist omtanke for reindrift og urfolks rettar og at utfordringar knytt til utslepp og resirkulering av materiale finn ei løysing.

Innanfor slike avgrensingar kan det finnast forsvarlege vindkraftprosjekt på land der produksjon av meir fornybar energi må vektleggast, for eksempel langs vegar, og i tilknytning til kraftkrevjande industrianlegg. Det er eit mål å vidareutvikle teknologien og leite etter moglegheiter for å realisere slike prosjekt, for å dra nytte av at vi er eit land med mykje vind.

Lokal medbestemmingsrett er ein viktig føresetnad som må ligge til grunn for framtidige vindkraftprosjekt på land. Sentrum vil vektlegge lokal medbestemming; vilkåra knytt til utbygging av vindkraft bør endrast, slik at lokalsamfunnet på same vis som ved vasskraftutbygging, får noko økonomisk tilbake.

Sentrum vil:

- at framtidig vindkraftutbygging i større grad må ta omsyn til sårbar natur og inngrepsfrie område, urfolks rettar, utrydningstruga artar og nødvendigheita av realistiske, fullstendige planar for restituering av områda etter konsesjonsperiodens utløp
- at vindkraftutbygging blir regulert av staten, men med sterk lokal medbestemningsrett
- sikre at lokalsamfunnet på same måte som ved etablering av vasskraft, òg får inntekter når det blir realisert vindkraftprosjekt
- at vindkraft fortrinnsvis blir etablert nært eksisterande infrastruktur, eksempelvis langs eksisterande vegar eller kraftlinjer
- forbetre konsesjonsprosessane slik at det som blir realisert er i tråd med det som ble søkt om

## **Havvind**

Offshore-erfaring kan bidra med viktig kunnskap i overgangen til berekraftig energiproduksjon. Meir enn åtti prosent av dei globale havvindressursane er på djupt vatn. Havvind er ei av fleire fornybare energikjelder som det er bruk for om vi skal nå visjonen om nullutslepp.

Potensialet i vindkraftverk til havs er stort. Havvind kan bidra til at vi vil klare å møte etterspørselen etter ny berekraftig energi. Vi er avhengig av at dette potensialet utnyttast i åra framover. Sentrum ønsker ei massiv satsing på vindkraft til havs slik at Noreg kan få eit nytt og grønt industrieventyr.

Det bør utviklast nye insentiv som kan gjere meir privat kapital tilgjengeleg for å realisere større investeringar, og det bør opnast for at eit statleg, grønt investeringsfond kan delta i realisering av vindkraft til havs.

Sentrum vil:

- sikre statleg finansiering som stimulerer utbygging av havvind
- sikre statleg investering i kablar for overføring av kraft frå havvind
- at havvind må utviklast innanfor eit konsesjonssystem som ikkje kjem i konflikt med fiskerinæringa eller viktige verneinteresser

## **Vasskraft**

Vasskraft er i dag Noregs viktigaste og største fornybare energikjelde. Oppgradering og modernisering av eksisterande vasskraftverk er noko av det enklaste vi kan gjere for raskt å auke produksjonen av fornybar energi utan nye store naturinngrep eller naturøydeleggingar. Det er òg rom for å realisere fleire småkraftverk utan store naturinngrep.

Vasskrafta er fornybar, men har i tillegg ein verdifull eigenskap gjennom moglegheit for å regulere produksjonen. Medan vindkraft må produserast når det blæs, kan vasskraft samlast i vassmagasina, og produksjonen regulerast over periodar og gjennom døgnet. Det gir vasskrafta ein ekstraverdi, som balansekraft til vindkraft, andre energikjelder og forbruksvariasjonar.

Oppgradering av eksisterande vasskraftverk er ikkje nok i seg sjølv til å møte den energitrongen vi står overfor – men vil i samspel med satsing på andre fornybare energikjelder som solenergi, vindkraft til havs og bølgeenergi vere eit viktig bidrag.

Sentrum vil:

- stimulere til oppgradering av eksisterande vasskraftverk og straumnett. Oppgradering av vasskraftverk må føresette at det ikkje blir gjort nye store naturinngrep
- legge til rette for fornybar kraftutveksling med Europa

### **Solenergi**

Solceller og solfangarar er stadig meir aktuelle produksjonsverktøy for fornybar energi. Òg i Noreg bør vi utnytte denne kjelda effektivt. Vi har svært store areal som kan nyttast til dette utan at det belastar naturen vår. Mykje av straumen som blir produsert vil bli brukt lokalt. Det gjer at behovet for auka overføringskapasitet blir mindre enn ved anna kraftutbygging. Med nye elbilar som ladar og lagrar straum vil ein òg kunne fordele forbruket lokalt over tid i større grad enn før. Tak og veggflater på eksisterande bygningar gir store areal som bør utnyttast. Infrastruktur til transport av kraft som ikkje blir brukt lokalt i bygget er alt på plass. Sentrum vil jobbe for gode økonomiske rammer som momsfrítak og gunstige offentlege lånemoglegheiter for å stimulere til rask utbygging av dette.

### **Andre fornybare energikjelder, energiøkonomisering og smart energibruk**

Vi må bygge ut fornybar energi som gir mest mogleg energi til lågast mogleg skade på naturen, og det er derfor viktig å satse på å utforske potensialet innan energikjelder som solenergi, bølgekraft og geovarme. Det vil òg vere viktig for effektiv energiforsyning og avgrensing av totale naturinngrep at det utviklast solkraft på bygg, og ein må bruke

Enova-støtte og regulatoriske grep for å oppnå dette. Her kan det ligge eit stort potensial for Noreg, som Sentrum ønsker å få greidd ut.

Noreg har potensial for å frigjere mykje elektrisk kraft gjennom meir effektiv energiutnytting. Nye bygg med null eller negativt energiforbruk, etterisolering av gamle bygg, bruk av vassboren varme, geovarme og varmpumper til kjøle- og varmeformål er nokre døme.

Straumnettet i Noreg har kapasitetsutfordringar – dels med tanke på kraftproduksjon, men kanskje mest med tanke på kraftoverføring på dei tidspunkta forbruket er høgast. Vi må utvikle treffsikre ordningar som kan stimulere til å redusere og spreie energiforbruket. Klarer vi å ta ned forbrukstoppane, kan det gjere store kostnadsnevjande investeringar i overføringsnettet overflødige.

Sentrum vil:

- vidareutvikle og styrke Enova-program for å fremme solenergi
- styrke dei økonomiske insentiva for energiøkonomisering
- sikre at byggeforskrifta varetar ei god energiutnytting
- sikre eit robust distribusjonsnett av elektrisk kraft ("grid") for fleksibel distribusjon av overskotskraft mellom landsdelane og med Europa

### **Kjernekraft**

FNs klimapanel føreslår at bruken av kjernekraft bør aukast og at denne energiforma kan erstatte den fossile baselasten (elektrisitet produsert med olje, gass, kol) mange stader i verda. Det har skjedd mykje innan utvikling av kjernekraft dei siste tiåra. Det er forska på nye reaktorar og prosessar som er sikrare og andre råstoff som gir mindre radioaktivt avfall og som er ueigna til våpenproduksjon. Thorium er eit slikt råstoff det er store førekomstar i Noreg. Sett i lys av stadig folkevekst og energibehov, og at fossile energikjelder òg har sine uheldige miljøfotavtrykk, er det klokt å greie ut moglegheitene og risikoen knytt til utvinning av thorium for kjernekraftverk og energiproduksjon i Noreg. Det er ikkje aktuelt å etablere kjernekraft med dagens teknologi basert på uran i Noreg.

Sentrum vil:

- greie ut moglegheita for utvinning av thorium for moderne 4. generasjons kjernekraftverk, med vekt på sikkerheit, beredskap og lagring

## 3.2 Klimakutt

Sentrum støttar opp om hovudprinsippa for dagens norske klimapolitikk, men ønsker ein forsterka innsats og tydelegare mål. Vi støttar bruken av kostnadseffektive tiltak som sterk verdsetting av kutt i utslepp av klimagassar og konsekvent gjennomføring på tvers av sektorar. Sentrum meiner målet om 55 % kutt i norske utslepp innan 2030 må innebere 55 % kutt i utslepp i Noreg. Vår innsats utanfor landegrensene, inkludert kjøp av kvoter, må komme i tillegg. Det viktigaste målet er eit klimanøytralt samfunn før 2050.

Noreg sleppte ut omtrent 50 mill. CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2019. Dette skal kuttast med 50-55% på under ni år for å oppfylle våre forpliktingar etter Paris-avtalen. Dette krev ei omstilling av heile samfunnet. Utsleppa i Noreg deler vi grovt opp i to: Omtrent halvparten kjem frå kvotepliktig sektor (industrien) og halvparten frå ikkje-kvotepliktig sektor.

Petroleumsindustrien er den største utsleppskjelda innan kvotepliktig sektor (31 %), og utsleppa frå denne sektoren har auka med 71 % sidan 1990 til 14 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2019. Utsleppa frå bruken av gassen og olja vi eksporterer er ikkje rekna med. Dersom Noreg skal innfri sine forpliktingar, trengst det store kutt i denne sektoren. Skal vi unngå global oppvarming, må mesteparten av gass-, olje- og kolreservane i verda ikkje bli vunne ut. Annan industri har kutta sine utslepp med 42 % sidan 1990 til 11,6 mill. tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i 2019. I kvotepliktig sektor er hovudverkemiddelet nettopp tildeling av kvoter, og kvotene må justerast i tråd med utsleppsmålet for 2030.

Ikkje-kvotepliktig sektor omfattar transport, jordbruk, oppvarming, avfall og andre kjelder. Det er avgjerande at vi klarer å kutte utslepp i alle sektorar. Vi treng ein klimarekneskap for alle sektorar, basert på berekningsmetodar i Paris-avtalen, med klare mål om utsleppskutt kvart år for kvar sektor.

Kostnadene ved omstilling til lågutsleppssamfunnet blir lågast når CO<sub>2</sub>-utslepp blir prioritert like høgt – dvs. med basis i same verdsetting av utslepp – i alle sektorar. Partiet Sentrum støttar forslaget om å gradvis auke CO<sub>2</sub>-avgifta frå dagens nivå på 590 kr til 2000 kr per tonn CO<sub>2</sub> i 2030. Ein konsekvent, rask gjennomføring av hevinga av CO<sub>2</sub>-avgifta er avgjerande. Det er fullt mogleg å heve CO<sub>2</sub>-avgifta, og samtidig ta vare på distrikta, viktige næringar og sikre utsette grupper og dei med dårleg økonomi.

Sentrum vil:



- redusere klimagassutsleppa i Noreg med minst 55 % innan 2030, samanlikna med 1990-nivå. Kutta må takast nasjonalt
- sette sektorvise ambisiøse, og realistiske, mål for reduksjon av klimagassutslepp etter Paris-avtalen

### **Naturleg karbonlagring**

Det å ta vare på og auke karbonlagera våre, er av dei sikraste tiltaka for å motverke ekstreme klimaendringar. Den billegaste og mest effektive løysinga for å lagre karbon i Noreg, inneber å ta vare på naturen. Intakte og funksjonelle økosystem vil kunne motverke skadeomfanget av Klimaendringane. Det viser dei store globale rapportane frå Naturpanelet (IPBES) og Klimapanelet (IPCC). Naturleg karbonlagring motverkar effektane av klimautsleppa ved å redusere innhaldet av CO<sub>2</sub> i atmosfæren. Globalt blir meir enn halvparten av menneskeskapte klimautslepp bunde opp i naturen kvart år. Bortimot halvparten av den naturlege karbonbindinga går føre seg i havet, mens drygt halvparten skjer på land.

Med meir enn dobbelt så store naturlege karbonlagre som gjennomsnittet av verdas landområde, gir naturgrunnet i Noreg særskilt gode føresetnader for naturleg lagring av karbon. Dei største karbonlagera i Noreg finst i skog, myrer og fjellområde. Skog har både stort areal og høg karbontettleik, myr mindre areal, men høgare karbontettleik, medan det store karbonlageret som fjellområda utgjør, skuldast det store arealet.

Ifølge regjeringas nye klimaplan er naturens karbonlager i Noreg på ca. 7 mrd. tonn karbon. 38 % av dette er i skog. Ca. 80% av karbonet i boreale skogar er lagra i jordsmonnet, resten i vegetasjonen.

Det er anslått at 80 % av karbonet som er bunde opp på land, ligg i jordsmonnet. Dette er heile tre gonger meir enn i atmosfæren. Øydelegging av natur fører til utslepp av klimagassar. Ein viktig del av klimapolitikken for partiet Sentrum, vil vere å aktivt gå inn for å ta vare på naturens evne til å lagre karbon og binde CO<sub>2</sub>, og dermed dempe effekten av det vi har sloppe ut.

Karbonlagring i landbruksjorda er eit viktig klimatiltak. Intensive jordbruksmetodar fører til redusert karbon i jorda. Landbrukspolitikken må justerast slik at ein stimulerer driftsformer som bidrar til auka karbonlagring, med meir organisk materiale i jorda. Det bind karbon, aukar det biologiske mangfaldet og styrker jordas evne til å tole både flaum og tørke.

Sentrum vil:

- at ein vurderer økonomiske insentivordningar der aktive tiltak for binding av karbon som biokol, eller driftsmetodar som aukar karbonbindinga, blir premiert
- sikre eit sterkt vern om myrområde for å oppretthalde den naturlege karbonlagringa og ta vare på det biologiske mangfaldet
- føre ein skogpolitikk som, utan å gå utover det biologiske mangfaldet eller norsk kapasitet for matproduksjon, bidrar til auka karbonbinding, der ein vektlegg karbonbindinga i jordsmonnet, i skogen og i produkta frå skogen
- at Noreg set mål for lagring av karbon i natur og økosystem
- stimulere til landbruksdrift som aukar karbonbindinga i jord- og skogbruk

### **Miljøgifter og avfall**

Miljøgifter er kjemiske bindingar som har vondt for å bli brote ned, og som hopar seg opp i næringskjeda. Miljøgifter er helseskadelege for menneske og giftige for miljøet, og dei kan spreia via luft- og havstraumar. Sjølv om det framleis er mykje vi ikkje kjenner til om langtidverknadene av miljøgifter, har det vore gjort forskning som viser at nokre kan føre til hormonforstyringar, alvorleg sjukdom og i verste fall død. Noreg og mange andre land har forbydd ulike former for miljøgifter, noko som har ført til reduserte utslepp. Samtidig finn ein stadig nye stoff. Det er viktig med meir forskning på miljøgifter og eit strengt regelverk både nasjonalt og internasjonalt.

Forsøpling og stoff som kjem på avvegar kan føre til alvorlege miljøskadar. Plastforsøpling er ei særleg stor utfordring for artar og økosystem. Partiet Sentrum meiner at det må stillast strengare krav til handtering av avfall, både blant forbrukarar, industrien, land- og havbruksnæringar.

Luftkvalitet er svært viktig for folkehelsa. I Noreg er låg luftkvalitet (ute) nesten einast knytt til byane. Urein luft på grunn av svevestøv rammar særleg dei som har helseutfordringar. Luftkvalitet varierer med vêret. Biltrafikk og vedfyring er hovudkjeldene til svevestøv.

Sentrum vil:

- at bruken og utsleppa av miljøgifter på den norske prioritetslista skal stansast
- innføre sterke restriksjonar og, når nødvendig, òg forbod mot bruk av miljøgifter i naturen, som for eksempel fluor i skismurning og bly i haglpatroner

- innføre ei merkeordning for miljøgifter i importerte produkt
- jobbe for strenge internasjonale lover for bruk og utslepp av miljøgifter
- at Miljødirektoratet og andre instansar får offentlege middel til forskning på miljøgifter og undersøkingar av førekomstane av dei i miljøet
- forby eingongsartiklar av plast
- at frivillige organisasjonar får støtte til å rydde strender og andre område for forsøpling
- at alle elevar i grunnskulen blir invitert til ein årleg ryddeaksjon i sitt nærmiljø
- forby bruk av gummigranulat ved nye idrettsanlegg og gradvis erstatte gummigranulat ved eksisterande anlegg med biologisk nedbrytbare alternativ
- undersøke bruk av panteordningar for fleire produkt, eksempelvis el-artiklar
- auke bøtene for forsøpling i naturen og miljøskadelege utslepp frå industrien
- med hjelp frå Miljødirektoratet og Statens naturoppsyn stille strengare krav til kommunane om å følge opp forsøplingssaker og andre miljøskadelege aktivitetar
- at reduksjon av svevestøv skal vere ein del av måloppnåinga og rapporteringa i byvekstavtalane mellom stat, fylke og kommune

## **Klimavederlag og klimafinansiering**

Sentrum ønsker å innføre ei nasjonal klimavederlagsordning etter inspirasjon frå Canada. Karbonskatt til fordeling (KAF), òg kalla «klimavederlag», kan bli eit nytt og kraftfullt verkemiddel i norsk klimapolitikk. Prinsippet er rettvis, og lett å forstå: Forureinar betaler. Karbonutsleppet blir skattlagt, men pengane går ikkje inn i statskassa. I si enklaste form blir totalsummen delt på antalet innbyggjarar og tilbakebetalt til befolkninga.

Noreg er ein stor eksportør av olje og gass. Bruken av dette bidrar til klimautslepp andre stader i verda og er ikkje medrekna i Noregs klimarekneskap. Ei omstillingsavgift på eksportert olje og gass kan øyremerkast finansiering av klimatiltak og investeringar.

Sentrum vil:

- undersøke og eventuelt innføre nasjonalt klimavederlag (også kalla karbonavgift til fordeling, KAF) for reiser med bensin og diesel inkludert flygingar. Etter kvart som lærdomar blir hausta, vil vi utvide ordninga til å omfatte òg anna karbonintensivt forbruk
- ein analyse bør avklare moglegheit for at klimavederlaget som blir utbetalt kan differensierast mellom by og land, der dei som bur i område med store avstandar og avgrensa kollektivtilbod kan få ein større andel av kompensasjonen
- innføre ei omstillingsavgift på eksportert olje og gass øyremerkt klimatiltak og klimafinansiering

### **Internasjonalt samarbeid**

Klimaendringane har ekstreme konsekvensar, især for menneske buande i fattige og sårbare område. Klimaet er definert som ein trugsel mot menneskja, og må løysast i fellesskap. Det er viktig å sjå klimaendringane som eit etisk problem, der det største ansvaret for reduksjon av klimagassar må ligge hos statar med dei historisk største utsleppa og dei største økonomiske ressursane. Partiet Sentrum vil følge internasjonale konvensjonar og traktatar innan klima og miljø og arbeide aktivt for å etterleve anerkjente prinsipp for internasjonal klima- og miljørett. Eksempel på slike prinsipp er føre var-prinsippet, forureinar betaler-prinsippet og prinsippet for sams, men differensiert, ansvar og kapasitet.

Vår politikk skal basere seg på tanken om å overlata samfunnet til neste generasjon der dagens største miljøproblem er løyst. Vi treng ein grøn omstart: Dersom den globale oppvarminga og tapet av natur held fram i same tempo som nå, vil det utgjere ein massiv trugsel mot både naturen og menneskja. Noreg skal ha ein heilskapleg politikk som bidrar til at vi når 1,5-gradersmålet, måla i Paris-avtalen frå 2015 og måla i FNs naturavtale som er venta vedtatt i Kina i 2021. Klimaendringane og tap av natur trugar global sikkerheit og økonomisk stabilitet. Det er ei sentral norsk interesse å avgrense klimaendringar og naturtap globalt. Noreg må auke satsinga på klima- og naturdiplomati og fremme gode miljøvenlege løysingar.

Som eit lite land med open økonomi og rikdom skapt på fossil energi, må Noreg gå først på desse områda. Vi har økonomisk styrke og ikkje minst eit samfunn prega av tillit, likskap og høgt kunnskapsnivå. Dette er det beste utgangspunktet for å ta på seg leiartrøya og vise at ei sosialt rettferdig omstilling i eit tempo som er i tråd med Paris-avtalen er mogleg.

Sentrum vil:

- opprette ein internasjonal miljørettsdomstol

- etablere eit internasjonalt katastrofefond (ekstremvêr, øydeleggingar)
  - auke støtta til «Green Climate Fund»
  - støtte fattige lands klimatilpassing finansielt og med kompetanseoverføring når det gjeld
- 1) Robuste bygningar / infrastruktur 2) Fornybar energi 3) Teknologitviking
- intensivere arbeidet med den norske regnskogsatsinga / REDD+
  - etablere eit multinasjonalt system for varslng av miljøkriminalitet
  - føre strengare og tydelegare kontroll med vår handtering av farleg avfall (Baselkonvensjonen særleg viktig)
  - arbeide for at forureinar betaler-prinsippet må bli nytta i internasjonal miljørett
  - auke Noregs bidrag til klimafinansiering og klimatilpassingstiltak i fattige land
  - ta initiativ til ein internasjonal koalisjon for frivillige kutt i produksjon av olje og gass, og utfasing av subsidiar og bistand til fossil energi
  - sette arbeidet for ei grøn, berekraftig og rettferdig global omstilling som ein hovudprioritet i norsk utanrikspolitikk
  - løfte klimakrisa i Sikkerheitsrådet og gjere den til ei sikkerheitspolitisk prioritering
  - sikre at avtalar mellom Noreg og andre land skal vere i tråd med måla i internasjonale avtalar om natur og klima
  - at Noreg skal ta leiarskap i arbeidet med å få på plass ein internasjonal avtale mot plastforsøpling med eit mål om nullutslepp av plast til naturen
  - arbeide for at norske næringsinteresser i utlandet bidrar til å realisere FNs berekraftsmål
  - at Noreg skal bidra til grøn omstilling og utsleppsfrie samfunn i utviklingsland
  - at Noreg skal bidra til at land både vernar og restaurerer natur, og samtidig forvaltar sine naturressursar på ein miljømessig berekraftig måte
  - sørge for at «Hav for utvikling» som eit globalt bistandsprogram blir eit satsingsområde for Noreg

- reformere utviklingsprogrammet “Olje for Utvikling” til å omhandle fornybar energi og klimatilpassing
- at Noreg skal kjempe mot marin forsøpling
- at Noreg skal styrke arbeidet mot miljøkriminalitet, spesielt handel med truga artar
- at Noreg er med på internasjonal anerkjenning av klimafordrivne. Gi desse ein rettsleg status med tilhøyrande rettar og føreseielege forhold
- klimajustere Oljefondets investeringar i tråd med Paris-avtalens mål om å avgrense den globale oppvarminga til 1,5 grader
- gjere EUs krav om openheit om risikovurdering (Sustainability Related disclosures) og miljøklassifisering (taxonomy) gjeldande for Oljefondet
- innføre forbruksbasert klimarekneskap og mål og verkemiddel for å redusere Noregs importerte utslepp
- at norske firma ikkje skal utnytte naturressursar i land der folket ikkje sjølv bestemmer over desse, men ta omsyn til urbefolkningars råderett over eigne tradisjonelle tilhaldsstader og ressursar
- utvikle FNs miljøprogram til ein verdsorganisasjon for natur og miljø, med sanksjonsmoglegheiter. FN bør brukast aktivt som eit forum for framforhandling av internasjonale miljø- og utviklingsavtalar som blir overordna frihandelsavtalar, andre økonomiske og militære avtalar og resolusjonar
- at omsyn til miljø- og berekraft er overordna i all internasjonal handel. Avtalar som bryt med dette må avviklast, og kan ikkje inngåast. Handel som skaper unødvendig forbruk må avgrensast

## **Klimaforsking**

Forsking, utdanning og innovasjon spelar ei sentral rolle i den grønne omstillinga. Vi må derfor støtte utdannings- og forskingsinstitusjonanes strategiske satsing på berekraft. For å gjere oppdagelsene som må til, må forskarane og institusjonane ha nok fleksibilitet og fridom til å drive både grunnforskning og anvend forsking. Då må vi auke andelen frie forskingsmiddel og motverke silotenkinga i offentleg forskingsfinansiering. Vi må styrke grunnfinansieringa av høgskular, universitet og institutt. For å sikre rask grøn innovasjonstakt må vi ha gode mekanismar og nok risikokapital for kommersialisering av ny

kunnskap. Samarbeidet mellom akademia, næringsliv og offentleg sektor må vere omfattande, ope og effektivt. Kvaliteten på forskning, utdanning og innovasjon heng tett saman. Derfor må undervising meritterast, og studentane må få rikt høve til å delta i både forskning og innovasjon.

Utan raske og omfattande reduksjonar i menneskeskapte klimagassutslepp, er det venta at klimaet vil endre seg radikalt i løpet av dette hundreåret. Utviklinga går mot eit klima det er umogleg å vite noko sikkert om, anna enn hovudtendensar som meir ekstremvêr, meir tørke og langvarige hetebølger i sør, meir nedbør i nord, tinande permafrost og isfritt Arktis om sommaren. Klimaforskning kan bidra til å redusere usikkerheita om framtidig klimautvikling.

Kunnskap om konsekvensar av klimaendringar på natur og økosystem er nødvendig for å gjere samfunnet meir robust og sette i verk riktige tiltak. Store globale utfordringar som tilgang til mat og reint vatn, sjukdomsspreiing og flyktingstraumar vil kunne følge i kjølvatnet av klimautviklinga og prege samfunnet både nasjonalt og internasjonalt. Lokalt kan klimaendringar gi nye rammevilkår for naturbaserte næringar, transportsektoren og arealplanlegging. Det trengst kunnskap for å dreie ulike næringar i ei meir klimavenleg retning og samtidig utnytte nye moglegheiter for næringslivet.

Sentrum vil:

- ha eit langsiktig mål om å trappe opp finansiering av forskning til minst tre prosent av BNP, der det offentlege bør stå for om lag halvparten
- stille krav til klima og berekraft ved offentleg finansiering av forskning
- stanse all offentleg finansiering av petroleumsforskning der målet er auka utvinning og aktivitet
- auke tildelingane til forskingsprosjekt der målet er grøn omstilling og berekraft
- auke forskning på tilpassing til klimaendringar
- etablere eit langsiktig forskingsprogram retta mot verkemiddel og tiltak for utsleppsreduksjonar
- sikre at universiteta og høgskulane styrker klimarelevant utdanning, rekruttering og forskning gjennom prioritering av eigne middel
- styrke fagleg koordinering og evaluering av norsk klimaforskning gjennom å gi Forskningsrådet eit tydelegare ansvar

- sikre interdepartemental koordinering og finansiering av klimaforskinga
- bidra til overføring og oppbygging av forskingskompetanse innan klima i fattige land

### 3.3 Natur og biologisk mangfald

Mennesket er totalt avhengig av naturen og det biologiske mangfaldet. Reint vatn, rein luft, pollinering, naturleg skadedyrkontroll, kompostering og nedbryting, vegetasjon og jord som bind karbon og hindrar erosjon og flaum er døme på tenester naturen bidrar med – såkalla økosystemtenester. Ein føresetnad for at desse tenestene skal fungere er at vi tar vare på det som er igjen av naturområde og det biologiske mangfaldet som finst der.

Ingen kjenner alle samanhengar i heile økosystemet. Vi menneske er òg ein del av økosystemet; ein for oss unnsleg og tilsynelatande betydingslaus art kan vise seg å vere ein vital del av næringskjeda for andre artar vi eller andre artar er avhengig av. Vi veit heller ikkje kva som kan vise seg å bli ein viktig ressurs for oss i framtida. Kvar art har ein verdi i seg sjølv, òg uavhengig av kor vidt vi har nytte av han. Derfor vil vi arbeide for å vareta artsmangfaldet, og for eit større medvit rundt dei usynlege kostnadene ved menneskeleg aktivitet i naturen.

I 2010 blei 196 land samde om 20 naturmål (Aichi-måla) for å nå biomangfaldskonvensjonen. Målsetting var å bevare naturmangfald, berekraftig bruk av biologiske ressursar og rettferdig fordeling av godane av genetiske ressursar. Målet var å nå berekraftsmål 14 og 15, om livet på havet og livet på land, allereie i 2020. Vi har berre nådd 4 av 43 delmål og er no alvorleg på overtid. Sentrum vil ta den globale naturkrisa på alvor, redusere vårt økologiske fotavtrykk og prioritere tiltak for å bevare naturen i Noreg.

50 % av dei utrydningstruga artane i Noreg lever i skog. Det er særleg gammalskogen og dødt trevirke som bidrar til artsmangfaldet i skogen. Stortinget vedtok i 2017 at 10 % av skogen skal vernast, men til no har vi verna berre ca. 5 % av han. Minst 10 % av skogen, og då fortrinnsvis gammalskog som oppfyller kriteria for representative biotopar og artsmangfald, må vernast innan 2025. Råka kommunar og grunneigarar bør sikrast ein rimeleg kompensasjon der dette går utover næringsgrunnlag for dei råka partane. Ordninga med "frivillig vern" bør ikkje omfatte eigedomar der ein kompensasjon ikkje blir ført tilbake til kommunane som er direkte råka.



Å restaurere og bygge opp natur, er gode klimatiltak, og kan oppfylle både nasjonale og internasjonale forpliktingar. Restaurering av beite- og slåttemark kan gi råstoff til bioenergi gjennom fjerning av framande artar, samtidig som det aukar biologisk mangfald. Her er svært viktige biotopar for pollinerande insekt, og innskrenking av landområde er sett på som hovudårsaka til nedgangen av desse artane.

Sentrum vil:

- gjere Noreg arealnøytralt, ved å innføre budsjett og rekneskap over forskjellige naturtypar og arealbruk. Det blir innført krav om at villmarkskapitalen ikkje kan reduserast, slik at nedbygging av villmark må medføre restaurering av same mengd villmark av tilsvarande type ein annan stad i same eller nærliggande kommune
- etablere ein nasjonal plan for restaurering av natur, i tråd med Noregs internasjonale forpliktingar. Utvikle nasjonale restaureringsplanar for alle hovudtypar av natur, opprette eit restaureringsfond, og opprette gode tilskotsordningar for skogbruk og jordbruk
- endre kommunanes inntektssystem slik at det blir gitt insentiv til å ta vare på naturmangfald, redusere arealbruk, og redusere klimagassutslepp
- avgrense utbygginga av nye hyttefelt som går utover inngrepsfrie naturområde og beiteområde for husdyr
- auke antalet kvadratkilometer landområde som har nasjonalparkstatus med 20 % neste stortingsperiode
- gjere det vanskelegare å bygge i landskapsvernområde
- skape gode ordningar for å verne og vidareføre kulturlandskap som slåttemarkar, kystlynghei og eng for å oppretthalde eit levedyktig artsmangfald
- forvalte vegkantar, offentlege parker og liknande stader på ein måte som skaper gode kår for pollinerande insekt
- utarbeide ein plan for å fase ut miljøskadelege subsidiar, og unngå å innføre nye subsidiar som kan vere til skade for miljøet
- sikre sterkare vern av naturen og artsmangfaldet i lovverket, om nødvendig òg i Grunnlova. Oppskalere arbeidet med å legge til nye utvalde artar og naturtypar, for å sikre at ein større del av mangfaldet blir varetatt

- motarbeide framande artar i norsk natur
- intensivere arbeidet med å kartlegge all natur i Noreg og fullføre eit nasjonalt økologisk grunnkart innan 2030. Vidare må det sørgast for at kunnskapen blir gjort tilgjengeleg og tatt i bruk av alle relevante aktørar. Kommunikasjon av kunnskapen vil prioriterast for å skape auka forståing for naturen blant avgjerdstakarar og i befolkninga
- sikre levedyktige bestandar av ville dyreartar som høyrer heime i Noreg, og legge til rette for at desse kan leve utan å komme i konflikt med tryggleik og livskvalitet hos menneske og husdyr
- bygge fleire viltovergangar ved veg og jernbane, og skifte ut gjerde som er skadelege for dyra (f.eks. piggtråd)
- verne minst 10 % av produktiv norsk skog, og arbeide for at vi står betre rusta til å avgrense skadeomfanget av skogbrann
- strengare regulering av motorisert ferdsel i utmark, og forbod mot bruk av vasscooter utanfor særleg fastsette område
- styrke innsatsen for naturvern i Noregs utanriks- og utviklingspolitikk, både direkte og indirekte gjennom ivaretaking av naturomsyn på tvers av innsatsområde
- innføre pant på eingongsgrillar
- fase ut, etter kvart forby, soya som blir produsert i område med stort biologisk mangfald, særleg i regnskogsområde

## **Livet i havet**

Vi er ein stor hav- og kystnasjon som forvaltar enorme naturverdiar i Nordsjøen, Norskehavet, Barentshavet og langs heile kysten. Råderetten over desse områda gir oss eit stort ansvar. Vi har vist at god forvaltning av enkelte fiskeartar på lang sikt kan vere både berekraftig og lønsamt.

Livet i havet står overfor tre hovudutfordringar – plastforureining, klimaendringar og havforsuring, og overfiske og miljøpåverknader av fiske. Dette påverkar både havmiljøet og grunnlaget for havnæringar. Å ta vare på havet, som dekker 70 prosent av klodens overflate og inneheld 95 prosent av leveområda på planeten, er å ta vare på oss sjølv. Havet er eit

spiskammers av dimensjonar, ein effektiv fangar av klimagassar og storprodusent av oksygen. Det rommar rike økosystem med eit fantastisk artsmangfald. Havet er eit dynamisk, globalt økosystem som kan komme seg om vi handterer dei utfordringane som i dag utgjer ein trugsel. Det fordrar samarbeid mellom avgjerdstakarar, forskarar, næringsliv og sivilsamfunn. Vi menneske er totalt avhengige av havet. Vi har rett og slett ikkje råd til å øydelegge det.

Stadig fleire forskarar påpeiker at vi no står midt i den sjette masseutryddinga av dyreliv på jorda. Berre sidan 1970 har vi tapt rundt  $\frac{2}{3}$  av dyrelivet. I havet har rundt  $\frac{1}{3}$  av livet forsvunne i den same tidsperioden. Og utviklinga held fram i feil retning. Situasjonen er i ferd med å bli kritisk for ei rekke artar i sjøen og òg for fiskarar, særleg i fattige land, som opplever svart hav der dei før kunne få gode fangstar. Trenden er at hava blir stadig varmare, surare, tommare og fattigare på liv. Årsakene er mange, men ein viktig fellesnemnar er menneskeleg aktivitet som fører til klimaendringar og havforsuring. Andre aktivitetar som bidrar negativt er forureining, overfiske, oppdrett og råstoffutvinning av olje og mineral.

Planar er lagt, både internasjonalt og i Noreg, for å verne 10 % av havet innan 2020. Vi klarte under 5 %. I Noreg har vi foreløpig klart endå mindre, berre 1-3 % av våre farvatn har status som marine verneområde. Det er eit mål at vi vernar 30 % av havet mot oljeaktivitet, gruvedrift og fiske innan 2030. Verneområda er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit viktig forvaltingsverktøy. Vern av natur må skje gjennom heilskaplege verneplanar som gjeld på tvers av ulike sektorar som har aktivitet langs kysten og på havet. Noreg har verdas nest lengste kystlinje, vår forvaltning av økosystema i våre og internasjonale farvatn blir derfor lagt merke til. Vi har ressursane og kunnskapen til å gå først og vise korleis utviklinga kan bli snudd.

Dumping av gruveavfall i havet kan medføre risiko for utslepp av partiklar (gruveslam) som kan truge lokale biotopar, og gruveavfall i sjø kan medføre risiko for utslepp av miljøgifter direkte og ved at miljøgifter blir løyst opp i sjøen over tid. Deponering av gruveavfall som medfører fare for spreining av gruveslam eller utslepp av miljøgifter, kan ikkje tillatast. Mineralutvinning på havbotnen medfører nokre av dei same risikofaktorane som deponering av gruveavfall.

Dei viktigaste utfordringane for forvaltninga av dei marine økosystema og trugslane mot det biologiske mangfaldet i hava ligg på land. Klimaendringane er i sterk grad drivne av landbaserte aktivitetar. Det er forureining frå land som forårsakar dei største trugslane for det marine miljøet når det gjeld for eksempel plastforsøpling. Det er derfor viktig å sjå på

trugslane for havet på ein heilskapleg måte, slik at òg verknaden på havet frå landbasert aktivitet inkluderast tydelegare i havforvaltinga. Auka mengd CO<sub>2</sub> i atmosfæren er den klart viktigaste årsaka til både temperaturouke og havforsuring. Meir CO<sub>2</sub> i atmosfæren fører til at meir CO<sub>2</sub> blir løyst opp i havet og gir forsuring. Eit surare hav fører til at kalk i havet blir løyst opp. Kalk er særleg viktig for kalkdannande organismar som skaldyr og korallar. Ein kombinasjon av auka havtemperatur, surare hav, forureining og overfiske trugar mange artar.

## **Plast i havet**

Forsøplinga av havet er eit raskt veksande problem. Dersom produksjonen, forbruket og forsøplinga av plast fortset å auke, vil det innan 2050 vere meir plast i havet enn det er fisk. Vi treng eit internasjonalt samarbeid og forpliktande avtalar for å møte utfordringane.

For å unngå at plast hamnar i naturen og etter kvart i havet, er det naudsynt å utvikle pante- og returordningar basert på eit heilskapleg produsentansvar for alle som produserer og importerer plast. Eit slikt system for retur og pant må òg omfatte problemavfall som båtvrak, gamle fiskebruk, forlatne oppdrettsanlegg og mykje meir. I dag kan fiskarar og andre som finn og tar med seg avfall dei finn på, i eller ved havet, risikere å måtte betale for å få levert det som avfall. Dei som på denne måten bidrar til å fjerne plastavfall burde i staden få betalt. Då ville avfall til havs i større grad bli tatt med til eit mottak på land. Noreg er verdsleiande på panteordningar og bør raskt utvikle panteordningar for marint problemavfall. Ei panteordning, eventuelt i kombinasjon med direkte tilskot, kan bli ei kjærkommen ekstraintekt for lag og foreiningar som kan rydde i strandsona på dugnad, og det kan gi økonomisk grunnlag for innsamling frå andre som har utstyr og kompetanse til små og store oppryddingar i strandsona. Dette kan kombinerast med å sette av fleire middel til auka aktivitet frå profesjonelle ryddarar.

Sentrum vil:

- at naturmangfaldlova om marint vern må gjelde for alle norske havområde, heilt frå fjæresteinane og ut til og med heile norsk økonomisk sone (200 nautiske mil)
- at berre eit heilskapleg vern etter naturmangfaldlova er godt nok for område som skal ha status som marine verneområde
- styrke naturmangfaldlova ved å gjere vern av utvalde naturtypar og prioriterte artar gjeldande for alle norske havområde

- at det ikkje skal settast i gang ny aktivitet i område definert som særleg verdifulle og sårbare (SVO) i forvaltingsplanane for norske havområde før desse er greidd ut med tanke på marin verneplan
- sørge for eit permanent vern mot petroleumsaktivitet i særleg verdifulle og sårbare havområde, irekna Lofoten, Vesterålen og Senja
- ikkje opne for mineralutvinning på havbotnen i norske farvatn før det er fullt greidd ut som miljømessig forsvarleg – og at Noreg jobbar internasjonalt for å sikre minimum ti års utsetting av all mineralutvinning på havbotn, til konsekvensar for dyreliv og leveområde er fullt ut forstått
- etablere fleire fredingsområde for korallrev, ålegrasenger og andre sårbare naturtypar som er gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr
- arbeide for å få på plass ein eigen handlingsplan for sjøfugl
- jobbe for å få på plass ein juridisk bindande avtale i FN mot plastforsøpling
- jobbe for at Noreg skal bli plastsmart gjennom å forsere arbeidet med å putte platen inn i ein ekte sirkulær økonomi
- arbeide for å innføre eit heilskapleg produsentansvar for alle som produserer eller importerer plast i Noreg, inkludert importørar og seljarar av emballasje, fiskeri- og oppdrettsutstyr
- ha ein nasjonal plan for innsamling, sortering og materialgjenvinning av plastavfall
- styrke infrastrukturar knytt til avfallshandtering i utviklingsland, for å hindre at søpla der endar i havet
- støtte strandryddingar og andre oppryddingar
- utvide panteordningar så fiskarar og andre kan få betalt for å levere marint problemavfall på land. Sørge for mottaksanlegg langs heile kysten
- arbeide internasjonalt for å få innført panteordningar på brukte plastprodukt
- jobbe for å auke andelen ombruksløyser og samtidig redusere bruken av eingongsplast

- redusere spøkelsesfiske gjennom å innføre obligatoriske krav om rapportering for alle som taper fiskeutstyr i havet, innføre krav om teknologi som skal gjere det mogleg å finne att utstyr som er tapt, og skjerpe krav til merking av fiskebruk
- innføre ei obligatorisk registrering av alle fritidsbåtar i Noreg for å redusere talet båtar som endar med å forsøple havet kvart år
- innføre krav om bruk av meir miljøvenleg botnstoff på båtar
- styrke forskning på marin forsøpling
- innføre avgift på ny plast og legge til rette for innovasjon og produksjon av nye produkt av resirkulert plast
- seie nei til deponering av gruvelam og anna problemavfall i marine område, for eksempel Repparfjorden og Førdefjorden

### 3.4 Grøn konkurransekraft

Partiet Sentrum vil vere med å vise veg for ein nyskapande, grøn næringspolitikk. Vi peiker på EUs “European Green Deal”, ein vedtatt plan for satsing på grønne industiar. Noreg treng òg ein grøn avtale. Noreg må plukke ut klima- og miljøvenlege industriområde som verda vil spørje etter i åra som kjem, og utvise ein nasjonal eigarskapspolitikk og -strategi som understøttar denne utviklinga. Gjennom vår grønne vekst- og utviklingsstrategi vil vi skape nye arbeidsplassar og sikre velferdsstatens framtid. Partiet Sentrum vil satse på investering og innovasjon for ei berekraftig utvikling.

Vi må bygge framtidens næringsliv på våre viktigaste ressursar. Den viktigaste ressursen er kompetanse. Vi har mange næringar som er verdslende, og vi har kompetanse innan petroleumsindustrien vi kan dra nytte av i det grønne skiftet. Marine næringar, maritime næringar, kraftproduksjon og kraftkrevjande industri, ressursane frå skogen og kompetansen frå petroleumsindustrien gir oss store moglegheiter for å utvikle ny verdiskaping.

Enova, Innovasjon Noreg og GIEK har viktige roller for utviklinga av framtidens næringsliv.

Enova bidrar direkte med ordningar som skal ta oss i retning av lågutsleppssamfunnet. Innovasjon Noreg bidrar med finansieringsløyser og kompetanse som skal skape vekst og fremme eksport, GIEK stimulerer eksport blant anna med garantiar som reduserer

risikoen for eksportørar. Vi må bruke desse institusjonane, vidareutvikle verkemidla og styrke kapitaltilgangen slik at dei kan spele ei større rolle for å utvikle grøn konkurransekraft.

### **Fremme auka eksport**

Noreg ligg langt bak våre naboland når det gjeld satsing på eksport. Noregs eksportgap har aldri vore større. Ser vi bort frå olje og gass, har knapt noko OECD-land hatt svakare utvikling i eksport enn Noreg dei siste 25 åra. Handelsunderskotet utan olje- og gasseksport er fordobla til 400 milliardar kroner frå 2011 til 2019. Vi må no vri eksportsatsinga over på andre næringar. Samtidig må vi løfte blikket frå Europa til Afrika og Asia.

Norsk, eksportretta næringsliv er ramma av oljeprisfall og korona-pandemi. Noregs eksportfremmeaktivitet og -finansiering må opp på nivå med Sverige og Danmark. Samtidig må næringslivet trekkast sterkare med i fastsettinga av strategiar og mål, og styringa av ressursar og aktivitetar.

Årsakene til svak eksportvekst er samansette og avhengige av kvarandre. Ulike næringar har ulike utfordringar. Felles for fleire næringar er manglande tilgang til kompetanse og manglande eller vanskeleg tilgang til marknad. Nokre næringar manglar òg klare strategiar for nye satsingar med tydelege og sterke verkemiddel for finansiering, rådgiving, skalering og internasjonalisering.

Politikken kan skape rammevilkår og sette mål, men det er næringslivet som skal etablere framtidens verksemder, framtidens arbeidsplassar og sikre eksportinntekter når inntektene frå olje- og gass avtek. Rammevilkåra for utvikling av nye, klimavenlege næringar må utviklast i tett samarbeid med aktørane i næringa.

### **Satse på fornybare energikjelder**

Partiet Sentrum trur på ei framtid der berekraftig energiproduksjon er mogleg. EU har gjennom sin «Green Deal» gjort det tydeleg at samfunnsutviklinga raskt skal gå i ei grønare retning. Sverige og Danmark vil satse tungt på utsleppsfri næringsutvikling i kjølvatnet av koronakrisa. På tross av enkelte suksesshistorier har norsk eksport av fornybar teknologi stått stille, ca. ni milliardar årleg, sidan 2009. Samstundes har den globale fornybarmarknaden hatt ein bratt vekst. Danmark eksporterte grøn teknologi for 105 milliardar i 2019. Partiet Sentrum meiner det er på høg tid at staten og norsk næringsliv tar tak i dette.

### **Stimulere nullutslepps-næringar**

Næringslivet ønsker å levere nullutsleppsløysingar så snart det er etterspørsel.

I svært mange prosjekt er likevel oppstartsrisiken framleis for høg. Næringane må mobiliserast breitt viss vi skal skape ein marknad som kan fostre opp Noregs neste eksporteventyr. Partiet Sentrum vil gjennom politiske vedtak redusere risiko med gode rammevilkår og finansieringsløysingar.

Framtidas vinnarar er bedrifter som leverer nullutsleppsløysingar. Noreg bør omstille og oppskalere den omfattande kompetansen vi har i for eksempel maritime næringar og oljeservicenæringa. Om vi ikkje gjer det, vil vi tape i konkurransen med Sverige, Danmark og Storbritannia, som har meir offensive eksportsatsingar enn det Noreg har.

Sentrum vil:

- sette av 1 % av Oljefondet til eit innanlands investeringsfond slik at vi kan få fart på den grønne omstillinga
- talfeste mål for eksport og prioritere eksportfremmande arbeid sterkare
- auke rammene for Enova og Innovasjon Noreg for å fremme nye klimavenlege løysingar

### **Skipsfart og maritim sektor**

FNs internasjonale sjøfartsorganisasjon har vedtatt at utsleppa frå verdas skipsfart skal halverast innan 2050, noko som med auka etterspørsel og aktivitet betyr ein reduksjon på 70 prosent per skip. Dette er ikkje berre ei enorm utfordring for verdas reiarlag, men òg ein stor sjanse. Veksten i marknaden for nullutsleppsløysingar vil bli eit industrieventyr.

Noreg er stor sjøfartsnasjon med eit sterkt maritimt miljø. Suksessen frå utviklinga av batteriferjer i det norske ferjenettet viser korleis ny teknologi kan oppskaleras når heile verdikjeda og marknaden utviklast i takt.

Aktørane i næringar er klare til å ta i bruk ny teknologi dersom rammevilkåra blir lagt til rette. Skip har lang levetid; viss alle skip som er i bruk i 2050 skal ha nullutslepp, bør alle nye skip byggast med nullutslepp allereie i 2030. Noreg har føresetnader for å vere med å utvikle framtidas skipsfart. Vi har kompetanse og føresetnader knytt til elektrifisering, ammoniakk, hydrogen og berekraftig biodrivstoff. Vi kan bidra til at norsk maritim sektor tar ei leiande rolle ved å utvikle gunstige finansieringsordningar for meirkostnaden knytt til nullutsleppsteknologi



gjennom låneordningar og toppfinansieringsordningar. Vidare må det utviklast ein infrastruktur av fyll- og lademoglegheiter for nærskipfarten.

Sentrum vil:

- sikre investeringsstøtte til bygging av skip med nullutsleppsteknologi og infrastruktur for slike skip i norsk skipsnæring
- tidfeste krav om nullutslepp i norske farvatn for skipfarten
- at nye båtar blir bygd med nullutslepp frå 2030

### **Klimanøytrale industrieventyr**

Eksport av foredla kraft i form av metall og andre produkt frå norsk, kraftkrevjande industri har vore og er ein viktig del av norsk landbasert eksport. Det grønne skiftet må bygge vidare på denne tradisjonen. Prosessindustrien ønsker ei rolle som ei av næringane som skal erstatte inntektene frå olje og gass i framtida, og ser mot nullutslepp i 2050. I rapporten Prosess 21 peiker næringa sjølv på moglegheiter for å nå nullutslepp med satsing på blant anna biomasse, blått og grønt hydrogen, CCS (karbonfangst og lagring), ammoniakk til skipfart og biodrivstoff.

Norsk sokkel kan ha eigenskapar for karbonlagring som overstig ikkje berre Noregs klimautslepp, men òg utsleppa frå forbrenning av olja og gassen vi eksporterer. Om vi kan lukkast med kommersialisering av karbonfangst og lagring, har det eit stort potensial for verdiskaping, arbeidsplassar og inntekter.

Noreg har kompetanse, tilgang til kraft, areal og eit stabilt styresett med føreseielege rammevilkår. I ei verd som skal bli stadig meir klimanøytral vil det vere etterspørsel etter produkt produsert med rein, fornybar kraft, og det vil oppstå trong til nye produkt. Industrien trekker fram at Noreg har fortrinn innan verdikjeder for kritiske råmateriale og materiale, produksjon og resirkulering av batteri, klimanøytrale energiberarar som hydrogen og ammoniakk, teknologi innan karbonfangst og -lagring, etc. Vi må sikre rammevilkår og tilgang til eigna areal for nyetablering slik at Noreg kan vere leiande i utvikling og produksjon innan nye fornybare kraftkrevjande næringar.

Sentrum vil:

- utarbeide ein nasjonal strategi for industriområde med internasjonale konkurransefortrinn, energiforsyning, infrastruktur og kompetansetilgang
- betre rammevilkåra for etablering av ny, klimavenleg kraftkrevjande verksemd
- styrke offentlege finansieringsordningar som kan redusere risiko knytt til etablering av ny grøn verksemd
- Sikre statleg medfinansiering og risikoavlasting i utviklinga av CCS-teknologi

## **Havvind**

Med norsk kompetanse på kraftproduksjon, og på offshore-verksemd, har vi føresetnader for å bli leiande innan havvind – knytt til produksjon av fornybar elektrisk kraft, men òg som eksportør av teknologi. Det vil krevje eit rammeverk for investeringar, eksempelvis statlege ordningar for tilskot og/eller lån, og at område raskt blir gjort tilgjengelege for utbygging. Vi treng ein heimemarknad som grunnlag for å utvikle ei konkurransedyktig næring.

Sentrum vil:

- realisere 3 gigawatt havvind på norsk sokkel innan 2030
- etablere rammeverk og konsesjonsvilkår som gjer det attraktivt å investere i havvind

## **Grøn vekst i marine næringar**

Marin næring er Noregs største eksportnæring etter olje og gass. Moglegheitene for auka verdiskaping og nye arbeidsplassar er store innan fiske, havbruk og vidareforedling.

Sjømatnæringa har som mål å femdoble verdiskapinga til 500 milliardar i året innan 2050.

Sentrum vil legge til rette for ein berekraftig vekst i havbruksnæringa, blant anna ved å legge betre til rette for fullskala utprøving av ny berekraftig teknologi. Det er eit mål å stimulere til meir heilårleg verksemd i landbasert fiskeindustri, blant anna med ordningar som premierer leveransar av eigna råstoff i lågsesong. Marine næringar er meir omtalt i kap. 3.8.

## **Berekraftig reiseliv og turistnæring**

Noreg kan tilby opplevingar av storslått, urørt natur. Naturens stillheit er ein del av opplevinga. Vi kan gi turistar høve til å delta i naturopplevingar gjennom friluftslivsaktivitetar. Noreg er eit føregangsland i å ta vare på naturverdiar.

Partiet Sentrum vil fremme ei berekraftig turistnæring som skaper arbeidsplassar og fremmar lokal kultur og lokale produkt. Turistar er no meir medvitne om at dei ønsker å reise miljøvenleg, og dei føretrekker berekraftige reisemål. Eit grønt reiseliv betyr auka verdiskaping og auka sysselsetting, og det er ei moglegheit for norske reiselivsfirma.

Reiselivsnæringa set miljøstandardar både for dei tilsette og for gjestar. Partiet Sentrum anerkjenner at fleire av dei store aktørane i norsk reiseliv har som mål at veksten innan reiseliv skal vere ein del av løysinga mot eit meir berekraftig samfunn.

Sentrum vil:

- stille tydelege krav til turistnæringa om at ho skal bidra til å realisere berekraftsmåla
- bygge grøn konkurransekraft i norsk turistnæring
- utvikle konseptet nasjonale turistvegar og nasjonale turiststiar, og ha eit tettare samarbeid med operatørar om planlegging av reiseruter mv.
- utvikle betre digitale turportalar, planleggingsverktøy og informasjonstenester på ulike språk for turisme og friluftsliv i Noreg

### **Nye grønne arbeidsplassar i byggesektoren**

Byggesektoren står for 40 prosent av energibruken i Noreg, og endringar er nødvendige for å nå klimamåla. Dei seinaste åra har kunnskapen om miljøvenleg bygging og den tilgjengelege teknologien utvikla seg med stormskritt. Byggteknisk forskrift stiller ikkje tydelege nok krav til klima. Moderne byggeteknikkar må takast i bruk og vidareutviklast. Norsk byggebransje må ikkje henge att i konkurransen med andre aktørar, spesielt i den europeiske marknaden, der eit klimaambisiøst EU legg lista stadig høgare. Strengare krav, som går utover dagens forskrifter, vil gjere det enklare for heile byggenæringa å levere på klima.

Løysingane, kompetansen og marknaden for klimasmarte bygg er allereie her. Statlege oppdragsgivarar må gå fremst og bidra til utvikling av miljøriktig bygging. Det vil gi gjenklang i heile bransjen, bidra til innovasjon og næringsutvikling av grøn teknologi.

Sentrum vil:

- at byggenæringa må bidra til det grønne skiftet. Gjennom livsløpsvurderingar og kunnskapsbaserte val får samfunnet miljøvenlege bygg
- sette krav til reduksjon av klimagassutslepp i alle byggeprosjekt, og til utsleppsfrie byggeplassar
- auke bruken av tre som byggemateriale for å binde meir CO<sub>2</sub> i trevirket og redusere bruken av andre materiale med større klimaavtrykk
- at offentlege tingarar bruker si innkjøpsmakt til å fremme gode klimaval og grøn innovasjon. Ambisiøse miljøkrav blir innarbeidd i kontraktar og standardar
- at byggenæringa i større grad nyttar verktøy som klimagassrekneskap som synleggjer utslepp frå materiale og byggeaktivitet. Slik kan dei største utsleppskjeldene identifiserast og gi grunnlag for erstatning til andre, berekraftige løysingar. Ombruk og gjenvinning av materiale bør bli ein større del av verdikjeda
- at entreprenørane miljøkompetanse blir eit konkurransefortrinn, slik at innovasjon og omstilling blir prioritert av aktørane i bransjen

### **Grøne innkjøp**

Grøne innkjøp gir ein positiv verknad på klima, miljø og menneske, og skaper grøn konkurransekraft. Grå innkjøp fokuserer berre på pris og ein risikerer òg å få leverandørar som ikkje vektlegg klima, miljø og menneskerettar. Ved å stille grønne innkjøpskrav bidrar vi til å vareta miljø, skape innovasjon og konkurransekraft.

Sentrum vil:

- at det offentlege nyttar si innkjøpsrolle til å fremme nullutsleppsløysingar for bygg, transport og anlegg
- at offentlig sektor som innkjøpar bidrar til grøn konkurransekraft

### **Sirkulærøkonomi**

Berekraftig forbruk og produksjon går ut på å gjere meir med færre ressursar. I dag forbruker vi mykje meir enn kva som er berekraftig for kloden. For å nå måla om lågutsleppsøkonomi og oppnå eit berekraftig forbruks- og produksjonsmønster, er det avgjerande med ein meir effektiv bruk av ressursar. I sirkulær økonomi er det fokus på ei meir intensiv utnytting av ressursar framfor å forbruke stadig meir.

«Ein sirkulær økonomi inneber å utnytte ressursar på eit slikt vis at dei gir samfunnet høgast mogleg verdi og nytte lengst mogleg. Dette kan ein oppnå gjennom design for forlenga levetid, auka ombruk, reparasjon, oppgradering og materialgjenvinning i eit kretsløp der færrast mogleg ressursar går tapt.»

Utviklinga mot ein sirkulær økonomi vil gi grunnlag for auka konkurransekraft i etablerte verksemdar samtidig som det blir skapt ny næringsverksemd og dermed òg arbeidsplassar. Etterspørselen etter nye produkt og tenester som følge av omstillinga gir nye moglegheiter både innanfor design, teknologi, digitale løysingar, produksjonsprosessar, lagring og transport – men òg innan returordningar, resirkulering og reparasjon.

Overgangen til ein sirkulær forretningsmodell kan vere både dyr og langvarig for ei bedrift. Ofte er det vesentlege investeringar som må gjerast, slik at omstillinga får store kostnader. Investeringane gir både økonomiske og materielle sparingar på sikt, men kan vere ei første hindring mot ei sirkulær verdikjede.

Trykket er høgt internasjonalt for å sikre overgangen til den sirkulære økonomien. Noreg har ikkje komme like langt i omstillinga som samanliknbare land, og det trengst politisk vilje og handlekraft for å få fart på omlegginga i landet vårt. Næringane treng føreseielege rammevilkår og finansieringsmoglegheiter for å kunne gjere naudsynte investeringar. Samtidig vil kompetanse og tilgang til informasjon blant forbrukarane vere eit viktig premiss for ei nødvendig dreining i etterspurnad og endring av forbruksvanar.

Ein viktig faktor for den sirkulære økonomien er ein berekraftig produksjon og eit forbruk som inneber å minske ressursbruken, miljøødelegginga og klimautsleppa som samfunn og som enkeltpersonar. I vår del av verda forbruker vi meir enn kva som er berekraftig for kloden.

Som ein del av EUs handlingsplan for sirkulær økonomi er det tatt inn punkt for betre ikkje-finansiell rapportering. Dette vil vere essensielt med tanke på at finansnæringa skal kunne gi gode vilkår for finansiering og kapital i dei bransjane og bedriftene som bidrar best til det grønne skiftet og berekraftig økonomi.

Manglande kunnskap og kompetanse om sirkulær økonomi er den viktigaste barrieren på alle nivå i dag. Både hos bedrifter, statlege aktørar og hos politiske styresmakter. Det manglar kunnskap og erfaring på kva politiske tiltak og insentiv som kan hjelpe den sirkulære økonomien framover.

Sentrum vil:

- sikre ein norsk handlingsplan for sirkulær økonomi basert på Europakommisjonenens handlingsplan for sirkulær økonomi
- implementere hensiktsmessig ikkje-finansiell rapportering i tråd med EUs nye Green Deal
- legge til rette for/ ønske velkommen løysingar for delingsøkonomi som samtidig varetar omsyn i arbeidsmiljølova
- fjerne moms på reparasjon, utleige og gjenbruk (brukthandel)
- redusere matsvinn gjennom ei matkastelov og betre informasjon til forbrukar
- ha ei openheitslov som gjer det enklare for forbrukarar å vite korleis produkta er laga
- stimulere utvikling av produkt med lengre levetid og produkt som kan reparerast framfor å bytast ut, eksempelvis gjennom ei merkeordning
- stimulere til utlånsordningar (BUA), byttedagar, organiserte gjenbruksforretningar
- sjå nærmare på ei miljøavgift på import av tekstilar. Ei miljøavgift vil bidra til å legge om forretningsmodellen til kleskjedene og redusere importen av klede.

## **Gründerskap**

Det er viktig å legge til rette for at fleire firma klarer å vekse seg store og solide, og på den måten kan skape mange arbeidsplassar. Her vil vi sikre betre tilgang på risikokapital, støtte og kompetanse.

Sentrum vil:

- satse meir på akseleratorprogram for vekstbedrifter
- styrke kapitaltilgang i tidleg fase av oppstart

- fremme og legge til rette for inkubatorar og klynger som er viktige pilarar og støtte i oppstartsfasar av bedrifter
- sikre at teknologigründerar i Noreg får god tilgang til skaleringskompetanse
- sikre skatteinsentiv, særleg innanfor oppstartsbedrifter som er grønne, berekraftige og sirkulærøkonomiske
- gjere det enklare og mindre byråkratisk for enkeltpersonføretak og SMB-bedrifter
- betre dei sosiale ordningane for sjølvstendig næringsdrivande

### **Klimarisiko og finansiering**

Det er viktig at norske styresmakter følger EUs regelverksarbeid innan miljø- og klimarapportering tett for å sikre ei god implementering av nye reguleringar. Eit tett samarbeid mellom styresmaktene, finansnæringa og andre relevante aktørar vil bidra til betre kunnskapsutveksling og betre implementering av regelverka.

Kravet til og kvaliteten på næringslivets rapportering om berekraft vil vere av stor betydning. Rapporteringsnivå og innhald må vere relevant og konkret. Ein tett dialog med næringslivet, om korleis ein best legg til rette for relevant selskapsrapportering om klima- og miljøforhold, er avgjerande.

Sentrum vil:

- stimulere selskap til å allereie no starte prosessen med å tilpasse seg EUs klassifiseringssystem for berekraftig aktivitet
- at norske bedrifter tar i bruk TCFD-rammeverket i si selskapsrapportering (klimarisiko) i tråd med tilrådinga frå Finans Noreg og Klimarisikoutvalet

### **Skattar og avgifter**

Skattar og avgifter utgjer hovuddelen av finansieringa av alle statens, regionanes og kommunanes oppgåver. Det er eit mål at skattar og avgifter blir utforma slik at det gir gode kår for verdiskaping og sysselsetting, at det bidrar til at det som er lønsamt for samfunnet òg er bedriftsøkonomisk lønsamt, at det fremmar norsk eigarskap, stimulerer til investeringar,

bidrar til omfordeling og mindre skilnader, varetar distriktspolitiske mål og fremmar ei berekraftig, grøn utvikling.

For å vere konkurransedyktige kan ikkje skattlegginga av norske bedrifter konkurrere oss ut i møte med samanliknbare land. Vi ønsker å stimulere til auka investeringar i næringslivet gjennom privat eigarskap for å klare å omstille oss. Målet om å gå frå ein lineær økonomi og over til ein sirkulær økonomi og få til det grønne skiftet krev føreseielege rammevilkår og eit skatte- og avgiftssystem som legg til rette for berekraftig vekst og vidare verdiskaping i framtida. Vi ønsker samtidig ein skattepolitikk som motiverer til arbeid, finansierer velferdssamfunnet og stimulerer til eit berekraftig samfunn.

Formuesskatt, arveavgift og eigedomsskatt er politisk omstridde skattar. Skattane har negative konsekvensar ved at eigarar av verksemdar til dømes kan bli "tvinga" til å ta utbytte for å betale formuesskatt eller at ein ny generasjon må selje andelar av ei verksemd for å betale arveavgift. Samtidig er det ikkje mogleg å oppnå ei utjamning og omfordeling frå dei som har mykje berre med skattlegging av inntekt og overskot. Formuesskatt for norske eigarar inneber ein skatt for norske eigarar som utanlandske eigarar slepp. Men å erstatte formuesskatt med auka skatt på overskot vil gjere det mindre attraktivt å etablere lønsam verksemd i Noreg.

Partiet Sentrum er ope for å vurdere meir bruk av skatt på grunnrente frå næringsverksemd med ekstraordinær fortjeneste når private får ein rett til å hauste av våre felles ressursar eller konsesjon til å drive i ein marknad der staten avgrensar verksemda. Vasskraft, havbruk og petroleumsnæringa er eksempel på næringar som har ei særskild skattlegging utover ordinær skatt på overskot.

### **Økonomisk omfordeling**

Store skilnader i økonomisk vekst har ført til ein kraftig auke i skilnadene i velstand mellom verdas land og mellom befolkninga internt i ein nasjon. Korleis eit land sin økonomiske vekst blir fordelt ut på den enkelte innbyggjar er eit ledd i den interne fordelingspolitikken, og vil vere av betydning for premissane for den vidare økonomiske veksten.

Jo betre fordeling, jo større intern etterspørsel, jo større aktivitet, jo fleire jobbar og derav mindre låginntekt eller fattigdom. Ein god fordelingspolitikk vil dermed vere eit viktig premiss for økonomisk vekst, utvikling og auka levestandard for alle.



Jamn fordeling og små forskjellar har vore eit kvalitetsstempel på velferdssamfunnet vårt. Vi har historisk hatt lågt konfliktnivå i arbeidslivet og høg arbeidsdeltaking. Dette har fremma vekst og velstand. Motsett syner erfaring frå andre land at stor ulikskap kan føre til politisk uro og konflikt, noko som verken stimulerer til vekst eller velstand. Auka forskjellar i økonomi og moglegheiter skaper òg avstand mellom folk. Avstand som skaper skilje og som i sterkare grad set folk i bås eller deler inn i klassar.

Partiet Sentrum ønsker ein fordelingspolitikk som tar vare på kvalitetane i vårt velferdssamfunn, nemleg små forskjellar og høg grad av politisk ro og høg velstand for alle.

Sentrum vil:

- behalde skatte- og avgiftsnivået på om lag same nivået som i dag
- styrke fordelingsprofilen i inntektsskatten med to nye trinn i trinnskatten med høgare skatt for inntekter over anslagsvis 1,2 millionar og 5 millionar
- redusere skatten for inntekter under anslagsvis 400.000
- vidareføre differensiert arbeidsgivaravgift som eit viktig distriktspolitisk verkemiddel
- behalde formuesskatt og auke sats på formuar over 50 millionar
- gjeninnføre arveavgift for formuar over 10 millionar
- vidareføre eigedomsskatt som ei moglegheit for kommunane
- gjennomføre ei grøn skatteomlegging. Delar av inntekta frå auka CO<sub>2</sub>-avgifter bør brukast til lettingar i skattar og avgifter som kjem alle til gode

### 3.5 Anstendig arbeid

Dette kapittelet kan sjåast i samanheng med Del 2 Menneske og berekraft først, kap. 2.14 Like moglegheiter og tilgang til arbeidsmarknaden og kap. 2.11 Lære heile livet.

Arbeidslivet er for alle, og alle skal ha sjansen til å delta etter evne. Partiet Sentrum føreset at alle i Noreg skal kunne tene på arbeidsinnsatsen i samsvar med norske standardar, og kunne leve av arbeidet sitt. Vi ønsker bevaring av den nordiske velferdsmodellen med arbeid for alle, der alle skal kunne leve av inntekta si, utan for store forskjellar, partssamarbeid og

balanse mellom delvis regulert marknadsøkonomi. Arbeidslivet skal pregast av anstendige løns- og arbeidsvilkår.

Grunnleggande tryggleik for eiga inntekt, bustad og velferd er avgjerande for mennesket sin fridom. Den norske samfunnsmodellen har i høg grad fått til dette, men enno er altfor mange som ønsker arbeid, sett utanfor arbeidslivet.

### **Motarbeide faren for langvarig utanforskap blant unge**

Partiet Sentrum meiner det er viktig at Noreg prioriterer innsats for å redusere andelen unge som verken er i arbeid, under utdanning eller opplæring. I fokus må vi særleg ha unge med helseutfordringar og utan vidaregåande opplæring.

Ein del av desse unge har psykiske plager. Dei er for friske til å få eit tilbod i helsevesenet, men for sjuke til å vere i jobb. Senter for jobbmeistring kan vise til svært gode resultat med tanke på å motarbeide langvarig utanforskap. Senter for jobbmeistring har funne koden for korleis ein får unge som elles risikerer utanforskap, når over 80 % av deltakarane er i jobb eller utdanning etter gjennomføring.

Fontenehus samarbeider fleire stader med Nav og bidrar til å redusere at unge blir uføretrygda på grunn av psykiske lidingar. Det å støtte medlemmar med jobb og utdanning er ei prioritert oppgåve ved fontenehus over heile verda. Fontenehus fyller ikkje berre «rehabiliterings-tomrommet» mellom psykiatrien og kommunehelsetenesta. Fontenehus kan òg fylle noko av tomrommet mellom helse og arbeid.

Nesten seks av ti unge fryktar at koronapandemien vil sende aldersgruppa deira ut i langvarig arbeidsløyse. Det må vi som samfunn ta alvorleg. Partiet Sentrum meiner det er ekstra viktig å satse på å inkludere fleire unge menneske i arbeidslivet.

### **Bidra til at fleire unge fullfører vidaregåande skule**

Utanforskap i arbeidslivet blant unge heng saman med utdanningsnivå. Unge utan fullført vidaregåande skule og innvandrarar utgjør ein klart større andel enn dei med fullført vidaregåande eller høgare utdanning. Partiet Sentrum meiner ei styrking av yrkesfaga og dei praktisk-estetiske faga i skulen er vegen å gå. Utdanningssystemet må rette seg meir mot det arbeidslivet faktisk har behov for. Det er eit prioritert mål at fleire må få den

tilrettelegginga dei treng for å fullføre vidaregåande skule. Og nye skulemodellar må prøvast ut.

### **Ein forsterka lærlingepolitikk**

Vidaregåande opplæring med eit yrkesfagleg lærlingeløp sikrar viktig kompetanse vi treng i samfunnet. Strategien om fleire meistarar må følgast opp med god lærlingepolitikk.

Næringslivet ønsker å ta inn lærlingar. I alle handverksbransjar er det eit sterkt ønske om god rekruttering som sikrar kvalitet og kompetanse. Men bedrifta kan ikkje ta hovudansvaret for lærlingeløpet og den vidaregåande opplæringa. Konjunkturar, kostnader og kompliserte ordningar kan gjere at firma finn det vanskeleg å opprette lærlingplassar. Partiet Sentrum meiner vi må prioritere å auke tilgangen til lærlingplassar.

Språk, funksjonsnedsettingar og andre utfordringar i livet kan gjere at ein lærling treng ekstra ressurs og oppfølging. Ekstra behov for oppfølging i ein lærlingsituasjon må følgast opp med ekstra middel inn i lærlingbedrifta, slik at ikkje dette blir eit hinder for lærlingplass og god gjennomføring.

### **Global Jobs Pact**

Initiativet "Global Jobs Pact" ved Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) tar for seg den globale krisa sin sosiale verknad på sysselsetting, og føreslår jobbsentrert politikk som svar på kriser.

Sentrum vil:

- fortsette trepartssamarbeidet om lønsoppgjer og andre arbeidsvilkår
- øymerke middel til Senter for jobbmeistring og på den måten sikre at fleire unge med psykiske helseutfordringar kan komme i jobb
- utvikle og iverksette ein global strategi for sysselsetting av ungdom og innføre «The Global Jobs Pact» utvikla i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen
- motverke strukturar som legg opp til arbeidsgivarars bruk av mellombelse stillingar

- sørge for at det finst både deltidsstillingar og heiltidsstillingar i offentleg sektor, slik at det kan tilpassast den enkelte tilsette sitt funksjonsnivå og behov
- auke andelen heiltidsstillingar i helse- og omsorgstenesta. Jobbe mot ufrivillig deltid
- innføre ein garanti for lærlingplass
- ha ein nasjonal handlingsplan som skal bidra til fleire lærlingplassar
- fjerne arbeidsgivaravgifta på lærlingplassar
- sette inn økonomiske insentiv som gjer det lønsamt å tilsette lærlingar, for eksempel bonusordning for bedrifter når lærlingar oppnår fagbrevet sitt
- at fylkeskommunen dekker naudsynt tilleggskursing når det gjeld språk og andre behov, i heile lærlingeløpet, for å sikre fullføring
- auke ramma til tilskotsordninga til fontenehus og Fontenehus Norge
- legge til rette for at fleire eldre kan stå lenger i jobb
- auke støtta til handelsretta bistand («Aid for Trade») til utviklingsland, særleg til dei minst utvikla landa, blant anna gjennom det styrkte, integrerte rammeverket for handelsrelatert fagleg bistand til dei minst utvikla landa

### **Arbeidslivskriminalitet**

Det er brei semje om at svart arbeid undergrev arbeidsmarknaden og hòler ut velferdssamfunnet vårt gjennom unndraging av skattar og avgifter. For den enkelte som kjøper eller utøver svart arbeid inneber det òg stor strafferettsleg risiko, og at rettar som garanti, reklamasjon, pensjon og sjukepengar går tapt.

Òg offentleg sektor er utsett for arbeidslivskriminalitet. Det er det samla engasjementet frå privatpersonar, næringslivet, fagorganisasjonar og styresmaktene som er avgjerande for å få sett kriminelle ut av spel og for å eliminere svart arbeid og annan arbeidslivskriminalitet.

Handverkarbransjen er klar i sitt ønske om at ROT-frådrag (skattefrådrag for kjøp av handverkertenester i private heimar) vil vere eit målretta tiltak i kampen mot svart arbeid. Ved å gi gode insentiv til å velje kvitt arbeid frå dei som etterspør tenesta, vil ein effektivt kunne sikre handelskjeder som skjer innanfor lovlege og regulerte former.

Handverksbedrifter blir i dag langsam kvelt av konkurransen frå dei svarte aktørane. Bedrifter blir lagt ned eller blir ikkje ført vidare ved generasjonsskifte. Bransjen sjølv uttrykker ønske om å få eliminert den ulovlege verksemda som går føre seg. Ved å få rydda opp i bransjen og sikre trygge arbeidsforhold og gode lønsvilkår vil det gi eit ry som handverkarfaga treng. I ei tid då vi ser ein trend til at stadig fleire søker teoretisk utdanning og masterprogram, trengst det tiltak som gir ungdom grunnar til å sjå ei framtid i dei praktiske handverkarfaga og eit meister-løp.

Øg i andre bransjar kan tilsvarande skattefrådrag innførast – gjennom eit tilsvarande ROS-frådrag for tenester i heimen som reinhald, omsorg og serviceoppdrag som f.eks. hagearbeid osv.

Arbeidslivskriminalitet har grenseoverskridande utfordringar. Europeisk og internasjonalt samarbeid må sikrast stort fokus, og etableringa av European Labour Authority (ELA) må vidareutviklast. Lovverket både nasjonalt og internasjonalt må vere i takt med utviklinga innan bransjane for raskare å demme opp for nye område og metodar for arbeidslivskriminalitet.

Menneskehandel er eit fenomen vi ikkje legg merke til, før du har sett at det eksisterer – og korleis det eksisterer. Ei rekke bransjar er nemnt som risikobransjar, og vi treng kompetanse blant folk flest og strukturar for næringane som set ein stoppar for sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Øg internasjonalt har vi eit ansvar – for å førebygge og stoppe utnytting av barn og vaksne si sårbarheit med tanke på behovet for arbeid som kjelde til inntekt og livsgrunnlag.

### **Utsett for menneskehandel**

Å vere utsett for menneskehandel vil seie at ein har vore utsett for tvang, trugsmål eller utnytting av ein sårbar situasjon, til for eksempel prostitusjon eller arbeid. Det inneber liten eller ingen kontroll over eigen situasjon, avgjerder om eige liv eller framtid. Partiet Sentrum meiner det er viktig å sjå heile mennesket og at samfunnet stiller opp med grunnleggande helse- og velferdstenester.

Sentrum vil:

- ha strengare straffer for arbeidskriminalitet
- at norske og utanlandske aktørar må få like konkurranse- og arbeidsvilkår

- ha nulltoleranse for arbeidslivskriminalitet
- ha allmenngjort løn i risikoutsette bransjar (minstelønssatsar)
- at lønstjuveri blir definert som eit rettsleg omgrep og gjort straffbart
- innføre seriøsitetsbestemmingar knytt til innkjøp og avtalar i alle kommunar og fylke
- sikre operativ kontroll i alle kommunar for å effektivt førebygge og unngå korrupsjon og svart arbeid i det offentlege
- auke ressursane til A-krim-sentera og endre organisering slik at reell leiing og ressursstyring er tilordna eininga
- oppheve teieplikta mellom kontrolletatane for å sikre samanstilling av tverretatleg informasjon og hensiktsmessig heilskapstilnærming i konkrete saker
- gi like fullmakter/heimlar i saker kontrolletatane samarbeider om for å sikre effektivitet i kampen mot arbeidslivskriminalitet
- ha ei godkjenningsordning for bipleiefirma tilsvarande reinhaldsbransjen
- vareta ordningar i drosjenæringa som sikrar ei seriøs og kontrollerbar drift og anstendig løn og arbeidstakarrettar for sjåførane. Drosjenæringa er ein del av vårt kollektive transportbehov
- innføre ROT og ROS-frådrag i alminneleg inntekt for private skattytarar som eit ledd i kampen mot svart arbeid
- sikre gode støttetilbod til personar som sel eller har selt seksuelle tenester med vekt på skadereduserande arbeid. Arbeidet må innebere å legge til rette for alternativ til prostitusjon
- sikre støtte til organisasjonar som kan tilby vern og mellombels bustad i trygge forhold for personar som er utsett for menneskehandel, og deira barn, som for eksempel Kirkens Bymisjon

Sjå òg kap. 4.5 (under "Papirlause og ureturnerbare").

### 3.6 Grøn framkomme og smart mobilitet

Ein solid infrastruktur med gjennomgåande høg og jamn standard er ein føresetnad for busetting og utvikling av næringsliv i alle delar av landet og dannar grunnlag for høg livskvalitet. Både infrastrukturen og transportmidla må utviklast skånsamt ved å spele på lag med naturen, naturmangfaldet, miljø og klima.

Ein framtidsretta samferdselspolitikk skal legge til rette for livskvalitet og lønsam verdiskaping i alle delar av landet. Vi treng tryggare, grønar og betre framkomme. Det er nødvendig med omstilling av transportsektoren på havet, i lufta, på skjenene og på veg.

Noreg er fremst i verda med omlegging til utsleppsfrie personbilar. Denne utviklinga må vidareførast. Samtidig er det behov for statlege insentiv for å fremme overgangen til utsleppsfri transport òg for nyttetransporten. Det er avgjerande å realisere eit nasjonalt nettverk av energistasjonar for tyngre køyretøy tilpassa trafikkmønster og regelverket om køyre- og kviletidsbestemmingar. Det må leggast til rette for både batterielektrisk framdrift, hydrogen og biogass.

Sjølv om vi lukkast med ein overgang til vegtrafikk utan klimautslepp, har vegtrafikken framleis utfordringar med lokal forureining frå svevestøv, naturinngrep ved utbygging, ulukker og at vegtrafikk krev eit stort areal i forhold til mengda gods eller talet personar som blir transportert. Derfor er det framleis eit mål å flytte meir person- og godstransport over til skjenegåande transport. Over litt større avstandar kan heller ikkje vegtransport konkurrere i reisetid med moderne tog.

Norsk jernbane er med få unntak utsleppsfri. Togtransport er sikrere enn bil, det har kapasitet til å frakte langt fleire folk og meir gods i forhold til arealet som er kravd, og det har potensial for langt raskare transport enn vegtrafikk. Med utbygging av høghastighetstog kan vi få reisetider mellom byane i Sør-Noreg som kan konkurrere ut det meste av flytrafikken i Sør-Noreg, og faktisk bli eit reelt alternativ òg for reiser i og til Nord-Noreg. Samtidig vil ei slik utbygging innebere at store delar av landet får reisetider inn til dei store byane som opnar for heilt nye bu- og arbeidsmarknadsregionar, ikkje minst om ein ser det i kombinasjon med moglegheiter for fjernkontor/ heimekontor.

Pandemien i 2020 og 2021 har avdekt ein større fleksibilitet i behovet for personreiser enn vi kjende til, ikkje minst med tanke på omfanget av reiser til og frå jobben. Digitale møte har erstatta mange jobbreiser og svært mange har tatt i bruk heimekontor i større eller mindre omfang. Den fleksibiliteten som er avdekt, synleggjer ei moglegheit for å oppnå betre framkomme gjennom betre ressursutnytting og endring av trafikkmønster som eit alternativ

til å auke kapasiteten på tidspunkta med mest trafikk. Ved å stimulere fleire til å reise utanom rushtida kan kapasiteten for både vegar, tog og kollektivtrafikk elles utnyttast betre – og behovet for å investere i auka kapasitet for dei største trafikktoppene kan reduserast. Om fleire vel å reise utanfor rushtida gir det auka framkomme, både for dei som endrar reisetidspunkt og dei som av ulike grunnar ikkje har same moglegheit.

Mikromobilitet og nye forretningsmodellar endrar transportsektoren og reisemønsteret. Samferdselspolitikken må justerast i tråd med nye moglegheiter. I byane vil moglegheiter knytt til elsparkesykkel, elsykkel, bysyklar, autonome køyretøy, autonome bussar og bildelingsmoglegheiter kunne påverke framtidig transportbehov og utbyggingsbehov.

Utviklinga av intelligente transportsystem med kommunikasjon mellom køyretøy og infrastruktur kan skape ei samhandling mellom køyretøy som legg til rette for både betre utnytting av køyretøyet sin kapasitet, betre trafikkflyt og redusert miljøbelastning.

I store delar av landet er vegen einaste reelle alternativ for gods og for persontransport. Jernbanen finst ikkje overalt, og mange stader har ikkje trafikkgrunnlag for eit kollektivtilbod med tilstrekkeleg frekvens. Behovet for framkomme for folk og gods er likevel stort. Føreseieleg og kort reisetid er viktig for mykje av godstransporten og avgjerande for vekst og verdiskaping i mange av dei næringane som skal gi oss inntekter etter olja. Det handlar om eit godt utbygd stamvegnett, men òg kapasitet på vegane inn til stamvegnettet. Det handlar om trygge vegar, og om kapasitet og frekvens på ferjer.

Det er eit stort potensial for å overføre meir godstransport frå vegen til sjøen. Sjøtransportens fremste fortrinn er transport av store volum over lange avstandar. Det vil krevje infrastruktur i hamnene for omlasting. Òg godstransport til sjøs må leggjast om til utsleppsfri teknologi. Elektrisk framdrift og hydrogen representerer moglegheiter med ulike eigenskapar. På korte strekningar, som dei fleste ferjestrekningar, har elektrisk framdrift stort potensial, og Noreg er leiande i utviklinga av elferjer. Noreg har føresetnader for å bli leiande og etablere ny industri knytt til satsing på hydrogen for transport over lengre strekningar til havs.

Flytrafikken står for uforholdsmessig store klimautslepp. Etter pandemien vil vi truleg ikkje vende tilbake til same reisemønster som før. Det gjeld ikkje minst for arbeidsreiser, der det er både ønskeleg og forventa at digitale løysingar vil overta for ein vesentleg del av dei fysiske møta. I store delar av Noreg er kortbanenettet avgjerande for persontransporten, og korkje veg eller bane utgjer eit alternativ. Noreg må ta ei leiande rolle i utviklinga av elfly som eit utsleppsfritt alternativ for kortare flyreiser.



Sentrum vil:

- utvikle økonomiske verkemiddel som kan stimulere fleire til å forskyve reisa til tidspunkt med mindre kapasitetsutfordringar. Dette gjeld både korte og lengre kollektivreiser og privatbilreiser i område med rushtidsutfordringar
- redusere transportsektorens klimaavtrykk vesentleg innan 2030 og på sikt gjere all transport klimanøytral
- styrke utbygging av ladenettverk for elbilar generelt. Sikre etablering av eit nasjonalt nettverk av lade- og fyllpunkt for hydrogenbasert og batterielektrisk nullutslepps-tungtransport
- bruke offentlege innkjøp til å fremme bruk av nullutsleppsteknologi innan transport, bygg og anlegg
- fremme låg- og nullutsleppsteknologi i varetransport ved redusert sats for bompengar
- vidareføre økonomiske insentiv for elbilar som fritak for moms og eingongsavgift
- utvikle infrastruktur på ein måte som tar vare på sårbare økosystem og biologisk mangfald
- sørge for betre nasjonal koordinering av arealplanlegging og infrastruktur
- avgrense omfanget av nye firefelts motorvegar som legg til rette for auka biltrafikk
- prioritere tryggleik, framkomme, flaskehalsar, godt vedlikehald og jamn vegstandard framfor kapasitetsauke i vegnettet
- arbeide for å realisere lyntog/ høghastighetstog i Noreg med reisetider som kan erstatte flytrafikk mellom dei store byane i Sør-Noreg
- auke jernbanens kapasitet gjennom Oslo med ny sentrumstunnel
- utvide kapasiteten for gods- og persontog med nye dobbeltspor, kryssingsspor og oppgradering av tekniske anlegg
- oppgradere Nordlandsbanen og forsere analyse og planlegging av Nord-Noreg-banen Fauske-Tromsø med plan om byggestart innan 2027
- styrke og utvide nattogtilbodet i Noreg og til Europa med fleire sovevogner og hyppigare avgangar

- akselerere bygginga av dobbeltspor for auka kapasitet og vesentleg redusert reisetid i heile Inter City-triangelen (Halden, Skien, Lillehammer)
- sette i gang bygging av Ringeriksbanen
- gjennomføre samankopling av Sørlandsbanen og Vestfoldbanen
- oppgradere jernbanestrekningane mot Sverige og kontinentet
- innføre krav om saumlaus reise med éin billett og gode overgangar mellom alle kollektivselskap i Noreg
- utvide kapasiteten for kollektivtrafikken i dei største byane
- etablere og utvikle effektive godsterminalar og hamneanlegg for meir effektiv overgang mellom transport på sjø, veg og bane
- fremme omlegging til låg- og nullutsleppsteknologi på skip gjennom etablering av infrastruktur for klimavenleg drivstoff og lading, og tilskots- og låne- og toppfinansieringsordningar knytt til bygging av skip med nullutsleppsteknologi
- innføre sterkare insentiv for å gjere skipsfarten utsleppsfri
- sikre likeverdig tilgang til digital infrastruktur i alle delar av landet
- skrinlegge planane om ein tredje rullebane på Oslo Lufthamn Gardermoen
- sikre godt regionalt samarbeid om fornying og drift av infrastruktur for renovasjon og vatn og avløp
- behalde insentiv for elbil
- arbeide for at offentlege transportmiddel er elektrifisert innan 2030
- erstatte bompengar med prising av veg
- bidra med finansiering til utvikling og tinging av elfly til norsk kortbanenett, og ha ambisjon om å bli verdsléiande på elfly på same måte som på elbil og elektrisk ferjetransport
- stille stadig strengare krav til CO<sub>2</sub>-utslepp frå flyoperatørar på norske lufthamner
- legge til rette for auka sykkelbruk med gjennomgåande sykkelveggar med sykkeltrafikk åtskild frå gåande

- opne for ekstraordinær statleg støtte til bybaneprosjekt i dei største byane
- styrke utviklinga av kollektivknutepunkt utanfor bykjernane
- etablere effektive og miljøvenlege pendlarsamband
- prioritere berekraftig, trafikksikker og menneskevenleg by- og tettstadutvikling framfor hastigheit
- redusere fartsgrenser i tettbygde strøk, særleg rundt skular og barnehagar

### 3.7 Landbruk og bioøkonomi

Landbrukspolitikken skal bidra til lågare klimautslepp, fremme ivaretakinga av natur- og kulturverdiar, inkludert biologisk mangfald, styrke sjølvforsyningsevna og bidra til verdiskaping og arbeidsplassar i heile landet.

Vi vil levere naturen, skogen, fjellet og dyrka mark vidare til neste generasjon i ein betre stand enn slik vi sjølv arva den.

Berekraftsmål 15 omhandlar å verne, restituere og fremme berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, kamp mot ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald. Det er fleire faktorar som legg føringar for korleis vi ønsker å utvikle norsk landbrukspolitikk.

Klimakur 2030 viser at norsk landbruk har eit stort potensial for å redusere utsleppa sine ved å omstille seg frå å produsere store volum kjøt til å produsere meir plantebasert mat. Partiet Sentrum støttar at norsk landbruk gradvis må omstille seg. Trenden gjennom mange år har vore eit auka konsum av kjøt og andre animalske produkt. Nordmenn et i snitt betydeleg meir kjøt og animalske produkt enn det som er tilrådd, både i eit klimaperspektiv og i eit folkehelseperspektiv. Partiet Sentrum ønsker at den norske landbrukspolitikken skal stimulere auka produksjon av grønsaker, korn, frukt og andre vegetabiliske produkt. Ein redusert produksjon av kjøt og animalske produkt bør komme som eit resultat av redusert etterspørsel, og ikkje produksjonsavgrensingar, slik at ikkje redusert produksjon i Noreg fører til auka import av kjøt.

### **Jordbruk**

Landbruket i Noreg sikrar matproduksjon og mattryggleik for befolkninga. Saman med fiske og havbruk er jordbruk, husdyrbruk og skogbruk ei ryggrad for arbeid og levande bygder over heile landet. Produkt frå havet og skogen har òg vore våre viktigaste eksportartiklar lenge før olje- og gassnæringa oppstod. Sentrum vil auke sjølvbergingsgrada og sikre mest mogleg norskprodusert, kortreist og sunn mat.

Vi vil styrke norsk matproduksjon og samtidig gjere den meir klima- og økonomisk effektiv. Det har vore ei utvikling der ein ser at landbruket i dag blir fordelt på stadig færre hender, og at gardar blir slått i hop. Det må vere rom for både små, mellomstore og større bruk for å sikre matproduksjon i alle delar av landet med ulikt ressursgrunnlag. Det må samtidig vere ei merksemd på å gjere landbruket attraktivt for unge som ønsker å etablere seg i næringa ved at ho òg blir økonomisk lønsam.

Privat forvaltning av eigeidom, beiteareal, fiskerettar og jaktmoglegheiter må kombinerast med nasjonale mål som sikrar fordeling og nasjonal berekraft på bestandar og ressursar – og varetar biologisk mangfald, kulturlandskap og levande bygder. Å sikre representative naturområde, økosystem og bestandar av dyr og planter er ein del av denne forvaltninga som må få konsekvensar for alle arealinngrep og bruk av natur. Vi må verne om naturens, vegetasjonens og jordas evne til å lagre karbon og til å beskytte oss mot dei klimaendringane som kjem, og dette må ligge som ein premiss for all bruk av natur.

Berre ca. 3 % av arealet i Noreg er dyrka mark. Dyrka mark blir bygd ned og jordsmonnet blir utsett for tap av organisk materiale og organisk karbon, mindre biodiversitet, meir erosjon og jordskred, pakkingskadar, forureining og forsøling. Sentrum vil jobbe for eit sterkt jordvern, og at dyrka mark må haldast i hevd i heile landet. Alle jordbrukspraksisar som kan bidra til auka karbonbinding i jord, som redusert jordarbeiding, biokol, fangvekstar og beiting, må oppmuntrast, og det må greiast ut ulike støtteordningar som svarer til den karbonbindinga tiltaket bidrar til. Felles for praksisar som aukar karbonlagring i jord er at det òg gir meir biologisk liv i jorda og betre jordstruktur som gjer den meir motstandsdyktig mot både flaum og tørke. Dette er derfor òg viktige grep for å sikre ein motstandsdyktig matproduksjon i møte med aukande klimaendringar.

Landbrukssamvirket må få stabile og føreseielege rammevilkår for å sikre bøndenes inntekt. Eit sterkt og velfungerande landbrukssamvirke er ein føresetnad for å vareta bøndenes posisjon i verdikjeda. Tilgang på nok og kompetent arbeidskraft er ein grunnleggande føresetnad for landbruksnæringa. Etterutdanning for dei som er i næringa er òg viktig.

Andelslandbruk bidrar til kunnskap og interesse for jordbruk, matproduksjon og kosthald i bynære område. Urbant landbruk bidrar til berekraftig byutvikling, auka kunnskap om

berekraftig matproduksjon og auka berekraftig verdiskaping og næringsutvikling – og er eit supplement til det tradisjonelle landbruket og gir barn og vaksne i byen eit sterkare forhold til kor maten kjem frå.

Norske gras- og beiteressursar må utnyttast for å kunne produsere mat frå ressursar som ikkje kan brukast til menneskemat. Norsk kjøtproduksjon frå storfe og småfe basert på aktivt beitebruk er eit viktig bidrag til å halde kulturlandskapet i hevd, og å bevare artsmangfaldet.

Ein stor del av klimautsleppa frå landbruket er metanutslepp frå dyra. Ein meir intensiv produksjon med færre dyr kan isolert sett gi lågare utslepp i den norske klimarekneskapen, men vil med dagens føresetnader innebere ein uønskt auke i bruk av kraftfôr produsert med soya frå Brasil. Bette grovfôr og auka norsk produksjon av råstoff til kraftfôr aukar sjølvbergingsgrada, gir moglegheit for nisjeproduksjon og fleire grøne arbeidsplassar, og vil bidra til reduksjon i utslepp som ikkje inngår i den norske klimarekneskapen.

Sentrum vil:

- arbeide for eit levande landbruk i heile landet og ein livskraftig næringsmiddelindustri med basis i landbruket, og legge til rette for at flest mogleg unge som ønsker det får moglegheit til å satse på eit liv som bonde
- justere tilskotsordningane i landbruket slik at dei i auka grad stimulerer til økologisk drift og andre former for drift som sikrar meir berekraft, karbonbinding i jord, auka biologisk mangfald og større robustheit mot klimaendringar
- styrke grasbasert husdyrhald i distrikta og stimulere til at areala som eignar seg til plantebasert matproduksjon i størst mogleg grad blir brukt til dette
- auke sjølvforsyninga og matvareberedskapen gjennom å legge til rette for auka norsk produksjon av varer vi ikkje er sjølvforsynt med i dag, som korn, frukt og grønt
- stimulere til betre grovfôr- og fôr kvalitet i landbruket, med sikte på lågare klimagassutslepp og auka sjølvforsyning
- stimulere variert produksjon i heile landet og bidra til å oppretthalde kulturlandskapet og ein variert bruksstruktur
- gjeninnføre driftsvansketillegg. Driftsulempar grunna små jordeigar, klimatiske forhold, bratt terreng og veksttid må utjammast med tilskot

- tilskot og støtteordningar må bli vridd frå støtte per produsert eining til støtte til tiltak for andre viktige fellesgode, som beitetilskot for å bevare kulturlandskap og biologisk mangfald
- forsvare genteknologilova, der streng regulering sikrar at utviklinga skjer innanfor klare etiske og helsemessige prinsipp, og utan miljømessige skadeverknader
- sikre matjorda vår gjennom sterkare jordvern, og ta meir omsyn til dyrkbar jord i arealplanlegging. Det må etablerast betre ordningar som sikrar at når matjord unntaksvis går tapt, kan ho erstattast av nytt dyrka areal av same kvalitet
- arbeide for å rekruttere fleire kvinner til landbruket
- stimulere til riktigare bruk av kunstgjødsel i konvensjonelt jordbruk. Stimulere bruk av økologiske metodar som bruk av belgvekstar i vekstskifte, husdyrgjødsel og kompost
- redusere matsvinnet i heile næringskjeda, frå jord til bord. Innføre ei matkastelov og avgift på matsvinn frå daglegvarebransjen
- bidra til at kjeikjøtt og høneikjøtt blir gjort tilgjengeleg for forbrukarane
- auke tilskot og forskingsmiddel gjennom Enova til å produsere biogass av hushaldsavfall og husdyrgjødsel, og legge til rette for produksjon av organiske gjødselprodukt som eit biprodukt av biogassproduksjonen, og etablere tilskotsordningar for bygging av desentraliserte lagringskummer av denne bioresten
- greie ut ei merke-/sertifiseringsordning som viser oppfyljing av kriterium for berekraft for norske jordbruksprodukt, spesielt norsk kjøtt basert på lokale beiteressursar. Klima- og miljøavtrykket må vere forståeleg for forbrukaren og opphavsland må komme klart fram
- ha ein opptrappingsplan for 20 prosent økologisk landbruk i Noreg innan 2030, og offentlege innkjøp skal vere i samsvar med dette
- styrke kompensasjonsordningane og støtteordningane ved avlingssvikt og klimatilpassing
- styrke naturskadeordninga og klimatilpassing i jordbruket
- gjeninnføre beredskapslagring av korn gjennom styrkt gardslagring og styrkt nasjonal silokapasitet
- støtte opp om forskingsinnsatsen på mat og landbruk for å fremme klima- og miljøvenleg matproduksjon og stimulere til auka bruk av framtidretta teknologi i landbruket, her irekna teknologi for meir presisjonsjordbruk. Satse på forskning og utdanning for å ta i bruk ny

kunnskap om meir klimasmart produksjon av mat, og ved resirkulering av avfall og husdyrgjødsel

- opprette ordningar som stimulerer til satsing på nisjeproduksjon og enklare marknadstilgang for produkta, her irekna marknadsordningar som legg til rette for betre tilgang av kortreiste lokale matprodukt i butikkane
- legge til rette for å få meir (lokal) småskala-matproduksjon, eksempelvis gjennom andelsgardar, nabolagshagar og urbant jordbruk
- sikre ei velfungerande marknads- og produksjonsregulering og sikre samvirket si rolle som marknadsregulator. Sikre tilsvarende ordningar for frukt og grønt
- vidareføre forsøk innan regenerativt landbruk
- redusere bruken av plast i landbruket
- styrke velferdsordningane i landbruket som avløysartilskot, sjukepengere rett og moglegheit for tidlegpensjon
- sikre bønder, som sjølvstendig næringsdrivande, inntektsmoglegheit på linje med andre yrkesgrupper blant anna igjennom jordbruksforhandlingar og priser på produkt
- vidareføre bu- og driveplikta, odelsretten og konsesjonslovene som viktige verkemiddel i landbrukspolitikken
- legge til rette for at aktive gardsbruk òg kan nyttast til tilleggsnæringar som Inn på tunet, alternativ skuledag, ettervern og dagtilbod for demente m.m.

## **Skogbruk**

Skog dekker litt over 12 millionar hektar (nesten 38 %) av Noregs landareal. Skogvolumet er tredobla på 90 år. Den årlege skogavverkinga varierer, men hogsten har sidan 1950-talet lege godt under tilveksten. Dette har ført til ei oppbygging av trekapital og eit aukande karbonlager i vegetasjonen i Noregs skogar.

Ifølge regjeringas klimaplan er naturens karbonlager i Noreg på ca. 7 mrd. tonn karbon og 38 % av dette i skog. Ca. 80 % av karbonet i boreale skogar er lagra i jordsmonnet, resten i vegetasjonen. Ved flatehogst fjernast karbonet som er lagra i trevirke. Gjødsling av skog, ungskogpleie, sprøyting og fjerning av hogstavfall vil auke tilveksten og karbonlagring i

trevirke – men òg påverke biologisk mangfald i jorda og auke nedbrytinga av organisk materiale og dermed redusere karbonlagringa i jorda. Det tar lang tid før tilveksten veg opp for tapet av binding i jorda.

Biomasse som blir tatt ut frå skogen, kan erstatte bygningsmateriale med langt høgare klimaavtrykk, eller brukast til framstilling av biobrensel eller bioplast og slik redusere bruken av olje og gass. Bruk av tre som byggemateriale er viktig for karbonlagring, som erstatningsmateriale for stål og betong, og for ei lønsam skognæring.

For å sikre ein fortsett god tilvekst og tilgang til produkt frå skogen i eit langsiktig perspektiv må nyplanting av skog trappast opp. Areala som skal nyttast til nyplanting av skog, skal ikkje vere i konflikt med areal som kan brukast til matproduksjon, eller med verneinteresser.

Ein aktiv skogpolitikk er ein jordnær, konkret og billeg måte å nå klimamåla på. Det er store moglegheiter for offensiv klimainnsats viss det blir lagt opp til auka avverking til optimalt tidspunkt, kombinert med aktiv opptrapping av vern av skog og planting av skog på nye areal.

Sentrum vil:

- gi gode rammevilkår for skogbruket i Noreg, blant anna ved å legge til rette for auka foredling og bruk av trevirke i Noreg og auke forskingsinnsatsen på nye og alternative bruksområde for skogvirke. Vurdere bruk av særordningar for bruk og produksjon av lauvtrevirke
- auke tilskota til skogplanting. Samtidig som trevirke vil kunne erstatte delar av forbruket av fossil energi, vil auka satsing på skog gi betydeleg effekt for sysselsetting og næringsliv i distrikta
- utarbeide ein statleg plan for korleis skogen skal nyttast i klimasamanheng
- at det i samarbeid med skognæringa og råka utmarksnæringar etablerast eit program for godt klimaskogbruk
- stimulere til moderne plukkhogst, i staden for store flatehogstar. Det gir betre kvalitetsvirke, høgare prisar, betre karbonbinding i jordsmonnet og meir naturmangfald
- innføre strengare reglar for driftsformer i skogbruket som vernar om biologisk mangfald og forbyr utplanting av framande artar. Flatehogst må berre tillastast der det har vore flatehogd før



- bruk av sprøytemiddel og tilskot til miljøskadeleg gjødsling i skogbruket må stansast
- skogsatsinga må ikkje øydelegge inngrepsfrie naturområde eller naturskog/ urskog

## Reindrift

Reindrifta er allment anerkjend som ei spesiell samisk næring, og dannar eit viktig grunnlag for å bevare samisk kultur, samfunnsliv og språk. Reindrift som næring, kultur og livsform er unik både i nasjonal og internasjonal samanheng. Reindrifta nyttiggjer seg utmarksressursane i fjellområda, og har potensial for auka verdiskaping. Samanes grunnhaldning til naturen er òg viktig å lære av i lys av ei berekraftig forvaltning. Dei har drive si næringsverksemd i tusenår med svært få spor i landskapet og i pakt med anna dyre- og planteliv. Det er betydelege moglegheiter knytt til vidareforedling av reinkjøtt og biprodukt frå rein, reiseliv og formidling av reindriftssamisk kultur og levesett. Næringas utvikling skal vere basert på tradisjonell kunnskap, ny kunnskap og føreseielege rammevilkår.

Næringas største utfordring i dag er presset på beiteareala. Utbygging av infrastruktur og etablering av nye næringar i utmark et opp beiteland bit for bit. I seinare tid er det særleg vindkraftutbygging som trugar tradisjonell reindrift. Når reindrifta blir truga, er det òg ein direkte trugsel mot reindriftssamanes kultur og levesett.

Sentrum vil:

- behalde eit sterkt vern av reindriftas beiteareal
- at reinbeitedistrikta må sikrast tilstrekkelege ressursar. Distrikta skal kunne vareta reindriftas interesser, og ha moglegheit til å delta aktivt i planprosessar, for å skape gode totalløysingar til beste for alle
- legge til rette for auka verdiskaping av kjøtt og biprodukt, og satsing på kulturformidling og turisme basert på reindrift
- arbeide for ein betre beredskap ved klimaskapte beitekriser
- sikre retten til tradisjonell flytting over landegrensene
- ha ein rovviltpolitikk som ikkje armar ut reindrifta, og ha rovdryrfrie kalvingsområde
- sørge for at lovverket avspeglar samisk rettsoppfatning, nasjonal rettspraksis og internasjonal rett

- legge til rette for ei reindriftsnæring som både er økologisk berekraftig, økonomisk lønsam og ein viktig del av samisk kultur

## **Dyrevelferd**

Partiet Sentrum vil føre ein politikk som fremmar god dyrevelferd og respekt for dyra. Alle dyr har ein eigenverdi, uavhengig av nytteverdien for menneske. Partiet Sentrum vil oppretthalde og utvikle eit godt og strengt regelverk for dyrevelferd, basert på kunnskap om dyras behov.

Dyrevelferda blir sett på prøve innan både landbruk og havbruk. Noreg har betre dyrevelferd og betre dyrehelse enn mange andre land, blant anna gjennom mindre bruk av antibiotika. Krav om lønsemd inneber eit kontinuerleg press på stadig høgare produksjonsvolum og avl mot rasktveksande raser, og kan medføre at dyrevelferd lettare blir tilsidesett.

Dyrevelferd heng òg saman med bondens eiga helse. Gode sosiale og økonomiske rammevilkår, moglegheit for fagleg fellesskap, møteplassar og erfaringsdeling blant bønder kan verke førebyggjande for dyrehelsa.

Sentrum vil:

- føre ein land- og havbrukspolitikk som blir regulert av strenge krav til dyrevelferd
- premiere satsing på dyrevelferd utover minstekrava i lovverket i jordbruksavtalen, og i større grad vektlegge dyrevelferd og dyrehelse i avlsarbeidet
- forby kirurgisk kastrering av hanngris, ettersom det finst gode alternativ
- framleis forby førebyggjande bruk av antibiotika og vekstfremmande middel i dyrefôr
- styrke Mattilsynets rolle i land- og havbruket med tanke på både rådgiving og kontroll, slik at brot på Dyrevelferdslova blir førebygd og handheva
- styrke veterinærtilbodet med meir middel til den kommunale vakttenesta og veterinære reiser, gjennom geografisk differensierte tilskot
- vidareføre forbodet mot oppdrett av pelsdyr og forby import av pels, og sikre føreseielege og gode omstillingstiltak for pelsdyrbønder som må avvikle verksemda si

- føre ein restriktiv politikk for import av husdyr, kjæledyr og planter for å bevare den gode dyre- og plantehelsa i Noreg
- vidareføre politiets arbeid mot dyrekriminalitet gjennom Prosjekt Dyrekrim, og heve strafferamma for dyremishandling til 5 år
- i størst mogleg grad erstatte dyreforsøk med alternative metodar, men tillate bruk av dyr til forskingsformål gitt under strenge etiske retningslinjer
- jobbe for eit forbod mot CO<sub>2</sub>-bedøving av dyr på slakteri, i tråd med faglege råd

## Rovdyr

Ulv, bjørn, jerv og gaupe er alle på Raudlista, noko som betyr at dei i større eller mindre grad står i fare for å bli utrydningstruga. Ulven har status som kritisk truga, bjørn og jerv er sterkt truga og gaupa er sårbar. Jerven har minst 25 prosent av sin europeiske bestand i Noreg. For at bestandar skal vere genetisk levedyktige og unngå langsiktige problem med innavl og tap av genetisk materiale, må dei bestå av minst 500 individ. Rovdyra kjenner ikkje landegrensar, og rovdyrpolitikken i Noreg må sjåast i kontekst med landa rundt oss.

Kulturlandskap og rovdyr er bådø delar viktige for norsk naturmangfald. Noreg skal ha trygge område for beite og samtidig bidra til levedyktige rovviltstammar. Denne todelte målsettinga er grunnlaget for vår politikk, og regelverk og forvaltning skal støtte opp under den. Konflikten mellom beitedyr og rovdyr skapar sterke kjensler, motsetnader og konflikt.

Folk som bur i område med nærleik til rovdyr, føler ofte frykt for seg og sine i det daglege. Dette er ei frykt vi må ta på alvor. Det er viktig å skape tillit til forvaltninga og bidra til større tryggleik for dei som lever med rovdyr tett innpå seg. Dagens konfliktnivå knytt til rovdyrforvaltninga er til hinder for ein god og berekraftig rovdyrpolitikk.

Sentrum vil:

- sikre ein berekraftig rovviltbestand i tråd med Stortingets forlik, naturmangfaldlova og våre internasjonale forpliktingar, og føre vidare den todelte målsettinga om å bådø ha levedyktige rovviltstammar og eit aktivt beitebruk
- ha ei tydeleg og konsekvent soneforvaltning og eit effektivt regime for uttak av rovvilt når det ikkje trugar bestandens overleving

- ha ein høg beredskap slik at tapa av beitedyr skal bli så små som mogleg
- sikre at bestandsmåla blir følgt opp, for å skape tillit mellom befolkning og forvaltning
- sørge for dialog og lokal involvering, der det blir tatt omsyn til at det å leve med rovvilt tett på seg kan medføre ei belastning for både beitenæringa og lokalsamfunnet
- vareta den regionale forvaltninga med rovviltnemnder
- sørge for gode erstatningsordningar ved tap av dyr i landbruksnæring, og for bønder som gjennomfører omstillingstiltak i områda med mest innslag av rovdyr

## **Bioøkonomi**

Bioøkonomi er verksemd basert på det vi har gjort sidan tidenes morgon: hausting og foredling av naturressursar. Innan fiskeri, havbruk, jord- og skogbruk er det eit stort potensial for nye arbeidsplassar og nye næringar, som lagar alt frå nye materiale, mat, energi og medisinar. I dag eksporterer Noreg i høg grad råvarer frå naturen. Meir foredling i Noreg vil gi arbeidsplassar og auke ressursgrunnlaget for verdiskaping i form av mangfaldige ferdigvarer med høg verdi i ein global marknad. Den vil òg skape grunnlag for klimakutt og utvikling av ei global konkurransedyktig leverandørnæring.

Den landbruksbaserte næringsmiddelindustrien er ein sentral del av verdikjeda for trygg mat og kvalitetsvarer til forbrukarane. Den skal ha føreseielege og konkurransedyktige rammevilkår. Dagens sterke maktkonsentrasjon i daglegvarebransjen rammar norske forbrukarar. Det må sikrast ein betre maktbalanse i verdikjeda for mat. Det skal gjelde norske løns- og arbeidsvilkår og norske standardar innan helse, miljø og sikkerheit i norsk jordbruk.

Den norske skogen byr på meir enn ein kan førestille seg. Bruken av produkta frå skogen spenner frå tradisjonelle sagbruk til avansert biokjemi. Ein framtidsretta skogindustri bygger på ei heil verdikjede frå frø og plante til det ferdige produktet. Auka bruk av skogens ressursar er både god industripolitikk og god klimapolitikk. Noreg har gode føresetnader for å bli verdsleiande på å levere kunnskap og tenester rundt trebruk og berekraft kombinert med merkevarebygging. Mange produkt som kan utviklast av biomasse, er alt i bruk innan matproduksjon, helse, bygg og i annan industri. Sentrum vil legge til rette for auka vidareforedling av produkt frå skogen og satse på den grønne bioøkonomien.

Sentrum vil:

- etablere eit Bionova etter modell frå ENOVA med ei grunnfinansiering på 10 milliardar, der årleg avkastning blir brukt til å stø omstillings- og utviklingsprosjekt innan bioøkonomi, grøn jordbruks- og skogbruksteknologi
- etablere mål og program som bidrar til å auke industriproduksjonen basert på bioøkonomi
- styrke Bioøkonomiprogrammet og Treprogrammet i Innovasjon Noreg, og etablere føringar om bruk av norsk trevirke i ordninga "Innovasjon i offentlige anskaffelser"
- favorisere biobaserte produkt som er kortreiste og inngår i ein sirkulær økonomi, til dømes gjennom auka bruk av tre i statlege bygg. Det nye regjeringskvartalet må byggast i tre
- etablere nasjonale mål for fosforgjenvinning, og undersøke verkemiddel for å styrke marknaden for sekundært fosfor. Sjå på moglegheita for bruk av fosfor frå hushaldsavfall, biogassanlegg, slakteriavfall, kloakkslam og fiskeoppdrett som gjødsel i jordbruket, eller andre bruksområde
- utvikle produksjon av proteinfôr til husdyr og fiskeoppdrett på norske ressursar. Fiskemjøl må igjen kunne nyttast som proteinkjelde i husdyrfôr. Oppskalere frå forskning til produksjon basert på bl.a. produksjon av insekt og ulike produkt frå havet og skogen
- gjennomgå rammevilkåra for næringsmiddelindustrien, inkludert bryggerinæringa, for å sikre vidare utvikling av næringa
- kartlegge og sikre nasjonal eigarskap til genetiske ressursar på norsk territorium
- stanse salet av Statskog og bruke Statskog som eit verktøy for industribygging og næringsutvikling
- innføre priskontroll på skogeigedomar slik som for andre landbrukseigedomar, for å sikre spreidd eigarskap og moglegheit for heilskapleg forvaltning

### 3.8 Marine næringar – den blå veksten må vere grøn

Dei norske havområda er meir enn 5 gonger større enn landområda. Noreg som nasjon har eit ansvar for å forvalte desse havområda berekraftig. Dei store havområda og vår lange kystlinje gir oss òg store moglegheiter for verdiskaping i marine næringar. Fisken langs kysten er kanskje den ressursen som gjennom historia i størst grad har forma utviklinga av Noreg som samfunn. I ei verd der vi skal dekke eit veksende behov for mat og samtidig

reducere klimautsleppa og ta vare på det biologiske mangfaldet, vil marine næringar spele ei viktig rolle. Når Noreg skal avvikle petroleumsaktiviteten, vil marine næringar stå for ein sentral del av verdiskapinga vi skal leve av.

Fiskerinæringa er basert på hausting av naturens ressursar. Fiskeripolitikken skal bygge på ei forsvarleg forvaltning av fiskeressursane og legge til rette for verdiskaping, vekst og sysselsetting. Vi treng grøn vekst i ei blå næring. Norsk fiskerinæring er heilt avhengig av eksport til marknader spreidd over heile verda. Marknadstilgang og utviklinga i kjøpekraft i dei viktigaste marknadene er avgjerande for næringas lønsemd. Dei siste åra har det vore ein tydeleg tendens at den landbaserte fiskeindustrien har hatt dårlegare lønsemd enn fiskebåtane. Vekst i fiskerinæringa og auka eksportinntekter for Noreg føreset lønsemd i alle ledd, òg i mottak og vidareforedling.

Fisken tilhøyrer fellesskapen. Kvotesystemet må bygge på dette prinsippet. Havressurslova er blant anna grunnlaget for regulering av fisket gjennom kvoter. Deltakarlova sikrar ein fiskareigd fiskeflåte, og fiskesalslova skal gi rammer for førstehandsomsetning av fisk og grunnlag for dokumentasjon av ressursuttaket. Alle desse tre lovene skal medverke til ei berekraftig og lønsam forvaltning av fiskeressursane, og er viktige for verdiskaping og sysselsetting i kystdistrikta.

Fiskerinæringa har sesongvariasjonar som følge av ulik tilgang til ulike bestandar gjennom året. Det er eit mål å vidareutvikle næringa med meir heilårleg aktivitet. Levandefangst og lagring er eit viktig tiltak. Aktivitet basert på lite utnyttta marine ressursar kan utviklast til ny aktivitet og som supplement til dagens fiskeri. Trålkonsesjonar som er tildelt for å sikre heilårleg drift ved landbaserte anlegg må underleggast eit regelverk som sikrar at denne intensjonen blir varetatt. Det bør vurderast ei ressursrente som kan leggst på eksport av ubehandla, frose råstoff som kan styrke lønsemda ved å foredle meir av fiskeressursane i Noreg og bidra til at meir fisk kjem på land som ferskfisk. Det bør vurderast ordningar som stimulerer dei største båtane til å levere ein større andel av sine kvoter på andre tidspunkt enn hovudsesongen for den mindre kystflåten.

## **Nye moglegheiter**

Utnytting av restråstoff er i stadig utvikling, og representerer moglegheiter for nye, verdifulle produkt. Råstoff som tidlegare har blitt fôr til pelsdyr, blir no foredla til viktige ingrediensar i helsekost og kosttilskot.

Plankton og tang og tare (mikro- og makroalgar) representerer moglegheiter vi så vidt har begynt å undersøke. Med våre store havområde kan tang og tare representere moglegheiter med tanke på matproduksjon, energi og binding av CO<sub>2</sub>. Tareproduksjon er allereie i bruk for å samle næringsstoff frå havbruksanlegg.

## **Havbruk og oppdrett**

Havbruksnæringa har bidratt til kraftig vekst i verdiskaping og sysselsetting langs kysten gjennom dei siste tiåra. Men næringa har òg skapt store utfordringar. Lakselus som rammar vill laks og aure, rømming som medfører risiko for genetisk forureining, utslepp av næringsstoff frå fiskens avføring, overskotsfôr. I tillegg er næringa utsett for ulike fiskesjukdommar. Ein vidare vekst i næringa må baserast på at desse utfordringane blir løyst. I framtida må alle anlegg vere sikra mot rømming og spreining av lakselus, og ikkje sleppe ut meir næringsstoff enn biotopane i havet kan ta imot. Lukka anlegg vil bli sentrale.

Utvikling av ny og meir berekraftig teknologi føreset at teknologien kan prøvast ut òg i fullskala-forsøk og -drift. Det bør leggast til rette for slik teknologiutvikling gjennom tildeling av fleire utviklingskonsesjonar og enklare og raskare saksbehandling av slike søknader. Utvikling av oppdrett av nye artar kan kanskje danne grunnlag for nye industrieventyr på linje med lakseoppdrett. Det vil òg krevje tilgang til testlokalitetar og utviklingskonsesjonar.

Ein vekst i havbruksnæringa føreset at lokalsamfunnet får noko igjen for dei areala næringa legg beslag på. Havbruksfondet varetar berre delvis denne intensjonen, då kompensasjonen er knytt for mykje til vekst i næringa og ikkje gir kompensasjon for eksisterande anlegg. Dei som får disponere konsesjonar tildelt av staten, kan hente ut ein meirverdi og dei legg beslag på område som tilhøyrrer fellesskapen. Det er naturleg at samfunnet krev betaling for dette tilbake til fellesskapen.

Sentrum vil:

- vidareføre hovudtrekka i kvotefordelinga mellom ulike grupper
- avvise omsettelege kvoter for sjarkflåten
- arbeide for å redusere dei negative konsekvensane av botntråling, inkludert forbod mot bruk av botntrål i sårbare område

- innføre sterkare insentivordningar for rømmingstiltak i eksisterande havbruksanlegg og legge til grunn ein nullvisjon for rømming ved tildeling av nye konsesjonar
- stimulere til lågare utslepp av næringsstoff og støtte utvikling av teknologi for bruk av fiskeskit frå oppdrett til gjødsel
- legge til rette for elektrifisering innan kystflåten og havbruksnæringa
- støtte utviklinga av teknologi som varetar kvalitet og forbetrar havproduktas haldbarheit, slik at meir transport kan skje med båt og tog
- støtte utviklinga av nye fôrråvarer med lågare miljøavtrykk. Havbruksnæringa treng fiskefôr som er både næringsrikt, kortreist og fornybart
- støtte tiltak som kan bidra til meir heilårleg aktivitet på land
- vidareføre kvotebonus for levandefangst og lagring
- støtte marknadsordningar som stimulerer til auka fokus på kvalitet
- legge til rette for at mindre fiskebåtar får ha det kystnære fisket i fred frå effektive og lite skånsame trålarar. Både nasjonalt og internasjonalt
- jobbe for å få på plass internasjonale avtalar og kvotetildelingar som sikrar at det klimavenlege, tradisjonelle fisket, som er ein bærebjelke i mange øystatar og kystkulturar, kan overleve
- sikre finansiering til forskings- og utviklingsprogram for marine næringar, og sikre kommersialisering av ny næring basert på tang, tare, plankton og andre lite utnyttta artar
- utvikle ordningar som kan redusere omfanget av uønskt bi-fangst
- etablere eigne restitusjonsplanar for utrydningstruga artar som pigghå, håbrann og vanleg uer, og for bestandar på historisk lågt nivå som kysttorsk og hummar i norske farvatn
- støtte grunnrenteskatt i form av ei areal- eller produksjonsavgift for havbruk som supplement til havbruksfondet



### 3.9 Berekraftige byar og levande lokalsamfunn

Vi bur alle i eit lokalsamfunn, anten det er i ei bygd, ein tettstad eller ei gate i ein større by. Sentrum ønsker ein politikk som skaper lokalsamfunn der det er godt å bu, der folk kan kjenne tilhøyrse, oppleve tillit, delta i samfunnet og realisere sitt potensial. Skal vi bygge berekraftige byar og lokalsamfunn, krev det politisk innsats lokalt, regionalt og nasjonalt. Og vi må ta stilling til kva som skjer i verda rundt oss.

#### **Kommunar og regionar**

Kommunane er kjernen i velferdssamfunnet vårt. Dei har ansvar for ei stor mengd område og fagfelt, som barnehagar, skular, eldreomsorg, primærhelsetenester, vatn, avløp og renovasjon, næringsutvikling, lokalt vegnett, arealforvaltning og samfunnsplanlegging.

Eit viktig kjenneteikn ved det norske kommunesystemet er generalistkommuneprinsippet. Det inneber at alle kommunar har ansvar for dei same oppgåvene og tenestene. Dei seinare åra har kommunane fått tildelt oppgåver som til tider best blir løyst på eit nivå med fleire innbyggjarar enn vi har i mange små kommunar, og fleire oppgåver blir løyst gjennom interkommunalt, regionalt samarbeid. Vi må sikre like tenester over heile landet. Vi har tillit til at kommunane organiserer tenestetilbodet sitt slik at det blir best mogleg for innbyggjarane. Vi vil sikre lokal politisk påverknad på regionalt samarbeid.

Sentrum vil ha tre forvaltingsnivå i Noreg og vi vil styrke regionane som ein regional tenesteleverandør og utviklingsaktør.

Kommunane er tilført stadig nye oppgåver, utan at dei er tilført nok økonomiske ressursar. Det er nødvendig å styrke kommuneøkonomien for å sikre kommunanes moglegheit til å levere gode tenester, styrke vedlikehaldet av bygningar og vegar og ruste opp infrastrukturen for vatn og avløp i møte med klimaendringane.

Staten har gjennomført ei rekke reformer og har ulik regional inndeling for ulike fagområde – vegregionar, politidistrikt, helseregionar, domstolane, regionane. Det bør vere eit mål over tid å samordne den regionale inndelinga mellom ulike statlege institusjonar.

Regionreforma enda med nokre regionar som ikkje representerer naturlege geografiske regionar. Sentrum vil ha ein gjennomgang av konsekvensane av regionreforma, statens eiga regioninndeling og korleis fleire oppgåver kan overførast til fylka.

Sjå også kap. 2.13 Rom for alle: Bustadpolitikk.

Sentrum vil:

- vidareutvikle modellar for å sikre at kommunane har kompetanse på å levere dei tenester dei har eit ansvar for, eksempelvis med interkommunalt samarbeid eller statlege kompetansemiljø. Organiseringa må sikre lokal medbestemming og samtidig vareta kvalitet og fagleg innhald i dei spesialiserte tenestene
- styrke offentleg samarbeid på tvers av kommunar, organisatoriske einingar og forvaltingsnivå
- behalde tre forvaltingsnivå og opne for justeringar av regionreforma sett i forhold til oppgåvefordelinga.

### **Vatn, avløp og renovasjon**

Mange drikkevasskjelder er under press både når det gjeld areal og forureining, og er utsett for naturkatastrofar som ras og flaum. Partiet Sentrum meiner at reint vatn er ein av våre viktigaste ressursar og at Noreg må ha eit strengt regelverk for å ta vare på drikkevasskjelder. Staten må ta eit overordna ansvar for faglege retningslinjer, og gjennomføre tilsyn som sikrar innbyggjarar tilgang på reint drikkevatt og gode sanitærforhold. Kommunane skal ha ansvaret for å vareta areal og infrastruktur for både offentlege og private vassverk. Industri, jordbruk og andre næringar må ta stilling til lover for lokal miljøforureining, og brot på lover må medføre bøter eller andre former for sanksjonar. Å ha reserve-reservoar av reint drikkevatt vil vere ei god løysing for krisehandtering av situasjonar der drikkevasskjeldene blir forureina.

Klimaendringane betyr for Noregs del at vi må forvente meir nedbør og ekstremvêr som flaum, ras og tørke. Fortetting og mindre vegetasjon gjer at mange stader er ekstra utsette. Mange norske byar og tettstader er sårbare og har eit rør- og avløpsnett som er for dårleg haldt ved like – og for dårleg dimensjonert for dagens bruk. Partiet Sentrum ønsker å oppruste infrastruktur og at naturbaserte løysingar som hovudregel skal veljast der det er mogleg.

Kommunane har eit ansvar for å legge til rette, slik at innbyggjarar og hyttegjestar enkelt kan bli kvitt avfallet sitt. Det krev god tilgjengelegheit av returpunkt, med opningstider tilpassa innbyggjaranes behov. Avfall er ressursar på avveggar. Det gjeld når det hamnar i naturen,

men det gjeld òg når avfall ikkje blir tatt vare på og utnytta. Renovasjonspolitikken må bygge på avfallshierarkiet, med avfallsreduksjon, reparasjon, gjenbruk, materialgjenvinning (resirkulering), energigjenvinning og deponering. Målet er å løyse avfallsutfordringar med tiltak så høgt i hierarkiet som mogleg; første steget er å unngå at avfall blir produsert og dernest å reparere og bruke på nytt framfor å kaste.

Sentrum vil:

- at alle kommunar skal ha grundige risiko- og sårbarheitsanalysar som inkluderer drikkevasskjelder og sanitærtilhøve
- at kommunane skal prioritere drikkevasskjelder høgt ved utarbeidinga av arealplanar og ved utbyggingar
- at kommunane blir sikra middel, og pålagt å gjennomføre naudsynte klimatilpassingar
- oppruste rør- og avløpsnett og annan infrastruktur, og prioritere naturbaserte løysingar i dette arbeidet
- stimulere til at det produserast mindre avfall og at avfall som ressurs blir betre utnytta, blant anna gjennom fleire og betre panteordningar, kommersiell vidareforedling og auka ansvar for produsent/importør
- betre utnytting av matressursane i lokalsamfunna
- legge til rette for forsøk med systematisk gjenbruk av overskotsmat

### **Smarte byar**

Byar er komplekse og krev langsiktig og heilskapleg planlegging. I dag er byutviklinga i for sterk grad overlata til marknadskrefter og enkeltaktørar. Sentrum vil at det skal vere ein heilskapleg plan for byutviklinga. Alle bustadområde bør planleggast og utviklast for eit mangfald av menneske i alle aldrar og livssituasjonar. Partiet Sentrum vil auke andelen av bustadmassen som oppfyller krav til tilgjengeleg bustad eller universell utforming, ved å stimulere til oppgradering av eksisterande bustadmasse, og at det blir stilt krav til andel tilgjengelege bustader òg i område med småhusbygning. Norske byar veks, og kollektivsatsinga og trafikkkulturen må møte det aukande behovet i lokalsamfunna.

Smarte samfunn utviklar attraktive byar og regionar, grøn konkurransekraft, teknologi og innovasjonsevne. Dei fleste samfunnsutfordringane vi står overfor, er komplekse. Korkje kommunane, fylkeskommunane eller staten kan åleine løyse utfordringane i samfunnet. Det same gjeld tiltak for utvikling og verdiskaping i distrikta. Vi treng forskning og innovasjon for å få fart på desse områda. Smarte samfunn set innbyggjarane i sentrum og tar i bruk ny teknologi, innovative metodar, samarbeid og det å skape noko saman.

Sentrum ønsker ei inkluderande og berekraftig utvikling av byområde og å støtte ei deltakande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle kommunar. Sentrum vil ha opne og inkluderande byar, med gode møteplassar og nærnatur. Sentrum ønsker heilskapleg byutvikling og bustadpolitikk, kollektivtilbod og likeverdige tenester. Sentrum vil ha gode bumiljø og trygg oppvekst for alle. Sentrum vil motverke sosial og kulturell segregering i storbyane som følge av aukande økonomisk ulikskap. Det er avgjerande at kommunane legg til rette for samskaping og medborgarskap i utviklinga av bymiljøa.

Sentrum vil:

- styrke dei kommunale ressursane til overordna, heilskapleg arealplanlegging der folkehelse, miljø og sosial berekraft blir varetatt
- krevje kommunale arealrekneskapar for naturverdiar, artar, naturtypar, nærnatur, friluftsfunksjonar, folkehelsedimensjonen og klimafunksjonar
- legge til rette for å bygge nært kollektivknutepunkt med bygging tilpassa lokalmiljø
- sikre forskingsmiddel til utvikling av vegkart for grøn konkurransekraft i byar og regionar
- innføre eit krav om kommunalt klimabudsjett og klimarekneskap som verktøy for klimakutt
- bruke plan- og bygningslova som verktøy til meir heilskapleg planlegging
- endre plan- og bygningslova for å sikre at det blir planlagt for miljømessig og sosial berekraft
- gi kommunane myndigheit til å stille krav om ein viss andel «inngangsbillett-bustader» – bustader som blir selt med ein lettare inngang som f.eks. leige-til-eige, som ein del av grunneigarbidraget
- greie ut korleis vi kan utvikle ein tredje, ikkje-kommersiell, bustadsektor og korleis Husbanken kan vere ein del av løysinga

- at byutviklinga skal planleggast heilskapleg og mangfaldig når det gjeld kollektivtransport. Reisekjedene må vere universelt utforma
- avgrense moglegheitene for dispensasjon frå krava i plan- og bygningslova

### **Kultur- og naturarv, nærnatur og sosiale møteplassar**

Biologisk mangfald må oppretthaldast òg i byområda. For å sikre eit mangfald av landskap i og rundt byane er det òg naudsynt å verne fleire buområde og urbane landemerke mot omfattande fortetting. Freding av kulturminne er eit nasjonalt ansvar. Det handlar om å kunne kjenne seg att i omgivnadene sine og ta vare på tilknytninga til byen sin.

Alle bør ha tilgang til trygge, inkluderande og tilgjengelege grøntområde og offentlege rom.

Sentrum vil at lokalmiljøa i byane skal pregast av sosial berekraft med sosial infrastruktur inne og ute, der folk kan bruke liva sine, bygge identitet og tilhørrelse.

Nærnatur må kompensere for meir og meir fortetting for å ta vare på folkehelsa.

Sentrum vil:

- sikre ei variert bygging i storbyane og bevare fungerande, etablerte småhusområde
- frede fleire urbane landemerke, bustadområde og bymiljø som kulturminne
- nytte markalova som modell for fleire bynære naturområde
- nybygg bør legge til rette med balkongkasser, og ha grøntareal der ein kan dyrke planter og mat for humler og bier og skape moglegheiter for urbant landbruk
- støtte investeringar i areal og infrastruktur for sosiale treffpunkt og grøntområde
- sikre barnevenlege og bilfrie bustadområde
- legge til rette for urban bustadbygging med parsellhagar
- bevare ein variert og velfungerande vegetasjon i byane, særleg tre og grønne område som styrker omgivnadenes identitet

## Medborgarskap og det å skape noko i lag

Det er viktig å legge til rette for at alle menneske kan påverke sitt liv, sin sosiale situasjon og øve påverknad på avgjerdsprosessar i lokalsamfunnet. Individet si deltaking og medborgarskap i økonomiske, politiske og sosiale aktivitetar er avgjerande for samanhengskrafta i samfunnet og for individet si sosiale inkludering som medborgar. Barn og unges interesser må varetakast betre enn i dag når bu- og nærmiljø blir planlagt og utforma.

Sentrum vil:

- styrke «samskaping» på tvers av sektorar og sikre at sivilsamfunnet ved frivillige organisasjonar, enkeltpersonar og sosiale entreprenørar får vere ein del av løysinga i plan- og byggesaker
- sikre medverknad frå barn og unge i plan- og byggesaker
- styrke den særskilde ordninga for å vareta barn og unges interesser i planlegginga, ved at kommunestyret må utpeike ein namngitt talsperson for barn og unge i kvar kommune. Talspersonen bør ha møte-, tale- og forslagsrett i aktuelle utval
- gjere fleire av anbefalingane frå Rettleiaren for barn og unge i plan og byggesak obligatoriske
- utvikle kommunale rettleiarar for medbestemming som avspeglar lova om medverknad
- bruke bydelane som medverknad-vertskap

### 3.10 Levande distrikt

Ein ny distriktspolitikk må utvide fokus frå å oppretthalde folketal og tilrettelegging for næringsutvikling til berekraftige lokalsamfunn. Det må fokuserast på bulyst, livskvalitet og korleis ein sikrar innbyggerane grunnleggande tenester. Politikken må sørge for at tilgangen til offentlege tenester er god uavhengig av kor i landet du bor, og stimulere til at òg befolkninga i distrikta har tilgang til eit breitt spekter av private tenester innanfor overkommeleg reiseavstand.

Mangfald er eit viktig prinsipp for å sikre berekraftige lokalsamfunn i heile landet. Regionar og kommunar er ulike med tanke på ressurstilgang, næring og folketal; Sentrum ønsker å

finne gode regionale løysingar, på premissane til byane og distrikta. Det er viktig å ta vare på eigenarten til både byar og distrikt for å få til dette.

Byane og distrikta har ulike kvalitetar som er viktig at ein tar på alvor. Partiet Sentrum vil jobbe for at desse kvalitetane blir styrkt. Vi må komme oss bort ifrå å sjå på byane som fiende og bilete på distrikta der ein ikkje kan leve det same gode livet som i byane.

Dei sentraliserande kreftene i økonomien og politikken er sterke. Som ei følge av sentraliseringa har statlege arbeidsplassar forsvunne ut av stadig fleire lokalsamfunn, og viktig kompetanse har blitt borte. Sentrum vil fremme ein heilskapleg strategi for statleg nærvær i regionane. Dette vil sikre velferdstenester nær befolkninga, og offentlege etatar og institusjonar vil då bidra til lokale arbeidsplassar og kompetansemiljø.

Sentrum vil sikre utvikling og vekst i heile landet og langsiktige rammer for næringsliv, transport, busetting, utdanning og velferd.

Sentrum vil:

- ta vare på distriktet sin eigenart og legge til rette for at lokalsamfunnet kan utvikle møteplassar for kultur, næringsutvikling og innovasjon
- styrke tilbodet av desentralisert utdanning for å møte kompetansebehovet som følger av ein stor vekst i talet eldre og pleietrengande i distriktskommunane
- sikre alle ein god lokalbutikk gjennom å styrke og vidareutvikle Merkur-programmet
- styrke forskning på distrikta sine kvalitetar og trendar i samfunnet for å implementere dette i fleire prosjekt for livskraftige lokalsamfunn
- ein meir fleksibel bruk av areal for tilrettelegging av attraktive bustadtomter i område utan stort press på arealbruken
- styrke kommunens rolle overfor frivillige lag og organisasjonar med mål om å få best mogleg «samskaping» i eit lokalsamfunn
- samle ulike offentlege tenester slik at ein får større fagmiljø sjølv om kvar enkelt etat har få tilsette. Fleire statlege stillingar bør lysast ut med moglegheit for kontorstad utanfor hovudkontoret
- gi fylkeskommunar, kommunar og verkemiddelapparatet meir myndigheit til å gjere lokale og regionale vurderingar i arbeidet med å skape nye arbeidsplassar

- vidareføre ordninga med differensiert arbeidsgivaravgift

## **Kompetanse, utdanning og arbeidsmarknad**

Arbeidslivet, både i privat og offentleg sektor, stiller stadig større krav til kompetanse. Ein føresetnad for å lukkast i distriktpolitikken og å sikre eit godt tenestetilbod er at vi klarer å utdanne nok folk. Sentrum meiner at vidaregåande skule, universitet og høgskular er nøkkelfaktorar for å vareta og utvikle berekraftige lokalsamfunn. Sterke fagmiljø i samarbeid med lokalt nærings- og samfunnsliv, vil legge grunnlag for nødvendig mangfald i kompetanse og vidareutdanning, evne til omstilling og tverrfagleg innovasjon.

Desentralisert utvikling av regionale universitets- og høgskulecampusar er grunnleggande for samfunnsutviklinga i ein region. Særleg innan profesjonsfaga er det viktig at statlege utdanningsinstitusjonar har som samfunnsoppdrag å vere til stades med både studietilbod og relevante fagmiljø. Sentrale krav til fagleg konsentrasjon må ikkje gå på kostnad av kontakt og nærleik med kommunar og arbeidsliv.

Dei som følger desentraliserte studium, vel i lang større grad å bli buande og jobbe i distrikta. Det må leggjast til rette for dei som vil flytte til eller tilbake til distrikta etter avslutta studium. Samtidig må det settast inn langt større ressursar for å tilby naudsynt utdanning til folk som ønsker kompetanse, men som av ulike grunnar ikkje ønsker å flytte bort frå staden der dei bur for å studere.

Lokalisering av statlege verksemder er viktig for nærleik til statlege tenester og betyr mykje for arbeidsmarknaden der dei er lokalisert. Det er eit mål at ein større del av statlege arbeidsplassar blir lokalisert utanfor Oslo og dei største byane.

Sentrum vil:

- utvide ordninga med nedskrivning av studielån. Ei utviding kan gjerast målretta, og nyttast for å rekruttere nødvendig kompetanse til område som særskilt slit med rekruttering
- styrke utdanningsinstitusjonar utanfor dei største byane ved å oppretthalde og auke antal studieplassar og sikre god tilgang på rimelege studentbustader
- innføre ei statleg ordning som dekker meirkostnadene når ein student har praksisplass i distriktskommune



- styrke desentralisert utdanning ved å legge betre til rette for både digital og samlingsbasert utdanning
- styrke eit samarbeid mellom utdanningssystemet og næringslivet som vil bidra til kompetanseutvikling for lokalt næringsliv i distriktet
- sikre lokalt samarbeid mellom høgskule og næringsliv for å tilby fleksibel vidareutdanning og innovasjon
- sikre at universitet og høgskular fyller sin rolle som strategisk aktør for å utvikle berekraftige lokalsamfunn – ved at dette blir gjort tydeleg i dei årlege oppdragsbrev/tildelingsbrev
- flytte fleire statlege arbeidsplassar til distrikta. Nye statlege arbeidsplassar skal lokaliserast utanfor Oslo såframt det er mogleg

### **Næringsutvikling og kommunikasjon**

Ein aktiv politikk for å stimulere næringsutvikling og skape arbeidsplassar er avgjerande for å oppretthalde busettinga, og skape ein arbeidsmarknad med valmoglegheiter òg utanfor kommunal sektor. Våre naturressursar er avgjerande for mykje av verdiskapinga som dannar grunnlaget for velferda vår. Det meste av desse naturressursane ligg i distrikta, og ein aktiv distriktpolitikk med busetting i heile landet er avgjerande for at vi framleis skal kunne hauste av desse ressursane og sikre/ skape viktige inntekter for nasjonen. Store avstandar inneber kostnader – i form av tid og pengar. Vi treng god infrastruktur i heile landet.

Både næringsliv og befolkning krev og forventar eit godt og stabilt tilbod av høghastigheitsfiber. Staten bør ta eit større ansvar for å sikre utbygging i område der det ikkje er kommersielt grunnlag for eit fullverdig tilbod. Ny kommunikasjonsteknologi utvidar moglegheita for at mange oppgåver kan løysast uavhengig av lokalisering. Med godt utbygd infrastruktur i form av breiband kan mykje løysast frå heimekontor eller frå mindre kontorfellesskap langt frå verksemdas lokalisering – og med gode kommunikasjonsmoglegheiter kan ein samtidig vere til stades på hovudkontoret når det er nødvendig. Slik kan det opnast nye moglegheiter for pendling utan like mykje reisebehov.

Sentrum vil:

- gjere tilgang til høgkapasitets-internett til ein rett på lik linje med straum. Arbeide for nye teknologiske løysingar, som for eksempel 5G, til heile landet
- prioritere framkomme i alle delar av landet. Bidra til at næringstransport, spesielt av ferskvare, får auka vekt ved prioritering både ved fastsetting av ferjetilbod og prioritering mellom ulike utbyggingsprosjekt
- oppretthalde og utvikle eit flytilbod over heile landet der det ikkje finst gode alternativ

## **DEL 04**

### **EI FREDELEG, RETTFERDIG OG BEREKRAFTIG VERD**

## EI FREDELEG, RETTFERDIG OG BEREKRAFTIG VERD

Partiet Sentrum bygger all vår politikk på menneskerettserklæringa, berekraftsmåla, og prinsippet “Leave no one behind”. Med det som grunnlag, følger òg eit internasjonalt ansvar for noverande og kommande generasjonar sine rettar, og deira framtid. Internasjonalt samarbeid og engasjement er essensielt for oss her i Noreg, i dag og i framtida.

Utfordringane vi i Noreg står overfor er verken unike her til lands, eller problem vi kan løyse innanlands. Berre gjennom samarbeid kan vi nå berekraftsmåla og kjempe mot Klimaendringane. Berre gjennom samarbeid kan vi bidra for å utjamne forskjellar og skape ei meir rettferdig verd. Gjennom samarbeid kan vi bidra til å løyse migrasjonskriser, pandemiar og å styrke arbeidet med å fremme demokrati og menneskerettar. Ei fredeleg, stabil og meir rettferdig verd tener alle land, og er òg avgjerande for Noregs tryggleik.

Noreg har gjennom åra bygd seg opp til å kunne definerast som ei humanitær stormakt. Det er fordi vi har engasjert oss internasjonalt – ikkje minst gjennom engasjementet til norske sivilsamfunnsorganisasjonar og enkeltmenneske sitt ønske om å bety ein forskjell for menneske som ikkje har den velstanden vi har. Vi har ein stolt tradisjon innan bistand og utvikling og er eitt av få land som yter så mykje som 1 prosent av BNI til bistand. Vi har òg vore eit land som har stilt opp for menneske på flukt, ein stolt tradisjon som starta med Fridtjof Nansens store humanitære arbeid for å hjelpe flyktingar på 1920-talet. Noreg har vore ein nasjon som har vore villig til å stille opp og ta imot flyktingar i samband med

flyktningkriser, både med mottak av kvoteflyktingar og asylsøkarar. For Sentrum er det grunnleggande at vi ikkje er oss sjølv nok. Sidan 2. verdskrig har Noreg engasjert seg i internasjonalt samarbeid, vel vitande om at vi som ein mindre nasjon er avhengig av dette i sikkerheitspolitikken. Internasjonalt samarbeid har blitt ein del av DNA-et til Noreg. Dette er òg ein del av DNA-et til Partiet Sentrum.

## 4.1 Ein langsiktig og samstemt utviklingspolitikk

For å kunne utrydde fattigdommen i verda må utviklingspolitikken vere samstemt og sjå dei 17 berekraftsmåla i samanheng. Dette inneber at politikk på andre område ikkje svekker våre utviklingspolitiske mål, og at Noreg opptre i tråd med nasjonale og internasjonale forpliktingar. Berekraftsmåla må innarbeidast i alle planar og budsjett. Vi må samarbeide med andre land, både stat-til-stat, gjennom internasjonale organisasjonar og gjennom sivilsamfunn og folkeleg engasjement. Verda heng saman. Vi er gjensidig avhengig av kvarandre. Partiet Sentrum legg det grunnleggande prinsippet for berekraftsmåla «leave no one behind» – ingen skal utelatast – til grunn for politikken. Målsettinga må gjennomsyre alle delar av utviklingspolitikken.

Å utrydde fattigdom er jobb nummer 1 i ei verd der ressursane og moglegheitene er ulikt fordelt. Før Covid-19-pandemien var det om lag 700 millionar menneske som levde i ekstrem fattigdom i verda, ifølge Verdsbanken. Pandemien fører mellom 110 og 150 millionar fleire ut i ekstrem fattigdom i 2021. FN definerer ekstrem fattigdom som det å leve for under 1,90 dollar dagen. Manglande arbeidsmoglegheiter fører til låg eller inga kjøpekraft. Men fattigdom dreier seg ikkje berre om kjøpekraft. Kvinner og jenter opplever diskriminering og har ofte ikkje moglegheit til å arve, eige jord og ta opp banklån. Naturkatastrofar og klimaendringane rammar dei fattigaste hardast. Svake styresett og lite utbygd skattesystem i mange land fører til at mange ikkje har tilgang til helsetenester og skulegang.

Eit grunnleggande prinsipp for partiet Sentrum er at dei menneska, fellesskapane og samfunna som får bistand skal eige si eiga utvikling. Initiativ og innsats skal ta utgangspunkt i menneska, ressursane, kunnskapen og moglegheitene som finst lokalt. Godt styresett, fungerande skattesystem, fråvær av korrupsjon, likestilling mellom kjønna og fråvær av kjønnsbasert vald, omsynet til miljø, klima og naturmangfald, og klimatilpassa matproduksjon, er viktige føresetnader for fattigdomsutrydding.

Skatteinntekter og eit godt styresett er ein føresetnad for å styrke utviklingslands evne til å finansiere ei berekraftig utvikling og dermed utrydde ekstrem fattigdom. Skattesnytt frå personar og verksemdar med stor makt og kapitalflukt til skatteparadis tappar mange land for verdifulle inntekter. Middel til gode helsetenester og til utdanning kjem i dei fleste land frå staten.

Næringsutvikling skapar arbeidsplassar som dermed løfter mange menneske ut av fattigdommen. Mange land manglar tilgang på energi og stabil straumtilførsel, noko som er eit sterkt hinder for utvikling. Både offentlege og private investeringar er viktige dersom utviklingslanda sitt energibehov skal dekkast.

Tilgang til grunnleggande helsehjelp er avgjerande for å nå berekraftsmålet om god helse for alle. Halvparten av verdas befolkning har ikkje tilgang på fullverdige helsetenester. Millionar av menneske har ikkje råd til helsehjelp, eller blir tvinga ut i armod fordi dei må betale for helsetenester. Noreg må vere ein pådrivar i internasjonalt samarbeid for at alle skal få tilgang til grunnleggande helsehjelp.

Covid-19 er den største globale helsekrise på fleire tiår, både med tanke på tap av hundretusen av menneskeliv og konsekvensane for verdsøkonomien. Kamp mot fattigdom blir ramma. Det blir òg sysselsetting, utdanning, universell helsehjelp og berekraftig utvikling. Responsen på Covid-19 og tilgangen til vaksinar avspeglar ulikskapane i verda og gjer det vanskelegare å nå berekraftsmåla. Noreg har eit moralsk ansvar for å bidra til at alle får tilgang til vaksinar.

Kvar dag dør 16 000 barn av sjukdommar som meslingar og tuberkulose, sjukdommar som vi har vaksinar mot. Vi ser sjukdommar som aids, SARS, ebola og nå truleg òg Covid-19 bevege seg frå dyreliv til menneske og føre til epidemi og pandemi. Aids er hovudårsak til dødsfall blant ungdom i Afrika sør for Sahara. Gjennom berekraftsmål 3 har verdssamfunnet forplikta seg på å utrydde hiv/ aids, tuberkulose, malaria og andre smittsame sjukdommar innan 2030. Sentrum vil styrke vaksinesamarbeidet og sikre tilgang til vaksinar for fattige land. Vi vil auke støtta til sivilsamfunn som driv helseinformasjonsarbeid for å førebygge smitte og motarbeide stigma rundt hiv /aids.

Kvinnehelse har vore eit forsømt område i internasjonal utvikling. Fleire hundre kvinner dør dagleg i samband med graviditet og fødsel, mykje på grunn av manglande tilgang til helsetenester som jordmor, lege, fødestue eller sjukehus. Noreg bør auke støtta til kvinnehelse, sikre kvinners reproduktive rettar og tilgang til trygge helsetenester.

Eit sterkt og mangfaldig sivilsamfunn i utviklingslanda er eit naudsynt supplement til styresmaktene for å oppnå berekraftig samfunnsutvikling. Dei held styresmaktene ansvarlege når det gjeld menneskerettar og er ein føresetnad for ei demokratisk utvikling. Dette er fagforeiningar som krev retten til anstendige løningar og trygge arbeidsplassar, kvinneorganisasjonar som kjempar for retten til å eige jord, og heilt ned på komitéar i landsbyar som krev rett til fødselsattest og rett til skulegang for sine barn. I mange land opplever sivilsamfunnsaktørar at handlingsrommet blir innskrenka og at demokratisk deltaking og ytringsfridom blir svekt. Sivilsamfunnsaktørar, inkludert trusbaserte organisasjonar, har òg god kunnskap om lokale tilhøve, og er viktige samarbeidspartnarar for utvikling. Dei har ofte lokale partnarar som er til stades i dei fattigaste og mest sårbare områda der landet sine styresmakter ofte har lite nærvær.

Mange av dei fattigaste menneska bur og lever i område med høg risiko for politiske konflikhtar, korrupsjon, dårlege kommunikasjonssamband og terror. Då kan det ofte vere krevjande å følge opp bistandsarbeidet og dei krav som følger bistandspengane, som oppfølgings-, kontroll- og rapporteringskrav. Det er viktig å finne ein god balanse mellom tillit og kontroll for å sikre best mogleg forvaltning av bistandspengar, dei best moglege resultata og størst mogleg endring og utvikling for dei som treng det mest.

Dei fattigaste menneska i låginntektsland er dei som er mest utsett for konsekvensane av klimaendringane. Vi må kutte i utsleppa, og langsiktige klimatilpassingstiltak i utviklingsland vil gjere menneske betre rusta til å møte naturkatastrofar og dermed redusere risikoen for fleire fattige. Vern om biologisk mangfald er òg viktig. Sjå del 3 om grøn utvikling.

Noreg er eit lite land, men er rekna som ei humanitær stormakt. Derfor har Noreg relativt stor påverknad i internasjonale spørsmål, og kan både vere ein pådrivar og ein påverkar inn mot andre land og i internasjonale samarbeidsorganisasjonar. Gjennom avgjerdspåverknad («advocacy») må Noreg lytte til stemmene frå det globale sør, prioritere bistandsmiddel til organisasjonar som er særskilt opptatt av å få fram desse stemmene og oppmuntre dei store organisasjonane til å jobbe for at bistandsmottakarar blir mindre avhengig av desse. Det er viktig at ikkje politikarar fremmar politiske eigeninteresser i utviklingspolitikken, men sørger for ein samstemt og kunnskapsbasert politikk som skaper langsiktig utvikling.

Sentrum vil:

- at minimum 1 prosent av BNI årleg skal gå til bistand og utvikling, og arbeide vidare for ei gradvis opptrapping til 1,2 prosent av BNI
- at NORAD skal få fleire ansvarsområde innan utviklingspolitikken

- at bistandsbudsjett skal gå til reell bistand, og ikkje til å dekke utgifter ved mottak av flyktingar i Noreg eller klima-/miljøtiltak som regnskogsatsinga. Dette blir dekt over andre budsjettpostar
- føre ein samstemt utviklingspolitikk som ser dei 17 berekraftsmåla i samanheng, noko som inneber at politikk på andre område ikkje svekker våre utviklingspolitiske mål, og at Noreg opptre i tråd med nasjonale og internasjonale forpliktingar
- ha som målsetting at ingen skal utelatast, og at dette gjennomsyrrer alle delar av utviklingspolitikken
- vidareføre at tildelinga til sivilsamfunn/organisasjonar, over bistandsbudsjettet får unntak frå politiske prioriteringar om å konsentrere bistanden på land og tema
- vidareføre styrking av sivilsamfunn som eit eige utviklingsmål
- bidra til å motarbeide innskrenking av sivilsamfunnet sitt handlingsrom. Aktivt støtte menneskerettsarbeid (advocacy), blant anna gjennom arbeidet i FNs tryggingråd
- vere ein pådrivar overfor andre vestlege land for auka bistand, internasjonalt samarbeid og innovativ bistandspolitikk
- jobbe for at Noreg skal vere ein pådrivar i å stanse ulovleg kapitalflukt og skattesnytt frå utviklingsland gjennom globale og bilaterale reformer
- introdusere kamp mot korrupsjon som eit utviklingsmål
- ta til orde for opprettinga av eit «International Climate Disaster Fund», som kan brukast til skadeavgrensing og tilpassing
- styrke Noregs bidrag til klimafondet (GFC) frå 800 millionar til 1600 millionar innan 2022
- styrke samarbeidet med vaksinealliansen CEPI og GAVI-stiftelsen for å sikre lik tilgang til vaksinar for dei fattige landa
- arbeide internasjonalt for å framforhandle unntak i WTOs patenteringsreglar ved pandemiar og kritiske smittesituasjonar i utviklingsland, for å redusere vaksineprisar slik at vaksinar blir meir rettferdig fordelt
- auke støtta til næringsutvikling som skaper arbeidsplassar i utviklingsland, inkludert mikrokreditt-program

- fremme kvinnehelse, jenter og kvinners rettar og lik rett til utdanning og arbeid
- arbeide for å sikre kvinner trygge reproduktive helsetenester
- arbeide målretta i utviklingspolitikken og i internasjonale forum for å førebygge og motverke kjønnsbasert vald, ikkje minst støtte kampen mot kjønnslemlesting
- gjennom politiske føringar for utviklingsarbeid sikre at kjønnsperspektiv alltid blir varetatt
- arbeide gjennom utviklingspolitikken for å styrke rettane og fremme likestilling for menneske med nedsett funksjonsevne
- arbeide internasjonalt for å få på plass ein mekanisme for gjeldslette for dei fattigaste landa
- jobbe for å trekke Oljefondet ut av alkoholindustrien
- jobbe for transparens i Oljefondets investeringar i utviklingsland

## 4.2 Utrydde svolt i verda

Det er ein menneskerett å ha nok mat. 690 millionar menneske i verda i dag lid av svolt, og talet er aukande. Det er likevel grunn til optimisme. Verda har nok mat til alle. Utfordringa er å fordele ressursane meir rettferdig.

Partiet Sentrum er opptatt av at vi må fordele ressursane og ta vare på maten som blir produsert på ein betre måte enn i dag. Det gjerast ved hjelp av lokal matproduksjon, meir berekraftig produksjon, reduksjon av matsvinn og betre utnytting av jordbruk, skog og fiske.

Feilernæring og usunt kosthald er viktige årsaker til barnedødelegheit og tidleg død blant vaksne. Dei mest utsette for underernæring er barn, gravide og ammande kvinner, og personar som lever i fattigdom og krisesituasjonar. Underernæring fører til utviklingshemming. Her er det avgjerande å tenke på både kortsiktig, humanitær bistand og nødhjelp og på meir langsiktige tiltak som sikrar nok matproduksjon og tilgang til matvarer.

Vi må auke satsinga på landbruk i bstanden for at verdas befolkning skal ha nok mat. Ifølge Verdsbanken og FAO er det 2-4 gonger meir effektivt å kjempe mot fattigdom gjennom landbruk enn gjennom vekst i andre sektorar. Ved å investere i landbruket, gi bønder tilgang til kapital og ressursar, drive med opplæring, legge til rette for organisering av bønder og



skape marknader, vil mange menneske kunne få nok mat. Bie-utvalet tilrådte i 2003 at 15 % av bistanden burde gå til landbruksbistand. I dag er dette nivået omtrent 3-4 %.

Med klimaendringane kjem fleire naturkatastrofar. Fattige land er særleg sårbare når dei inntreffer. Vi har eit særleg ansvar for å bidra til klimatilpassingar og for å minimere skadar. For å få til minst mogleg negativ klimapåverknad, må det satsast på klimasmart og berekraftig landbruk. Det gir relativ god avling, og tar utgangspunkt i tilgjengelege ressursar hos bonden, som organisk materiale, i staden for bruk av kunstgjødsel. Vi må bygge på lokalbefolkningas erfaring og kunnskap.

Regjeringa lanserte i 2019 eit allsidig program for satsing på matsikkerheit med mål om utrydding av svolt fram mot 2030. Det ser på forholdet mellom 1) matproduksjon, 2) verdiskaping og marknad, 3) ernæring og kosthald og 4) politikk og styresett. Planen må følgast vidare opp.

Vi må bidra til ei rettferdig og likeverdig fordeling av gode som følger bruk av genressursar. I dag konkurrerer multinasjonale selskap ut lokale artar og sortar av frø og plantemateriale med patentverna frømateriale. Særleg urfolk sin lokalkunnskap om vekstar og deira bruk må kartleggast og takast vare på før dei forsvinn. Internasjonalt samarbeid og lovverk må sikre at lokale genvariasjonar blir tatt vare på. Fattige må vernast gjennom internasjonale regelverk mot utnytting frå multinasjonale selskap som tar patent på såvarer. Det må vere ordningar som gjer at fattige ikkje kjem i gjeldsforhold til selskapa. I dag tener multinasjonale selskap seg rike på mangelfulle regelverk.

Mangel på reint vatn er ei av årsakene til matmangel og fører til sjukdom og dårlege hygieniske forhold. 1 av 10 menneske i verda i dag har ikkje tilgang på reint vatn. Kvart år døy 1 millionar på grunn av mangel på vatn. Skal berekraftsmåla bli nådd innan 2030, må vi som verdssamfunn sørge for at alle får tilgang på reint vatn og gode sanitærforhold.

Klimaendringane bidrar til aukande tørke og flaum, noko som gjer denne målsettinga endå meir krevjande. Innsatsen må akselerere viss vi skal greie dette. Noreg må i utviklingspolitikken, gjennom land-til-land-bistand og gjennom støtte til sivilsamfunnsorganisasjonar, arbeide for å auke tilgangen til reint vatn og utbygging av sanitæranlegg. Samtidig må vi vere aktive pådrivarar gjennom internasjonale samarbeidsalliansar som FN og WHO.

Sentrum vil:

- styrke nødhjelp til dei mest utsette områda basert på oppdaterte FIES-tal (The Food Insecurity Experience Scale), og i krigsområde i samarbeid med FNs matvareprogram
- konsentrere bevillingar til program som vektlegg ernæring for barn, kvinner og eldre
- sørge for mekanismar som sikrar varsling og mobilisering av ressursar ved svikt i avlingar og dermed forhindre hungersnød
- vere pådrivar for at hjelpeorganisasjonar er til stades i krigsområde og ved konflikhtar, og at samarbeid blir koordinert når det offentlege ikkje fungerer
- støtte og intensivere vekst i landbruket, ved å mogleggjere tilgang på kapital, ressursar, opplæring, organisering og marknader for bønder
- jobbe for at 15 % av bistanden skal gå til landbruk, inkludert bistand via sivilsamfunn
- auke støtta til FAOs satsing på småbønder, til internasjonale og nasjonale bondeorganisasjonar, til forskning retta mot småbønder, til frivillige organisasjonar og institusjonar som jobbar for bønders rettar
- satse på klimasmart og berekraftig landbruk, som tar utgangspunkt i lokale ressursar
- prioritere utviklingsprosjekt med utgangspunkt i lokalbefolkningas erfaring og kunnskap, og særleg urfolk si forståing av økologi og klima
- følge vidare opp programmet for satsing på mattryggleik
- støtte satsing på klimatilpassing i jordbruket
- styrke bevillingar og næringssamarbeid med berekraftig matvareproduksjon i andre land
- støtte arbeid for å redusere matsvinn i verda
- vere pådrivar for at internasjonalt samarbeid og lovverk sikrar at lokale genvariasjonar blir tatt vare på, med særleg vekt på urfolks lokalkunnskap om vekstar
- vere pådrivar for internasjonale regelverk som vernar låginntektsland mot multinasjonale selskap si utnytting – når dei tar patent på såvarer og set landa i gjeldsforhold til dei
- jobbe for internasjonalt regelverk/forbod mot genmanipulering
- støtte bygging av brønnar og betre tilgangen til toalett

### 4.3 Ei fredeleg, rettferdig og velfungerande verd

Verda er avhengig av velfungerande nasjonale og internasjonale institusjonar bygd på tillit. Noreg skal bidra til å skape, vedlikehalde og betre internasjonale avtalar og institusjonar. Vår moglegheit til å bidra til dette bygger ikkje primært på militærmakt, men derimot på “the power of our example”. Ved å utarbeide velfungerande, rettvise og berekraftige løysingar her heime kan vi òg fremme desse løysingane med truverd internasjonalt.

Noreg skal vere ein sjølvstendig pådrivar for ei fredeleg, rettferdig og velfungerande verd. I tillegg til dette nyt vi og verda som heilskap godt av vårt engasjement i FN og andre internasjonale organisasjonar. EU er vår viktigaste handels- og samarbeidspartnar. EØS-avtalen legg grunnlaget for eit godt samarbeid med EU på mange område som er viktige for Noreg og EU. Særleg viktig er samarbeidet om klima og miljø. Samarbeid på tvers av landegrensar er essensielt for å løyse klimakrisa. Her har vi mykje å lære av EU og dei europeiske landa. EUs grønne avtale, og forsøk på grønne modellar for vekst som “doughnut-økonomi” frå Nederland, er forslag Noreg burde lære av ved utforming av ein grøn berekraftig politikk. Partiet Sentrum ønsker at Noreg aktivt skal ta del i internasjonalt arbeid. Anten det er som EØS-medlem, del av FNs tryggingsråd eller som ein truverdig samarbeidspartnar under noverande og framtidige bi- og multilaterale avtalar.

For at nasjonale og internasjonale institusjonar skal kunne sørge for fred og rettferd, er dei avhengige av tillit. Noreg er eit land der kultur, institusjonar og nasjonal identitet er prega av ei høg grad av tillit. Men det tillitssamfunnet vi alle nyt godt av i dag kan ikkje takast for gitt. Vi må styrke kjensla av å vere representert og inkludert, motarbeide sosial ulikskap, og forhindre sterk innverknad frå store firma, multinasjonale selskap og store interesseorganisasjonar. Auka tillit nasjonalt fører òg til auka tillit til Noreg i utlandet, og moglegheita til å påverke andre land og institusjonar ved “the power of our example”. For å kunne nå FNs berekraftsmål på nasjonalt og internasjonalt plan må vi bygge tillit. Både til kvarandre som medmenneske og til internasjonale organisasjonar. Vi må ha alle med på laget. Det er derfor avgjerande for internasjonalt samarbeid og fred at spesielt land utanfor den vestlege verda får påverknad i – og tillit til – internasjonale organisasjonar.

Kommunikasjons- og PR-byrå har i dag stor påverknad på tvers av nasjonale og internasjonale styringsnivå. Men med påverknad må det òg følge ansvar og openheit. På mange område gjer denne bransjen ein viktig jobb for å fremme ulike aktørar si sak. Det er derimot ei utfordring at store nasjonale og internasjonale firma og aktørar blir tilbydd tenester

som gir dei uproporsjonalt stor innverknad og tilgang. I tillegg til dette bidrar “svingdørtendensar” mellom sentrale offentlege institusjonar og private kommunikasjonsbyrå til å tære på samfunnet sin lit til staten. Kommunikasjonsbransjen har ein viktig plass i dagens samfunn, men kan ikkje fortsette å bruke arbeidsmåtar som tærer på tillit og offentleg integritet. Sentrum ønsker ein kommunikasjonsbransje som er open og transparent.

Sentrum vil:

- sikre representativitet i nasjonale og internasjonale institusjonar, eksempelvis med tanke på etnisitet, alder, kjønn, urfolk, minoritetar og geografisk fordeling
- fremme rettsstaten og rettstryggleik gjennom internasjonale institusjonar og ved at nye bi- og multilaterale avtalar blir inngått
- bidra til å motarbeide innskrenking av sivilsamfunnet sitt handlingsrom. Aktivt støtte menneskerettsarbeid (advocacy), blant anna gjennom arbeidet i FN's tryggingråd
- at stat-til-stat-bistanden skal innrettast mot demokratiutvikling, godt styresett og velfungerande skattesystem i utviklingsland
- bidra til å auke tilliten i nasjonale og internasjonale organisasjonar gjennom erfart medbestemming og openheit i alle prosessar
- at Noreg skal bruke «the power of our example» til å vere ein pådrivar for institusjonar prega av tillit, openheit og berekraftige løysingar
- gi målretta støtte eller innføre sanksjonar med sikte på å nedkjempe korrupsjon og bidra til andre tillitsbyggande tiltak
- halde fast ved EØS-avtalen
- introdusere etiske retningslinjer for kommunikasjonsbransjen som blir handheva av eit eige organ etter modellen til f.eks. PFU
- innføre eit lobbyregister med sikte på å auke openheit om influens på politiske prosessar
- styrke karantelova ved å blant anna innføre nokre automatiske og delvis ubetalte karantenar og saksforbod ved overgang mellom ministerpostar og private aktørar i same saksfelt

- forby stortingsrepresentantar å kjøpe og selje aksjar, også gjennom investeringsselskap, så lenge dei er valt inn på Stortinget
- forby statsrådar og statssekretærar å kjøpe og selje aksjar, også gjennom investeringsselskap
- lære av og innarbeide grøn politikk som EUs grønne avtale og “doughnut-økonomi” i nasjonal og internasjonal grøn berekraftig politikk

### **Israel-Palestina-konflikten**

Noreg har hatt eit langvarig engasjement for situasjonen i Midtausten og for å skape fred mellom Palestina og Israel. Noreg har over tid engasjert seg i fredsforhandlingane og la til rette for Oslo-avtalen i 1993. Noreg leier givarlandsgruppa for Palestina.

Konflikten mellom Palestina og Israel har blitt kalla verdas vanskelegaste konflikt og har gått føre seg sidan staten Israel blei etablert i Palestina i 1948. Storbritannia trakk seg då ut av området. Det blei vedtatt ein delingsplan i FNs tryggingråd som delte landet i to statar, medan Jerusalem blei erklært som internasjonal by. Det har vore tiår med krig og konflikt, mange FN-resolusjonar og forsøk på fred. FN har gjentatte gonger fastslått at okkupasjonen av palestinske område er ulovleg og at Israel må trekke seg tilbake til grensene frå 1967.

I tråd med Oslo-avtalen har både Israel og Palestina rett til sjølvbestemming og sikkerheit innanfor internasjonalt anerkjente grenser. Men maktfordelinga mellom landa er svært ujamn, og urettferda overfor den palestinske befolkninga er stor. Palestina har ikkje reelt sjølvstyre over sine territorium. Landegrensene har blitt endra på grunn av israelsk ekspansjon. Partiet Sentrum anerkjenner både Israel og Palestina som suverene statar, med rett til sjølvstyre, juridisk handleevne til å inngå avtalar med andre land, og handlefridom i forholdet til andre statar slik at dei kan selje og kjøpe varer med andre land. Vi trur vegen til fred går gjennom rettferd og ivaretaking av menneskerettar for alle. Verdssamfunnet må fortsette å legge press på Israel om å avslutte okkupasjonen. Som det einaste demokratiet i Midtausten må vi kunne forvente at Israel endrar busettingspolitikken og trekker seg ut av okkuperte område.

Partiet Sentrum meiner at Noreg skal fortsette engasjementet for ei rettferdig fredsløysing gjennom å ha kontakt med baa partar i konflikten. Noreg må bruke sin posisjon som leiar av givarlandsgruppa for Palestina til å støtte betre levevilkår for den palestinske befolkninga, bygge opp demokratiske institusjonar og bygge ut helsevesen og skular.

Sentrum tar avstand frå all form for antisemittisme, Holocaust-forneking og samanblanding av staten Israels handlingar med det jødiske folk og religion. For Sentrum er trusfridom grunnleggande for alle menneske, om det gjeld muslimar, jødar, kristne, eller andre livssyn og religionar.

Sentrum vil:

- at Noreg skal fortsette engasjementet for fred i Midtausten gjennom samarbeid i FN og FNs tryggingråd, i stat-til-stat-dialog og gjennom givarlandsgruppa for Palestina
- ikkje flytte Noregs ambassade til Jerusalem før Jerusalem status er avklart og internasjonalt anerkjent
- gjennom dialog arbeide for at palestinarar og israelarar ikkje formidlar hat eller rasistiske haldningar mot kvarandre gjennom skulebøker
- alle restriksjonar og avgrensingar på medisinsk hjelp, vaksine og tilgang på verneutstyr må få eit opphøyr

#### 4.4 Sikre likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle

Urett og urettferd rammar borgarane, og ei særleg utsett gruppe er dei som står i ein sårbar livssituasjon. Vårt samfunn kviler på tre fundament. Grunnlova § 2 angir desse som "demokratiet, rettsstaten og menneskerettane". Partiet Sentrum vil fremme likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle.

Eit velfungerande demokrati er avhengig av frie og uavhengige medium som får innsyn i styresmaktenes verksemd og som utan hindringar frå styresmaktenes side kan sette kritisk søkelys på deira verksemd. Kjeldevernet er ein sentral rettstryggleiksgaranti og må vernast.

Noreg er rangert som land nummer to i verda når det gjeld rettstryggleik, ifølge World Justice Project (WJP). Noreg er eit land med låg kriminalitet, samanlikna med mange andre land.

#### **Forvaltinga**

Forvaltinga har ansvar for ei riktig og rettferdig saksbehandling. Alle innbyggjarar har rett til å få kunnskap om vedtak som gjeld dei sjølv og klageåtgangen må vere tilgjengeleg, reell og

rettferdig. I ei avansert og byråkratisk forvaltning har språk og kommunikasjonsform blitt meir viktig enn før. Den saka gjeld, må sikrast god informasjon til rett tid, på ein måte som fremmar respekt, gjensidig forståing og dialog. Forvaltinga må bli forplikta til å ta omsyn til innbyggjarar med nedsett språkforståing, nedsett IT-kompetanse eller helsemessige utfordringar som gjer samhandlinga med forvaltinga vanskelegare.

Urfolk har rett til å bli høyrte og delta – i avgjerder, planlegging og gjennomføring av prosjekt som kan påverke retten deira til sjølvbestemming, deltaking, menneskerettar og /eller juridisk, hevdvunnen eller tradisjonell bruk og forvaltning av land og naturressursar, og/ eller deira kultur. Fritt og informert førehandssamtykke (Free, Prior and Informed Consent, FPIC) frå rettshavarane er eit FN-prinsipp som skal følgast i alle tilfelle som gjeld urfolk sine rettar.

### **Politiet og det kriminalitetsførebyggande arbeidet**

Gode levekår førebygger kriminalitet. Partiet Sentrum er uroleg for område der mange barn og unge veks opp i vedvarande låginntekt. Ein sosial bustadpolitikk og ei anstendig minsteløn vil motverke dette, saman med andre universelle og målretta velferdstiltak.

Ustabile buforhold kan gi eit utrygt utgangspunkt i livet. I kombinasjon med skort på trygge og gode verestader for barn og unge på fritida, kan vegen til ei negativ utvikling vere kort. Dagsjobbar og småjobbar til ungdom vil òg førebygge rekrutteringa til kriminelle nettverk som kan tilby "raske pengar".

Partiet Sentrum vil sette mennesket først, og styrke det førebyggande arbeidet saman med ei meir human soning og eit forsterka ettervern. Mangfaldet må òg styrkast i politiet, det er avgjerande for å bygge og bevare politiet sin tillit i befolkninga.

Straffesakskjeda er under stort press, saker om valdtekt og vald i nære relasjonar blir liggande i altfor lang tid i kø i straffesakssystemet. Det lokale politiet sitt nærvær er svekt. Tilsette opplever ikkje at det er nok ressursar til at ein kan gjere jobben sin på ein god måte. Dei meiner den uformelle kontakten med nærmiljøet, som har skapt tryggleik og kjennskap, er sterkt redusert til fordel for ei meir kontrollerande og reaktiv tilnærming.

### **Kriminalomsorga**

Straffegjennomføring må ha hovudvekt på rehabilitering og tilbakeføring til samfunnet. Kriminalomsorga må vareta dei straffedømde og varetaktsinnsettes menneskerettar og ukrenkelege verdi.

Noreg har dei seinare åra lagt ned fleire av sine små og lokale lågsikkerheitsfengsel og erstatta desse med store høgsikkerheitsfengsel, plassert i usentrale område. Partiet Sentrum meiner det må satsast på mindre og tilrettelagde soningsstader som er integrert i lokalsamfunnet. Det vil gjere arbeidet med tilbakeføring enklare.

Noreg har fått internasjonal kritikk for menneskerettsbrota i norske fengsel når det gjeld sosial isolasjon. Mange fengselsbygningar er gamle og i liten grad bygd for å kunne få til aktivitetar og sosial kontakt, noko som gjer at mange innsette ikkje får sosialiseringa dei har krav på.

Når ein er sett fri, treng ein støtte i overgangen tilbake til samfunnet. Oppgåvene og utfordringane kan kjennast overveldande. Heldigvis finst organisasjonar som tilbyr fadderordningar og støtte som førebygger tilbakefall mot kriminalitet og rus.

## **Fri rettshjelp**

Det er statens oppgåve å sikre at rettane staten gir borgarane er reelle. Derfor er det viktig at samfunnet har ordningar for fri rettshjelp. Alle borgarar som blir utsett for myndigheitsinngrep må få moglegheit til å forsvare sine interesser. Denne retten må òg gjelde for asylsøkarar.

Sentrum vil:

- styrke det kriminalitetsførebyggande arbeidet ved å sette inn særskild innsats i område med svake levekår og høg førekomst av barn og unge i låginntektsfamiliar
- tilby langsiktige og heilskaplege exit-program for dei som ønsker å bryte med ekstreme og kriminelle miljø, og la frivillige og ideelle aktørar vere ein del av løysinga
- støtte frivillige og ideelle aktørar som tilbyr unge dags- og småjobbar
- styrke det kriminalitetsførebyggande arbeidet i politiet
- legge føringar for mangfald (etnisitet, kjønn, LHBTI m.m.) blant operativt og synleg politipersonell
- styrke det lokale politiet



- arbeide for at tvangsmiddel aldri blir utøvd i større omfang enn det som er naudsynt
- etablere ei landsdekkande, offentleg, juridisk førstelinjeteneste. Eit lågterskeltilbod der det blir gitt rask gratis juridisk rådgiving, med godt kvalifisert tolketeneste
- arbeide for å sikre ei raskare straffesakspleie – for å auke rettstryggleiken i Noreg, men òg for å forhindre at unge kriminelle blir verande i ein samfunnsmessig utanforskap
- arbeide for å sikre lik tilgang til domstolane for alle som treng det. Ulikskap i ressursar hos partane skal ikkje vere avgjerande
- støtte frivillige organisasjonar og Advokatforeininga for å sikre eit godt nok tilbod om fri rettshjelp
- endre dei økonomiske vilkåra slik at langt fleire enn i dag omfattast av rettshjelpsordninga. Dette inneber å senke eigendelen, særleg for dei med lågast inntekt, og å innvilge fri rettshjelp utan behovsprøving på fleire område enn i dag
- at «Gjenopprettende prosesser» i Konfliktrådet oftare skal nyttast som alternativ til soning, og/ eller som ein del av straffeutmålinga
- auke bemanninga i fengsla og sikre at innsette får tilbod om aktivitetar utanfor cellene og tilstrekkeleg sosialisering
- at fengsel bør ha ein arkitektur og utforming som støttar opp om målsettingane for dagens kriminalomsorg
- tilby alle innsette i fengsel kurs under soning som kan bidra til ein lettare overgang til eit vanleg liv
- at innsette i norske fengsel skal få fleire tilbod om korte arbeidskvalifiserande kurs. I dag prioriterast lovpålagd aktivisering eller oppstykkka undervising i studieførebuande fag som mange ikkje får fullført
- styrke helsetenesta for innsette i norske fengsel
- at dei som er dømt for seksuallovbrot skal introduserast for behandling, og få tilbod om dette under soning
- støtte frivillige organisasjonar som støttar straffedømde tilbake i samfunnet, for eksempel [Wayback](#)

- styrke ettervernet med langsiktige og heilskaplege tiltak, der ideelle og frivillige aktørar får vere ein del av løysinga
- avvike Trandum, og sikre at menneske som ikkje er domfelt ikkje blir internert under fengselsliknande forhold
- ha ei ny vurdering av Noregs praksis med å utvise domfelte utlendingar etter avslutta soning. Dette er i praksis ein dobbeltstraff, og ved nokre tilfelle fører praksisen til brot på barnekonvensjonen: Barn taper kontakt med den av foreldra sine som blir sendt ut av landet

### **Sikre juridisk identitet for alle**

Sentrum vil sikre juridisk identitet for alle, blant anna gjennom fødselsregistrering. Ifølge tal frå FN og Verdsbanken er det over 1 milliard menneske i verda som ikkje har moglegheit til å dokumentere sin identitet. Grunnen er at mange land i verda ikkje har fungerande ordningar for å registrere barn som blir født. Følgeleg vil dei ha vanskar med å kunne syne dokumentasjon på sin opphavlege identitet. Å gi alle ein identitet dei kan identifiserast med, bidrar til tryggare samfunn.

Sentrum vil:

- arbeide for at menneske som av ulike årsaker kjem til Noreg med ukjend identitet, må få ein identitet som sikrar grunnleggande nasjonale rettar og legg til rette for integrasjon og deltaking i samfunnet
- innføre identitetsregistrering, tilsvarande system dei har i Finland og Sverige. Det vil seie at ved opphald på meir enn 5 år med same identitet blir denne varig
- at tvil om identitet ikkje skal gå i arv
- gjere slutt på bruk av opplysingar i sosiale medium i vurdering av opphaldsløyve

## **4.5 Innvandring, integrering og inkludering**

Partiet Sentrum ønsker å fremme heilskapstenking i asyl-, flyktning- og integreringspolitikken. Det er nødvendig både for flyktinganes moglegheiter og samfunnet si evne til å sikre best mogleg integrering.

Eit eksempel på ein asylpolitikk som hemmar integreringa, er regelmessig revurdering av opphaldsstatus og avgrensa tillatingar. Dei som har grunnlag for opphaldsløyve i Noreg, bør bli gitt ein føreseieleg og trygg situasjon her; dagens praksis med opphøyr av flyktningsstatus bør stoppast. Utryggleik trugar integrering.

## **Ein verdig og human asyl- og innvandringspolitikk**

Aldri før har så mange menneske i verda flytta på seg. Nokre flyttar på grunn av ein open og tilgjengeleg arbeidsmarknad, andre for å skape ei betre framtid for seg og sin familie på grunn av fattigdom, og andre igjen flyktar frå alt dei har på grunn av krig, konflikt, forfølging og undertrykking. Vi vil i aukande grad oppleve at folk flyktar på grunn av klimaendringar. Felles for alle er at dei ønsker seg eit betre liv for seg og sin familie. For Partiet Sentrum er det grunnleggande at alle som kjem til landet blir møtt på ein medmenneskeleg måte – med rausheit – ut frå enkeltmennesket sin grunnleggande verdi. Det betyr noko korleis vi møter menneske som av ulike grunnar kjem for å søke eit betre tilvære for seg og familien sin. Noreg har både moglegheiter og ressursar til å vere rausare i møte med menneske på flukt eller på leiting etter ei betre framtid for seg og sine.

Noreg er eit mangfaldig og fleirkulturelt samfunn. Sentrum ser på innvandring som ei styrking og ressurs for Noreg. Integreringa går stort sett bra. Menneske med innvandrarbakgrunn lukkast i aukande grad i skule- og utdanningssystemet. Dei har ein jobb og betaler skatt. Mange har arbeidsoppgåver som er viktige for fellesskapen og er viktige bidragsytarar i lokalsamfunnet.

På nokre område er det utfordringar som må løysast. Rasisme og det framandfiendtlege må aktivt motverkast i alle samanhengar. Alle må få rett til å forsørge seg sjølv, og få lik tilgang til primære tenester som helsehjelp og opplæring. Å bli verdsett for sine ressursar og å bli inkludert bidrar også til at enkeltindivid får lit til vårt felles samfunnsprosjekt. Det gir oss alle tryggleik. Det står framleis mange utanfor arbeidslivet, særleg kvinner. Viktig offentleg informasjon må gjerast lett tilgjengeleg på fleire språk, og norskopplæring må i større grad tilpassast mottakar.

Godt internasjonalt samarbeid legg grunnlaget for ein god innvandringspolitikk. Noreg må stå i front for å fremme eit internasjonalt samarbeid som betre handterer den globale migrasjons- og flyktnings situasjonen og motverkar dei grunnleggande årsakene til at menneske blir drive på flukt. Dette krev humanitær innsats, langsiktig og berekraftig utviklingsarbeid, internasjonalt diplomati og målretta klimainnsats.

Vi må stå opp for flyktningretten og legge til rette for ein ansvarleg og anstendig flyktningpolitikk. Den må vere forankra i anbefalingane frå FNs Høgkommissær for flyktningar og vareta både flyktningane og den økonomiske, økologiske og sosiale berekrafta i landa som tar imot dei. Sentrum vil auke antalet kvoteflyktningar Noreg tar imot.

Alle menneske på flukt har rett til å søke asyl. Vi har plikt til å sørge for ei individuell, human og rettstrygg behandling, der vi følger prinsippa nedfelt i menneskerettskonvensjonane. Vi vil trygge asylinstituttet og retten til å søke om vern for seg sjølv og sine. Sentrum meiner at Noreg skal ta imot fleire asylsøkarar.

Asylpolitikken i Noreg må vere solidarisk òg med andre mottakarland – ikkje minst landa langs Middelhavet. Dei har dei seinare åra opplevd stor tilstrøyming av menneske på flukt. Moria-leiren på Lesbos i Hellas er eit døme på ein krevjande, uverdige situasjon der både Noreg og andre europeiske land må vere villige til å ta imot menneske som søker asyl.

Norsk asyl- og innvandringspolitikk har vore gjenstand for stadige innstrammingar dei seinare åra. Innvandringsregulerande omsyn har i aukande grad trumfa barn sitt beste og menneskelege omsyn. Partiet Sentrum vil vende fokuset tilbake på enkeltmenneska, barna og familiane.

## **Barn på flukt**

Barn på flukt lever under både krevjande og utrygge forhold. Barna er vår framtid. Sentrum vil i utlendingsforvaltinga styrke prinsippet om barnet sitt beste, i tråd med FNs barnekonvensjon artikkel 3. Sentrum meiner Noreg bør prioritere mottak av barnefamiljar og einslege mindreårige asylsøkarar. Det er behov for å redusere saksbehandlingstida og raskare avklare grunnlaget for asyl for barn. Integreringsarbeidet må starte straks, noko som betrar føresetnader for god inkludering i samfunnet.

Einslege mindreårige asylsøkarar er særleg sårbare og må sikrast eit likeverdig omsorgstilbod og dei same rettane som norske barn. Alle barn under 18 år skal vere barnevernets ansvar. Det må òg gjelde einslege mindreårige asylsøkarar.

Ifølge Nasjonal institusjon for menneskerettar (NIM) blir einslege mindreårige asylsøkarar over 15 år utsett for usakleg forskjellsbehandling. Noreg bryt dermed FNs barnekonvensjon.

Øg FNs barnekomité, FNs menneskerettskomité og FNs torturkomité har kritisert Noreg for behandlinga av denne gruppa barn. På bakgrunn av dette vil Sentrum ta initiativ til ein gjennomgang av Noregs behandling av denne gruppa barn gjennom dei siste 20 åra.

Per 2020 hadde 301 barn avgrensa opphaldsløyve fordi dei ikkje har dokumentasjon på eigen identitet. Løyvet blir gitt for eitt år av gongen. Som regel blir det ikkje gjort nokon individuelle vurderingar og ikkje tatt stilling til kva som vil vere til barnets beste. Dette bidrar til at barna må leve i uvisse, og det hemmar integreringa. Sentrum meiner at Noreg må redusere bruken av avgrensa opphaldsløyve av omsyn til barnet sitt beste.

### **Familiegjenforeining må gjerast enklare, raskare og billegare**

Retten til familieliv er ein menneskerett som Noreg pliktar å følge. Noreg har uoverstigelege hindringar og barrierar i søkeprosessen om familiegjenforeining i Noreg, ifølge FNs høgkommissær for flyktingar. Krava for familieforeining er umenneskeleg høge i dag. Det må vere ein grunnleggande rett å kunne stifte familie, eller foreinast med heile sin familie att, utan strenge krav til inntekt eller butid. Det er ofte svært kostbart, og ikkje minst farleg, for familiar i enkelte land å reise for å levere søknad og dokumentasjon til eit norsk utanrikskontor. Her bør det opnast for at personen i Noreg kan skaffe fram dokumentasjonen og levere det med søknaden.

### **Utlendingsforvaltinga**

UDIs saksbehandlingstid for asylsøkarar må reduserast. Dette er viktig av menneskelege omsyn, men òg for å legge til rette for ei rask og god integrering av dei som får opphald. Sentrum er kritisk til den manglande rettstryggleiken i Utlendingsnemnda (UNE), slik den kjem fram iblant anna Graver-utvalets utgreiing frå 2017. Dette dreier seg om at asylsøkarar ikkje får imøtegå UNEs argument og saksframstilling, og at dei sjeldan får høve til munnleg å forklare seg. Risken for galne vedtak kan føre til at asylsøkarar blir tvangsutsendt til reell risiko for forfølgjing. Sentrum vil erstatte UNE med eit nytt klageorgan som varetar asylsøkarars rettstryggleik.

### **Klimaflyktingar**

FNs klimapanel har advart om at klimaendringar kan innebære auka migrasjon av klimaflyktningar i tiåra som kjem. Klimakrisa spelar dermed direkte inn på flyktnings situasjonen i verda. Dette viser betydninga av internasjonalt samarbeid for å nå berekraftsmåla og stanse klimaendringane. Sentrum vil arbeide for at det blir etablert internasjonale forordningar for klimaflyktningar.

### **Konvertittar**

Menneske som har konvertert til ein annan religion/ livssyn eller gått bort frå sin religion, kan vere særleg utsett for forfølgjing. Det må gjerast ei konkret vurdering av asylsøkarens trusidentitet og forfølgingsfaren gjennom konkret bevisvurdering av landinformasjon. Det må bli gitt høve til munnleg høyring av asylsøkaren, og til uttalar/ vitnemål frå representantar frå deira trussamfunn.

### **LHBTI-personar**

LHBTI-personar som kjem til Noreg som asylsøkarar, opplever ofte diskriminering på asylmottaka frå andre asylsøkarar, og opplever at dei ikkje har rettsvern. Transpersonar er særleg utsett, og mange må forlate asylmottaka for si eiga sikkerheit. Det må jobbast med eit større fokus om LHBTI-personars oppleving av tryggleik på asylmottaka i Noreg.

### **Retten til å gifte seg med den ein vil**

Frå og med 20. april 2018 blei det innført eit nytt krav for dei som skal søke om opphaldsløyve for å gifte seg i Noreg (også kjent som forlovingsvisum). Både dei forlova må vere fylt 24 år. 24-årsgrensa blei innført for ektefellar og sambuarar 1. januar 2017. No gjeld den altså òg for dei som søker om opphaldsløyve for å gifte seg i Noreg. Partiet Sentrum meiner det er ein menneskerett å få gifte seg med den ein vil frå 18 år.

Sentrum vil:

- styrke prinsippet om barnet sitt beste i utlendingsforvaltinga
- styrke arbeid med barn på flukt for å forhindre utnytting i menneskehandel og kriminalitet, gjennom tidleg kartlegging, tett oppfølging, omsorg og tryggleik

- redusere bruken av mellombels opphaldsløyve for personar under 18 år
- gi einslege mindreårige flyktningar dei same rettane som norske barn ved at alle personar under 18 år er barnevernets ansvar
- ta initiativ til ein gjennomgang av Noregs behandling av einslege mindreårige asylsøkarar dei siste 20 åra
- at barn eller familiemedlem ikkje kan straffast for kriminelle handlingar gjort av forelder eller familiemedlem
- støtte lovendringsforslag om at asylbarn ikkje lenger skal straffast for foreldras feil, med forslag til anna straff enn utvising
- myke opp gjeldande regelverk knytt til opphalds- og arbeidsløyve, og tilbakekalling av desse
- at det blir gitt tilbod om god psykologisk og somatisk oppfølging når folk kjem. I fokus bør ein ha traume frå krig og katastrofar
- redusere saksbehandlingstid for asylsøkarar
- at Noreg fastset retten til å søke asyl (asylinstituttet) i Grunnlova og styrker asylsøkarars rettstryggleik
- ta til orde for at praksis om retur til førsteland (Dublin-avtalen) når eit opphøyr. Denne forårsakar ei uforholdsmessig stor belastning på landa i Sør-Europa
- ta initiativ overfor EU for å få på plass kollektive og solidariske løysingar for internerings- og flyktningleirar ved Europas yttergrenser, som f.eks. Moria-leiren
- styrke barns rettar i flyktningkonvensjonen
- hente ut dei barna av norske framandkrigarar som er att i interneringsleiren Al-Hol i Syria
- arbeide for å etablere internasjonale forordningar for klimaflyktningar
- ratifisere FNs konvensjon om migrantars rettar
- at Noreg legg til rette for å ta inntil 10.000 kvoteflyktningar, utover dei som søker asyl på vanleg vis
- at flytting av asylsøkarar mellom mottak bør bli unngått

- at utsending av flyktningar som ikkje har rett til opphald, skal skje humant og med verdigheit
- at barn og unge med flyktningstatus/ papirlausstatus skal ha moglegheiter for å delta på fritidsarrangement i privat eller offentleg regi
- at dagens ordning med fritidskort blir tilbydd alle barn og unge med flyktningstatus/ papirlausstatus
- at kvoteflyktningar går inn i dagens mottakssystem gjennom integreringsmottaka før busetting i ein kommune. Dette sikrar ei lik tilrettelegging og undervising for alle som skal busettast
- erstatte Utlendingsnemnda (UNE) med eit nytt klageorgan som styrker rettstryggleiken for asylsøkarar gjennom at dei får høve til å imøtegå argument og saksframstilling og munnleg forklare seg
- vurdere å slå saman UDI og IMDI til eitt organ. Dette for å sikre betre koordinering gjennom saksgangen for den enkelte asylsøkar frå framkomst til eventuell busetting
- at økonomisk støtte og fri rettshjelp ved domstolsbehandling av utlendingssaker aukast
- at omtanken for barnet sitt beste og menneskelege omsyn må få vege tyngre enn det får i dag, særleg sett opp mot innvandringsregulerande omsyn
- fjerne 24-årskravet for familieinnvandring og innføre individuell vurdering med intervju
- fjerne kravet om 4 års arbeid eller utdanning i Noreg for familiegjenforeining dersom familien er etablert etter flukt
- redusere inntektskravet for familiegjenforeining og gebyret for søknad
- at det blir gitt rett til fri rettshjelp i familiegjenforeiningssaker
- at barn over 18 år inkluderast ved familiegjenforeining, og at dei blir tilbydd opphald viss eitt av familiemedlemmane har opphald
- at flyktningar kan søke familiegjenforeining på vegner av familiemedlemmar som held til i konfliktområde



- at det lettare blir gitt opphald på sjølvstendig grunnlag for dei som har opphaldsløyve som følge av familieinnvandring, men som opplever samlivsbrot eller er utsett for mishandling av partnaren, og særleg viss dei har barn i Noreg
- at vurderingar om proforma i familieinnvandringssaker ikkje skal gjerast på grunnlag av generelle betraktningar som kjønn, alder eller nasjonalitet, men på grunnlag av ei konkret vurdering av saka
- fjerne prestasjonskrav for språk og samfunnsfag og inntektskravet for permanent opphaldsløyve og statsborgarskap
- at statsborgarskap ikkje skal kunne tilbakekallast
- gi rett til norsk statsborgarskap etter 5 års butid
- redusere butidskravet for permanent opphaldsløyve til maksimalt 3 år for asylsøkarar og 2 år for flyktningar
- at returføresetnader ikkje skal vere eit vurderingstema ved søknader om visum eller studietillatingar
- at alderstesting ved bruk av tann- eller skjelettundersøkingar ikkje skal nyttast
- at det blir stilt større krav til rettleiing frå utlendingsmyndigheitene, både når det gjeld responstid og kvalitet på informasjon, blant anna informasjon om rettar og plikter for utlendingar med opphald i Noreg gjennom EØS-regelverket
- at flyktningomgrepet ikkje blir innskrenka til berre å gjelde dei som er personleg forfølgd
- sikre at LHBTI-personars reelle risikosituasjon vurderast ved søknad, ikkje berre heimlandet sine straffelover
- at konvertittar blir betre varetatt gjennom munnleg høyring, innhenting av vitne frå trussamfunn, og konkret bevisvurdering av landinformasjon

### **Integrering og inkludering**

Alle menneske som oppheld seg i Noreg, skal få høve til å delta i samfunnet på lik linje med alle andre, gjennom tidleg busetting, tilgjengeleg arbeidsmarknad og rett til offentleg helsehjelp.

Tiltak allereie kort tid etter at nokon kjem til landet er derfor ei god investering. Ventetida før svar på asylsøknaden må fyllast med tiltak som gjer at flyktningar får brukt sine ressursar – anten dei får vern og opphald eller avslag og må returnere. Passivitet på mottak er skadeleg og hindrar integrering.

Rask integrering og inkludering i fellesskapen er positivt både for enkeltmenneske og samfunn. For å skape ei felles forståing av samfunnet sine verdier og inkludere alle i samfunnet, trengst tilknytning til viktige fellesarenaer. Vi skaper eit samfunn der alle er med og alle har like moglegheiter frå starten av, der alle har fridom til å leve sitt liv slik dei sjølv ønsker, uavhengig av tru, legning, etnisitet og kulturell bakgrunn. Slik skaper vi eit fleirkulturelt samfunn utan diskriminering, og med stort rom for mangfald.

Kompetansekartlegging bør ikkje vente til etter at opphaldsløyve er gitt. Kartlegging av kompetanse i ein tidleg fase kan bidra til at asylsøkarar raskare kjem i aktivitet og får brukt sine ressursar.

Felles språk er den viktigaste føresetnaden for menneskeleg kontakt, venskap, kulturforståing, skulegang og arbeidsliv. Vi må legge til rette for norskopplæring på arbeidsplassar, og styrke vaksenopplæring og etter- og vidareutdanning for personar med minoritetsbakgrunn. Like eins kartlegge kompetansen hos flyktningar, asylsøkarar og personar på familiegjenforeining raskast mogleg etter at dei kjem til Noreg og legge til rette for vidaregåande skule og høgare utdanning.

Arbeidsinnvandring aukar arbeidskrafta og kompetansen som Noreg treng. Men mange arbeidsinnvandrarak kjem frå land med lågare løningar og svakare vern av arbeidstakarane enn det vi har i Noreg. Vi må ikkje tillate at arbeidsgivarar utnyttar dette som ei moglegheit til å høle ut den norske modellen. Arbeidsinnvandrarak skal ha dei same løns- og arbeidsvilkåra som norske arbeidstakarar. Sosial dumping må kjempast mot gjennom aktive tiltak. Dette gjeld både auka myndigheitskontroll, rettar til fagrørsla og allmenngjering av tariffavtalar.

Sentrum vil:

- sette inn tiltak kort tid etter at flyktningar kjem, slik at dei får brukt sine ressursar. Passivitet er skadeleg og hindrar integrering
- kartlegge flyktningars kompetanse tidleg; sørge for at desse kan komme til nytte i lokalsamfunnet
- gjere det lettare å få godkjent utdanning frå andre land

- støtte rørslar i minoritetsmiljøa som kjempar for likestilling og verdiar som fører til harmonisering og ikkje splitting av samfunnet
- sikre offentleg informasjon på fleire språk for å sikre at innvandrarak får direkte informasjon frå staten
- gi familiegjenforeina tilbod om å delta i introduksjonsprogrammet
- gi familiegjenforeina tilbod om gratis språkopplæring
- stimulere til grunnleggande norsk og samfunnskunnskap. Opplæring om demokrati, arbeidsrett, likestilling og yringsfridom skal fortrinnsvis bli tilbydd på eige morsmål og gjennom kulturtilpassa introduksjonsmodular
- at alle skal få god og tilpassa språkopplæring
- reversere forhøgde språkkrav for innvandrarak og flyktingar som søker om statsborgarskap
- gi ikkje-lesekyndige opplæring i eige morsmål, dersom det lettar integreringa på andre område
- at asylsøkarar og ureturnerbare skal få, i påvente av avklaring, arbeidsløyve og rett på offentleg helsehjelp. Gi papirlause lovfesta rett på helsehjelp
- tilby fleire grupper arbeidskvalifiserande kurs som gir kort veg til arbeidsmarknaden og kan bidra til god integrering før alle språkferdigheiter er på plass
- utvide mentorordning for nykommarar for fleire grupper, gjerne i samarbeid med lokale organisasjonar som inngår i gjennomføringa
- gi språkkurs og legge til rette for integrering i barnehagar og skular av barn av arbeidsinnvandrarak
- at det blir stilt krav til betre levekår på mottaka, og at psykososiale team blir knytt til kvart mottak

### **Papirlause og ureturnerbare**

Alle som oppheld seg i Noreg, må ha rett til nødvendige helse- og omsorgstenester, basert på helsefaglege vurderingar. Det er eit lite mindretal i Noreg i dag som ikkje får same helsehjelp som oss andre. Det er dei papirlause eller ureturnerbare asylsøkarane. Dei bør få sjansen til å delta i samfunnet på lik linje med alle andre. Dei treng språkundervising, høve til å studere, arbeidstillating, helsehjelp og sosiale tenester. Det er ei langsiktig og lønsam investering for samfunnet at så mange som mogleg får høve til å bidra i arbeidslivet, og ikkje må leve utanfor samfunnet.

I dag er det berre to ideelle organisasjonar som yter livsnødvendig behandling til pasientar i denne gruppa. Dette kan ikkje fortsette å vere frivillige sitt ansvar. For å sikre tilgang til helsehjelp for alle, er det nødvendig å gjere endringar i både regelverk og praksis.

I ein UNHCR-rapport frå 2015 kom det fram at norsk lovgiving og praksis når det gjeld statslause, strir med FNs konvensjonar om statsløyse. FN-konvensjonane har blitt oversett av utlendingsforvaltninga, og rettane til statslause personar i Noreg har ikkje blitt varetatt. Sidan Noreg ikkje har prosedyrar for å avgjere kven som skal ha status som statslaus i Noreg, eller ein egen opphaldsstatus for desse, er statslause i Noreg rettslause og utan nokon stat dei kan returnere til. Det er i strid med FN-konvensjonen om statslause si stilling. Sentrum meiner Noreg må innføre ein definisjon av statsløyse i lovverket, ein prosedyre for statsløyse og gi statslause opphaldsløyve.

Sentrum vil:

- sikre papirlause og ureturnerbare asylsøkarar og tilreisande EØS-borgarar (utan europeisk helsetrygdkort eller forsikring) rett og tilgang til sosiale tenester og naudsynt helsehjelp, medisinar og tannbehandling basert på helsefaglege vurderingar
- endre forskrifta om rett til helse- og omsorgstenester til personar utan fast opphald i riket, og vil føreslå § 5, bokstav a, endra til: «helsehjelp som ikkje kan vente etter vurdering frå helsepersonell»
- opprette ei finansieringsordning for behandlarar slik at desse kan få refundert utgifter og medisinar gitt til pasientar utanfor folketrygda
- gi personar utan fast opphald tilgang til fastlegeordninga
- verne om familiane og sikre at barn ikkje skiljast frå sine biologiske foreldre med grunngiving i innvandringsregulerande omsyn

- sikre retten til arbeid for dei ureturnerbare asylsøkarane frå første dag dei blir kategorisert som ureturnerbare, og fram til retur blir mogleg
- redusere talet ureturnerbare i Noreg gjennom fortsett fokus på rask asylbehandling og eventuell retur
- innføre rutinar for regularisering av asylsøkarar som viser seg å vere ureturnerbare og lage mekanismar for amnesti etter 5 år
- at Noreg innfører ein definisjon av statsløyse i lovverket, ein prosedyre for statsløyse og opphaldsløyve for statslause, i tråd med FNs konvensjonar om statsløyse
- forhindre at barn blir født til statsløyse i Noreg; alle barn har rett til identitet og statsborgarskap, og må ikkje avskjerast frå tilgang til grunnleggande rettar som utdanning, legehjelp, arbeid og rørslefridom

#### 4.6 Forsvars- og sikkerheitspolitikk

I ei verd prega av nye trugsmål og utfordringar bør Noregs forsvars- og sikkerheitspolitikk vere basert på ei breiare oppfatning av kva sikkerheit inneber. Trugsmål frå andre land pregar enno trugselbiletet i Noreg og resten av verda. Men trugselbiletet er òg komplekst. Det er tryggleiksutfordringar knytt til klima, helse/ pandemi, radikalisering, cyberangrep, terrorisme, ekstremvêr, spionasje og menneskerettsbrot. Slike trugslar utfordrar menneske sine grunnleggande rettar, tryggleik og fridomar, og sjølvstendige statars suverenitet. Komplekse og samansette utfordringar krev ei heilskapleg og brei tilnærming til forsvars- og sikkerheitspolitikk – ei som fokuserer på førebygging, og som set alle menneske sin tryggleik og fridom i sentrum.

PSTs årlege nasjonale trugselvurderingar peiker konsekvent på høgreekstremistar og ekstreme islamistar som den største terrortrugselen mot Noreg og norske interesser. Gjennom ulike informasjonskanalar blir det i dag spreidd ytterleggående synspunkt som bidrar til polarisering, radikalisering, ekstremisme og – i ytste konsekvens – terrorhandlingar, ofte utført av menneske som opplever utanforskap.

Vi har alle eit ansvar for å forme det offentlege ordskiftet, og motarbeide utanforskap for å kunne førebygge dei bakanforliggande årsakene til slike tryggleiksutfordringar. PST og nasjonale sikkerheitsmyndigheiter jobbar dagleg med å avverje angrep. Men vi har som medmenneske eit universelt ansvar for at ingen skal oppleve ein så alvorleg utanforskap at

dei kan vere villige til å planlegge og gjennomføre eit åtak på medborgarar. Sjå kapittel 2.5, som omtaler utfordringar og tiltak for å forhindre radikaliserings og ekstremisme.

Forsvarets mål er å sikre Noregs tryggleik, handlefridom, interesser og verdiar. Den sikkerheitspolitiske situasjonen er i endring og har blitt meir uoversiktleg. Verda er inne i ein teknologisk revolusjon med store konsekvensar for både vårt eige forsvar og trugselbiletet vi står overfor. Noreg blir allereie utsett for daglege trugsmål i det digitale rom. Blant anna sjølvstyrte våpen, kunstig intelligens og nye former for statleg etterretningsverksemd endrar trugselbiletet. For å kunne handtere nye og meir samansette trugsmål treng Noreg eit sterkt cyberforsvar, moderne utrusta og med høgkompetent personell. Samtidig ønsker vi ikkje å bidra til eit sikkerhetsdilemma som medfører uforholdsmessig stor opprusting og potensielle konflikter. Vi må vidareutvikle Forsvarets evne til å handheve norsk råderett i heile vårt territorium til lands og til havs, i samarbeid med våre allierte. Særleg viktig er NATO, FN og samarbeidet med våre nordiske allierte.

Noreg må framleis bygge sin forsvarspolitikkk på NATO-samarbeidet, eit langvarig samarbeid som har sikra fred og fridom for Noregs befolkning sidan 2. verdskrig. Sentrum meiner at basepolitikken må oppretthaldast, og at vi må utvise varsemd med utplassering av utanlandsk personell, forsvarsinstallasjonar og bombefly på norsk jord. Særleg gjeld dette NATOs atomforsvar. Noreg skal ikkje bidra til å eskalere trugselbiletet i nord. Noreg må jobbe aktivt for nedrusting og forbod mot atomvåpen. Sentrum meiner NATO i ei kompleks verd i størst mogleg grad må konsentrere innsatsen mot NATOs kjerneoppdrag, gjensidig forsvar av NATO-landa. NATO-samarbeidet skal ikkje brukast til angrepskrig på andre territorium, med mindre eit av NATO-landa er angripe.

Når ei krise eller eit angrep først inntreffer, er det viktig at vi er førebudd for å kunne minimere konsekvensane. Beredskap, samarbeid og kommunikasjon er i slike tilfelle nøkkelord. Nedbygging av barrierar som forhindrar felles forståing og kommunikasjon må kontinuerleg vere i fokus i beredskapsarbeidet. I tillegg må nødvendig utstyr og materielle ressursar vere oppdatert og istandhalde. Eit proaktivt og breitt beredskapsarbeid på tvers av etatar og styringsnivå må vere ei prioritert oppgåve for det offentlege. Førebygging som del av ein heilskapleg tryggleikspolitikkk går ikkje berre ut på å førebygge og forhindre at kritiske situasjonar oppstår. Det går òg ut på å utruste sivilforsvaret og nødetatane med den kunnskapen og det materiellet som krevst for å kunne redde menneskeliv.

Sentrum vil:

- at Noreg framleis baserer vårt forsvar på NATO-samarbeidet og at alle medlemmar bidrar i finansieringa etter storleik og forsvarevne

- at Forsvaret skal bidra til lågspenning i våre nærrområde ved å opptre tydeleg, føreseieleg og dempende gjennom eit tettare nordisk forsvarssamarbeid som eit tillegg til NATO-alliansen, blant anna gjennom fleire nordiske fellesøvingar i våre nærrområde
- sikre at Forsvaret er i stand til å løyse utfordringar Noreg kan stå overfor i nordområda ved å vareta forsvarsevna og det militære nærværet i Nord-Noreg
- at forsvaret skal bidra i felles innsats for internasjonal fred og sikkerheit
- styrke Forsvarets personell som den viktigaste kapasitet og ressurs vi har i Forsvaret
- ha eit Forsvar basert på verneplikta
- styrke Noregs totale forsvarsevne ved å vidareutvikle vårt eige nasjonale forsvar, NATO-alliansen og samarbeid med enkeltallierte
- modernisere forsvaret innan land-, sjø- og luftmakt, og i det digitale rom
- at Heimevernet må tilførast fleire ressursar til betre utstyr og meir trening
- at det stillast krav om effektivisering i forsvarssektoren
- vidareutvikle forsvarssektorens og nasjonale sikkerheitsmyndigheites samla innsats mot trugsmål frå det digitale rom, og rekruttere meir personell med digital dugleik
- at Noreg sluttar seg til forbodet mot atomvåpen og arbeider for gjensidig atomnedrusting gjennom NATO-samarbeidet
- styrke kulturen for samarbeid og handtering av risiko og krisesituasjonar på tvers av etatar og styringsnivå
- samlokalisere og samordne nødetatane og nødkommunikasjonen etter modell frå Drammen, for å få ein nasjonal beredskap som er i betre stand til å handtere katastrofar og terroråtak
- restituere beredskapslager i heile landet
- ruste opp det lokale brannvesenet i heile landet. Heve brannvesenet sin status som nødetat og ein sentral del av norsk beredskap
- lage ein nasjonal strategi mot overfløymingar og overvatn som følge av ekstremvær og ekstreme nedbørsmengder, og styrke Sivilforsvarets ressursar

